

# Fellesskap og individualitet

Kjønna etternamnsval blant norske menn i heterofile parforhold

---

Line Førre Grønstad

Avhandling for graden philosophiae doctor (ph.d.)  
Universitetet i Bergen  
2020

UNIVERSITETET I BERGEN



# **Fellesskap og individualitet**

Kjønna etternamnsval blant norske menn i heterofile  
parforhold

Line Førre Grønstad



Avhandling for graden philosophiae doctor (ph.d.)  
ved Universitetet i Bergen

Disputasdato: 11.12.2020

© Copyright Line Førre Grønstad

Materialet i denne publikasjonen er omfattet av åndsverkslovens bestemmelser.

År: 2020

Tittel: Fellesskap og individualitet

Navn: Line Førre Grønstad

Trykk: Skipnes Kommunikasjon / Universitetet i Bergen

## Abstract

Few Norwegian men change their surnames as part of a heterosexual couple. My aim was to understand the meanings men attach to surnames in heterosexual relationships by studying four central topics in men's surname stories – family, continuity and tradition, gender equality, and individual identity. West and Zimmerman's perspective of doing gender with their concept of accountability guided the analysis, as well as the concept of manliness/unmanliness developed by Ekenstam and Lorentzen.

The main material I analysed consisted of the responses to two qualitative questionnaires – one open for all Norwegian readers and one directed at surname changers identifying as Norwegian heterosexual males. I also interviewed male surname changers. Under the topic of family, three subthemes were connected to the nuclear family. First, surname change functioned to separate marriage from cohabitation. Second, sharing surnames helped to create the nuclear family. Third, a divorce might sever the ties between husband and wife and thus surnames might be reverted. The next three subthemes dealt with the family of origin. First, for male surname keepers the previous generations were important and meaningful. Second, the ideal of carrying on the surnames, i.e. the family names, also played a part for changers, especially if there were no (male) heirs to their wife's name. Third, there was a potential for conflict between male changers and their fathers. Male surname change invoked associations of betrayal or breakage of a gendered duty to carry the surname on. The seventh of the family subthemes dealt with negotiations of their relationship with the nuclear and the birth families through surnames.

The second main topic was continuity with the past. The understanding that tradition equals patronymy, i.e. a practice where men keep their surname, women take the name of their husband, and children get the name of their father, dominated in the narratives. Most male keepers adhered to this understanding. Male changers opposed patronymy as tradition, either because they knew of older practices or

because they felt that the past should not have authority over the present. Some male changers did neither. They spoke of alternative traditions in line with gender equality, while drawing on past practices, such as the idea of sharing a family name and carrying on a name from previous generations, also through female lines.

The third main topic was gender equality. The men's narratives could be divided into four categories. The first category included male keepers who described gender equality as a woman's right to keep her name. The second category consisted of changers and keepers. They understood surname choice as relevant for men and women, meaning both birth names could function as a shared surname. The third category consisted of some of the male changers who saw their change as a way to counter the historical and cultural discrimination of women. The fourth category was by far the largest and consisted of changers and keepers who did not touch on aspects of gender equality in their responses. For the changers and some keepers, gender equality in the naming of the nuclear family was inherent. However, most of the keepers took the practice of patronymy for granted.

The fourth main topic was individual identity, where four different approaches were followed in the men's stories. In the first approach, the connection between an individual and their name was unbreakable. In the second approach, time played a part in the connection between the individual and the name, as some changers spoke of increased ownership as time passed. In the third approach, some of the changers displayed independence from their names. They argued that they continued to be the same individual even if their name changed. In the fourth approach some of the men changed their name because of what kind of person they saw themselves as. The connection between name and individual was here reversed. These men considered themselves as individuals with certain ideals and abilities that led them to think about choice in certain ways, hence they could change their names.

In sum, the men positioned themselves within each theme on two scales according to how they did accountability. The first scale was between a nuclear family orientation

and an individual orientation, and the second scale was between a gender equality orientation and a patronymic orientation.

In addition, I used a quantitative questionnaire to understand the extent of male surname keeping and changing in the present-day Norwegian context. The quantitative research confirmed that women and men differed in naming actions. A total of 91.2% of the men and 47.2% of the women kept their surnames, while 4.2% of the men and 46.6% of the women took that of their partner. Around 2% of both groups used a hyphen to combine their surnames.

## Forord

For kvar kvinne som må velgje mellom namnefellesskap med opphavsfamilien og med kjernefamilien, står det gjerne ein mann som tar oppvekstnamnet for gitt. I avhandlinga undersøker eg denne tatt-for-gittheita gjennom analysar av forteljingar frå norske menn om etternamna deira, både menn som heldt på, og menn som har endra etternamn i parforhold. Viktigast å takke er alle mennene (og kvinnene) som har gitt meg forteljingar om etternamn, og bekrefta gong på gong, at temaet engasjerer.

Som stipendiat ved Institutt for arkeologi, historie, kulturvitenskap og religionsvitenskap ved Humanistisk fakultet på Universitetet i Bergen, har eg hatt mange gode hjelparar. Først og fremst har rettleiar Tove Ingebjørg Fjell vore stødig, tydeleg og tilstadeverande med raske og konkrete tilbakemeldingar. Den siste halvdelen av perioden har Thomas Michael Walle vore birettleiar, og saman har Thomas og Tove gitt motstand og forslag der det trengtest.

Medstipendiat Sara Kohne tok imot meg med opne armar då eg kom. Dette hadde vore mykje vanskelegare (og kjedelegare) utan deg. Etter kvart kom Lone Ree Milkær og (postdok) Marit Ruge Bjærke til, Anna Malene Karlson og på tampen Hedda Susanne Molland. Tekstdiskusjonar og samvær elles har vore til stor glede og nytte.

Eg har sett pris på faglege og mindre faglege samtalar og lunsjpausar med kollegafellesskapet på ‘kulturvitargangen’, med blant andre Tone Hellesund, Bente Gullveig Alver, Hans-Jakob Ågotnes, Kyrre Kverndokk, Torunn Selberg, Haci Akman, Eva Reme og skapkulturvitar Dunja Blazevic. Alle bidrog på sluttseminaret mitt. Takk for alle innspel, og ikkje minst til hovudlesar Nils Gilje, min gamle masterrettleiar.

Eg har hørt til forskargruppa Helse, velferd og vitenskapshistorie, i tillegg til forskargruppa på Senter for kvinne- og kjønnsstudier. Den nasjonale forskarskulen i kjønnsforsking har hjelpt meg å sjå mennene mine som kjønna. Vidare har IMER junior si vekentlege Shut up and write-samling med sine fellespausar, vore viktige for

den faglege utviklinga mi, og for tekstproduksjonen. Særleg skal Ann Cathrin Corrales-Øverlid ha stor takk. Reisa hadde ikkje vore den same utan deg.

I perioden som stipendiat har eg hatt permisjon frå stillinga som konservator ved Norsk etnologisk gransking på Norsk Folkemuseum. Eg takkar for høve som er gitt meg ved dette. Utan gode kollegaer som Audun Kjus og Eli Chang ved NEG hadde eg heller ikkje hatt materialet som danna grunnlaget for avhandlingsarbeidet. Til den statistiske undersøkinga har eg fått hjelp av Camilla Brautaset. Eg takkar også instituttet for å ha finansiert gjennomføringa av denne undersøkinga. Vidare skal Liv Sleen Grønstad ha takk for å ha lese korrektur.

Avhandlinga vart dels skriven ferdig på heimekontor takka vere korona-epidemien våren 2020, akkompagnert av dopapirhumor, brakkesjuke, rockedanspausar og klissete klemmar, lufteturar i regnet, lyden av matte- og norsklekser, lukta av bakverk, kaviar, handsprit og klesvask, og synet av leiker og oppvask. Takk for påminninga om at livet skjer utanfor avhandlingsbobla, og for at eg har dykk i livet mitt, Vårin, Viljar og Dag!

# INNHOLD

Abstract .....	1
Forord .....	4
Tabellar.....	9
1. Introduksjon .....	1
1.1 Problemstilling og avgrensing .....	5
1.2 Kulturvitenskapleg forsking på menn og namn.....	8
1.3 Tidlegare forsking på val av etternamn i parforhold.....	15
1.4. Teoretisk perspektiv.....	26
1.5 Disposisjon .....	32
2. Metodane, materialet og forskingsetikken .....	35
2.1 Spørjeliste.....	35
2.2 Snøballen som blei til snøskred – E-postspørjelista.....	39
2.3 Forskingsintervju .....	42
2.4 Kvantitativ spørjeundersøking – ‘Endring av namn’ .....	44
2.5 Metode og teori i analysen .....	47
2.6 Bakgrunnsdata om meddelarane .....	50
2.7 Forskingsetiske utfordringar .....	62
2.8 Oppsummering.....	68
3. Kulturhistorisk bakgrunn for etternamnsbruk i parforhold .....	71
3.1 Etternamnspraksisar fram til 1902.....	72
3.2 Innføringa av 1923-lova.....	77
3.3 Under den fyrste namnelova 1923-1949 .....	82
3.4 Arbeidet med den andre namnelova 1956-1964.....	85
3.5 Kvinnefrigjering og likestillingskamp – 1970-talet .....	92
3.6 Likestilt, men ikkje likestilt nok. Arbeidet med 2003-lova .....	96
3.7 Oppsummering.....	99
4. Omfang av etternamnsval .....	101
4.1 Tidlegare norske studiar av omfang.....	101
4.2 Omfang i 2018 i Noreg .....	105
4.3 Internasjonale tal .....	110

4.4 Oppsummering.....	111
5. «Arv og kjærlighet». Om familien i familienamnet .....	113
5.1 Opphavsfamilie, kjernefamilie, rein relasjon, rett og plikt.....	114
5.2 Sambuarskap, ekteskap, fellesskap.....	116
5.3 Kjernefamilien med felles etternamn .....	121
5.4 Når ekteskapet endar .....	126
5.5 Etternamn frå forfedrane .....	130
5.6 Etternamn kan dø ut .....	136
5.7 Opphavsfamilien og konflikt .....	138
5.8 Mellom opphavsfamilien og kjernefamilien .....	145
5.9 Oppsummering.....	150
6. Namnetradisjonar og etternamnsval .....	153
6.1 Om tradisjonsomgrepet .....	154
6.2 Tradisjonalisering og patronymi.....	156
6.3 Avvisning av patronymiske tradisjonar .....	165
6.4 Tradisjonalisering og nye namnepraksistar .....	169
6.5 Tradisjon og kjønnsmakt .....	175
6.6 Oppsummering.....	177
7. Likestillingsforståingar og etternamnsendring.....	181
7.1 Likestillingsforståingar i forteljingane .....	182
7.2 Reaksjonar frå omgjevnadane og likestillingsforståingar .....	200
7.3 Oppsummering.....	205
8. Individet og namnet .....	209
8.1 Om individ, identitet og illusjonen om heilskap.....	209
8.2 Individet <i>er</i> namnet.....	211
8.3 Individet <i>blir</i> namnet .....	223
8.4 Individet <i>er ikkje</i> namnet .....	227
8.5 Individet <i>er namneendrar</i> .....	230
8.6 Oppsummering.....	237
9. Ei avsluttande oppsummering.....	239
9.1 Kjernefamilieorientering og individorientering.....	240

9.2 Patromymiorientering og likestillingsorientering .....	243
9.3 Ansvarleggjering og kjønn .....	248
Kjelder .....	251
Vedlegg 1. NEG-spørjeliste .....	267
Vedlegg 2. Epost-spørjeliste .....	269
Vedlegg 3. Samtykkeskjema .....	271
Vedlegg 4. Intervjutema .....	273
Vedlegg 5. Respons Analyse-spørsmål .....	275

## Tabellar

Tabell 1: Spørsmåla i Særemne 64 <i>Val av etternamn</i> i NEG. ....	37
Tabell 2: Spørsmål til mannlege etternamnsbytarar, fyrste del.....	42
Tabell 3: Oversikt over tiår mennene vart fødd. ....	51
Tabell 4: Oversikt over yrkesfordeling innanfor STYRK 08-kategoriane.....	52
Tabell 5: Oversikt over typar etternamnsval blant e-postmeddelarane.....	55
Tabell 6: Fordelinga av høve der etternamnsendring vart gjort. ....	56
Tabell 7: Oversikt over etternamnsval i parforhold blant NEG-meddelarane. ....	56
Tabell 8: Oversikt over barn blant e-postmeddelarane. ....	57
Tabell 9: Oversikt over etternamnsval på barn hos NEG-meddelarane.....	58
Tabell 10: Oversikt over grunngjevingar for etternamnsendring blant menn. ....	60
Tabell 11: Oppsummering av den fyrste namnelova. ....	82
Tabell 12: Lovendringane innført i 1949. ....	84
Tabell 13: Lova innført i 1964.....	91
Tabell 14: Oppsummering av namnelova verksam frå 1980.....	96
Tabell 15: Oppsummering av 2003-lova.....	98
Tabell 16: Oversikt over etternamnsval frå 2003. Framtidsplanar i parentes. ....	103
Tabell 17: Oversikt over haldning til barn sine etternamn i 2003.....	104
Tabell 18: Tal på endring i parforhold i 2018. ....	106
Tabell 19: Oversikt over kor mange som held på, slår saman, og byter etternamn i 2018. ....	106
Tabell 20: Oversikt over type endringar for menn og kvinner. ....	107
Tabell 21: Framtidige namneval i 2018. ....	108
Tabell 22: Haldningar til etternamn for barn. ....	109
Tabell 23: Haldningar til rekkefølge på etternamn for barn. ....	109
Tabell 24: Haldningar til bindestreksnamn for barn. ....	110
Tabell 25: Oversikt over om mennene kunne komme til å byte tilbake. ....	126
Tabell 26: Oversikt over likestilling i forteljingane. ....	182
Tabell 27: Gruppering av forståingar av likestilling og etternamn. ....	198
Tabell 28: Oversikt over sen-namn før og etter namneendring.....	221
Tabell 29: Patronymi versus likestilling, individ versus kjernefamilie. ....	240



## 1. Introduksjon

«Du er blitt din manns eiendom» (Strøm-Gundersen 2015), og «Det handler om å gå ‘all inn’ i ekteskapet» (Willix 2015) var overskrifter i *Aftenposten* i juli 2015. Saka gjaldt etternamnsval i ekteskap. Bakgrunnen var tal samla inn av Statistisk sentralbyrå (SSB) i 2003, som sa at åtte av ti kvinner tar mannen sitt etternamn når dei giftar seg, medan 93% av mennene heldt på oppvekstnamnet, altså etternamnet brukt før ekteskapet. Bodskapen i artiklane var at kvinner endra etternamn, og at etternamnsendring ikkje handla om likestilling<sup>1</sup> for desse kvinnene. Det kom snart reaksjonar i bloggar som Jenny Jordahl sin *Livet blandt dyrene* (2015), der poenget var at det vart likestilling i etternamnsval når mannleg etternamnsendring vart like vanleg som kvinneleg. Ein kommentator i *Bergens Tidende* følgde opp temaet med å gje kvinner ansvaret for at barna får lange etternamn og for at dei vanlege sen-namna, altså Hansen og Olsen går ut av bruk. Menn som gjorde det same, altså søkte finare og sjeldnare etternamn, kunne risikere å bli omtala som «ein dott» (Kristoffersen 2015). Ein kvinneleg politikar skreiv innlegg om at ho hadde tilbydd ektemannen sitt eige etternamn, men at han takka nei. Poenget hennar, som hos Jordahl, var at det ikkje var likestilling på området om ikkje menn kunne velje å endre på lik linje med kvinner. Heller ikkje dersom kvinner må endre etternamn om familiemedlemmane skulle heite det same (Andersland 2015). Ein annan kvinneleg politikar reagerte på at etternamnsvalet ikkje vart forstått som eit likestillingstema. Ho kritiserte bruken av omgrepet *pikenamn*, og meinte det symboliserte skeivskap mellom menn og kvinner (Ramberg 2015). Menn vart også intervjua. Ein mannleg politikar som hadde tatt kona sitt etternamn som sitt mellomnamn, og som hadde barn med hennar etternamn, oppfatta namneval i parforhold som eit likestillingstema. Dei andre mennene i saka meinte at det ikkje var det (Willix, Fannemel og Lauritsen 2015).

---

<sup>1</sup> Med likestilling meinast kjønnslikestilling, og det handlar om forholdet mellom menn og kvinner.

## DEN VORDENDE BRUDGOM



BILDE 1: SKJERMDUMP FRÅ *LIVET BLANT DYRENE*.

Menn som sjølve hadde tatt kona sitt etternavn, vart intervjua i ei ny sak. Deriblant var ein fotballspelar, som skildra reaksjonar i form av spøking med at han var «kjerringa i forholdet». Han avslutta med følgjande: «Hvis kvinnen tarmannens etternavn, håper jeg det er basert på en dialog, og [...] ikke bygger på at mannen er

redd for å bli sett på som kjerring» (Vatshaug sitert hos Willix og Fannemel 2015).

Føljetongan i *Aftenposten* vart avslutta med ei sak om eit par der begge hadde pakistansk opphav. Ved å bruke mannen sitt etternamn braut dei med tradisjonen i familiene sine, som var at både menn og kvinner held på oppvekstnamna. Bruken av felles etternamn symboliserte for dei to ei modernisering sidan de la vekta på kjernefamilien, ikkje opphavsfamilien (Fannemel og Willix 2015).

Etternamn engasjerer. Personnamn er det sosiologen Richard D. Alford har kalla «cultural universals» (1988:2). Menneske i alle kulturar har namn som dei får på systematisk vis. I Noreg har alle, med få unnatak, minst to namn: eit individuelt fornamn dei fekk tidleg i livet, og eit etternamn som dei deler med andre dei er i familie med.<sup>2</sup> I tillegg har mange fleire fornamn, og gjerne mellomnamn, som er namn av etternamnstypen plassert etter fornamnet. Vidare har ein god del to etternamn bunden saman med ein bindestrek, såkalla bindestreksnamn.<sup>3</sup> Dei fleste har mødrer som tok ektemannen sitt etternamn, medan svært få har fedrar som tok kona sitt. Etternamnet barn veks opp med er oftast oppvekstnamnet<sup>4</sup> til faren, ikkje

---

<sup>2</sup> *Etternamnet* er namnet som kjem til slutt i namnerekka. Bruken av ordet ‘etternamn’ erstatta ‘sleksnamn’ i den nyaste namnelova (2003) som normering av den allmenne praksisen. Ordet ‘etternamn’ høver saman med orda ‘fornamn’ og ‘mellomnamn’, og liknar praksis i dei andre nordiske landa. I namnekombinasjonen Hans Haugen Høgset, er Hans fornamnet, Haugen mellomnamnet og Høgset etternamnet. I daglegtalen blir mellomnamn gjerne brukt om fornamn som står etter eit første fornamn, men det er formelt sett feil. Det er såleis ikkje full overlapp av formell og uformell omgrepss bruk (Svanevik 1991:120; Utne 2012b:116).

<sup>3</sup> Namnelova frå 2003 opna for bindestreksnamn. Tidlegare var det svært få som fekk løyve til å bruke bindestrek i etternamnet. Bindestreksnamn kan berre bestå av to etternamn. Skulle to personar med bindestreksnamn ønske å slå saman etternamna sine, kan dei velje eit frå kvar.

<sup>4</sup> Oppvekstnamn vart foreslått av namnegranskaren Ivar Utne som eit kjønnsnøytralt namn på såkalla ‘pikenamn’, altså etternamnet nytta før vigselen (2000:25). Ved at det viser til eit ord for jentebarn, seier det noko om kva som skal til for at jenter blir vaksne (dei må gifte seg), og at vigselen gjer noko med namnestatusen til kvinner, men ikkje til menn. Oppvekstnamn er eit kjønnsnøytralt omgrep som er lett å forstå sjølv om ein ikkje har hørt det før. Eit alternativ kunne ha vore det svenske *ugiftnamn* (t.d. Brylla 2009). Det definerer namnet ut frå noko beraren ikkje er, og omgrepet er dermed ikkje heilt tilfredsstillande. Det ekskluderer dei som endrar etternamn i sambuarskap. Vidare framhevar det sivilstanden, og stenger for tyding som ligg i å ha vakse opp med etternamnet. Ved å kalle det oppvekstnamn kjem denne temporale dimensjonen med som ein kontinuitet framfor som eit brot mellom ei fortid og ei framtid. I staden for å seie noko om kjønn eller om sivilstand, seier det noko om ein periode av livet. Samstundes kan nokre ha hatt fleire etternamn som oppvekstnamn, til

til mora. Dei fleste kvinner byter til ektemannen sitt etternamn, medan få menn tar kona sitt etternamn. Dette kallar eg for *patronymi*, basert på skribenten Sharon Lebell (1988:10f). Det vil seie at menn held på etternamnet når dei giftar seg, og gir det vidare til barna sine. Kvinner endrar til ektemannen sitt etternamn. Vidare deler kjernefamilien etternamn, og individet er uløyseleg tilknytt namnet sitt.

At etternamnsval i ekteskap var sak i avisene i 2015, bekrefta at interessa mi for temaet var delt av andre. Eg arbeidde då ved tradisjonsarkivet Norsk etnologisk gransking (NEG) ved Norsk Folkemuseum. NEG sender ut spørjelister, altså kvalitative spørjeundersøkingar, om ulike tema for å dokumentere det daglege livet. Året før, i 2014, lagde eg gjennom NEG ei spørjeliste om etternamnsendringar. Spørsmåla handla om kvifor ein endra eller heldt på etternamna, og kva slags reaksjonar ein møtte. Svara var personlege, men ikkje unike. Dei skildra liknande grunngjevingar for liknande kjønnsdelte praksisar. Dei om lag 350 kvinnene fortalte kvifor dei heldt på eller bytte etternamn i ekteskap. Dei 101 mennene kom i liten grad med grunngjevingar for vala sine (sjå Grønstad 2015). Sidan det var stor skilnad på kva menn og kvinner gjorde med etternamna sine, såg eg snart vala i samband med likestilling, der skilnad på gruppenivå kunne seie noko om ulikskap i forholda vala vart gjort under (jf. Phillips 2004). Eg undra meg over at så mange kvinner endra etternamn i ekteskap, i eit samfunn som blir presentert som eit av dei mest likestilte i verda (World Economic Forum 2015:8).<sup>5</sup> Til liks med det aller meste av forskinga på etternamn og kjønn i heterofile ekteskap, såg eg kvinnene som staden for problemet

---

dømes grunna skilsisser og nye ekteskap hos foreldra. Der dette kan føre til forvirring, formulerer eg meg på andre vis.

<sup>5</sup> Som andre har merka seg, er samanhengen mellom etternamnshandling og oppfatningar av likestilling kulturell. Til dømes kan det argumenterast for at kvinnernas bruk av eige oppvekstnamn i ekteskapet i visse samanhengar kan henge saman med manglande likestilling, til dømes historisk i ein anglo-amerikansk samanheng (Stannard 1977) og i samtidas Kina (Qi 2018). Men i samtidas vestlege samfunn kan valet om å halde på oppvekstnamnet i ekteskapet for kvinner sjåast i samanheng med likestilling (Tirosh 2010:249).

og for løysinga. Underforstått at om berre kvinner gjorde som menn, altså heldt på namna sine, ville namnevala bli frie.

Etter kvart byrja noko ved denne vinklinga å skurre. Medan kvinner fortalde kvifor dei heldt på oppvekstnamnet eller kvifor dei endra til mannen sitt etternamn, tok menn etternamnet for gitt. Dei fekk namnekontinuitet gjennom livet, og namnefellesskap med både opphavsfamilien og kjernefamilien. Både å byte og å halde på etternamnet, var handlingar for kvinner. For menn var det berre å byte som var ei handling. Å halde på oppvekstnamnet, var ikkje ei handling. Ikkje å gjere noko var ei aktiv handling for kvinner, men ikkje for menn. Samstundes gjer menn som endrar etternamn eit val mellom endringa og det å halde på oppvekstnamnet. Dette etternamnsvalet for menn, mellom å halde på og å endre etternamn i parforhold, har blitt fokus i prosjektet.

## 1.1 PROBLEMSTILLING OG AVGRENSING

Med bakgrunn i at få menn endrar etternamn i parforhold, har eg som føremål å forstå kva slags samanhengar menn ser etternamnsendring i. Det gjer eg ved å studere dei mest sentrale tematikkane eg fann i mennene sine etternamnsforteljingar - familie, kontinuitet over tid, likestilling og individet si kopling til etternamnet. Desse fire tematikkane er også sentrale i forskingslitteraturen på etternamnsval i parforhold. Problemstillingane er som følgjer:

Kva slags forståingar av familie, fortid og kontinuitet, likestilling og individ inngår i mennene sine forteljingar om etternamnsval? På kva måtar gjer mennene kjønn i namnevala sine? Korleis påverkar forståingar av mannlegheit og umannlegheit namnevalet?

Eg har avgrensa prosjektet mitt til medlemmer av kategorien menn. Mykje vitskap har blitt kritisert for å vere androsentrisk – at det er ein tendens til å tenke og skrive om menn som nøytrale, normale og ideelle, og kvinner som perifere og marginale. Det manlege har blitt oppfatta som det andre blir måla ut frå (Annes og Redlin 2012;

Harding 1986:19). Føremålet med mannsforskinga der dette prosjektet kan plasserast, har vore å undersøke menn og mannlegheit på ein problematiserande måte (Lorentzen 2006:121). Eg undersøker menn som sosial kategori, og prosjektet inngår i ein forskingstradisjon der menn blir utforska som ‘dei andre’ (Hearn 2018).

Å halde på oppvekstnamnet har dominans. ‘Dominans’ handlar her om kor mange menn som held på oppvekstnamnet, men også om at visse etternamnsval styrker interesser og verdiar til gruppene i samfunnet i dei mektigaste posisjonane (jf. Harding 2015:34). I denne samanhengen, har menn som gruppe fordel av at det er kvinner som endrar etternamn i ekteskap. Kvinneleg endring byggjer opp under kjernefamilien som institusjon, namngjeve med mannen sitt oppvekstnamn, og under mannslinja kjenneteikna ved ubrotne etternamn.

Praksisane til mennene som endrar etternamn i parforhold, er marginale både i sum og i allmenne oppfatningar av etternamnspraksisar i samfunnet. Dei mannlege bytarane<sup>6</sup> har potensiale til å kunne sjå mannleg etternamnsval frå to sider, både sida til dei som byter og til dei som held på namna sine. Dei har handla ut frå ein viss avstand til rådande normer for etternamnsval, og det kan gje nye innspel til emnet (jf. Harding 2015:35), som opnar for innanforsk og utanforsk til normene. Perioden vi er inne, i kan bli sett på som ein tidleg fase av eit på mange måtar nytt fenomen, der det ser ut til at fleire menn gjer denne typen namnehandlingar. Slik skjer aktiv skaping av kultur, mellom anna gjennom at kjende kulturuttrykk blir utfordra og forsvert, og at kulturuttrykk endrar mening til å bety noko anna i nye samanhengar (Ehn og Löfgren 1982:15).

Eg er interessert i korleis kjønn blir uttrykt i etternamnsvala, og undersøker menn som gjer vala sine i forhold med kvinner. Skilnadar i kva som blir knytt til noko

---

<sup>6</sup> *Bytarar* er eit omgrep eg nyttar for meddelarane som endrar etternamn, i tråd med det mykje brukte ‘changers’ nyitta i den engelskspråklege litteraturen. På engelsk nyttast også ofte ‘keepers’, men dette er ikkje like lett å omsette til norsk. Heller ikkje ‘combiners’ som er dei som nyttar både hans og hennar etternamn på ulike måtar. For dei to siste gruppene skriv eg det ut i teksten. Dei får altså ikkje eigne omgrep.

kvinneleg og noko mannleg, blir mindre synlege om partane i forholdet er av same kjønn. Innanfor samkjønna parforhold ser det ikkje ut til at praksisar for namnebruk har blitt etablert. Namneval blant samkjønna par er eit gryande forskingsfelt, men denne avhandlinga inngår ikkje i det.<sup>7</sup> Vidare høyrer mennene inn i kategorien norsk. Med det meiner eg at dei i forteljingane sine har plassert seg innanfor ein norsk namnekultur.<sup>8</sup> Det betyr ikkje at menn med til dømes samisk opphav, som er medlemmer av andre etniske minoritetar i Noreg, eller har opphav i andre land, ikkje kan kjenne seg igjen i desse forteljingane. Det kan også vere at nokre av mennene i undersøkinga har bakgrunn frå andre namnekulturar, utan at det kom fram i forteljingane. Dersom undersøkinga skulle ha omhandla menn frå andre etnisitetskategoriar i Noreg, ville det ha ført til at fleire faktorar hadde spela inn, som til dømes endring av namn grunna diskriminering i arbeidslivet, eller historiske fornorskingsprosessar. Undersøkinga måtte også ha tatt for seg dei ulike namnepraksisane som er aktuelle for deltakarane i undersøkinga.<sup>9</sup> Også her finst moglege forskingsspørsmål for ein kulturforskar, men dei går utover denne undersøkinga. Føremålet er å seie noko om det som blir tatt for gitt, og gjere forunderleg det majoriteten av norske menn gjer i heterofile forhold, nemleg å halde på oppvekstnamnet i parforhold.

---

<sup>7</sup> Eksempel på forsking på etternamnsval i samkjønna par er mellom andre Clarke, Burns og Burgoyne (2008), Jones et al. (2017), Khoury (2016), Patterson og Farr (2017), og Underwood og Robnett (2019).

<sup>8</sup> Då eg sökte etter menn som endra etternamn og som kunne delta i undersøkinga mi var det ein som tok kontakt og spurte om «norske menn» inkluderte han. Som adoptert frå eit land der hudfarge og hårfarge skil seg ut frå mange i Noreg, var utsjånad noko han opplevde som relevant for å vere «norsk». At førespurnaden kunne tolkast ekskluderande på dette viset, viser at dei som av ulike årsaker kan kjenne seg utelukka av kategoriane som førespurnaden viser til, kan la vere å melde seg. Han er inkludert som norsk her.

<sup>9</sup> Fokuset på medlemmer av kategorien *norsk* betyr ikkje at meddelarane i undersøkinga mi ikkje kan ha tilknyting til andre kategoriar, men i svara sine fortel dei ut frå posisjonen som norsk, og det er denne posisjonen som er interessant i avhandlinga. Etternamnsval for immigrantar i Noreg har mellom anna blitt undersøkt innanfor kulturforskinga (Akman under arbeid) og namnegranskning (Reisæter 2007, 2012).

## 1.2 KULTURVITSKAPLEG FORSKING PÅ MENN OG NAMN

Eg har eit kulturvitskapleg<sup>10</sup> fokus. Så langt har eg ikkje funne forsking på etternamnsval i parforhold innanfor faget, men det er gjort arbeid på forståingar av kjønn, og det finst arbeid gjort på namn. I den vidare gjennomgangen av den kulturvitskapleg innretta forskinga, avgrensar eg meg til forsking på menn og mannlegheit, og forsking på personnamn. Eg byrjar med å plassere prosjektet innanfor ein kulturvitskapleg base.

### 1.2.1 NORMER OG KULTURELLE YTRINGAR

Kulturvitarar studerer kultur gjennom ytringar og praksisar, og undersøker mønster som ytringane og praksisane inngår i, med utgangspunkt i at dei er uttrykk for menneskelege vurderingar og behov. Kultur kan definerast som måten livet blir levd på innanfor ei gruppe som består av individ som høyrer til geografiske eller virtuelle eininger av ulike storleikar. Det handlar om mening, verdiar og idear, som kjem til uttrykk gjennom institusjonar, gjennom sosiale relasjonar, trussystem, vanar og skikkar (Hall og Jefferson 1976:10f). Kulturell mening kan søkast i personlege skildringar. Samstundes som skildringane handlar om personlege opplevingar, har dei gjerne tydingar som mange deler (Ehn og Löfgren 1982:103). Sjølv om ingen deler identisk erfaringsverd, lever ein i same samfunn, under liknande levekår, og med ein viss grad av felles normer som ein må følgje, eller i det minste ta stilling til. Døme på ei slik norm i Noreg og Skandinavia er at menn held på oppvekstnamnet gjennom livet, ei anna at kjernefamilien deler dette etternamnet. Ei tredje norm er til dømes at parforholdet består av eit mannleg og eit kvinneleg individ. Kjennskap til desse tre normene deler norske menn og kvinner med menn og kvinner i dei fleste nordiske landa, i tillegg til mange andre land.

---

<sup>10</sup> *Etnologi og folkloristikk* vart slått saman til *kulturvitskap* ved Universitetet i Bergen og *kulturmuseum* ved Universitetet i Oslo tidleg på 2000-talet. Sjølv om nemningane er ulike høyrer dei til same fagfelt og faghistorie.

Ytringar og handlingar kan ha innhald som personen ikkje er seg bevisst, som kan høve inn som del av meir allmenne mønster. Dette kan komme til uttrykk som det usagte, usynlege og underforståtte i kvardagslege rutinar (Ehn og Löfgren 1982:103). Det som blir oppfatta som avvik, er såleis interessant fordi det seier noko om det som ikkje er avvik (Bringéus 1976:49; Ehn og Löfgren 1982:64). Å studere uvanlege etternamnsval kan også gje kunnskap om vanlege etternamnsval. Motivasjonane for og reaksjonane på, etternamnsendringar hos menn, seier noko om kva som skal til for å bryte med mønsteret. Det seier vidare noko om kva som står på spel når nokon handlar på tvers av den dominante handlemåten.

Eg nyttar omgrepene *forteljing* om meddelarane<sup>11</sup> sine ytringar, og å *fortelje* for aktiviteten dei gjer når dei skriv eller snakkar for å gje meg innblikk i deira handlingar og haldningar (sjå t.d. Ekrem 2003; Skjelbred 2000:610). *Forteljingar* forstår eg her i tråd med kulturhistorikar og folklorist Audun Kjus sin vide definisjon: «Fortellinger er ytredre representasjoner for hendelsesforløp» (2007:25). Denne definisjonen viser til noko som skjer i ei rekkefølge, som blir sett i samanheng i forteljinga. Den kan nyttast på attgjevingar i rettssaker slik Kjus gjer det, men omfattar også spørjelistesvar og intervju der menneske fortel om liva sine.

Mykje av det kvalitative materialet eg har nytta i prosjektet er kort og fragmentarisk i uttrykket. Til dømes var nokre av svara på NEG-undersøkinga på ei setning. Slikt materiale inngår også i definisjonen til Kjus ved at dei er *indeksar*, altså «ytringer som fremstiller en liten del av en større handling som forutsettes kjent» (ibid.:25). Slike indeksar føreset kjennskap til visse skript for korleis samanhengane kan vere mellom

---

<sup>11</sup> Meddelar er omgrepet eg nyttar for mennene som har delt forteljingar om etternamnsendringar i denne undersøkinga. Det gjeld dei som har svara på NEG-spørjelista, bytarane som kom med sine forteljingar gjennom direkte e-postkontakt, og dei som vart intervjua. Meddelarane har tidlegare blitt kalla *medarbeidarar* i NEG som ein måte å vise til korleis dei faste skrivarane, dei som pleide å svare på spørjelistene, var med på å skape materialet som kjem inn i arkivet. I arbeidet med å auke talet på meddelarar i høve arbeidet med digitalisering av metoden frå 2011 og utover, vart omgrepene opplevd som dels misvisande på grunn av den etablerte tydinga som eit anna ord på tilsett som medarbeidar har i arbeidslivet. Meddelar-omgrepet blir nytta av tilsvarande institusjonar i Sverige.

til dømes vigsel, etternamnsendring og kjønn. Det kan også vere fleire hendingarsforløp i same spørjelistesvaret, sjølv om hendingane høyrer inn under det same emnet. Slik kan nokre spørjelistesvar ha fleire forteljingar, eller snarare fleire indeksar i seg, som peikar på det same, eller på ulike *skript*.<sup>12</sup>

Inspirasjonen til den meir kulturfaglege bruken av skriptomgrepet, kjem frå kunstig intelligensforskaren Roger Schank og samfunnspsykologen Robert Abelson (1977). Omgrepet er for dei ein måte å forklare at individ ofte utelet informasjon som dei forventar at mottakaren skal forstå (ibid.:22). Visse handlingar eller hendingar skjer i same rekkefølge kvar gong, med kausal samanheng. Måten å handtere dette på for individet, er ifølgje Schank og Abelson å lære seg skript. Skript gjer at individet ikkje treng å vite alt for å forstå det som skjer. Eit skript er dermed ein struktur som skildrar passande hendingar i ei standardisert rekkefølge i visse kontekstar. Ved å trekke på kjente skript, kan nye fenomen bli inkludert i forteljinga fordi dei allereie har blitt introdusert gjennom å høre til skriptet som blir nytta (ibid.:41). Skript som underliggende mønster kan brukast til å setje indeksane i samanheng med kvarandre. Skriptet gjer at lesar eller lyttar forstår det som ikkje blir fortalt. Patronymi kan vere eit slikt skript. Analyser av kva slags skript som handlingane blir gjort etter, er vidare analyser av kva slags normer mennene handlar etter, som individ, partnarar, søner, brør, venner og som menn. Materialet mitt består altså av forteljingar som viser til skript, direkte eller i form av større eller mindre indeksar.

#### 1.2.2 MANN SOM KJØNN INNAN KULTURFORSKINGA

Fleire nordiske studiar av menn og mannlegheit har til felles ei metodisk tilnærming der kvardagslivet blir studert ut frå enkeltindividet sitt perspektiv som utgangspunkt for å seie noko om samfunnet. Etnologen Marie Nordberg undersøker tilhøvet til likestilling blant mannlege arbeidstakrar i kvinnedominerte yrke i Sverige i *Jämställdhetens spjutspets. Manliga arbetstagare i kvinnoyrken, jämställighet*,

---

<sup>12</sup> Eit anna omgrep på noko av det same er 'kulturelle manus' (t.d. hos Fjell 2013:120f).

*maskulinitet, femininitet och heteronormativitet* (2005). Her vidar ho ut forståinga av mannlegheit, og problematiserer oppfatninga av at desse mennene representerer eit ideal om likestilling. Informantane hennar posisjonerer seg i forhold til ei *stereotypisk mannlegheit* og ei *refleksiv mannlegheit*, som begge er dominerande. Den stereotypiske mannlegheita inneber mellom anna fokus på sjølvdisiplin, handlekraft og rasjonalitet. Informantane hennar samanlikna seg gjerne med desse kjenneteikna, samstundes som dei også kunne stille seg kritiske til dei. I den stereotypiske mannlegheita finst vidare eit ideal om farskap og ansvar, omsorg og «lekfull ‘grabbighet’» (2005:329). Dette var positive trekk i mennene sine skildringar, men kunne høyre saman med andre trekk som mennene i mindre grad opplevde som positive. Den refleksive mannlegheita går ut på å vere meir «autentisk, mångfakterad, kritiskt distanserad och opåverkad av tvingande normer än andra män» (ibid.:330). Her kan inngå den nemnde fotballspelaren sin kommentar om at etternamnsvalet ikkje burde gjerast ut frå frykt for å bli omtala som «kjerring». Både den stereotypiske mannlegheita og den refleksive mannlegheita, blir gjentatt og normalisert. Den fyrste er ein meir tydeleg måte å gjere kjønn på enn den siste:

Genom att ‘den reflexiva manlighetsformeringen’ betraktades som givet god och normaliserades som mer autentisk och opåverkad av de reglerande normerna än andra manlighetskoncept, undgick den kritisk reflexion. Därmed doldes effektivt detta manlighetsideals kulturella konstruktion och de inkluderande och exkluderande normaliseringar som format detta uppfattat autentiska, könsneutrala och flexibla subjekt (ibid.:331).

Den refleksive mannlegheita er meir i tråd med eit likestillingsideal enn den stereotypiske mannlegheita, og begge formene kunne vere til stades hos same personen (ibid.:332). Forståingar av namneendringa som resultat av rasjonelle val, gjer det mogleg for bytarane å skildra handlinga som aktiv.

Ein annan strategi enn å skildre handlingane som motivert av visse former for rasjonalitet, kan vere å gjere ‘kvinnelege’ oppgåver på ein ‘mannleg måte’, slik at det

stemde med eigenskapar knytt til den stereotypiske mannlegheita. Etnologen Susanne Wollinger undersøkte svenske vernepliktige i fyrstegongsteneste i avhandlinga *Mannen i ledet: Takt och otakt i värnplikten skugga* (2000). Militæret har blitt skildra som ein stad der gutar blir til menn, ein påstand som Wollinger spør infomantane om. Ein ung vernepliktig mann sette det mannlege opp mot det kvinnelege i sitt svar:

[D]om sakerna som är genuint kvinnliga, som av tradition räknas som genuint kvinnliga – städning, bäddning, lagar mat, vi syr ... vi håller på en personlig hygien, vilket också kanske uppfattas som ovanligt. Alla de här sakerna som är genuint kvinnliga, kan man väl säga har gjorts ... *manligt*, om man säger så.

Genom att göra det tufft (ibid.:127, min klammeparentes).

Oppgåver som høyrd inn i det kvinnelege måtte løysast av desse mennene, og befalet var nøyne med at alt skulle gjerast skikkeleg, der det å gjere ein ordentleg jobb kunne inngå som mannleg. Hos den vernepliktige som Wollinger intervjuer, vart det gjort ein bevisst prosess, der «kvinnliga saker» vart gjort «tufft», og dermed kunne dei høye inn i det mannlege. I mitt prosjekt, rettar dette merksemde mot kva slags omgrep mennene sjølv nyttar når dei skildrar etternamnsvala sine, og kva slags samanhengar dei set namna inn i.

Det mannlege er i endring, og kan bli påverka av rørsler i samfunnet. Etnologen Ella Johansson undersøker samfunnsendringer i Sverige frå perspektivet til skogsarbeidarar i sitt arbeid *Skogarnas fria söner: Maskulinitet och modernitet i norrländskt skogsarbete* (1994). Johansson viser mellom anna korleis ideal knytt til mannlegheit, fridom og individualitet vaks fram blant skogsarbeidarane som del av framveksten av ein moderne mentalitet, i tiåra før og etter 1900. Ideal om individualitet og forståingar av mannlegheit som historisk konstituert i visse miljø på visse måtar, er interessant i forståinga av endringsprosessar knytt til mannlege etternamnsval. Endringsprosessar var også synlege hos folkloristen Marit Anne Hauan som har arbeidd med mellom anna *Polare maskuliniteter* (2012). Her analyserer ho

ein skipsjournal frå 1598 og ein frå 1835. Det var dagbøker skrivne for å dokumentere vêr, navigasjon, fangst og tilsvarende, meint for reiarar og eventuelle andre. Her viser Hauan korleis visse former for maskulinitet har endra seg over tid. Der dei to mannlege forfattarane i dagbøkene uttrykte redsle, fortviling og mangel på kunnskap, utvikla det seg i etterkant, utover på 1800-talet eit meir snevert moglegheitsrom. Då sto «handlekraft, vågemot og dødsforakt» sentralt, og «muskelkraft og fantasi» vart til den «klassiske polare kardinaldyden» (ibid.:115). Moglegheitsrommet, også i val av etternamn, vart innskrenka på slutten av 1800-talet, og som Johansson, viser Hauan sitt arbeid korleis maskulinitet og menn som kjønn blir gjort, og er i stadig endring.

Mennene må forhalde seg til ideala for korleis menn kan handle, og desse ideala endrar seg over tid. Ein annan form for ideal dei må forhalde seg til, handlar om samliv med andre. *Man ska ju vara två*, er tittelen på kjønnsforskaren og antropologen Lissa Nordin si undersøking av einslege menn på den svenske landsbygda, og tilhøvet deira til kjærleik og parforhold (2007). Sjølv om Nordin ikkje er kulturvitar, høver arbeidet hennar inn i den metodiske tilnærminga til feltet, ikkje minst gjennom den eklektiske tilnærminga til nærliggande fag som ligg i kulturvitenskapen. I denne studien har Nordin sökt å forstå korleis heteroseksualiteten produserer og reproducerer, visse individ som normale og andre som avvik. Organiseringa av seksualitet, spesifiserer kva som blir oppfatta som rett måte å vere kvinner og menn på, historisk og kulturelt (ibid.:26). Nordin si undersøking av menn som skil seg ut frå normalen, gjer det mogleg å sjå på kva som inngår i det normale på andre måtar. Denne måten å tenke på, er til inspirasjon i undersøkinga av forteljingane frå menn som endra etternamn. Korleis dei bryt med forventingar og førestillingar om korleis menn skal gjere etternamnsval, seier noko om kva slags etternamnsval menn har til rådighet, og kva som står på spel.

Parforholdet som samlivsform står sterkt, og det tokkjønna forholdet blir påverka av normer for korleis kvinner og menn kan handle. Brot med desse kjønna normene kan føre til negative konsekvensar for individet som handlar på tvers av forventingane. I

*Den usynliggjorte volden: Om menn som utsettes for partnervold fra kvinner* (2013) viser kulturvitaren Tove Ingebjørg Fjell at assosiasjonar i samfunnet mellom vald og mannlegheit gjer at alvorlege erfaringar ikkje blir tatt på alvor. Ho har intervjua menn som har vore utsett for vald frå ein kvinneleg partnar, og viser korleis brotet med ideen om at menn er sterke og kvinner svake, er vanskeleg å gripe i samfunnet. Det høver ikkje inn i tilvante tankemønster (sjå også Fjell 2014, 2015). Når det gjeld etternamnsval, har endring lenge blitt assosiert med kvinner, medan menn har halde på oppvekstnamnet. Korleis kjønninga av namnevalsalternativa påverkar etternamnsvalet for mennene, er noko av det eg undersøker. Saman gir dei ulike studiane eit innblikk i ulike kulturelle praksistar som nordiske menn inngår i når dei manøvrerer mellom forståingar av familie, kontinuitet, likestilling og individ.

#### 1.2.3 PERSONNAMN INNAN KULTURFORSKINGA

Kulturforskarar har også undersøkt namnepraksistar, men utan at dei tidlegare har blitt sett i samband med parforhold. Forståing av kva vi heiter og kvifor, kan bidra til å auke kunnskapen om andre forhold ved samfunnet. Etnologen Åke Daun nyttar endringar i fornamns- og etternamnspraksistar i den svenska bygda Leknäs i Dalarna til å seie noko om samfunnsendringar. Daun argumenterer for at namna kan reflektere kulturelle endringar betre enn «t. ex. produktionsförhållanden och materiella kulturyttringar. [Namna] tillhör människornas symbolvärld och saknar praktiskt ekonomiska begränsningar» (1971:187). Namna kan nyttast til å identifisere seg med kulturelle grupper og sosiale posisjonar. Sidan det i mindre grad blir påverka av ytre faktorar, som til dømes endring i produksjonsforhold, kan endring i namnepraksistar seie noko om korleis samfunnet er i rørsle (ibid.:224). Namngjeving kan bli sett på som kulturelle iscenesettingar, der grunnleggande verdiar blir stilt ut og vist til omverda (jf. Engman 1999:15).

Fleire har undersøkt fenomenet og rørsler med utgangspunkt i namn. Eit eksempel står folkloristen Bengt af Klintberg (1995) for. I sin gjennomgang av ulike aspekt ved namn og namngjeving i populærkultur og folklore, viser han mellom anna viktigheita av, og

tydinga til, namna gjennom tida. Det historiske perspektivet hos af Klintberg har seinare blitt erstatta av eit meir samtidsretta fokus. Til dømes har kulturvitaren Liv Nybø (2002) undersøkt tydinga av fornamn som kommunikative symbol, i si undersøking av korleis foreldre vel fornamn til barna sine. Nybø viser at namneval blir gjort i forhandlingar mellom estetiske, personlege og kollektive omsyn, og speglar både personlege og kollektive verdiar. Namn bidreg vidare til å skape kategoriar og skilje mellom menneske. Også hos etnologen Charlotte Hagström (2006) handlar fornamn om kommunikasjon, ikkje minst gjennom korleis haldninga til ulike namn kjem fram i forteljingar om eigne og andre sine fornamn. Haldninga til fornamna vart påverka av mellom anna alder, etnisk bakgrunn, utdanningsnivå og klassebakgrunn, noko som vidare påverka oppfatninga av beraren av namnet. I arbeidet vart den sterke koplinga mellom namn og identitet understreka, ikkje minst i seinare arbeid der Hagström (2008, 2012) viser korleis valet av spel-namn i den virtuelle verda vart valt med omhu. I eit tidlegare arbeid om farskap har Hagström (1999) også trekt inn menn sine etternamnshandlingar. Bruken av faren sitt etternavn på barna kunne bli forstått som ein måte å knyte sjølvstendige band mellom faren og barnet som ikkje var avhengig av mora (ibid.:188ff). Eg har elles ikkje funne kulturvitskaplege arbeid på etternamnsval i parforhold. Til gjengjeld er det gjort mykje internasjonalt innanfor humanistiske og samfunnsvitskaplege fag som nordisk, sosiologi, økonomi, kommunikasjonsforskning, namnegransking og kjønnsforskning.

### 1.3 TIDLEGARE FORSKING PÅ VAL AV ETTERNAMN I PARFORHOLD

Noreg kan stå fram som interessant i forhold til andre land, til dømes for å forstå korleis det har seg at menn og kvinner framleis handlar ulikt på gruppenivå trass likestilte lover. Det meste av forsking på etternamnsendring i parforhold og der patronymi i stor grad råder, har blitt gjort i USA. Litt er gjort i Canada, Storbritannia, Skandinavia, Europa elles, New Zealand og Israel. Det har komme eit veksande tilskot

på engelsk frå Japan og Kina dei siste åra.<sup>13</sup> Sjølv om eg i liten grad nyttar forsking på afrikanske, asiatiske, latinamerikanske og sør- og austeuropeiske namnepraksisar, blir eksempel frå desse områda inkludert der dei kastar lys over materialet.

Det kan vere skilnader på parforhold og familieforståingar mellom landa og områda, men det er også fellestrekks mellom resultata i mykje av forskingslitteraturen. I den vidare presentasjonen skildrar eg forsking på motivasjonar for eige val; haldning til andre sine val; forsking på mannleg etternamnsval; og etternamnspraksisar som kjønna.

### 1.3.1 MOTIVASJONAR

Ein kategori innan forsking på kjønn og etternamnsval i parforhold, har vore undersøkingar av kva som motiverer den enkelte sine val. Fleire har spurt informantane sine om kvifor dei har endra, eller kvifor dei har heldt på namnet. I Noreg har mellom andre nordisten Marit Fjellhaug (1998), sosiologen Renee Thørnblad (2003) og underteikna (Grønstad 2015), gjort dette. Namnegranskaranane Solveig Wikstrøm (2009; 2012) og Trine Sand Bakken (2002), har inkludert parforhold i sine breiare undersøkingar av namneendringar i Oslo (Wikstrøm) og Nord-Noreg (Bakken). I Sverige har namnegranskaren Sonja Entzenberg (2004) spurt om motivasjonar for etternamnsval. Fleire har undersøkt motivasjonar i Nord-Amerika (Fowler 1997; Kline, Stafford og Miklosovic 1996; Kos 2013; Scheuble og Johnson 2016; Suter 2004; Twenge 1997; Walker 2012).

Oftast er det kvinner som har blitt spurt. I undersøkingane av kvinnene sine etternamnsval og motivasjonane deira, blir det gjerne skilt mellom kvinner som held på og kvinner som byter i ekteskap. Den tette samanhengen mellom eigen identitet og etternamn, vart oppgitt som den viktigaste årsaka for kvinnene som heldt på oppvekstnamnet (Bähr og Weatherall 1999:52f; Ceynar og Gregson 2012:572f;

---

<sup>13</sup> Språk avgrensar naturleg nok også kva slags litteratur eg har hatt tilgang til, og denne gjennomgangen har også av den grunn tyngda si på dei angloamerikanske landa i tillegg til dei nordiske.

Entzenberg 2004:42; Fjellhaug 1998:79; Foss og Edson 1989; Fowler 1997:135ff; Kline, Stafford og Miklosovic 1996:610; Kos 2013:79; Laskowski 2010:81; Suter og Oswald 2003:79; Twenge 1997:424; Wikstrøm 2012:266). For mange av kvinnene, var etternamnet ein del av dei sjølve som individ. Å gje frå seg oppvekstnamnet kunne representer eit brot i den personlege historia deira. Forholdet mellom individet og namnet, var altså eit sentralt tema i forskingslitteraturen. Det var det også blant mennene i materialet mitt.

Kategorien identitet dekte fleire former for grunngjevingar i forskingslitteraturen. Å halde på oppvekstnamnet kunne symbolisere sjølvstende, og at kvinnene ønskete å bli sett som individ (Fowler 1997:138f). Sjølvstende og individuell identitet vart ikkje tatt for gitt blant kvinnene, til skilnad frå mennene i materialet mitt. Identitet kunne vidare bli forstått i relasjon til opphavsslekta til kvinnene, og inkludere eit ønske om å halde på etternamnet til slekta (Fjellhaug 1998:81; Fowler 1997:139; Kline, Stafford og Miklosovic 1996:611; Laskowski 2010:81f). Dette kunne vere viktig, også for menn. I nokre undersøkingar handla identitet om karriere og at kvinnene hadde gjort seg kjent under oppvekstnamnet (Fjellhaug 1998:81; Grønstad 2015:272; Keels og Powers 2013:305; Kline, Stafford og Miklosovic 1996:610f; Kos 2013:31; Laskowski 2006:66). Kvinner som heldt på oppvekstnamnet, kunne også legge vekt på den politiske haldninga og feministiske orienteringa si (Fowler 1997:54; Keels 2011:156; Laskowski 2010:83), men dette var ikkje like viktig for alle. Til dømes var det ikkje ei viktig grunngjeving blant norske kvinner på 1990-talet, sjølv om det vart nemnt av nokre få (Fjellhaug 1998:81). Seinare vart det nemnt som motivasjon blant norske informantar i ei nyare norsk-britisk undersøking (Duncan, Ellingsæter og Carter 2019:13f), og i svara på NEG-spørjelista eg har vist til tidlegare (Grønstad 2015:274ff). At få kvinner grunna etternamnsvalet sitt med feminism i materialet til Fjellhaug frå 1990-talet, tolkar Fjellhaug slik at likestilling vart tatt for gitt. Dermed kunne kvinner også endre etternamn i ekteskap som ei slags motvekt til feminismen på 1970-talet. Dette var i tråd med økonomane Claudia Goldin og Maria Shim si undersøking, der amerikanske kvinner i større grad tok mannen sitt etternamn på 1990-talet enn tidlegare

(2004:150). Dei norske tala samla inn i 2003 av SSB, viste at korrigert for auke i talet på personar med høgare utdanning, var det auke i talet på kvinner som endra etternamn, også i Noreg på 1990-talet (Noack og Wiik 2008:514).

Fyrst nokre år etter Fjellhaug si undersøking, rundt tusenårsskiftet, vart feminismen igjen ein meir allmenn del av den offentlege diskursen, med ‘den tredje feminismebølga’ (Holst 2017:62f). Dette kunne bygge opp under ein ny mogleg vekst av dei mindre vanlege etternamnsvala. Blant yngre norske kvinner i 2014, var det ei lita, men tydeleg gruppe av kvinner som ikkje grunna kvifor dei heldt på eller tenkte å halde på, namnet. Dette kan tolkast som eit teikn på skifte i haldningane til kvinner sine namneval (Grønstad 2015:271). Samstundes likna svara frå denne vesle gruppa med kvinner, i stor grad på svara frå menn som heldt på namna sine. Det understrekar at faste etternamn gjennom livet er ei overordna norm. Eit sterkt ønske om å halde på oppvekstnamnet, gav likevel nokre yngre, norske menn eit ubehag. Det sto ikkje i stil med eit elles likestillingsorientert haldningssett. Men også for desse mennene var koplinga mellom identitet, opphavsfamilie og etternamn sterkt (*ibid.*:276). Likestilling mellom kjønn er eit sentralt tema i forskinga på etternamnsval i parforhold, og mykje av denne forskinga har vore motivert av skilnaden mellom kva kvinner og menn gjer. Likestilling er også eit tydeleg tema hos mennene som har fortalt om etternamnsvala sine her.

Kvinner som tok mannen sitt etternamn, var ikkje like opptekne av koplinga mellom etternamnet og seg sjølve som individ i samband med etternamnsvalet. Snarare vart endringa skildra som ein måte å skape fellesskap i kjernefamilien (Fjellhaug 1998:85; Foss og Edson 1989; Kline, Stafford og Miklosovic 1996:608f; Kos 2013:40f; Therkelsen 2012:68ff; Twenge 1997:425). Identiteten desse kvinnene framheva, var kjernefamilieidentiteten. I tillegg kunne det vere viktig for kvinnene å kommunisere til andre at dei hadde gifta seg. Namneendringa var ein måte å gjere dette på (Keels og Powers 2013:305). Mange menn har tatt det for gitt at paret skulle dele etternamn, og at dette var mannen sitt oppvekstnamn (Entzenberg 2004:39;

Therkelsen 2012:72). Kvinner si etternamnsendring kunne vere eit symbol på at mannen var gift, og bli forstått som ein status han gir henne av kjærleik (Carter og Duncan 2018:116). Å vere gift var noko anna enn å vere ugift eller sambuande, for både menn og kvinner (Fjellhaug 1998:85f). Rollene etternamna spela i skapinga av kjernefamilien, sto sentralt også i mennene sine forteljingar i materialet mitt.

Utanom skapinga av familien, var tradisjon den andre store motivasjonen for å endre etternamn for kvinner (Entzenberg 2004:39; Fjellhaug 1998:85; Grønstad 2015:268ff; Keels og Powers 2013:304; Kline, Stafford og Miklosovic 1996:602f; Kos 2013:38; Twenge 1997:423; Wikstrøm 2012:260). Kvinner som bytte etternamn, og gjorde det som i forskingslitteraturen gjennomgåande blir kalla for eit tradisjonelt val, var dei av kvinnene som i minst grad hadde eit bevisst forhold til valet sitt (Keels 2011:133; Kline, Stafford og Miklosovic 1996:610). Tradisjonen sto fram som rettesnor for kva handlingar som kunne gjerast, og samsvara med patronymi. Etternamnsendringa vart forstått som ei tradisjonell handling, men tradisjonsomgrepet eller tydinga informantane la i omgrepet, vart med få unnatak lite diskutert av forskarane.

Sosiologen Anne Lise Ellingsæter (2018) legg til grunn at bruken av det ho kallar «navnetradisjonen», som svarer til patronymi, tydar på at det finst få moglege val for norske menn og kvinner. Dermed er det enklast å velje blant dei som er kjent. Blant dei Ellingsæter intervjuja, gjorde få menn endringar, til skilnad frå kvinnene. Fleire av mennene hadde klare meininger om korleis namna skulle vere i familien. Det var mest naturleg å dele etternamn. Medan nokre tok inn kona sitt som mellomnamn, var få av mennene opne for sjølve å endre etternamnet. Den einaste mannen som vurderte å endre, hadde oppvekstnamn frå eit land han ikkje vaks opp i (ibid.:275). Den smale fortolkinga av tradisjonsomgrepet, at tradisjon betyr patronymi, står i kontrast til mykje av den kulturvitenskaplege forståinga av kva tradisjonar kan vere og gjere (jf. Eriksen 1994; Eriksen og Selberg 2006; Klepp 1980; Howard og Blank 2013). Eg har difor analysert mennene sine forteljingar med eit meir utvida omgrep for å undersøke korleis dei har forhalde seg til fortid og kontinuitet i etternamnsvala.

Eg har berre funne grunngjevingar av eigne namnebyte blant norske menn hos Bakken (2002) og Wikstrøm (2012). Verken Bakken eller Wikstrøm fokuserte spesifikt på parforhold, men inkluderte namneendringar meir bredt i undersøkingane sine. Hos Bakken sine nordnorske informantar, såg det ut til at ekteskapet representerte eit mogleg tidspunkt for å endre etternamn for dei mannlege bytarane, utan at det var den grunnleggande årsaka. Til dømes tok ein mann og kona hans eit samisk etternamn som fanst i slektene til begge to (2002:163f). Hos Wikstrøm sine austlandske informantar, såg det ut til at mennene helst endra for å få etternamn som høyrest finare ut, eller som viste til høgare klasser (2012:260). Namneendringa gav høve til sosial mobilitet for desse mennene. Det var i tråd med Entzenberg sine svenske funn, der alminnelege son-namn som Peterson og Larson, tilsvarande dei norske sen-namna som Hansen, i større grad enn andre namn vart bytt ut (2004:40),<sup>14</sup> og Fjellhaug sine funn, at utanlandskklingande namn i større grad vart endra (1998:53). Fare for og opplevingar av etnisk diskriminering, spela inn her. Der kona sitt etternamn vart felles for ekteparet, handla det ofte om at etternamnet skulle leve vidare, og etternamnet vart valt etter forhandlingar der kvinna hadde dei mest overtydande argumenta (Entzenberg 2004:40f).

Kvinnene som endra og som heldt på oppvekstnamnet grunna vala sine ulikt, men delte også nokre grunngjevingar. Desse grunngjevingane handla gjerne om estetiske kvalitetar ved etternamna, både hans og hennar (Entzenberg 2004:40; Fjellhaug 1998:88; Fowler og Fuehrer 1997:317). Samstundes kunne det synast som at slike tilsynelatande kjønnssnøytrale argument, likevel favoriserte menn sine etternamn (Entzenberg 2004:40). Til dømes kunne fordelane med eit enklare etternamn, bli trekt fram når hans var av dei meir vanlege, eller det sjølvsagte i å velje det mest spesielle der det var hans etternamn som skilde seg ut. Også praktiske forhold, som å sleppe papirarbeidet (Fowler og Fuehrer 1997:317), eller å ta etternamnet til mannen for å

---

<sup>14</sup> Dette føreset ei forståing av visse etternamn og namnetyper som finare og at namn kunne knytast til ulike klasser.

heite det same som barna, men halde på oppvekstnamnet som mellomnamn (Fjellhaug 1998:83) var grunngjevingar kvinner kom med. Sistnemnde heng saman med forventingar om at barna får namnet til faren.

Nokre av grunngjevingane kunne nyttast til å forklare kvifor kvinner heldt på eller tok mannen sitt etternamn, men dei kunne også nyttast til å forklare kvifor nokre kvinner heldt på oppvekstnamnet som mellomnamn i staden for å fjerne det heilt. Dette er på sett og vis symptomatisk. Uansett kva val kvinnene har gjort har det vore rimeleg å forvente ei forklaring. Vala er ikkje sjølv sagt på same måten som hos menn, som har vore forventa å skulle halde på oppvekstnamnet.

### 1.3.2 HALDNING TIL KVA ANDRE BØR VELJE

Etternamnsvala som blir gjort i parforhold, skjer ikkje i sosiale vakuum. Dette har spora fleire forskrarar til å undersøke haldningar til ulike typar etternamnsval. Jamt over viste undersøkingane ei haldning om at kvinner burde byte til ektemannen sitt etternamn (Hamilton, Geist og Powell 2011:156; Keels og Powers 2013:303; Moore 2014; Scheuble, Johnson og Johnson 2012:284; Stafford og Kline 1996:218). Der haldning til menn sine namnehandlingar har vore tema, har resultata vore at menn bør halde på etternamna (Hamilton, Geist og Powell 2011:157; Lockwood, Burton og Boersma 2011:832). Menn ønskte sjølve å gjere det (Atkinson 1987:37; Lockwood, Burton og Boersma 2011:832), og dei aller fleste menn ønskte at kona skulle ta hans (Lockwood, Burton og Boersma 2011:832). I dei fleste undersøkingar om haldning til etternamnsval, har både menn og kvinner blitt spurta om haldning til kvinner sine val, og ikkje menn sine (t.d. Bass 2015; Shafer 2017; Robnett og Leaper 2013; Robnett et al. 2016). Her skil dei nordiske arbeida seg ut ved at haldning til andre sine etternamnsval i liten grad har vore i fokus, med nokre unnatak (t.d. Entzenberg 2004; Thørnblad 2003; Trost 1991). Dei har også inkludert mannlege val. Det kan tyde på ei meir gjennomført likestilt haldning til etternamnsval. Det kan også handle om formgjevinga på forskingsprosjekta. Spørsmåla kunne skilje seg ut frå dei ikkje-nordiske prosjekta. Til dømes spør familiegranskaren Jan Trost om par og familiarar bør

ha felles etternamn, utan å spørje om etternamnet burde komme frå mannen eller kona i ei undersøking om haldning til etternamnsval i Sverige (1991:15f). Då blir haldninga til felles etternamn i familien måla, snarare enn haldning til kven i parforholdet dette etternamnet burde komme frå. Ein slik måte å spørje på, kan dekke over snarare enn å kaste lys over, korleis haldning til menn og kvinners etternamn skil seg frå kvarandre.

I ei kvalitativt retta amerikansk undersøking fann kommunikasjonsforskaren Jennifer Diane Millspaugh at uvanlege val for menn kunne tolkast på svært ulike måtar (2008). Menn og kvinner som ikkje sjølv hadde erfaring med mannleg etternamnsendring, fortalte om korleis dei såg for seg menn som endra etternamn til kona sitt. Desse mennene kunne skildrast som sterke fordi dei gjorde noko uvanleg. Vidare vart dei oppfatta som opptekne av kjernefamilien og parforholdet og som politisk engasjerte. Desse mennene kunne også skildrast som svake, fordi etternamnsendringa viste at kona var den eigentlege sjefen i familien. Vidare meinte informantane til Millspaugh at menn endra etternamn fordi dei ønskte seg finare namn. Eit slikt ønske vart oppfatta som ein måte å oppnå ein status som dei ikkje hadde grunnlag for. Det var dermed negativt. Kvinner sin familiestatus påverka ikkje utan vidare ektemannen, medan kvinner fekk mannen sin, eventuelt høgare, familiestatus.

Haldning til etternamnsendring for menn generelt, kunne skilje seg ut frå haldning når det gjaldt ein sjølv som mann eller ektepar. Thørnblad viser i ein norsk studie, at nokre av dei kvinnelege informantane opna for at menn i prinsippet kunne byte, men dei ville ikkje at deira eigne menn skulle gjere det (2003:93). Tilsvarande fann Entzenberg at eit mindretal av hennar svenske informantar var opptekne av at paret skulle dele etternamn. Med andre ord, meinte fleirtalet at også kvinner kunne halde på oppvekstnamnet. Likevel nytta 74% mannen sitt oppvekstnamn som felles etternamn (2004:37). Ein stor del av informantane, både kvinnelege og mannlige, i ei amerikansk undersøking meinte at menn kunne velje å endre etternamn til kona sitt (Kos 2013:47). Også her var det tydeleg skilnad mellom prinsipielle haldninga og

praksis. Få av mennene ville sjølve ta kona sitt etternamn (ibid.:48). Nokre av dei amerikanske, mannlege informantane opplevde til og med spørsmål frå partnaren om bruk av hennar oppvekstnamn som felles etternamn, som umannleggjeraende (ibid.:50). Både menn og kvinner kunne altså ha ulike haldningar til uvanlege etternamnsval blant menn. Slike haldningar kan verke inn på namnevala for mennene, og spele inn i forteljingar om reaksjonar frå andre.

### 1.3.3 OM MENN SOM ENDRAR NAMN

Fyrst nyleg har mannleg etternamnsval i parforhold blitt eit sjølvstendig tema for forsking. Eit døme er ei undersøking av samanhengen mellom utdanningsnivå og mannleg byte av etternamn gjort av sosiologane Emily Fitzgibbons Shafer og MacKenzie A. Christensen (2018). Dette gjaldt amerikanske forhold der, i følgje Shafer og Christensen, om lag 3% av mennene endrar på etternamnet sitt. Dei fann at det var to grupper menn som i mindre grad tok kona sitt etternamn enn andre. Den eine gruppa var menn med høgare utdanning. Dette kunne grunngjekast med at dei, trass meir likestillingsorienterte haldningar, hadde karrierar der dei hadde meir å tape på å byte etternamn. Slik kunne dei likne på kvinner som ønskte å halde på oppvekstnamnet av omsyn til karrieren. Den andre gruppa menn der flest heldt på oppvekstnamnet, hadde gjennomgåande kortare utdanning enn kona. Shafer og Christensen grunnar det med at desse mennene sannsynlegvis hadde dårlegare løn enn kona, noko som bryt med kjønna forventingar. Fleire brot var dermed ikkje ønskeleg (ibid.).

Det meste gjort på mannleg byte av etternamn, er skrivne av amerikanske menn som har tatt kona sitt etternamn. Dei tar utgangspunkt i juridiske og til dels kulturelle stengsler mennene møtte i løpet av namneendringsprosessen (Frandina 2009; Kolesnikov 2008; Rosensaft 2002; Snyder 2009). Det kunne også handle meir generelt om brot med prinsipp om likestilling mellom kjønn (Slade 2015). I artiklane argumenterer forfattarane for kvifor menn bør ha same lovfesta rett til namneendring i ekteskap, i eit USA der dei fleste statane enno har ulike lover for

menn og kvinner. Dette diskriminerer menn, men som juristen Meegan Brooks påpeikar, diskriminerer det også kvinner, sidan det handlar om kvinneleg underordning i parforholdet (2013:264).

Litteraturen om menn og etternamn i USA på 2000-talet liknar på litteraturen om kvinner og etternamn både i Noreg (t.d. Barlaug 1977; Brock-Utn 1976) og USA på 1970-talet (t.d. Stannard 1977), altså at den er basert på personlege erfaringar. Begge deler kan karakteriserast som synleggjjeringslitteratur der eit føremål er å vise at menn kunne endre på 2000-talet, og at kvinner kunne halde på oppvekstnamnet på 1970-talet. Dels blir kjønnsulikestilte lovverk kritisert, dels blir moglegitene som alt fanst for å gjere uvanlege val, lagt vekt på. Argumentasjonen gjekk ut på at handlingane i mindre grad skulle kjønnast i lovverk og formelle strukturar. Også sakene om val av etternamn som kom opp i Den europeiske menneskerettsdomstolen på 1970- og 1980-talet, handla om at menn og kvinner burde ha dei same rettane i lovverka i dei respektive landa saksøkarane kom frå (Tirosh 2010:251). Her skil den angloamerikanske namnediskusjonen rundt menn seg frå den norske. I Noreg har det vore ei kjønnsnøytral namnelov sidan 1980, og eit spørsmål i avhandlinga er i kva grad praksisen har blitt likestilt, i tråd med moglegitene lovverket opnar for.

### 1.3.4 KJØNN OG NAMNEPRAKSISAR

Nokre undersøkingar inkluderer både menn og kvinner sine etternamnsval (Atkinson 1987; Ellingsæter 2018; Fjellhaug 1998; Forbes et al. 2002; Grønstad 2015; Jones et al. 2017; Khatib 1995; Lockwood, Burton og Boersma 2011; Noack og Wiik 2005; Peters 2018; Walker 2012; Wikstrøm 2012). Likevel gir forskinga implisitt inntrykk av at endring av etternamn i parforhold er meir relevant for kvinner enn menn. Også der informantane er både menn og kvinner, er fokuset i analysane ofte koncentrert om kvinner. Det blir grunngjeve med at få menn har endra etternamn (t.d. Lockwood, Burton og Boersma 2011:830; Noack og Wiik 2008:511), eller manglar grunngjevingar for kvifor svara frå menn ikkje vart analysert vidare (t.d. Khatib 1995). Der mannleg

etternamnsval har blitt inkludert, kunne svarkategoriene knytt til mannleg endring vere annleis enn dei som var knytt til kvinneleg endring. Til dømes vart det i ei undersøking spurt om kvinnelege informantar var heimeverande som alternativ til plassering i yrkeslivet, medan mannlege informantar ikkje fekk dette som eit alternativ (vist til hos Anderson 2005:19).

Også i tolkinga av dei norske tala frå SSB samla i 2003, kan det sjå ut som at det er skilnadar på tala for kvinner og for menn. I undersøkinga har menn og kvinner kryssa av for namnevalet sitt etter ekteskap, med dei same alternativa: «Beholdt eget navn; Fått ektefelles navn i tillegg; Skiftet til ektefelles navn; Laget et nytt felles navn». Det andre alternativet, å få ektefellen sitt etternamn i tillegg til sitt opphavlege etternamn, vart av SSB formidla noko ulikt for menn og kvinner. Kvinnene vart antatt å ta mannen sitt etternamn, «men at de dessuten hadde beholdt sitt pikenavn som mellomnavn» (Noack og Wiik 2005:4). For menn vart det same alternativet skildra meir uklart: «93 prosent av mennene endret ikke etternavn da de giftet seg. Det vil si at bare 7 prosent hadde gjort en endring. Av disse valgte 3 prosent å ta konas navn i tillegg, og like mange hadde valgt å bare ha konas slektsnavn som sitt etternavn» (ibid.). Å ta kona sitt etternamn i tillegg til oppvekstnamnet, kan forståast som at mennene heldt på oppvekstnamnet, og at dei sette inn kona sitt som mellomnamn. Denne skilnaden i formulering for menn og kvinner, kan vere skuld i at talet 97% har komme i spel som skildring av kor mange menn som held på oppvekstnamnet (t.d. Noack og Wiik 2008:511). Sjølv om både 93% og 97% kan brukas til å argumentere for at få menn endrar på etternamnet sitt, er det interessante i denne samanhengen at tilsynelatande nøytrale svaralternativ kunne sjå ut til å bli tolka ulikt ut frå kjønnet på dei som har svara det. I det minste kan det sjå ut som at behovet for nøyaktigkeit har vore noko større når tala for kvinner sine val vart handsama. Jamt over, er forskinga prega av synleggjering av kvinnelege namnehandlingar, som kan vere med på å gjere mannlege namneval usynlege.

Det er brei internasjonal semje om at relasjonar mellom kjønn kjem til uttrykk i namnepraksisar (Alhaug og Kristoffersen 1999; Augustine-Adams 1997; Brylla 1998, 2001, 2007, 2010; Entzenberg 2001, 2004, 2006a, b; Hamilton, Geist og Powell 2011; Kim 2010; Pilcher 2017; Qi 2018; Rom og Benjamin 2011). Visse samfunnsstrukturar blir reproduseret gjennom patronymi som del av kvardagslege, private praksisar gjort på mikronivå (Suter 2004:84). Sosiologen Jane Pilcher peikar på at den daglege bruken av namna våre, gjer det vanskeleg å sjå at namna også bidrar til å forme verda vår som kjønna (2017:812). Det daglegdagse ved namnepraksisane, gjer at det lett kan oppfattast som at namnetradisjonane er positive og utan konsekvensar (Robnett 2017:824). Ved at namna våre er i dagleg bruk blir det vanskeleg å sjå andre moglege funksjonar dei har. Ein slik funksjon, hevdar Pilcher er å gjere kjønn, gjennom kategorisering av kjønn ved fødsel, og ved «the ongoing management of gender conduct appropriate to sex category» (2017:812). Slik kan kvinneleg etternamnsbyte bli sett i relasjon til eit kjønnsbasert hierarki, som gir menn høgare status og meir makt (Robnett et al. 2016:510).

#### 1.4. TEORETISK PERSPEKTIV

Namnepraksisar kan knytast til gjering av kjønn, gjennom at skilnad mellom kjønn blir aktivt gjort i konkrete situasjonar der namn, namneendring og namngjeving står sentralt. Namnehandlingane er kjønna, fordi det er så mange som gjer dei systematisk på same måten, og tydinga deira er institusjonalisert:

Whether normative and compliant, pragmatic, or creative and resistant, forenaming and surnaming practices are revealed as core to the production and reproduction of binary sex categories and to gendered identities, difference, hierarchies, and inequalities (Pilcher 2017:812).

Pilcher argumenterer for at kvinner sine val av etternamn i parforhold, speler ei viktig rolle i den binære gjeringa av kjønn, anten kvinnene held seg til eller motset seg norma (ibid.:817). Tilsvarande, at menn ser mannlegheit i samanheng med patronymi, der etternamna blir vidareført gjennom den manlige slektslinja

(ibid.:818). Til liks med Pilcher, legg også eg til grunn eit kjønnsteoretisk perspektiv. Kjønn er noko ein gjer, ikkje noko ein er. Eg nyttar hovudsakleg sosiologane Candace West, Don H. Zimmerman og Sarah Fenstermaker sine arbeid (West og Fenstermaker 1995a, b, 2002a; West og Zimmerman 1987), også samla i boka *Doing Gender, Doing Difference* (Fenstermaker og West 2002b), og seinare vidareutvikla (West og Zimmerman 2009). Dei har eit rammeverk av omgrep som eg nyttar for å fortolke materialet mitt, nemleg 'å gjere kjønn' og 'ansvarleggjering'<sup>15</sup>. Ansvarleggjering er eit omgrep for prosessen der individet handlar ut frå forventinga om at andre vil forstå handlinga ut frå visse posisjonar. Posisjonane kan handle om kjønn, etnisitet og klasse som nokre av dei overordna. Ved at kjønn er noko som heile tida blir gjort, gir teorien høve til å forklare korleis endringar i praksisane skjer, samstundes som det forklarar kvifor endringane tar tid.

For å forstå korleis mennene gjer kjønn, har skandinavisk forsking på mannlegheit og umannlegheit vore til nytte. Idéhistorikar Claes Ekenstam og mannsforskar Jørgen Lorentzen har sett fokus på korleis mannleggjering skjer i balansegang med det umannlege (Ekenstam 2007; Lorentzen og Ekenstam 2006). Dette perspektivet, gjer det mogleg å seie noko om kva som kan vere på spel i situasjonane der kjønn blir gjort. I det følgjande gjer eg først greie for korleis eg forstår West, Zimmerman og Fenstermaker sitt perspektiv, før eg går inn på Ekenstam og Lorentzen sitt arbeid.

#### 1.4.1 Å GJERE KJØNN OG ANSVARLEGGJERING

Praksisane der kjønn blir gjort, skjer rutinemessig i kvardagsleg samhandling med andre (West og Zimmerman 1987:126). Desse praksisane er kroppslege, interaksjonelle og mikropolitiske, altså knytt til makt med mål om å oppnå noko. Visse uttrykksformer blir oppfatta som resultat av kvinneleg eller mannleg natur, medan dei veks fram i sosiale situasjonar. Det gjer det både som resultat av og rasjonale for, ulike sosiale samansetnader og hendingar. Dei fungerer vidare som

---

<sup>15</sup> West, Fenstermaker og Zimmerman nyttar omgrepet *accountability*, som eg har oversett til ansvarleggjering.

grunngeiving for todelinga av kjønn og tydinga kjønna strukturar har i samfunnet. Slik kan utforsking av korleis kjønn blir danna, vere med på å vise korleis makt blir gjort og ulikskap mellom kategoriane produsert (West og Fenstermaker 1995a:9; West og Zimmerman 1987:126).

Eit sentralt poeng med å gjere kjønn, er at brot med venta handlingar ut frå mannleg og kvinneleg definerte kroppar, kan bli utsett for sosiale sanksjonar. Dermed er det eit viktig poeng å gjere skilnad. Med dette utvidar West og Fenstermaker perspektivet til å inkludere andre former for skilnadgjering der makt er i spel, som etnisitet og klasse, sjølv om eg her fokuserer på kjønn. Desse kategoriane er alle grunnleggande for å forstå sosial ulikskap (West og Fenstermaker 1995a:9). Til desse kan leggast til mellom anna seksualitet (Butler 2007), psykisk og fysisk funksjonsvariasjon (Svendby, Romsland og Moen 2018) og alder (Ayalon og Tesch-Römer 2018). Dei ulike formene for skilnadgjering verkar saman på komplekse vis, og kan ikkje nødvendigvis leggast til eller trekkast frå kvarandre i konkrete situasjoner (Fenstermaker og West 2002c:xvii). Skilnadgjering handlar om makt, der medlemskap i sosiale kategoriar gjer at visse måtar å ordne samfunnet på står fram som naturleg og normalt (Fenstermaker og West 2002a:207).<sup>16</sup>

Ved å gjere kjønn blir sosiale system basert på kjønnskategoriar oppfatta som legitime og uforanderlege måtar å organisere samfunnet på. Dersom dominante handlingar blir kopla til menn, og dominerte handlingar til kvinner, kan det legitimere og legitimerast av ein viss samfunnsorden (West og Zimmerman 1987:146). Slik kan samfunnsordenen bli oppfatta som tilpassing til ein ‘naturleg’ orden. I vestlege samfunn er kjønn som kategori tatt for gitt, og blir nytta for å gje mening til handlingar (West og Fenstermaker 2002a:538). Handlingane kan skildrast som passande eller upassande for enkeltpersonar ut frå kva slags kjønnskategori dei høyrer til. Vidare blir handlingane gjort i vekselspel med andre individ, og dei blir gjort

---

<sup>16</sup> Eg går ikkje nærrare inn på dei ulike kategoriane eller interseksjonalitetsomgrepet som dei peikar i retning av, i avhandlinga (sjå meir hos Crenshaw 2017).

ut frå korleis handlingane potensielt kan oppfattast, altså risikoen for å bli vurdert ut frå kjønn (West og Zimmerman 1987:136). Kjønn er relasjonelt, men relasjonen treng ikkje vere fysisk der og då. Oppsummert er kjønn, slik eg brukar det her: «ongoing situated conceptions of appropriate attitudes and activities» for medlemmer av kjønnskategoriane (West og Fenstermaker 2002a:541).

#### 1.4.2 DET MANNLEGE OG DET UMANNLEGE

Mannsforskinga har fokus på korleis mannlegheit blir konstituert mellom kroppar kategorisert som menn, og mellom menn og kvinner. Det som har blitt oppfatta som mannleg i samfunnet, har lenge hengt saman med merittar oppnådd utanfor heimen, til dømes i yrkessamanheng (Edwards 2005:8), sport og fysisk disiplinering av kroppen (Frykman 1997; Langeland 2007) og politikk (Adams og Coltrane 2005:230). Vidare har visse karaktertrekk blitt oppfatta i samfunnet som mannlege. Fornuft var eit trekk forbunde med mannlegheit som kom inn med opplysningstida (Dørum 2016:262; Lorentzen og Ekenstam 2006:25), ikkje minst i den refleksive mannlegheita Nordberg viser til (2005:329). Andre trekk kunne vere viljestyrke, handlekraft, moralsk haldning og sjølvdisiplin, slik idealet var for borgarskapsmannen på 1800-talet (Ehn og Löfgren 1982:49; Lorentzen og Ekenstam 2006:16). Styrke og kreativitet, var del av den polare maskulinitetten på 1800-talet (Hauan 2012). Å vere sterk, og ikkje å vere redd for å nytte styrken sin, høver inn i det mannlege, men det kan bli for mannleg – ein kan bli for einspora eller for hard (Ekenstam 2007:183). Slik ligg det ein kime til endring i eigenskapane som blir oppfatta som mannlege, gjennom ideal om distansering frå overdriven mannlegheit. Det kan til dømes skje ved at middelklassemenn distanserer seg frå mannlegheit assosiert med arbeidarklassemenn. Mannlegheit kan slik gjerast mellom menn og mellom grupper av menn (Connell 2017 [1995]:114ff).

Det mannlege handlar også om å vere ein god far, om å ta vare på familien, og å sørge for tryggleik (ibid.:184), jamfør positive eigenskapar ved den mangfaldige stereotypiske mannlegheita (Nordberg 2005:329). Ved å kople mannlegheitsideal til konkrete individ, kan det seie noko om kjønn, klasse og stad, slik Nordin viste i si

undersøking av ungkarar si jakt på kjærleiken på den svenske landsbygda (2007:54). Det fangar også kva som står på spel for individet, både personleg og kjenslemessig (ibid.). Å gjere kjønn som mann, handlar om ansvarleggjering i forhold til ideal for mannlegheit. Det mannlege, meiner idéhistorikar Claes Ekenstam, blir gjerne konstituert i forhold til førestillingar om det umannlege (2007:175). Ofte fell kvinneleg saman med umannleg, til dømes når menn som handlar umannleg som nemnt kan kallast for «kjerring» (sjå også Ekenstam 2007:176). Andre gonger blir det mannlege konstituert i forhold til førestillingar om det umannlege utan at det fell saman med noko kvinneleg. Ved å nytte umannlegheit som omgrep, kan det seie noko om visse ekskluderingsprosessar. Omgrepssparet mannlegheit/umannlegheit opnar for å sjå konkret på korleis mannlegheit blir gjort, der redsla for å bli sett på som umannleg, er ein drivar. Det er skildra som å vere *Rädd att falla*, som er tittelen på ein sentral og tidleg antologi innan forsking på mannlegheit (Ekenstam et al. 1998), inspirert av mansforskaren Michael Kimmel sin *Manhood in America* (2006[1996]; sjå også Ehrenreich 1989). Kimmel fann i si undersøking av middelklassemenn i USA, at dei var meir driven av frykt for å bli hersa med og å bli sett som feminine eller homofile, enn av begjær etter makt. Mennene blei drivne av det dei ønskta å unngå, heller enn det dei ønskta å oppnå. Omgrepssparet mannlegheit/umannlegheit rettar analytisk fokus mot dynamikken mellom dei to heller enn innhaldet i kategoriane dei kan seiast å representere. Det gjer det mogleg å undersøke grenseoppgangar, heller enn førestillingar om visse kvalitetar knytt til konkrete kategoriar av mannlegheit. Grensene kan vere flytande og i stadig endring, og kan famne kompleksiteten i empirien.

Mannlegheit kan forståast som dei sosiale praksisane som menn gjer for å halde fram med å bli oppfatta som menn, som måten menn gjer kjønn på. Individua handlar innanfor strukturar, samstundes som strukturane er summen av handlingane. Dermed er dei heile tida i endring. Mansforskaren James W. Messerschmidt har påpeika, med støtte i West og Zimmerman (1987), at maskulinitetsteori, der perspektivet mitt inngår, er ein strukturert handlingsteori (2015). Det vil seie at kjønn

«grow out of embodied social practices in spesific social structural settings and serve to inform such practices in reciprocal relation» (ibid.:37). Mennene gjer vala sine ut frå visse forståingar av kva som inngår i det mannlege og umannlege. Samstundes er dei, med handlingane sine, med på å forme og endre dei same forståingane.

#### 1.4.3 OM HØVE TIL ENDRING

Å gjere kjønn kan seie noko om korleis kjønnskategoriane har vakse fram og blitt haldt ved like, men perspektivet til West, Zimmerman og Fenstermaker har blitt kritisert for å mangle forståing av korleis innhaldet i kategoriane og kategoriane i seg sjølv, kan endrast eller falle bort (Barrie Thorne i Collins et al. 1995:498; Deutsch 2007). Sjølv når individet handlar på tvers av kjønna normer, blir handlinga gjort som motsetnad til forventingane, og går dermed ut frå kjønna normer. Når kjønn er noko som til ein kvar tid blir gjort, og alt som blir gjort inngår i å gjere kjønn, er det vanskeleg å tenke seg at dei kjønna strukturane kan bli mindre kjønna eller forsvinne. Samfunnspsykologen og kjønnsforskaren Francine M. Deutsch viser korleis perspektivet har ført til forsking som bekreftar stabilitet i kjønnsrelasjonar (2007:110ff). Ho etterlyser fokus på korleis gjering av kjønn også kan føre til endring, ikkje minst å gjere handlingar mindre kjønna (ibid.:114f). Sjølv kritiserer West og Zimmerman at omgrepet deira, å gjere kjønn, har blitt til eit ideal om «undoing gender», å handle mindre kjønna. Dei viser til dømes til Butler (2004) og Risman (2009), men ikkje Deutsch (West og Zimmerman 2009:117). Idealet kan implisere at det er mogleg å la vere å gjere kjønn. Det meiner dei det ikkje er i det vestlege samfunnet fordi kjønn er som nemnt ein hovudkategori vi orienterer oss etter. Det er større høve til endring av handlingar som inngår i kjønnskategoriane, enn til endring av sjølve kategoriane (West og Fenstermaker 2002b:53f).

For West og Zimmerman, er det i ansvarleggjeringa høve til endring kan ligge (2009:117f), som hos Nordberg sine mannlege sjukepleiarar. Desse sjukepleiarane praktiserte arbeidet sitt ut frå ulike forståingar av mannlegheit, men også ut frå posisjonen som sjukepleiar. Då var det profesjonen, ikkje kjønn som fungerte

ansvarleggjерande (Nordberg 2005). Medviten endring frå noko, inkluderer ei medviten endring i retning noko anna, slik Judith Butler også peikar på (2007:xxii). Det enkelte individ står gjerne i posisjonar der motstridande normer og skript møtest. Blir ein ansvarleggjort som sjukepleiar, fører det potensielt til andre handlingar enn om ein blir ansvarleggjort som mann. Endring kan finne stad fordi det finst alternative retningar og posisjonar å handle etter. Ansvarleggjering kan dermed skje overfor motstridande normer skript. Ved å handle i tråd med nokre, og bryte med andre, kan skripta endrast til å inkludere fleire typar handlingar.

For West og Fenstermaker, finst det potensiale for endring i at dei ulike typane kategoriar vi alle til ein kvar tid er del av, er til stades på ulike vis og med ulik kraft i konkrete situasjonar (1995b:510). Som eg vil vise, verkar dei ulike posisjonane mennene høyrer til, saman og opnar for andre måtar å gjere kjønn på. Til dømes kan dei vere kjernefamilieorienterte, individorienterte eller likestillingsorienterte. Vidare, sidan skilnadane til ein kvar tid blir gjort, ligg det eit potensiale i gjerande, både gjennom handlinga og ved intensjonane bak handlingane. Snarare enn at det er nye ideal og nye former for mannlegheit som veks fram, skjer endring oftast gjennom forsterkingar og nedtoningar av ulike element (Lorentzen og Ekenstam 2006:30). Når feministisk tankegods og likestilling har blitt tilgjengeleg i ei norsk verkelegheit, har det styrka moglegheitene til å vere meir feministisk utan å bryte med det mannlege. Slik har det skjedd ei forskyving, og det som har blitt oppfatta som normalt, har flytta seg (Eshleman og Halley 2016). I avhandlinga undersøker eg korleis det normale har endra seg.

## 1.5 DISPOSISJON

I kapittel 2 gjer eg greie for metodane eg brukar. Eg skildrar materialet, utvalet av menn, og diskuterer nokre forskingsetiske problemstillingar relevant for prosjektet. Kapittel 3 er eit bakgrunnskapittel der eg tar for meg historia til dei norske namnepraksisane. Det er ein gjennomgang av praksisar og lovverk, med hovudfokus på perioden frå 1800-talet og fram til 2003. I kapittel 4 går eg gjennom den

kvantitative undersøkinga av stoda i Noreg eg har gjennomført som del av prosjektet, og ser ho i samanheng med eldre tal og med tal frå andre land som kan samanliknast med Noreg. Kapittel 5 er det fyrste analysekapittelet. Det handlar om familien, noko som var svært viktig for mennene som endra etternamn, men også for mange av mennene som heldt på oppvekstnamnet. Her er fokuset på rolla etternamna spela i formgjevinga av kjernefamilien, og på tilknyting til opphavsfamilien. Kapittel 6 har fortid og kontinuitet som tema, og då særleg korleis tradisjonsomgrepet blir brukt av mennene. Kapittel 7 tar for seg korleis haldning til likestilling kom fram i svara til mennene. Haldning til likestilling fungerte blant bytarane som ein alternativ måte å tenke etternamnshandlingar på, og var såleis ein ressurs nokre kunne trekke på for å gjere greie for handlingane sine. Kapittel 8 handlar om eit anna sentralt tema, nemleg tilhøvet mellom individet og namnet. Personen står fram som ei tilsynelatande indre oppleving av samanheng som på ulike vis er knytt til namnet for mennene. I det niande kapittelet ser eg dei ulike kapitla i samanheng, ved å plassere tema i forteljingane langs to kryssande aksar. Den eine aksen går mellom kjernefamilieorientering og individorientering. Den andre aksen går mellom patronymisk orientering og likestillingsorientering. Men først skal det handle om spørjelister, intervju og kvantitative undersøkingar.



## 2. Metodane, materialet og forskingsetikken

Føremålet med undersøkinga, er å forstå kva som gjer at nokon vel å halde på eller endre på etternamna sine. Den beste måten å finne ut meir om dette på, er ved å spørje. Det handlar i stor grad om tankeprosessar og haldningar, og namneval kan dermed bli forstått gjennom møte med tekst eller tale. Eg ønsker «sosial kunnskap som sosialt og historisk kontekstualiserte måter å forstå og handle i verden på» (Kvale og Brinkmann 2015:290), med utgangspunkt i individ som identifiserer seg som heterofile norske menn. For å få innblikk i ulike sider ved emnet brukar eg eit fleirmetodedesign, det vil seie at eg kombinerer ulike metodar. Dette kan kallast triangulering (Ringdal 2018:109). I botnen ligg spørjelistematerialet frå NEG som vart samla inn i forkant av prosjektet. Det danna grunnlag for forskingsspørsmål prosjektet svarer på. Her var det lite empiri på mannleg etternamnsendring fortalt av menn sjølve, og eg sendte difor ut ei spørjeliste på e-post til menn som har gjort endringar av etternamn i parforhold. Dei to spørjelistene utgjer hovudmaterialet med fakta om og perspektiv på mennene sine eigne haldningar og handlingar i avhandlingsarbeidet. Eg har også intervjua menn som har endra etternamn. Dei kvalitative intervjua har gjort det mogleg å få utdypande informasjon der eg opplevde e-postsvara som ufullstendige. Vidare har eg fått gjennomført ei kvantitativ spørjeundersøking for å få informasjon om omfang. I dette kapittelet byrjar eg med å gå gjennom dei ulike materialtypane og metodane, før eg skildrar meddelarane. Til sist går eg gjennom forskingsetiske spørsmål sentrale for prosjektet.

### 2.1 SPØRJELISTE

Den fyrste forma for forteljingar vart samla inn gjennom ei spørjeliste frå tradisjonsarkivet Norsk etnologisk gransking (NEG). Ei spørjeliste er ei liste med spørsmål knytt til eit meir eller mindre avgrensa emne.<sup>17</sup> I Noreg er det berre NEG

---

<sup>17</sup> Slike kvalitative spørjeundersøkingar har vore nytta i Noreg for å dokumentere erfaringar tilbake til samfunnsforskaren Eilert Sundt på midten av 1800-talet (Kjus og Grønstad 2014; Skjelbred 2006; sjå også Amundsen 2013), eller enno tidlegare (Bø 1996:97; Ropeid 1979:26), også i nordisk sammenheng (Rehnberg 1947). Det finst aktive tradisjonsarkiv som gjer innsamling gjennom spørjelister også i dei

som arbeider systematisk med arkivskaping ved hjelp av spørjelistemoden i dag (Grønstad 2013a; Skjelbred 2006:35). Det vil seie jamleg å sende ut spørjelister med føremål å dokumentere det alminnelege livet for bruk til forsking no og i framtida. Materialet som NEG sine spørjelister resulterer i, kan nyttast til å undersøke perspektiv og haldning, slik folklorist og tidlegare leiar for NEG, Ann Helene Bolstad Skjelbred har argumentert (2006:29). Målet med metodikken er heller ikkje å oppnå eit statistisk utval, men å få fram ei spennvidde (jf. Moestue 2011:5). Materialet opnar for å sjå mønster i etternamnshandlingane og etternamnshaldningane på tvers av meddelarar. Fordi meddelaren formar teksten gjennom sine eigne formuleringar, gir forteljingane kunnskap om fenomenet. I svara finst opplysningar om kva val meddelarane har gjort eller kunne tenke seg å gjere, og om perspektivet dei har på fenomenet (jf. Skjelbred 2006:31). Materialet som spørjelistemoden gir, fungerer godt når ønske er å lære noko om komplekse forhold i samtida som det fanst lite kunnskap om frå før, som etternamnendring i parforhold. Ein annan styrke er at det var ein økonomisk og tidseffektiv måte å få inn ei stor breidd i handling og haldning om etternamn. Ved at spørjelista vart distribuert bredt, både til faste meddelarar og gjennom sosiale media, nådde ho mange som svara på spørsmåla om namn. Ein viss skeivskap kan likevel følgje, sidan undersøkinga retta seg mot skrivande menneske som forstår norsk, og som kunne ha interesse av kulturhistorisk dokumentasjon generelt, eller etternamnsmatikkens spesielt. Spørjelister kan vere både utgangspunkt for og utdjuping av, emnet som ein er interessert i (Tobiassen 1988). Begge har vore tilfellet i denne studien. Eg har forma problemstillinga ut frå eit alt eksisterande materiale og manglar ved dette materialet. Føremålet med NEG-spørjelista om etternamnsvatn var å fange ei breidd i kva slags val som vart gjort, og personar som les og forstår norsk kunne svare på ho. Slik var spørsmåla:<sup>18</sup>

---

andre nordiske landa (sjå m.a. Hagström og Marander-Eklund 2005; Lilja 1996; Nilsson, Waldetoft og Westergren 2003; Skott 2008; Wolf-Knuts 2001).

<sup>18</sup> Sjå også vedlegg.

Mange byter namn ved spesielle hendingar i livet som til dømes giftarmål, når ein får barn, eller ved skilsmissa. Har du, partnaren din eller andre rundt deg bytta etternamn (og mellomnamn)?

Kva gjorde du/dei? Kvifor vart byttet gjort, og kvifor valde du/dei den måten å gjere det på?

Dersom du har haldt på ditt eige etternamn (og mellomnamn), kvifor det?

Kva slags reaksjonar har du/dei fått på å endre eller ikkje å endre namn?

Korleis har de velt etternamn (og mellomnamn) til eventuelle barn?

Dersom du ikkje har vore i ein slik situasjon, ville du ha bytta etternamn eller ønskt at partnaren tok ditt? Kvifor? Kva med etternamn (og mellomnamn) til eventuelle barn?

TABELL 1: SPØRSMÅLA I SÆREMNE 64 VAL AV ETTERNAMN I NEG.

Spørjelista blei sendt ut våren 2014. Totalt kom det inn om lag 450 svar, der 101 var frå menn. NEG nyttar omgrepet *meddelar* om dei som svarer på spørjelistene. Slik understrekast fokuset på samskaping av data til arkivet, utan å underkjenne rolla konservatorane og andre som har vore med i utforminga og bruken av svara frå meddelarane spelar.<sup>19</sup> I tråd med dette, nyttar eg omgrepet på alle som har svara på spørsmåla mine om etternamnsval der føremålet har vore å forstå den enkelte si forteljing. Eg har ikkje nytta det på deltakarane i den kvantitative undersøkinga, der føremålet har vore å skape statistikk.

Nokre fekk spørjelistene tilsendt i posten, og svart gjennom brevpost. Andre svara på ei lenke dei fekk på e-post.<sup>20</sup> Elektroniske lenker til undersøkinga vart også delt andre stader, som til dømes på NEG sin Facebook-profil. Eg har ikkje oversikt over kor

<sup>19</sup> Alternative omgrep nytta av mellom anna NEG har vore ‘medarbeidar’ for å peike på samarbeidet mellom tradisjonsarkivet og dei faste svararane til arkivet. Etter kvart vart omgrepet forvirrande for dei nye ‘medarbeidarane’. Omgrepet var blitt knytt til lønna stillingar i arbeidslivet, ikkje kulturhistorisk dokumentasjon og spørjelisteverksemrd. Andre har kritisert medarbeidaromgropet for å dekke til maktforholdet mellom forskar og ‘medarbeidar’, og nokre har argumentert for bruken av ‘informant’ i staden, nett fordi det viser til det skeive maktforholdet mellom dei to partane involvert. Eit tredje omgrep er ‘respondent’, som tidlegare var lite i bruk i kulturvitenskaplege arbeid (Fjell 2007:74), men som har vunne fram som nemning innanfor andre humanistiske og samfunnsvitskaplege felt fordi det gir assosiasjonar til samskapinga som skjer av materialet gjennom intervju eller tilsvarande kvalitative metodar, utan å legge skjul på maktaspektet i situasjonen.

<sup>20</sup> NEG nytta spørjeundersøkingstenesta Surveymonkey.com til dette.

mange av dei som svara, som hadde svara på spørjelister tidlegare. Metodisk fører den digitale og den papirbaserte versjonen til litt ulike typar materiale, der ein del av dei digitale svara var kortare og mindre komplekse enn dei papirbaserte svara (jf. Grønstad 2013b). Dei papirbaserte svara var gjerne lengre og kunne innehalde fleire forteljingar, medan dei digitale oftare hadde berre ei, og innimellom knapt nok det. Det kan henge saman med i kva grad meddelaren var van med å svare på spørjelister, og i kva grad temaet fenga. Vidare kan det handle om korleis mediet fungerer, der mange er vane med å formulere seg konsist digitalt, til dømes i sosiale media. Dei som svara på papir, var gjerne noko eldre. Dei såg også ut til å vere meir rutinerte spørjelisteskriventar enn mange av dei som svara digitalt.

Alle NEG sine spørjelistesvar blir inkludert i arkivet med unike aksesjonsnummer. Aksesjonsnummerna er ein nummerserie som går uavhengig av undersøkingane, og reflekterer talet på svar på alle undersøkingar sendt inn til NEG frå starten i 1946. I denne undersøkinga ligg svara frå menn mellom nr 43801 og 44779. Eg viser til dei som NEG43801 og så bortetter med fødselsår, når eg siterer frå dei.

Spørjelistematerialet har fleire styrker og svakheiter. Ei tidleg erfaring for NEG var at det som ein ikkje spurte om, fekk ein ofte ikkje svar på (Ropeid 1979:31). Spørsmål om kva slags namn ein bytte til og frå, var ikkje inkludert i spørjelista om etternamnsval. Dette handla mellom anna om at spørjelistesvara var avidentifiserte, og meddelarane vart bedne om ikkje å bruke namn når dei delte forteljingane sine. Mangelen på denne forma for informasjon opplevde eg likevel som eit sakn i analysearbeidet fordi det kunne vere uklart kva slags namn dei skildra i teksten. Ein styrke med spørjelistene var at dei kvalitative svara gjerne gav informasjon om korleis spørsmåla vart forstått. Til dømes var det fleire menn som fortalte om kvar etternamnet deira kom frå opphavleg, heller enn å skrive om eigne erfaringar. Det var ikkje det som var meint med spørsmåla, men desse forteljingane seier at mennene assosiert endring av etternamn til namnet si historie, ikkje berre si eiga. Mennene sine forteljingar viser også korleis omgrep som er uproblematiske og sjølvsagte for

forskaren, kan bli forstått på andre måtar av meddelarane (sjå også Alver 1984:71; Moestue 2001; Seland 2001). Eit døme har vore når meddelarar har skrive om etternamna sine slik at det går fram at det er snakk om mellomnamnet. Juridisk sett, er dette noko anna enn etternamnet. Ved å bli omtala som eit av etternamna, kan det seie noko om tydinga meddelaren legg i mellomnamnet. Det kan også seie noko om skilnaden på ein formell og ein meir uformell bruk av omgrepene. Spørjelistesvara har altså mange føremoner, til dømes å opne opp for deling av erfaring og kunnskap, til å komme med perspektiv som ikkje alt er kjent, og til å bekrefte eksistensen av ulike perspektiv. I hovudsak tre svakheiter gjorde at eg ønskte å utvide materialet for å få svar på problemstillinga: Spørsmåla kunne som nemnt innby til korte svar. Vidare gjer openheita og fridomen til å forme svara med eigne ord, at forteljingane kunne vere tvitydige, altså at dei kan tolkast i motstridande retningar. Den største svakheita for mitt prosjekt, har vore at erfaringar frå menn som har gjort uvanlege val manglar i stor grad. Eg har difor aktivt samla inn fleire forteljingar i tillegg.

## 2.2 SNØBALLEN SOM BLEI TIL SNØSKRED – E-POSTSPØRJELISTA

For å få tak i menn som endra etternamn, såg eg for meg å ta i bruk snøballmetoden. Det er ein utvalsmetodikk der ein byrjar med å intervjuer nokre personar ein har tilgang til, som så gir tips til nye personar å kontakte slik at snøballen kan rulle av garde. Der fenomenet er ukjent, det er lite kunnskap om eventuelle nettverk og i undersøkingar der det er vanskeleg å skaffe personar å snakke med i forkant av undersøkinga, er dette ein vanleg metodikk (Tjora 2017:135). Sjølv kjente eg ikkje menn som hadde endra sitt eige etternamn. Eg gjorde dermed det som var mest nærliggande i 2016, nemleg å etterlyse menn gjennom eit innlegg på Facebook-profilen min. Språket eg nytta, viser til korleis Facebook-statusar er semioffentlege og personlege, men ikkje nødvendigvis private. Snøballen vart snart til det eg tidleg byrja å kalle for eit snøskred. Etter berre nokre minutt, fekk eg meldingar i Messenger-innboksen min, altså Facebook si meldingsteneste. Det var konkrete tips om menn som hadde tatt kona sitt etternamn eller kombinert hennar etternamn med sitt eige.

Snart vart innlegget delt ein rekke gonger, av venner og venner sine venner på deira Facebook-veggar.



BILDE 2: SKJERMDUMP AV MELDING LAGT UT PÅ FACEBOOK 29.09.2016.

Tips byrja å strøyme inn som kommentarar til innlegget mitt, der folk tagga menn dei kjende som hadde endra etternamn. Andre menn tok kontakt direkte, og ønskete å stille opp. Få dagar seinare hadde ein journalist frå *Bergens Tidende* plukka opp saka, og det vart til ei dobbeltsidig sak (Heian 2016). Då byrja både e-postinnboksen min på jobb og Messengerinnboksen å fylle seg opp igjen. Det var menn som fortalte om eigne val, og kvinner gift med menn som hadde endra til deira etternamn. Nokre fortalte om folk dei kjende eller kjende til, og nokre få kom med innspel dei meinte det var viktig å inkludere i forskinga mi. Ein månads tid seinare, la avis VG sin internett-tv-kanal VG-TV ut ein reportasje om ein mann som tok kona sitt etternamn, der eg vart intervjua (Hafsaas 2016). Nokre få tok kontakt etter dette.

I staden for ein snøball på nokre få personar, sat eg snart med eit snøskred på over 100 personar. Eg endra difor på strategien for innsamling av materiale, og laga ei ny spørjeliste. Den fyrste grunnen til det handla om å få samla inn forteljingar frå alle, for slik å ha eit større materiale å søke etter mønster og breidd i. Den andre grunnen var at svara på spørjelista kunne fungere som utgangspunkt for val av personar å

intervju. Den tredje grunnen var kopla til forskingsetikk. Dei som meldte seg ut frå ønske om å fortelje, burde få høve til å dele si historie og sine refleksjonar. Ein kan seie at individua har rett til å bli forska på, samstundes som fellesskapet har rett til å forske på individua (Alver 1995:21).

Blant mennene var det stor grad av sjølvseleksjon ved at dei gjerne meldte seg sjølv. Der andre tipsa om dei, viste eg til den som sendte meg namnet deira når eg initerte kontakt. Det var ofte ektefelle eller nære slektingar. Elles bad eg om at bytaren skulle ta kontakt. Ved sjølvseleksjon, kan det vere ulike motiv for å melde seg som deltagar. Det kunne vere eit tema som låg nært for mange av dei som har gjort uvanlege val, fordi dei gjerne har tenkt på dette over tid. For nokre kan det vere eit behov for å snakke om noko dei er oppteken av, personleg, politisk eller fagleg (Tjora 2017:138). Dei kan ha sett det som eit viktig tema som dei ønskte utforska (jf. Meurling 1998:40). Mennene hadde til felles at dei var villige til å fortelje om valet sitt til ein forskar. Det betyr at forteljingane deira kan skilje seg systematisk ut frå forteljingane frå andre menn som ikkje har meldt seg sjølv (jf. Hodne 1988:58). Til dømes var det ingen av mennene som endra etternamn som var misnøgde med valet sitt. Det kan tenkast at menn som ikkje var nøgde med valet sitt, let vere å ta kontakt. Til slutt fekk 85 menn e-postspørjelista.<sup>21</sup> Eg purra ein gong på dei som ikkje hadde svara. På våren 2017 var det 60 som hadde sendt svar.

Forma på e-postspørjelista var todelt. Den første delen inkluderte spørsmål om namnevalet. Den andre delen handla om demografi, når dei gifta seg, kor mange barn dei eventuelt hadde og liknande. Dette var spørsmål som eg i større grad ville ha byrja med om det var intervju. Dei kunne vere enkle å svare på, og fungere som ein fin start på samtalet før vi gjekk ordentleg inn i hovudtematikken. Ved å ha dei til slutt i undersøkinga, brukte eg ikkje opp tolmodet på dei enkle spørsmåla.

---

<sup>21</sup> Sjå vedlegg 2.

Kva heitte du fyrst?

Kva bytta du til? Dersom du ikkje har bytta enno, men vurderer det, skriv gjerne kva du tenker.

Har du bytta fleire gonger? Til kva då?

Når gjorde du endringane? Årstal? Knytt til konkrete hendingar som til dømes vigsel, barn, skilsisse, flytting, andre hendingar privat eller i yrkeslivet?

Kvífor har du bytta? Fortel.

Har du bytta tilbake? Kvífor det? Fortel.

Kva skulle til for at du skal byte tilbake eller bytte på ny?

Snakka du med nokon før endringa(ne) dine? I så fall, kven då? Partnar? Familie? Venner? Kollegaer? Andre? Om kva då? Kvífor? Fortel.

Har du fått reaksjonar i etterkant? I så fall, frå kven då? Kva har reaksjonane vore? Fortel.

Kjenner du til andre menn som har gjort tilsvarende namneendringar?

TABELL 2: SPØRSMÅL TIL MANNLEGE ETTERNAMNSBYTARAR, FYRSTE DEL.

Når eg siterer desse meddelarane, viser eg til etternamnet (eller Meddelar) og fødselsår (eller om lag fødselsår). I tillegg nyttar eg sidetal. Sidetalet viser til eit dokument der eg har samla alle e-postsvara og også intervutranskripsjonane som eg kjem til under. I dokumentet står forteljingane til mennene under kvarandre etter fødselsår. Dette dokumentet blir avlevert til NEG til bruk for seinare forsking.

Det var fleire tema som ikkje var fullt ut detaljert i forteljingane, til dømes konfliktar med fedrane som følgje av at mennene bytte vekk oppvekstnamnet. Det var altså framleis naudsynt med intervju.

## 2.3 FORSKINGSINTERVJU

Spørjelistene gjorde tilgjengeleg ei breidd av tematikkar i meddelarane sine forteljingar. Gjennom intervjeta kunne eg grave djupare i spørsmåla som eg ikkje hadde fått svar på skriftleg. Samtidig kunne eg sjekke om samanhengar eg ana frå spørjelistene, stemte overeins med det mennene fortalte andlet til andlet (jf. Alver

1984:71ff). Som spørjelistene, fungerer også kvalitative forskingsintervju godt når føremålet er å studere meininger, haldning og erfaring (Tjora 2017:114). Det er livsverda til den som blir intervjuet som er i fokus, altså slik verda står fram for den enkelte personen, og intervjuet gir ein viss tilgang til meddelaren sin «subjektive meningshorisont» (Hauan 2006:9). Også intervjuet handlar om avgrensa tema som opnar for nye refleksjonar blant begge partar. Det er både forteljing om noko som har skjedd, og ei samskaping av forståingar. Sidan intervjuet er samtalar mellom menneske, kan intervjuaren gå vidare inn i refleksjonar i intervjustituasjonen og i dei neste intervjuet.

Sjølv om forskingsintervju opphavleg var tenkt som hovudmetode for å undersøke menn sine etternamnsendringar, viste det samla spørjelistematerialet seg som så rikt at intervju heller fungerte som støttemetode. For å få nærmere greie på visse avgrensa tema som ikkje vart tilfredsstillande skildra i spørjelistesvar, gjorde eg totalt tre intervju med menn som endra etternamn i parforhold. Intervjuet vart gjennomført i september 2016 og desember 2017. Det første intervjuet gjorde eg før 'snøskredet' slo inn. Denne mannen hadde dermed ikkje svara på spørjelista eg sendte på e-post til resten av mennene. Det vara om lag 1,5 timer. Dei to siste vart gjort i etterkant, og eg valte dei ut frå svara dei gav på e-post. Eg ønskete å grave djupare i forteljingane dei delte i svaret på spørjelista. Det andre intervjuet vart gjort med grunnlag i delen av forteljinga hans som handla om dei negative reaksjonane frå foreldra hans på namneendringa. Han var ein av fleire som skildra slike reaksjonar. Intervjuet vara i om lag 50 minutt. Den tredje valte eg fordi han skildra forholdet til svigerfaren sin og etternamnet til svigerfaren. Forteljinga hans var prega av positive kjensler, og dette var noko han gjerne snakka om, også i det daglege. Dette intervjuet vara i om lag 40 minutt. Alle tre valte møtestad sjølv. Det første fann stad på eit møterom på arbeidsplassen hans ein ettermiddag, det andre fann stad heime hos han på kveldstid, og det tredje fann stad på ein restaurant på dagtid.<sup>22</sup> Eg gjorde lydopptak

---

<sup>22</sup> Sjå vedlegga 3 og 4.

av kvart intervju, og eg har transkribert dei til ein bokmålsnær nynorsk, utan hjelpeord som «ehh» og oppattakingar som kunne forvirra lesaren. Derimot noterte eg latter og tydelege pausar, fordi det kunne ha samanheng med om dette var noko meddelaren måtte tenke på der og då, eller om det var noko meddelaren alt hadde tenkt på. Transkriberinga inneber ei forenkling, og ei oversetjing frå eit mangfald av sansar til eit fåtal av sansar (jf. Klein 1990:45; O'Dell og Willim 2013). Ved å transkribere sjølv, fekk eg likevel gått gjennom intervjuet ny etter kort tid, og ved å lese gjennom transkripsjonane, minnast eg katten som helste på i ein pause, servitøren som skrudde ned lyden på musikken for oss, og dei store vindauge på møterommet. Saman med dei skriftlege svara har desse intervjuet gitt mykje materiale til undersøkinga. Samstundes er det tydeleg i fleire av dei skriftlege svara, at mennene har mykje meir å fortelje. Sjølv om eg har hatt meir enn nok materiale, kunne gjennomføringa av fleire forskingsintervju ha opna for ei enno større djupne i og ei mogleg utviding av, det mennene fortalte om.

#### 2.4 KVANTITATIV SPØRJEUNDERSØKING – ‘ENDRING AV NAMN’

For å få oversikt over omfanget av etternamnsval hos menn og kvinner, fekk eg gjennomført ei kvantitativ spørjeundersøking hausten 2018. Ei slik spørjeundersøking, kan skildrast som «en systematisk metode for å samle inn data fra et utvalg personer [...] for å gi en statistisk beskrivelse av den populasjonen utvalget er trukket fra» (Ringdal 2018:191). I samarbeid med analysebyrået Respons Analyse, laga eg ei kvantitativ undersøking med utgangspunkt i spørsmålsformuleringane i ei større undersøking av etternamnspraksisar gjennomført av Statistisk sentralbyrå (SSB) i 2003 (sjå Noack og Wiik 2005; 2008; Wiecek 2003; Wiik 2005).<sup>23</sup> Spørsmåla om etternamn, var hos SSB del av ei undersøking om familieliv. SSB var interessert i å skape grunnlag for å forstå korleis ulike velferdstiltak kunne fungere for ulike familieformer. Etternamnsspørsmåla var inkludert som ein måte å kunne seie noko

---

<sup>23</sup> Seinare har SSB byrja på eit arbeid med å lage data på namneval, mellom anna i parforhold, men dette var enno ikkje komme ordentleg i gang sommaren 2020 då avhandlinga mi vart ferdigstilt (Gading 2020).

om likestilling på i ei undersøking som elles handla om haldning til samlivsformer og familie.<sup>24</sup> Føremålet til undersøkinga mi har derimot vore å få inn tal på etternamnsval.<sup>25</sup>

Spørsmåla mine tilpassa eg moglegheitene som kom i den nyaste namnelova i 2003. Til dømes har eg tatt med spørsmål om bindestreksnamn og bruk av partnar sitt oppvekstnamn som mellomnamn.<sup>26</sup> Spørsmåla vart sett i rekkefølge slik at informantane berre fekk relevante spørsmål, i form av lukka spørsmål med gjensidig utelatande svarkategoriar. Med andre ord, handla det første spørsmålet om ein var i eit langvarig fast forhold. Om ein hadde vore i fleire, gjaldt det første. Eg sökte vidare å gjere utvalet så likt SSB sitt utval som mogleg. Svara kan dermed inkludere namneval i både tokjønna og samkjønna parforhold. Spørsmåla også her, vart stilt til menn i alderen 23-47 år og kvinner i alderen 20-44 år, og dei vart stilt til personar som hadde minst ein norskfødd forelder. SSB si undersøking var altså retta mot unge og yngre vaksne som hadde ein eller to foreldre fødd i Noreg. For at spørjeundersøkinga skal kunne seie noko utover utvalet, må eigenskapar i utvalet likne på eigenskapar i den totale populasjonen, altså menn mellom 23 og 47 år, og kvinner mellom 20 og 44 år, med minst ein norskfødd forelder. Den beste måten å oppnå det på er ved at utvalet er tilfeldig trekt (Risman 1998). Føremålet er at alle i populasjonen skal ha lik sannsynlegheit for å bli trekt. Då kan resultata frå utvalet

---

<sup>24</sup> Frå 1970-talet har haldning til likestilling blitt målt ved å sjå på haldninga til menn og kvinner knytt til arbeidssfæren og heimesfæren. Sidan mellom anna økonomiske krav gjer at fleire kvinner må ut i arbeidslivet, og menn må bidra meir heime, tyder ikkje nødvendigvis haldningsendringar på desse felta på ei auka semje om likestilling. Dei amerikanske statistikarane og kjønnsforskarane Laura Hamilton, Claudia Geist og Brian Powell har foreslått å nytte haldning til etternamnsendring i ekteskap som ein variabel for å måle haldning til likestilling. Dei fann at mange meinte kvinner hadde same rett til å vere i arbeidslivet som menn, samstundes som at kvinner burde ta mannen sitt etternamn i ekteskap (2011:157). Dette samsvarer med den amerikanske sosiologen Paula England (2010) sitt arbeid. England viser at sjølv om kvinner og menn har blitt meir likestilte i arbeidslivet, heng det heterofile parforholdet, med sine skikkar, ritual og vanar langt etter når det gjeld likestilling. Etternamnsval i parforhold kan altså vere eit lite tema, men med stor rekkevidde.

<sup>25</sup> Personleg kommunikasjon, Wiik 03.10.2018.

<sup>26</sup> Sjå vedlegg 5.

hamne i nærleiken av resultata frå heile populasjonen (Thrane 2018:109f). Det er variasjonen i populasjonen, ikkje storleiken på populasjonen som avgjer kor store utvalsstorleiken bør vere, og korleis den stemmer med den totale populasjonen (ibid.:122). Sjølv om tala i spørjeundersøkinga om namn, kan seiast å vere representative ut frå statistiske kriterium knytt til utval og trekning, er dei likevel små, og kombinert med feilmarginane forstår eg dei som tendensar.

SSB-undersøkinga vart gjennomført ved hjelp av brev, og det var totalt 6317 personar som svara på breva. Økonomiske og praktiske omsyn, gjorde at gjennomføringa av undersøkinga mi vart gjort i eit mindre omfang enn SSB-undersøkinga. Ho vart gjennomført som del av Respons Analyse sin månadleg gjennomførte telefon-omnibus, det vil seie ei samling med spørsmål frå ulike oppdragsgjevarar.

Telefonintervju vart valt for å inkludere svar også frå personar som i mindre grad hadde tilgang til internett. I kvar månadlege omnibus vart 1000 personar trekt ut.

Blant desse ville om lag 200 menn og 200 kvinner normalt oppfylle utvalskriteria. For å få betre grunnlag for å kunne seie noko om menn sine etternamnsval, har eg bevisst overrepresentert menn blant informantane. I metodelitteraturen kan dette kallast disproportional stratifisering (Ringdal 2018:209). Dette var grunna i to forhold: For det første, er eg primært interessert i kva val menn har gjort. Den andre viktige grunnen er at dei undersøkingane som har blitt gjort tidlegare av norske forhold og forhold i andre land, tilseier at det er større variasjon i kvinner sine val, og dermed mindre skilnad i storleiken på kvar gruppe. Feilmarginar kan dermed gi mindre utslag, fordi gruppene i seg sjølvé indikerer storleik i forhold til kvarandre. Menn som endrar etternamn, er eit så marginalt fenomen at det var viktigare å auke talet på informantar for å få inkludert denne kategorien i materialet på best mogleg måte. Undersøkinga vart difor gjennomført over to rundar, ein runde i november som inkluderte både menn og kvinner, og ein i desember som berre inkluderte menn. Totalt sett var det 587 deltakar, 415 menn og 172 kvinner, som svara på undersøkinga i perioden 5. november til 4. desember 2018. Fordi medlemmer av nokre kategoriar fell frå i større grad enn andre, til dømes yngre kvinner i dette

tilfellet, har tala blitt vekta. Slik svarar dei 172 kvinnene til 186 personar i dei prosentvise utrekningane i gjennomgangen av resultata i kapittel 4, og dei 415 mennene svarer til 409 personar i utrekningane. Ei ung kvinne tel altså som meir enn ein mann eller ei eldre kvinne, fordi yngre kvinner var vanskelegare å nå. Dermed skal prosenttala kunne seie noko om forhold i populasjonen elles.<sup>27</sup>

Den kvantitative undersøkinga er ei tverrsnittundersøking (jf. Ringdal 2018:112). Ho samlar inn data på etternamnsval fortalt på eit visst tidspunkt. Sjølv om ho kan samanliknast med SSB-undersøkinga frå 2003, er dei likevel ikkje like nok til å kunne seie noko absolutt om skilnader og likskap mellom omfanget blant gifte menn og kvinner i 2003 og 2018. Til gjengjeld kan dei skildre tendensar i 2003 og i 2018. Korleis dette har endra seg i mellomtida er ikkje undersøkt direkte. Undersøkingar som dette, kan heller ikkje forklare kva som er årsak til fenomenet, berre at mange av dei som gjer visse val typisk er menn eller kvinner. Den kvantitative undersøkinga gir likevel ein ekstra dimensjon til det kvalitative materialet. Ho har både dokumentasjonsverdi og ein historisk dimensjon ved å seie noko deskriptivt om fenomenet, medan det andre materialet kan seie noko om kvifor det er slik.

## 2.5 METODE OG TEORI I ANALYSEN

Forståinga mi av fenomenet, blir styrt av materialet som eg samlar inn, i tillegg til dei teoretiske perspektiva eg nyttar meg av. I materialet ser eg etter samanhengar, tema og kategoriar som belyser emnet frå ulike vinklar. I den analytiske prosessen blandar metodane, materialet og teoriane seg saman, og påverkar kvarandre og analysen. Det har vore ein rotete og kreativ prosess, som på langt nær er straumlineforma (jf. O'Dell og Willim 2013:316). Både spørjelister og intervju kan skildrast som ein type materiale med unik verdi som bindeledd mellom mikro- og makroplan. Det gir eit innanifrå-perspektiv frå meddelarane si side (Hodne 1988:63). Dette gjer det mogleg å forstå korleis meddelarane formar eigne liv, historie og minne (Klein 2006:22). Eg er

---

<sup>27</sup> Dei vekta tala er «basert på hva de respektive målgruppene skal utgjøre i et normalt representativt befolkningsutvalg 18 år og eldre» (Eidsvik 2018:2).

interessert i hendingane mennene fortel om, og perspektivet dei har på hendingane. Dette kjem fram gjennom hendingane mennene valde å fortelje om, og orda dei brukte. Eg har difor i liten grad endra på sitat frå spørjelistene, anna enn openberre skriveau. Bruk av store bokstavar midt i setninga og tilsvarende får dermed stå slik dei har skrive det, og parentesar i sitata kjem også frå mennene. Større endringar eg gjer er markert med klammeparentesar, til dømes når eg har fjerna namn, sett inn eit ord, eller når eg har tatt vekk delar av sitatet for å gjere poenget tydelegare.

Forteljingane til meddelarane handlar om eigne erfaringar og opplevingar, men handlar også om samfunnet gjennom at dei skildrar enkeltpersonar sine møter med omverda (Hodne 1988:62). Ved at forteljingane speglar «konvensjoner, verdibegreper og ideer» der dei blir fortalt, gir dei også informasjon om desse (Gullestad 1996:16). Det som ikkje var sjølv sagt, vart sett ord på, medan det sjølvsagte ikkje trong forklarast. Det meddelaren fortel kan vere fleirtydig ved å kunne bli forstått på fleire måtar, eller ved at tilsynelatande motstridande utsegn kjem fram i same forteljing. Eg såg etter informasjon som kunne komme i form av sjølvmotseiingar, paradoks, og liknande som fortel om haldningar og synspunkt også i samfunnet elles. I avhandlingsarbeidet har slike motsetnader vore viktige fordi nysgjerrigheita mi tok utgangspunkt i paradokset om manglande likestilling i val av etternamn. Motseiingane ligg på tvers av meddelarar sine forteljingar, og seier dermed noko om motstridande normer og forståingar i samfunnet. Slik viser dei til ulike skript som er til stades samstundes som meddelarane blir ansvarleggjort ut frå. Når mennene i forteljingane nyttar seg av visse skript, vist gjennom kva element som blir utelate og kva som blir inkludert, seier det noko om kulturelle og ideologiske praksisar som meddelaren plasserer seg i forhold til.

Eg har sett etter tema på tvers av spørjelistesvara og intervju, og har dermed gjort ein tematisk analyse (jf. Braun og Clark 2006). I denne prosessen fann eg familie, fortid, likestilling og individ som overordna tema i materialet. Kjernefamilien og opphavsfamilien utgjer senteret for etternamnsvalet og moglegheita etternamnet

gav for markering av tilhørsle. Forståingar av fortid og kontinuitet inngjekk i argumentasjonen for kvifor etternamna var viktige å bevare eller endre på. Ideal om likestilling, kom til som kontrast til visse fortidsforståingar, og støtte til andre fortidsforståingar. I tillegg fanst det blant ein del ei generell haldning om at kvinner og menn er, eller bør vere, likestilte. Vidare var koplinga mellom namn og individ sentral hos mange. Eg vurderte også andre tematikkar. Det gjaldt til dømes ambivalansen knytt til mellomnamnet, og korleis menn såg ut til å eige etternamna meir enn kvinner gjorde. Nærare undersøkingar av korleis mennene stilte seg til mellomnamnet, såg likevel ikkje ut til å kunne gje svar på føremålet med avhandlinga, altså å forstå kvifor nokre menn endra medan andre menn heldt på oppvekstnamnet. Vidare var det heller ikkje nok materiale til å undersøke korleis kjensler av eigarskap fungerte for mennene. Denne tematikken eignar seg i større grad for analyse av forteljingar frå både menn og kvinner, men er underliggende i fleire av analysekapitla gjennom at dei forklarer noko av årsakene til at mannlege etternamn står fast i større grad enn kvinnelege.

I analysen av materialet har eg sett etter skript, gjerne ved hjelp av indeksar. Eitt døme er to meddelarar som begge levde i kvar sine sambuarskap, der den eine skriv: «Samboeren min og jeg har ikke hatt ønske om giftemål, men jeg ville at familien vår skulle ha et felles navn» (fødd 1979:152). Mannen i det andre sambuarskapet skriv: «Jeg har mitt etternavn. Vi er ikke gift, så min samboer har sitt etternavn» (NEG44459 fødd 1956). Den eine endra etternamn til partnaren sitt, medan den andre ikkje gjorde det. Hos begge heng etternamnsendring saman med ekteskap, og eit skript om at ekteskap betyr namneendring og namnefellesskap ved bruk av ord som «giftemål», «gift», «felles», «mitt» og «sitt» etternamn. Når den eine mannen skriv «men», og den andre «så» mellom ei setning om sivilstanden og ei setning om namneendring, seier desse orda noko om forhaldet mellom dei to setningane. Etternamnsendring høyrer til ekteskapet. Vidare fungerer heilskapen av det fyrste sitatet som indeks på eit skript som tilseier at personar i same kjernefamilie kan dele namn, og at dette kunne komme frå både han og henne. Heilskapen av det andre sitatet fungerer som

indeks på at etternamnsendring var relevant berre for sambuaren hans, ikkje han sjølv. Skripta kan vere usagte, men innhaldet i skripta er naudsynt å kjenne til for å forstå samanhengen indeksane kan komme frå. Sitata er med andre ord, pakka med tydingar tilgjengelege for medlemmer av den same namnekulturen, og synlege på tvers av spørjelistesvara og i forskingslitteraturen elles. Når dette er sagt, betyr ikkje det at analysane mine av indeksar og skript, er fullstendige og uttømmande. Til dømes kunne det fyrste sitatet ha fungert som indeks på at den som ville at familien skulle dele etternamn, var den som måtte endre namnet sitt. Eg kan også gjere feiltolkningar av det mennene har fortalt, slik det alltid vil vere risiko for misforståingar i menneskeleg kommunikasjon. At mennene som er sitert ved namn har fått høve til å lese sitata eg brukar frå dei, og til ein viss grad samanhengen sitata blir sett inn i, høver her inn som ein måte å auke sannsynet for at eg har forstått noko av det sentrale i forteljingane.

## 2.6 BAKGRUNNSDATA OM MEDDELARANE

I denne delen av kapittelet presenterer eg deskriptive skildringar av dei ulike gruppene med meddelarar ut frå demografiske kategoriar. Kategoriane eg tar for meg er fødselsår, heimstad, yrke, utdanning, sivilstatus, form for etternamnsendring, og kor mange barn dei har. I tillegg kjem eg med ein oversikt over grunngjevingar dei gir for å endre etternamn.

### 2.6.1 DEMOGRAFISKE KATEGORIAR

Den fyrste demografiske kategorien handlar om fødselsår. Når meddelarane er fødd, seier noko om kva slags normer som har vore rådande i levetida deira, og kva slags lover som har vore gyldige i vaksenlivet deira. Å høyre til same aldersgruppe eller generasjon, gir deltakarane ein felles plassering i sosiale og historiske prosessar. Det avgrensar difor høve deira til å oppleve andre former for erfaringar og predisponerer dei for visse karakteristiske sett å tenke og erfare på (Mannheim og Kecskemeti 1952:291).

Blant mennene som svara på spørjelista frå NEG, var den eldste fødd i 1924 og den yngste i 1993. Den eldste som svara på e-postspørjelista, vart fødd i 1951 og den yngste i 1991. Intervjua vart gjennomført med menn som hadde endra etternamn til partnaren sitt. Dei var noko yngre. Alderen på dei som vart intervjuet, stemmer såleis overeins med dei andre mennene som endra etternamn. Nøyaktige tal for når mennene i den kvantitative undersøkinga er fødd, har eg ikkje, men at dei var mellom 23 og 47 år gamle i 2018, tilseier perioden 1971-1995.

	NEG-spørjeliste	E-postspørjeliste	Kvalitative forskingsintervju
<b>1920-talet</b>	2	0	0
<b>1930-talet</b>	17	0	0
<b>1940-talet</b>	25	0	0
<b>1950-talet</b>	24	5	0
<b>1960-talet</b>	8	12	0
<b>1970-talet</b>	15	24	2
<b>1980-talet</b>	8	18	1
<b>1990-talet</b>	2	1	0
<b>I alt</b>	101	60	3

TABELL 3: OVERSIKT OVER TIÅR MENNENE VART FØDD.

Den tidlegare forskinga viser at alder påverkar etternamnsval både for menn og kvinner. Ei amerikansk undersøking viste at yngre menn endra til kona sitt etternamn i større grad enn eldre menn. Skifting i praksisar kan difor handle om endring i haldning over generasjonane (Shafer og Christensen 2018:15). At menn som endra etternamn i større grad var yngre enn andre menn, viste også Fjellhaug si undersøking frå Oslo på 1990-talet (1998:52). Blant kvinner spelte alder inn på to måtar. Kvinnene som gjorde uvanlege val, altså heldt på oppvekstnamnet, har gjennomgåande vore yngre enn andre kvinner. Samstundes har dei vore eldre i det dei inngjekk i ekteskap (Abel og Kruger 2011:18f; Brightman 1994:9; Fjellhaug 1998:45f; Noack og Wiik 2008:512; Shafer 2010:61; Goldin og Shim 2004:156; Hoffnung 2006; Noordewier et al. 2010:19). Alder ved ekteskap kunne spele inn ved at kvinnene var kjend under oppvekstnamnet, og at dei hadde hatt det lengre som vaksne. Korleis dette kunne spele inn for menn, er uklart, sidan dei same faktorane favoriserer bruken av oppvekstnamnet for dei også.

I mitt materiale endra éin mann namn før 1980. Det gjorde han i 1978. På 1980-talet var det totalt sju som bytte namn. På 1990-talet bytte fire namn. På 2000-talet bytte 24 av mennene. 21 av desse gjorde endringa etter at den noverande namnelova kom i 2003. Mellom 2010 og 2016 var det 20 som endra namn. Dei siste fire planla i 2016 å byte i nær framtid.

Meddelarane kom frå heile landet. Mange nemnde fleire stader dei hadde tilknyting til, som til dømes der dei vaks opp, der namnet deira kom frå, eller der dei budde. Fleire hadde budd i utlandet som vaksne eller hadde vore i forhold med kvinner frå andre land. Ein del av e-postmeddelarane hadde bakgrunn frå Sunnmøre og Sørlandet. Det skuldast sannsynlegvis mine nettverk. Ein viss overvekt er frå Oslo- og Bergensområdet, både blant NEG-meddelarane og e-postmeddelarane. Blant e-postmeddelarane kan også dette skuldast mine nettverk. Det er heller ikkje så rart med tanke på at det bur mange totalt sett i desse områda. Blant e-postmeddelarane var det mange som meldte interesse etter oppslaget i *Bergens Tidende*, noko som også er med på å forklare overvekta av menn med tilknyting til Bergensområdet. Samstundes viser anna forsking ei overvekt av uvanlege etternamnsval blant bybuarar (Brightman 1994:9; Hoffnung 2006; Noack og Wiik 2005:6).

Meddelarane hadde varierte yrkesbakgrunnar. Blant NEG-meddelarane var det ein del med erfaring frå skipsfart, noko som kan setjast i samband med at dei kan ha blitt rekruttert som faste NEG-meddelarar etter ei undersøking om livet på sjøen.<sup>28</sup> Blant e-postmeddelarane var det også variasjon. Ein del var lærarar og ein del arbeidde innanfor IKT. Det var også fleire ingeniørar og personar med yrke i oljenæringa.

	<b>0</b>	<b>1-3</b>	<b>4-5</b>	<b>6-9</b>
<b>E-postspørjeliste</b>	0	51	6	4
<b>NEG-spørjeliste</b>	5	71	11	14

TABELL 4: OVERSIKT OVER YRKESFORDELING INNANFOR STYRK 08-KATEGORIANE.

<sup>28</sup> Undersøkinga om sjøfolk kan finnast her som *Spørjeliste 244 Sjøfolk*.  
<https://dms03.dimu.org/file/022wazTP4gJ6> (leseedato 03.04.2019).

Eg har kategorisert yrka til mennene etter *STYRK 08*. Det er *Standard for yrkesklassifisering* nyttा mellom anna av SSB (sjå Bakke 2011). Tala viser til 9 ulike overordna kategoriar, som eg har slått saman til fire samlekategoriar. Tala referer til eit statussystem, der dei lave tala kan knytast til yrke med høgare status enn dei høgare tala. Nokre av mennene har vore vanskelege å plassere fordi stillingstilane var generelle, og kunne dekke eit spekter av oppgåver og ansvar. Alle mennene som svara på e-postundersøkinga, oppgav yrke. Tala 1-3 viser til leiarar, akademiske yrke og høgskuleyrke. Til saman i desse tre kategoriane er det 51 personar, og dermed den store majoriteten blant desse mennene. Den neste grupperinga av kategoriar er dei som inngår i 4 og 5, altså kontor- og sal og service-yrke. Eg har plassert 6 av mennene i desse to kategoriane. Dei fire siste kategoriane, 6-9, dekker bønder og fiskarar, handverkarar, prosess- og maskinoperatørar og sjåførar, og reinhaldarar og hjelpearbeidrarar. Innanfor desse fire kategoriane høyrer totalt 4 av mennene inn. Tala for NEG-meddelarane kan likne, med overvekta, 71 personar, plassert innanfor gruppene 1-3. Talet 0 viser til dei som ikkje har oppgitt kva slags yrke dei har eller har hatt, og eg har også kategorisert dei som har skrive at dei er studentar under gruppa 0. Til saman gjeld det 5 personar. Mennene som arbeidde innanfor kategoriane 4 og 5, talde 11 personar. Innanfor dei fire siste kategoriane, høyrer totalt 14 av mennene heime. Sjølv om både NEG-meddelarane og mennene som svara på e-postundersøkinga viste ei overvekt av leiarar, akademikarar og høgskuleutdanna, var det altså færre menn som høyrde til service-yrka og dei meir manuelle yrka innanfor e-postsvara. Dette kan indikere at menn som gjer etternamnsendringar (og som er interessert i å fortelje om det) i noko større grad har statusyrke, og dermed kan seiast å høyre til i eit noko høgare klassesjikt i samfunnet.

Ein annan måte å tenke klasseinndelingar på, handlar om utdanningsnivå. NEG-meddelarane har ikkje blitt spurt om utdanning. Det har ikkje vore vanleg å gjere det, men det hadde gitt interessant tilleggsinformasjon, og det ville ha auka høve til å kunne samanlikne dei to gruppene med spørjelistesvar. Hos e-postmeddelarane varierer lengda på utdanninga frå fullført vidaregåande til doktorgrad, med ein liten

overvekt på bachelorgrad eller tilsvarande nivå. Den tidlegare forskinga viser at etternamnsending kan bli sett i samanheng med utdanningsnivå. Som nemnt viser ei amerikansk undersøking at menn med høgare utdanning tok kona sitt etternamn i mindre grad enn menn med lågare utdanning, trass ei meir likestilt haldning. Det kan handle om at dei hadde etablerte karrierar under oppvekstnamnet (Shafer og Christensen 2018:1). For kvinner går likestilling, forstått som brot med patronymi, i same retning som karrierebehov og auke i utdanning, nemleg å halde på oppvekstnamnet. Kvinner som gjorde uvanlege val hadde jamt over høgare utdanning enn kvinnene som handla patronymisk (Brightman 1994:9; Shafer 2010:61; Goldin og Shim 2004:143; Gooding og Kreider 2010; Hoffnung 2006; Kline, Stafford og Miklosovic 1996:601; Noack og Wiik 2005:5; Noordewier et al. 2010:19). For menn samsvarer behovet for å ha eit namn som ikkje endrar seg gjennom karrieren, med patronymi, og kan dermed bryte med eit likestilt ideal. Blant amerikanske menn som bytte etternamn, var det likevel fleire som hadde lik eller høgare utdanning *enn kona* enn det var i resten av den mannlige befolkninga (Shafer og Christensen 2018:15). Dersom skilnad mellom mannen og kvinnen var tydeleg på andre vis, var det ikkje naudsynt å markere den gjennom etternamnsval.

Nesten alle e-postmeddelarane var gifte. Det gjeld 55 av mennene. Tre var trulova og skulle gifte seg. Ein var skilt. Ein var sambuar utan å vere trulova. Då eg etterlyste meddelarar gjennom Facebook, spurte eg etter gifte menn. Ved å spørje etter gifte menn vart bodskapen min lettare å forstå. Samstundes utelet eg då sambuarskap. Sambuarskap er inkludert i avhandlinga i tillegg til ekteskap, fordi den nyaste namnelova (2003) gir høve til å bytte etternamn på lik line med ektepar om sambuarane har barn saman eller har budd saman i meir enn to år. Den kvantitative spørjeundersøkinga som eg gjennomgår i kapittel 4.2, viser at det var svært få sambuarar som endra etternamn. Berre 2% av mennene og 1% av kvinnene som var eller hadde vore i sambuarskap (men utan å vere eller ha vore i ekteskap), svara at dei hadde endra etternamn i sambuarskapet.

Kva har han gjort?	Hans namn	Hennar namn	Hans etter endring	Hennar etter endring	Talet
<b>Bytt heilt til kona sitt</b>	Haugen	Høgset	Høgset	Høgset	20
<b>Bytt, men heldt på som mellomnamn</b>	Haugen	Høgset	Haugen Høgset	Høgset	18
<b>Begge hans som mellomnamn, hennar som etternamn</b>	Haugen	Høgset	Haugen Høgset	Haugen Høgset	12
<b>Bindestrek for begge</b>	Haugen	Høgset	Høgset-Haugen	Høgset-Haugen	4
<b>Begge hennar som mellomnamn, hans som etternamn</b>	Haugen	Høgset	Høgset Haugen	Høgset Haugen	3
<b>Laga nytt etternamn</b>	Haugen	Høgset	Haugset	Haugset	1
<b>Begge tok hans mormors oppvekstnamn</b>	Haugen	Høgset	Halse	Halse	1
<b>Begge tok hennar som etternamn, og hans mors oppvekstnamn som mellomnamn</b>	Haugen	Høgset	Hose Høgset	Hose Høgset	1
<b>I alt</b>					60

TABELL 5: OVERSIKT OVER TYPAR ETTERNAMNSVAL BLANT E-POSTMEDDELARANE.

Endringane av etternamn blant e-postmeddelarane fordelte seg på følgande vis: Ein tredjedel, 20 menn, hadde endra heilt til kona sitt etternamn. Litt under ein tredjedel, 18 menn, hadde endra til kona sitt etternamn, men heldt på oppvekstnamnet (eller tilsvarende) som mellomnamn. Den tredje største gruppa var dei para der både han og ho hadde hans oppvekstnamn som mellomnamn, og hennar som etternamn. Det gjaldt 12 menn. I tillegg var det fire andre variantar. Fire menn var i forhold der begge to hadde slått saman etternamna med bindestrek. Tre menn var i forhold der begge hadde hennar oppvekstnamn som mellomnamn og hans som etternamn. Til sist var det eitt par som laga eit nytt namn basert på begge etternamn, eitt par som bytte vekk oppvekstnamna sine til fordel for oppvekstnamnet til mormora hans og eitt par som nytta oppvekstnamnet til mora hans som mellomnamn med hennar oppvekstnamn som delt etternamn.

Dei tre mennene som eg intervjua hadde alle endra etternamn i parforhold og var gifte. To bytte til kona sitt etternamn utan å halde på oppvekstnamnet. Ein av desse er ikkje inkludert i tabellen over. Den tredje tok kona sitt etternamn som sitt siste etternamn med intensjon om å bruke begge to, der kona gjorde det same. Etter ei tid, slo dei saman etternamna med bindestrek for å sikre at begge vart brukt.

Sjølv om fleirtalet av endringar vart gjort av gifte menn, vart sjølve endringane gjennomført ved ulike høve. Langt dei fleste, 45 menn, bytte etternamn ved vigsel. For fleire spela det å få barn ei rolle i avgjersla, og kombinasjonen av vigsel og fødsel var utløysande for fem menn. Berre fødsel eller graviditet, gav høve til å byte for fire menn. Seks menn bytte namn utan noko opplagd høve til å gjere det akkurat då.

Bryllaup	Barn og bryllaup	Barn	Inga særskilt høve	I alt
45	5	4	6	60

TABELL 6: FORDELINGA AV HØVE DER ETTERNAMNSENDRING VART GJORT.

Ikkje alle NEG-meddelarane var, eller hadde vore, i forpliktande parforhold. Litt over halvparten viste likevel til ein partnar eller eks-partnar. Det gjaldt 55 menn. Fem menn skreiv at dei ikkje var i parforhold og viste heller ikkje til tidlegare forhold. 41 menn skreiv ikkje svaret sitt slik at det kom fram om dei hadde vore i parforhold.

	Partnar tok hans	Partnar tok ikkje hans	Tok partnar sitt	Slo saman med bindestrek	Skreiv ikkje kva val dei gjorde	Totalt
NEG-meddelarar som nemnde partnar	28	20 <sup>29</sup>	1	1	5	55

TABELL 7: OVERSIKT OVER ETTERNAMNSVAL I PARFORHOLD BLANT NEG-MEDDELARANE.

Av dei som viste til partnar eller tidlegare partnar, hadde 28 av kvinnene tatt hans etternamn. 19 kvinner og ein mannleg partnar hadde ikkje tatt hans etternamn, og to

<sup>29</sup> 19 av desse partnarane var kvinner, ein var mann. Resten av partnarane som vart oppgitt såg ut til å vere kvinner, eller så var ikkje kjønnskategorien nemnd.

menn hadde tatt kona sitt etternamn eller brukte bindestrek mellom hennar og hans oppvekstnamn. Fem menn skreiv ikkje noko om dette. Av mennene som ikkje hadde hatt partnar, var det fire som skreiv at dei ønskte at ein eventuell partnar skulle ta hans som etternamn. Tre skreiv at dei ønskte at både han og partnaren skulle halde på namna sine. To menn skreiv at dei ønskte at både han og partnar skulle ha begge sine oppvekstnamn. Ein mann ønskte å heite det same som partnaren, og at dei kunne velje mellom begge sine oppvekstnamn. For dei siste 36 mennene var det ikkje informasjon om preferanse.

Blant NEG-meddelarane fortalte 94 at dei ikkje hadde endra etternamn i parforhold. To hadde gjort endringar av etternamnet i parforhold, og fem skreiv ikkje kva dei hadde gjort. I tillegg fortalte 15 menn om endringar gjort ved andre høve enn parforhold. Totalt sett var det 81 menn som aldri hadde gjort endringar på etternamnet sitt. Når eg skriv om namneendring vidare, handlar det hovudsakleg om endring gjort i parforhold, og eg spesifiserer det når eg nemner andre situasjoner.

Ingen barn	Eitt barn	To barn	Tre barn	Fire barn	I alt
6	8	26	17	3	60

TABELL 8: OVERSIKT OVER BARN BLANT E-POSTMEDDELARANE.

Berre 6 av e-postmeddelarane hadde ikkje barn då dei svara på undersøkinga. Åtte hadde eitt barn kvar, 26 hadde to barn kvar, 17 hadde tre barn. Tre av dei hadde fire barn. Fleire skreiv at dei venta barn, og desse barna er inkludert i oversikta.

Blant NEG-meddelarane fortalte halvparten, 50, at dei hadde barn. Berre 10 skreiv at dei ikkje hadde barn. Om 41 menn var det ikkje informasjon om dei hadde barn eller ikkje. Eit stort fleirtal førte eige etternamn vidare til barna, men åtte barn hadde mora sitt etternamn. Nokre få barn som hadde mora sitt etternamn, fekk det som følgje av brot i parforholdet mellom meddelaren og mora til barna. Barna til tre menn har andre typar etternamn som bindestrek og ekte patronym, altså fedrane sine

fornamn med slektskapsnemning.<sup>30</sup> Eit eksempel på dette er ‘Vilde Vegardsdotter’, der Vilde er fornamn, og faren heiter Vegard.

Barna har faren sitt etternamn	Barna har mora sitt etternamn	Barna har bindestreksnamn	Barna har ekte parentonym	I alt
39 (minst 12 har mora sitt som mellomnamn)	8 (minst 6 har faren sitt som mellomnamn)	2	1	50

TABELL 9: OVERSIKT OVER ETTERNAMNSVAL PÅ BARN HOS NEG-MEDDELARANE.

Mange var opptekne av at barna har etternamn frå begge foreldra. Hos 12 står det at barna har mora sitt oppvekstnamn som mellomnamn. Av barna som hadde mora sitt etternamn hadde seks barn faren sitt oppvekstnamn som mellomnamn. Det var også ei gruppe på 11 menn som skildra at dei bevisst ønskte å unngå mellomnamn på barna sine. Dei inngår hovudsakleg i den fyrste gruppa der barna har faren sitt namn.

Av dei som ikkje hadde barn eller som ikkje informerte i svara sine om dei hadde barn, nemnde ingen at framtidige barn skulle få mødrene sine etternamn. Det er ikkje overraskande sidan desse kvinnene gjerne ikkje var ein del av biletet. Likevel var det fem som meinte at ungane burde ha namn frå både mora og faren, og tre menn var opptekne av at dei ville føre etternamnet sitt vidare til neste generasjon. Ein mann ønskte at barna hans skulle ha berre eitt etternamn utan at han spesifiserte kva etternamn dette skulle vere. Det var likevel få som fortalte om planar for barn som enno ikkje fanst.

Demografisk er det både likskap og skilnad mellom meddelarane på dei to spørjelistene. NEG-meddelarane inkluderte både yngre menn som enno ikkje hadde vore i langvarige forhold, og eldre menn som ikkje hadde hatt lov til å byte etternamn. Desse var ikkje inkludert blant e-postmeddelarane. Elles kom dei frå heile

---

<sup>30</sup> Den tilsvarende nemninga for bruk av mora sitt fornamn med slektskapsnemning er metronym. Parentonym dekker begge omgrep. Omgrepet er ei nyvinning foreslått i ein odelstingsproposisjon i forkant av den nyaste namnelova (Ot.prp.nr.31 2001-2002:22). Sen-namna er stivna patronym i den norske namnekulturen, medan det også finst stivna metronym innanfor samisk namnekultur. Det finst ulike måtar å vise slektskapstilhørsle på innanfor andre namnekulturar.

landet, med fleire frå Oslo og Bergen, og dei hadde ulike typar yrke. E-post-meddelarane var i større grad i faste forhold og hadde fleire barn enn NEG-meddelarane. Slik sett kan ein seie at NEG-meddelarane er ei meir variert gruppe enn e-postmeddelarane, som vart rekruttert ut frå ein føresetnad om erfaring med parforhold.

#### 2.6.2 GRUNNGJEVINGAR FOR ENDRING

Mennene som endra etternamn i parforhold, var gjennomgåande opptekne av at dei ønskte å heite det same som partnar og barn, og oppfatta kjernefamilien som eit organisande prinsipp for etternamnsval. Korleis dei skulle løyse dette, og kva denne kjernefamilien og dei sjølve skulle heite, var dermed eit spørsmål dei tok stilling til. Dei aller fleste viste til fleire grunngjevingar for namneendringa. I det følgjande har eg kvantifisert desse slik at eg kan samanlikne kor mange av mennene som kom med dei ulike grunngjevingane. Ved å telle opp og legge dei saman, har eg komme til 129 grunnar, der mange av mennene viste til fleire grunngjevingar. Når eg tel med ønsket om at heile kjernefamilien skal heite det same, blir det totalt sett 189.

Utanom ønsket om å skape ein familie med same etternamn, var den eine vanlegaste grunnen at det var svært få eller svært mange som brukte dei ulike namna. Underliggende såg det ut til å råde eit skript om at sjeldne etternamn var betre eller meir verdifulle enn dei meir vanlege namna. Nokre menn innanfor denne kategorien, viste til at dei sjølve hadde eit vanleg, og kona eit sjeldan etternamn. Andre menn viste til at dei sjølve valde dei sjeldnaste av sine eigne mellomnamn og etternamn, slik at både han og ho tok med seg det mest uvanlege inn i det nye forholdet. Det var også nokre som viste til at begge etternamna var vanlege, og difor såg etter alternative etternamn i slekta. I tillegg til desse 21, kom 11 som viste til at kona si slekt var den einaste med dette namnet. Namna kunne vere så sjeldne at slektslinja kunne døy ut om ingen førte det vidare.

Den andre vanlegaste grunnen utanom kjernefamilieskapninga, var at etternamnet dei valte, vart gjort ut frå tilknyting. 21 av mennene nemnde at kona var meir knytt til

oppvekstnamnet enn dei var sjølve, eller at ho ikkje ønskte å byte det vekk. Fleire av dei andre kategoriane av grunnar er i slekt med denne grunnen. Tilknyting til staden namnet kjem frå, høyrer til i same landskapet. Det fortalte 8 menn om. For dei fleste gjaldt dette hennar oppvekstnamn, men det kunne også spele inn for hans etternamn. Tilknyting til etternamnet, staden etternamna kom frå, eller menneska som brukte namnet, kunne fungere som dragkraft i retning visse etternamn. Mildt press for å halde på visse etternamn, kom også opp i to av forteljingane. Dette påverka bruken av fedrane sitt etternamn som mellomnamn framfor til dømes mora sitt oppvekstnamn, også der mora sitt var av dei meir sjeldne. Det var også krefter som dytta mennene vekk frå visse etternamn. 7 menn nemnde dårleg eller manglande kontakt med opphavsfamilien, særleg farssida, som argument for å velje partnaren sitt etternamn.

<b>Tilknyting til etternamnet</b>	21
<b>Vanleg/sjeldan etternamn</b>	21
<b>Estetikk/lydbilde</b>	16
<b>Bruke begge sine etternamn</b>	15
<b>Bevaring av slekta</b>	11
<b>Stadstilknyting</b>	8
<b>Feminisme som grunngjeving</b>	8
<b>Praktiske omsyn</b>	7
<b>Ikkje god kontakt med opphavsfamilien</b>	7
<b>Spesielle forhold ved etternamnet</b>	6
<b>Ikkje doble/lange etternamn</b>	3
<b>Ønske om å kunne velje sjølv</b>	3
<b>Omsyn til far</b>	2
<b>Glad i svigerfamilien</b>	1
<b>Skape kjernefamilie</b>	60
<b>I alt</b>	189

TABELL 10: OVERSIKT OVER GRUNNGJEVINGAR FOR ETTERNAMINSENDRING BLANT MENN.

Kopla både til tilknyting og til sjeldanheit, var grunngjevingar som handla om at etternamnet hadde ei spesiell historie eller spesielt opphav, som tilførte det noko utover lydane det var bygd opp av. Å lage namnet sjølv, var ein måte å skape ei spesiell historie, om det var besteforeldra til partnaren som gjorde det eller om dei gjorde det sjølv. 6 av mennene fortalte slike historier.

Ei stor gruppe av mennene, 15 personar, var opptekne av å ta med eit namn frå kvar slekt, eit frå han og eit frå ho. Hos nokon vart det eine mellomnamn og det andre etternamn. Hos andre vart resultatet bindestreksnamn. Hos 3 av mennene var det eit argument for å endre namn sjølv at dei ikkje ønskte doble eller lange etternamn.<sup>31</sup> Kva slags etternamn som vart valt, kunne også ha samanheng med praktiske omsyn, noko som kom opp hos 7 av mennene. For desse, handla omsyna hovudsakleg om korleis etternamna fungerte internasjonalt. Det var også ein som nemnde at han heldt på oppvekstnamnet som mellomnamn for å bli kjent att, også etter namneendringa, og for ein handla det om at det var upraktisk med eit vanleg etternamn (og fornamn) som tidlegare hadde ført til namneforviklingar.

Ein annan grunn som kan setjast i samanheng med dei som ikkje ønskte doble etternamn og som kom opp i 16 forteljingar, var lyden av namna. Mennene ønskte etternamn dei syntest høyrest fine ut. Nokre likte ikkje så godt lyden av sitt opphavlege etternamn, dei likte kona sitt etternamn betre, eller dei meinte at etternamna ikkje var fine saman. Vidare kom estetikken i etternamnet fram i skildringa av rekkefølga av oppvekstnamna når dei skulle brukast saman på den nye kjernefamilien.

To grunngjevingar var ulike dei andre. Den eine var at namneendringa var ei feministisk eller likestillingsorientert handling. Dette var tilfelle i forteljingane frå 8 menn. Den andre grunnen handla om å kunne namnge seg sjølv til skilnad frå namna dei fekk tidlegare i livet. Dette nemnde 3 menn.

---

<sup>31</sup> Andre stader har det vore vanlegare å legge mannen sitt namn til kvenna sitt med bindestrek utan at mannen har lagt kvenna til kvenna sitt etternamn. Slik har kvinner haldt på oppvekstnamnet for kvinner, eksempelvis i USA (Carter og Duncan 2018; Mills 2003:95) og blant jødiske folkegrupper i Israel. Det ser ikkje ut til at det er ein tilsvarande kjønnsdimensjon i bruken av bindestrek i Noreg, sidan det er om lag ein like stor andel menn som kvinner, ca 2% som har bindestreksnamn (jf. kap. 4). Dei feministiske forståingane av bindestreksnamna har likevel også ført til latterleggjering (Rom og Benjamin 2011:172). Bindestreksnamn har blitt skildra som pompøse i Israel (ibid.:72), og negative konnotasjoner knytt til overklassa har gjort dei uønskte i Storbritannia (Carter og Duncan 2018; Duncan, Ellingsæter og Carter 2019:9; Mills 2003:95). Her ser det ut til at det er assosiasjonane til overklassa som er i spel.

Så langt har eg skildra meddelarkategoriane ut frå den tilgjengelege informasjonen.

Det er avgrensingar på kor godt vi lærer mennene å kjenne ut frå slike opplysningar.

Ein av meddelarane kommenterte spørsmåla han nett hadde svara på i e-posten:

«Jeg syntes du har mange gode spørsmål Line, men etter å ha gått gjennom dem så føler jeg at du kanskje ikke får med deg alt som kan være vesentlig. Da tenker jeg spesielt på konteksten som byttet foregår i» (Meddelar fødd 1962:36). Han var mellom anna oppteken av rolla klassetilhørsle kan ha, basert på si eiga erfaring:

Er det vanskeligere for menn i lavere samfunnslag å bytte navn? Min far var fabrikkarbeider, og jeg tenkte aldri på at jeg gjorde noen klassereise før jeg var ferdig med studiene. Da tok mamma meg med for å kjøpe gullklokke som belønning. Jeg tror nesten hun hadde holdt pusten i de årene jeg gikk på skole for at ikke hun skulle ødelegge noe for meg. Da forstod jeg at dette var viktig for dem begge (ibid.).

Som han foreslo, kan mykje stå på spel, og etternamnsendring kan bli forstått ulikt ut frå til dømes klassetilhørsle. Eg håper dei vidare analysane viser til i alle fall noko av det vesentlege for korleis etternamnsvala blir gjort blant mennene. Når det gjeld klassetilhørsle, ønsker eg ikkje å plassere mennene i bestemte kategoriar.

Gjennomgangen så langt har likevel gitt ein indikasjon på forhold som pregar dei to gruppene med menn, altså NEG-meddelarane og e-postmeddelarane. Dei vidare analysane kan dermed lesast ut frå at mennene som endrar etternamn, i større grad har tilhald i kjernefamiliar og har yrke med mykje ansvar og høgare status. Slik sett har dei eit tydeleg tilhald innanfor middelklassen, medan det er eit noko større klassepenn og variasjon i alder og familieforhold blant NEG-meddelarane.

## 2.7 FORSKINGSETISKE UTFORDRINGAR

Prosjektet er godkjend av Personvernombodet for forsking ved Norsk senter for forskingsdata (NSD). Eg fekk løyve til å samle inn personopplysningar gjennom intervju, og løyve til å nytte namna til dei eg intervjuia, dersom dei godkjente det og fekk sitatsjekk i forkant, og prinsipp om vern av tredjeperson (jf. Alver 1995:29) vart

følgd. Eg følgjer vidare *Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora* (NESH) sine retningslinjer (NESH 2016). Eit sentralt aspekt for NSD er vern av individua som blir forska på. I dette delkapittelet, går eg nærmare inn på refleksjonar rundt namngjeving og aidentifisering av mennene. Først skal eg ta for meg korleis eg har arbeidd med samtykke.

#### 2.7.1 FRIE, INFORMERTE OG UTTRYKKELEGE SAMTYKKE

Meddelarane høyrer til kategorien norske heterofile menn som i liten grad kan definerast som ei svak gruppe, til skilnad frå til dømes kategorien barn og potensielt kategorien innvandrarar (Alver 1995:15). Dei har gitt frie, informerte, og uttrykkelege samtykke (jf. NESH 2016 punkt 8). Mange meldte seg sjølv og dei som ikkje gjorde det, aksepterte å delta etter at kontakt vart oppretta. Vidare vart dei informert om hensikta med spørsmåla, og kunne sjølve avgjere kva dei ønskte å fortelje. Ved at svara var skriftlege, utanom dei tre forskingsintervjuia, hadde mennene også høve til å lese gjennom teksten sin før dei sendte den av garde. Når sitat vart nytta i lag med etternamnet til meddelarane, fekk dei sitatsjekk og dermed høve til på ny å be om at namnet ikkje skulle nyttast.

NEG-meddelarane blei informert om at det var frivillig å svare før dei svarte på undersøkinga, at dei kunne trekke svara sine når dei måtte ønske det og at svara ville inngå i arkivet for framtidig forsking. Tilsvarande vart e-postmeddelarane informert om dette prosjektet, at svara ville arkiverast for framtidig forsking hos NEG, og at dei kunne trekke svaret sitt om dei skulle ønske det. Ved å svare på spørsmåla, godkjende mennene deltakinga si i prosjektet. I tillegg signerte meddelarane som eg intervjuia, på det same samtykkeskjemaet som eg sendte til e-postmeddelarane.<sup>32</sup>

Det vil alltid vere eit spørsmål om kor informert eit samtykke kan vere. Meddelarane kan ikkje ha full oversikt over konsekvensar ved deltaking, når heller ikkje forskaren har full oversikt, særleg ikkje i byrjinga av prosjektet. Det er i forskinga sin natur at

---

<sup>32</sup> Sjå vedlegg 3.

prosjekta utviklar seg over tid (Alver 1995:17). Temaet var i utgangspunktet ikkje sensitivt etter lova, det vil seie at eg ikkje spurte etter personinformasjon om til dømes religion, etnisitet, seksualitet eller straffbare forhold, det som no inngår som «særlege kategorier av personopplysninger» (Datatilsynet 2019). Det har likevel komme inn informasjon som kan opplevast som sensitiv og personleg for den enkelte meddelaren. Negative relasjonar med opphavsfamilien som følgje av eller grunngjeving for, namneendring er eksempel på eit slikt tema. Dette gjorde det difor ekstra viktig å vere nøyde med personvernpraksisar knytt til namngjeving av mennene i avhandlinga.

#### 2.7.2 ANONYMISERING, AVIDENTIFISERING OG BRUK AV NAMN

Personvernet er særleg viktig der materialet bygger på informasjon om og frå enkeltpersonar. Under dette kjem forskaren sitt ansvar for å oppretthalde «personlig integritet, privatlivets fred og ansvarlig behandling av personopplysninger» (NESH 2016:12),<sup>33</sup> både for deltakarane og for tredjepersonar, altså konkrete individ som blir inkludert gjennom deltakarane sine forteljingar. Ein måte dette har blitt løyst på, har vore ved å søke å gjere deltakarar ugjenkjennelege ved å fjerne namn og andre former for personopplysningar. Dette har blitt etablert som eit sentralt etisk konsept innanfor kvalitativ forsking, og blir gjerne tatt for gitt i forskingsetiske rammeverk og i kvalitativ forsking elles (Tilley og Woodthorpe 2011:198). I dei forskingsetiske retningslinjene for samfunnsvitskap, humaniora, juss og teologi punkt 9 om konfidensialitet, står følgande:

Forskeren skal som hovedregel behandle innsamlet informasjon om personlige forhold konfidensielt og fortrolig. Personlige opplysninger skal vanligvis væreavidentifisert, mens publisering og formidling av forskningsmaterialet vanligvis skal være anonymisert (NESH 2016:16).

---

<sup>33</sup> Som forskar er det viktig å behandle meddelarane som autonome individ med integritet, men kva som ligg i omgropa ‘autonom’ og ‘integritet’ kan variere med tid, rom og individ, som Bente Gullveig Alver har skrive i lag med sosiologen Ørjar Øyen (2007:23).

I den kvantitative undersøkinga mi er deltarane anonyme, og informasjonen er slått saman til prosenttal som svar på spørsmål knytt til *kor mange* som har gjort det eine eller det andre etternamnsvalet. Eit slikt utgangspunkt er ikkje nødvendigvis godt for å kunne svare på *kvifor*. Då gjer anonymisering at data blir svakare (Alver og Øyen 2007:28). Ved å late vere å nytte sitat, eller ved ikkje å ha med informasjon om den enkelte mannen i tilknyting til etternamnsvalet han har gjort, blir det vanskeleg å forstå handlinga han har gjort. I tillegg blir tolkingane som eg gjer vanskelege å underbygge og sannsynleggjere overfor leseren. Anonymisering bidreg også til å ta frå informantar råderett over eigne historier og eigen deltaking i prosjekt (Tilley og Woodthorpe 2011:200). Det kan stå i motsetnad til rettigheter som ytringsfridom og opphavsrettigheter, aktuelt for nokre av meddelarane til NEG som ønsker å stå som avsendar av forteljingane (Kjus 2013:53f).

NEG-meddelarane har likevel ikkje fått høve til å stå fram med namn, nett ut frå personvernomsyn. Praksisen i NEG er at spørjelistesvara blir samla inn under føresetnad om avidentifisering. Sjølv om fleire viser til namn i forteljingane sine, har eg ikkje gjengje desse. Dei har likevel bidratt til forståinga mi av forteljingane, til dømes der bruken av namnet viser at omgrepet mellomnamn blir nytta om eit andre fornamn, eller der bruken av namna gjer det enklare å følgje slektslinjene. Det er vanskeleg, om mogleg i det heile tatt, å fullstendig anonymisere meddelarane, fordi forteljaren i prinsippet kan kjennast att ut frå brotstykke frå forteljingane. Til dømes kan språket i seg sjølv potensielt kjennast att der eg nytta sitat. Det er dermed klart at fullstendig fjerning av personopplysningar ikkje er mogleg i eit prosjekt som baserer seg på munnlege og skriftlege forteljingar om aspekt ved eige liv. Det er heller ikkje ønskeleg. Det neste spørsmålet har difor vore i kva grad eg kan, eller bør, avidentifisere mennene som svara på e-post i undersøkinga. Det vil seie å utelate informasjon som namn, heimstad og yrke.

Ved å utelate personnamn kan enkelpersonar sine erfaringar framhevest som noko meir allment (Waldehoff 2003:13). Det gjer det mogleg å seie noko meir generelt om

samfunn og kultur gjennom enkeltsitat og forteljingar. Dermed kan tolkingane av enkeltpersonar sine opplevingar også skjule nyanseringar og skilnader, eller bli forstått som gjeldande for andre enkeltpersonar innanfor same kategori (Alver 2015). Det kan også vere fare for at forskaren tolkar noko meir eller noko anna inn i materialet enn det ho ville gjort om ho måtte stå meir tydeleg til ansvar overfor opphavspersonane (Alver 2015; Kvale og Brinkmann 2015:106). Ved bruk av namn på meddelarane blir eg som forskar i større grad stilt til ansvar for analysane mine, ikkje minst ved at meddelarane eg nyttar namnet til, har fått høve til sitatsjekk. Prinsippet om anonymisering kan altså kritisera i situasjonar der det er ønskeleg å identifisere informantar og miljø, eller der informantar ønsker å stå fram ved namn (Alver 1995:19).

Ved å fjerne namn i ei undersøking om etternamn forsvinn eit viktig element, nettopp det som mennene endrar eller held på. Her kan namna i seg sjølve vere sentrale for å forstå namnehandlingane. Mennene som har endra etternamn, har aktivt valt vekk eit namn eller ein namnekombinasjon, til fordel for eit anna namn eller namnekombinasjon. Å kalle dei ved deira ‘rette namn’ må dermed, etter mi mening, vere den styrande praksisen. Det er dei situasjonane der etternamna *ikke* skal brukast, som må grunngjevast. Som samfunnsforskarane Liz Tilley og Kate Woodthorpe er også min posisjon at avidentifisering må vurderast i kvart enkelt tilfelle (2011:200). Det gjeld frå prosjekt til prosjekt, frå informant til informant, og frå sitat til sitat.

Det er skilnad på mennene som sjølve har vore til stades i det offentlege med namneendringa som tema, til dømes meddelarane Fægri<sup>34</sup> og Frihammer<sup>35</sup>, og mennene som i liten grad har snakka om valet sitt utanom med dei nærmaste. Det er skilnad på meddelaren som skriv: «Ingenting her er sensitivt på noen måte, så du kan

---

<sup>34</sup> Sjå Holvik 2019 og Hafsaas 2016.

<sup>35</sup> Sjå Frihammer 2015.

gjerne bruke mine detaljer og fulle navn, dersom det er formålstjenelig» (Grønningsæter fødd 1973:62), og meddelaren som skriv: «Noe av den informasjonen jeg gir deg er sensitiv fordi det angår andre personer og dette allerede er et konfliktfylt tema. Du kan altså bruke navnet mitt, men det er viktig for meg at du gjør det med omhu» (fødd 1970-talet:148). Desse to brukar «sensitiv» som ein måte å skildre tema dei ikkje ønsker å bli knytt til, med namn. Slike tema handlar om relasjonar til andre menneske som kunne bli påverka av tidlegare og framtidige handlingar, der deltaking i denne avhandlinga kunne inngå.

Då meddelaren Grønningsæter nytta ordet «formålstjenelig», vart det opp til meg å avgjere om det han har fortalt kan nyttast til å skade han eller tredjepersonar i forteljinga og å bruke namnet hans der det gir nytte til formidlinga av resultata frå forskinga. Sett i samanheng med den andre meddelaren eg viser til, kan det sjå ut som at namneendringsforteljingane skil seg frå kvarandre på vesentlege måtar. Dei negative erfaringane knytt til relasjonar med andre etter etternamnsendringa som den andre meddelaren har, gjer at han er meir opptatt av at desse erfaringane ikkje blir knytt til han som individ. Samstundes gir også han ansvaret til meg. Denne måten å tenke «omhu» høver også inn i vern av tredjepersonar som ikkje sjølve har samtykka til deltaking i forsking. Når eg dermed siterer han her utan bruk av namn eller nøyaktig fødselsår, viser det korleis eg har praktisert avidentifisering vidare.

Meddelarane i eksempla er altså her vist til på ulike måtar. Ein er identifisert med etternamn og ein er avidentifisert. Sjølv om Grønningsæter er eit namn med ein del berarar,<sup>36</sup> kan han kjennast att ved at han som mann har endra etternamnet i parforhold til dette namnet. Alver og Øyen argumenterer for at der nokre blir avidentifisert, bør alle avidentifiserast for å unngå at nokre står fram som viktigare eller meir spesielle enn andre (2007:28). Her er eg ikkje samd, og dei som ønskte at namna ikkje kjem fram i teksten, slepp det. Sjølv om det er fare for at mennene som

---

<sup>36</sup> I overkant av 300 i følgje namnesøk på [www.ssb.no/navn](http://www.ssb.no/navn) 20.02.2020.

står fram med namn kan vektleggast meir enn dei utan i lesinga, er ulempa dette fører med seg, mindre enn ulempene ved å fjerne alle namna.

50 av dei totalt 61 mennene som svara på e-postspørjelista og/eller vart intervjuat, gav løyve på førehand til at eg kan bruke etternamna deira om eg skulle ønske å sitere dei. Av dei 11 var det nokre som ikkje svara på dette, heller ikkje ved purring, og nokre ønskte at eg ikkje brukte namnet deira. Ved sitering frå forteljingane frå desse 11, har eg ikkje nytta namn. Dei som fortel om det eg vurderer som sensitive tema, ser ikkje ut til å vere meir tilbøyelege til å ønske å vere anonyme. Uavhengig av kva som kom fram i forteljinga, var det nokre som spesifikt nemnde at dei ønskte sitatsjekk, medan andre spesifikt nemnde at eg kan bruke det som dei skriv.

Eg siterer med namn berre etter at dei har fått høve til å lese sitata som eg nyttaar.

Etter gjennomskriving av avhandlinga hadde eg nytta sitat med namn frå 29 av mennene. Alle desse mennene fekk høve til å lese sitat eg nytta. 21 kom med positive tilbakemeldingar etter kort tid, og 4 svara positivt etter at eg sendte e-post til dei på ny. Nokre få av mennene nytta høve til å komme med tilleggsinformasjon, og mange av mennene var interessert i å få lese avhandlinga når ho vart ferdig. Ingen kom med negative svar. Det vart ikkje naudsynt å gjere endringar. Eg har også latt sitat der eg ikkje fekk svar stå, fordi mennene gav godkjenning på førehand, dei fekk høve til sitatsjekk og fordi eg har gjort nøye vurderingar av kvart enkelt sitat på førehand.

## 2.8 OPPSUMMERING

Føremålet i kapittelet har vore å gjere greie for metodane eg har nytta og kvifor eg har valt desse. Hovudmaterialet har eg samla inn gjennom to former for spørjelister. Eg sendte ut ei spørjeliste meir breit som del av samtidssokumentasjonen for å dokumentere etternamnsval i Noreg, gjennomført ved NEG. Den andre spørjelista var retta spesielt mot menn som sjølve hadde gjort endringar på oppvekstnamnet i parforhold. I tillegg til desse to materialgruppene gjekk eg djupare inn i tematikken ved hjelp av forskingsintervju med tre menn som endra etternamn. Ein meir overordna kontekst til tematikken, søkte eg ved hjelp av ei kvantitativ undersøking.

Slik fekk eg oversikt over omfanget av menn sine namneval, også sett i lys av kvinner sine val. Resultata frå den kvantitative undersøkinga kan nyttast for å seie noko om det som er vanleg å gjere. Ved hjelp av intervjuet fekk eg undersøkt nokre tema som ikkje var godt nok belyst i spørjelistesvara. Totalt sett gav dei tre kvalitative metodane materiale som eg har gjort ein tematisk analyse av, og nærllest etter skript for å forstå korleis mannlegheit og kjønn blir gjort i etternamnsvala, og korleis ansvarleggjering inngår i handlingane og haldningane til mennene.

Vidare har eg skildra mennene som svara på dei kvalitative undersøkingane. For det fyrste har eg komme med ein oversikt over kva slags etternamnsval dei har gjort eller sett for seg å gjere. Så har eg skildra kva slags forhold dei eventuelt har vore i og om dei har barn. Det tredje feltet har handla om biografi, som når dei vart fødd, yrke og heimstad. Til sist har eg summert saman grunngjevingane bytarane har hatt for endring av etternavn. Denne informasjonen gir kontekst til forteljingane og seier noko om heilskapen av gruppa som er undersøkt.

Siste del av kapittelet har handla om bruk av namn og avidentifisering og om samtykke i prosjektet sett opp mot forskingsetikk. Spørsmålet om fordelar og ulemper ved bruk av namn, har stått sentralt i dei forskingsetiske vurderingane av prosjektet. Her har eg vist kvifor og korleis eg har nytta ulike praksistar. Blant NEG-meddelarane har eg ikkje nytta namn sidan dette materialet er samla inn under føresetnad om at namn ikkje skal nyttast i bruken av materialet. Eg har heller ikkje nytta namn der e-postmeddelarane sjølve ikkje har ønskt det, der dei har fortalt om tredjepersonar, og der eg har vurdert tematikken til å vere sensitiv. Som hovudregel har eg nytta etternamnet under prinsippet om at det er avidentifisering som må grunngjenvæst, ikkje bruk av namn.



### 3. Kulturhistorisk bakgrunn for etternamnsbruk i parforhold

Korleis etternamn har blitt tatt og brukt i parforhold historisk, og forståingar mennene hadde av den historiske bruken, spelar inn i korleis dei plasserte seg sjølv og handlingane sine. Dagens handlingar kan altså sjåast i samanheng med handlingar frå tidlegare tider. Intensjonen med dette kapittelet er å presentere ein historisk bakgrunn for etternamnsbruk med vekt på perioden frå 1800-talet fram til 2003. Eg søker her å svare på spørsmål: Kva slags etternamnspraksisar har vore vanlege i Noreg før den nyaste namnelova kom i 2003? Kva slags tema har vore sentrale i diskusjonane rundt etternamnsval i parforhold? Kva moglegheiter har menn hatt til å velje etternamn?

Sjølv om eg støttar meg i stor grad på eksisterande forsking, nyttar eg også primærkjelder. Eg har gått gjennom forarbeid til lovforslaga og diskusjonar i Storting og odelsting for betre å forstå korleis menn vart forstått som kjønna i lovarbeida, fordi dette ikkje er gjort tidlegare. Lovarbeida kan sjåast som punkt der haldningar og kulturelle praksisar vart artikulert. Sjølv om lovverket speglar haldningar i samfunnet, er det i hovudsak visse lag av samfunnet som speglast. Haldningar og praksisar frå dei øvre klassene i samfunnet er reflektert i lovverket i større grad enn andre, og haldningar i urbane miljø i større grad enn meir rurale strøk. Grunnleggande for kapittelet er likevel at namnepraksisar, namnelover og debattar rundt namnelovene, reflekterer visse haldningar i samfunnet, og endringar i praksisar seier dermed noko om endringar i haldningar (sjå også Hagström 1999:50f). Samstundes er det ikkje slik at lovene alltid speglar samfunnet. Til dømes kan ulikestilling i parforhold halde fram, også der gjeldande lovverk er kjønnsnøytralt (jf. Komter 1989).<sup>37</sup> Historieskrivinga om etternamn, har jamt over handla om menn sine etternamn (til dømes Hanks 2003; Hey 2000; Ryman 2007; Utne 2001, 2002, 2003a, b, 2011, 2012b; Wilson 1998). Dette

---

<sup>37</sup> Dette er tydeleg til dømes i Japan. Namnelova er kjønnsnøytral, men seier at kvinnen og mannen må velje anten hans eller hennar oppvekstnamn som felles etternamn etter vigelsen. Der vel 96% mannen sitt oppvekstnamn (Kyoko 2018). Israel er eit anna eksempel. Trass formell likestilling sidan 1996, er det skilnad på kva menn og kvinner gjer (Rom og Benjamin 2011:xvi).

er ikkje overraskande når etternamna i seg sjølv har vore i fokus. Dei faste etternamna vaks fram av behov i offentleg verksemd, kombinert med organisering av arv og overføring av eigedom. Personar i slike posisjonar har gjerne vore menn. Slik kan endringar spegle kvinner si stilling i samfunnet og varierande avhengigheit av menn (Brylla 1998). Korleis etternamnspraksisane og namnelovene også har avgrensa menn sine moglegheiter, har ikkje komme like tydeleg fram. I den grad kjønn har spela inn i historieskrivinga, har det i staden handla om korleis kvinner kunne eller måtte handle annleis enn ei mannleg norm.<sup>38</sup> Presentasjonen er kronologisk. Eg byrjar med etternamnspraksisane før 1902. Så skildrar eg lovarbeidet fram til 1923. Neste del handlar om endringane etter dette. Kvar store lovendring og nye namnelov blir diskutert. Det gjeld lovendringa i 1949, lova som kom i 1964, lovendringa i 1979, og til slutt utviklinga av den rådande namnelova, gjeldande frå 2003.

### 3.1 ETTERNAMNSPRAKSISAR FRAM TIL 1902

I Kina fanst faste etternamn for 3000 år sidan, i Japan for 2500 år sidan og i Korea for nær 2000 år sidan (Hanks 2003:xii). I Europa vart faste etternamn vanlege først på 1000-talet i delar av Frankrike, Storbritannia og Italia, og spreidde seg geografisk og i fleire samfunnslag dei neste 500 åra (Hey 2000:54; Wilson 1998:155f).<sup>39</sup> Personar i offentlege posisjonar, fekk etternamn før andre, og var som nemnt for det meste menn. I same periode, frå 1000-talet, var det ei auke i fokus på slektslinja, der arv

---

<sup>38</sup> Kvinnelege etternamnspraksisar blir gjerne skildra i eigne kapittel eller underkapittel (t.d. Entzenberg 2006a, b; NOU 2001:67; Wilson 1998), i eigne artiklar (t.d. Brylla 1998, 2007, 2010; Entzenberg 2001, 2005; Nakari 2006; Utne 2002; Wahlberg 1994), og i bøker som spesifikt fokuserer på avgrensingar for kvinner og deira oppvekstnamn (t.d. Lebell 1988; Miller og Swift 1977; Stannard 1973; Stannard 1977). Behovet for å skilje ut kvinner sine etternamnspraksisar som *noko anna* vart tydeleg i ein artikkel av namnegranskaren Ivar Utne (2003b:20). Eit eige underkapittel vart sett av til å forklare kva kvinner blant norske bønder heitte før 1923, sjølv om praksisen for kvinnene var den same som for mennene. Også kvinner nyttar fornamnet til faren med slektskapsendring, etternamnet som faren hadde, eller namnet på garden dei budde på.

<sup>39</sup> Det varierte kva tid ein hadde faste etternamn. Fram til 1700-talet i delar av Italia var det ikkje uvanleg at familiar i rurale strøk mangla fast etternamn. I delar av Frankrike vart ikkje faste etternamn nytta før den franske revolusjonen. I Skottland var det vanleg å bruke fornamnet til faren med nemning som viste om ein var son eller dotter, til langt ut på 1800-talet (Wilson 1998:243), medan irane vart pålagde å ha og føre vidare etternamn alt i 1465 (Alford 1988:143).

følgde mannslinja (Wilson 1998:163). Det var omsyn til arv og eideom som var førande for namnepraksisen i denne perioden, framfor kjønn (Frandsen 2009:161). Blant dei immaterielle eideelane som vart arva, var familienamnet (Hanks 2003:xi). Dei første kvinnene som fekk etternamn i Europa, var gjerne arvingar eller enker på kontinentet.<sup>40</sup> Dersom kvenna var arving, kunne mannen og barna få etternamnet hennar. Det hende ikkje minst blant bønder, men også i øvre klasser, både i Storbritannia og Frankrike (Wilson 1998:176f). I varierande grad byrja kvinner å endre til ektemannen sitt etternamn ved vigsle i dei same områda, dei første hundreåra etter 1000-talet (Hey 2000:51; Wilson 1998:174f,257), også i Sverige (Trost 1991:9). Der vigselen markerte at to slekter inngjekk ein allianse, kunne det vere nyttig at begge heldt på oppvekstnamna sine (Wilson 1998:172ff).

I Noreg tok innvandra slekter med seg dei første faste etternamna på 15- og 1600-talet. Også her var etternamna resultat av behov for å markere slektskrinsen (Thomle 1931:32). Adelen for Danmark-Noreg vart pålagd å bruke slektsnamn frå 1526. Mange av desse namna kom frå skjoldmerket, som Galtung og Løvenskiold (Arnholt 1959:112). Faste etternamn frå tyske og danske innvandrarar, fungerte snart som inspirasjon for korleis nye norske etternamn kunne skapast (Nedrelid 2002:116f). På 1600-talet byrja faste etternamn med opphav i stadnamn å komme i bruk. Det gjaldt særleg blant prestar, som kunne ta namnet til soknet. Rundt 1750 var det blitt vanleg at prestane hadde faste etternamn (Nedrelid 2002:123). Også innan borgarskapet hadde dei fleste då faste etternamn.

Tidleg på 1800-talet hadde ektepara gjennomgåande kvar sine etternamn. Namnegranskaren Gudlaug Nedrelid fann at 98% av ektepara i Bergen og 95% av ektepara i Kristiansand, sto oppført med ulike etternamn i den norske folketeljinga

<sup>40</sup> Bruken av kvinnens fornamn som etternamn, metronym, toppa seg på 1000-1100-talet med 9-12% i delar av Italia. Fleire faste etternamn basert på kvinnenamn er i bruk i dag, som Mowatt frå Matilda i Storbritannia, og La Cecilia i Italia (Wilson 1998:176f), i tillegg til samiske dørme som Sara og Magga (Alhaug og Kristoffersen 1999:54). Antropologen Giannetta Murru-Corriga (2000) har vist korleis prinsippet med å følgje den kvinnelege og den mannlege slektslinja levde side om side på Sardinia fram til 1700-talet. Då vann den mannlege linja vann fram.

frå 1801. Då var det vanleg å nytte primærpatronym, altså fornamnet til faren med slektsnemning bak, til dømes dotter eller son. Men heller ikkje der ektepara hadde andre etternamn enn primærpatronym, var det vanleg å dele etternamn.<sup>41</sup> Det gjaldt i hovudsak også i øvre klasser, sjølv om praksisen der både kvenna og mannen nytta mannen sitt etternamn vart innført så smått frå midten av 1700-talet (Utne 2002:8f). Det kan tolkast som eit teikn på at familieinstitusjonen som vi kjenner den i dag var på eit «førmoderne eller forborgarleg stadium, der kona framleis opptrer som representant for si eigi slekt» (Nedreliid 1998:283). Mannen var både då og seinare, representant for slekta si. Det at mange barn hadde mellomnamn frå mødrene si slekt, viser behovet for å halde på slektsbanda, også til kvinnene sine slekter (ibid.:321). Samstundes var det temmeleg vanleg for menn som flytta til kona sin slektsgard å ta etternamnet til kona, det vil seie svigerfaren sitt etternamn.<sup>42</sup> Dette var også gjerne namnet på garden, og fungerte som adresse for mannen, og tilsvarande for kvenna. At mange kvinner dermed tok mannen sitt oppvekstnamn handla ikkje minst om kjønna odelsrett.

I perioden rundt 1800 byrja teikn på kommande endringar i byane å vise seg, i eit Noreg der det totalt sett var få som hadde faste etternamn (ibid.:2). Når folk frå bygdene flytta til byen, kunne dei halde fram med patronymet, altså faren sitt fornamn med slektskapsending, slik at det vart eit fast etternamn. For andre kunne gardsnamna få ny funksjon ved at dei gjekk frå å fortelje kvar ein budde til å fungere som fast etternamn (ibid.:40). Ved bruk av patronym vart det likevel lettare å passe inn blant dei andre bybuarane. Dermed gjekk ofte gardsnamnet ut av bruk (ibid.:39), og talet på personar med sen-namn vart svært utbreidd (Gaarder et al. 1960:6f). På andre halvdel av 1800-talet gjorde «den nordiske namnerenessansen»<sup>43</sup> med

<sup>41</sup> I Bergen hadde 94% av ektepara som ikkje hadde primærpatronym, ulike etternamn. I Kristiansand gjaldt det 78% av ektepara (Nedreliid 1998:279).

<sup>42</sup> Daun viser korleis dette vart kalla «särknamn» i Dalarna i Sverige (1971:205). Også han såg dette som teikn på at etternamna handla om slekter som vart knytt saman gjennom vigsel.

<sup>43</sup> Sjå Nedreliid og Schmidt (2005).

bakgrunn i nasjonalromantikken, at populariteten til gardsnamna auka. Då sto mellom andre språkforskarane Ivar Aasen (1878) og P.A. Munch (2016[1849-1857]) i tet for å ta i bruk gamle norske personnamn. Gardsnamna vart forstått som noko opphavleg norsk, og bruken som kombinert namn og adresse, gjorde det nærliggande å ta dei som faste etternamn. Årsaka til at patronyma og gardsnamna, til skilnad frå til dømes yrkesnamn, har blitt dominerande i Noreg, heng saman med at desse rørslene hende i forkant av at etternamna vart faste.

Utover på 1800-talet vaks den nye borgarlege familien fram i den vestlege kultursfären, som kjernefamilien basert på ektepar med barn, med fokus på heimen, barna og kjærleiken mellom mann og kvinne<sup>44</sup> (Frykman og Löfgren 1994:83ff; Shorter 1979). Idelet om ein kjernefamilieorientert livsstil spreidde seg etter kvart til lågare klasser (Frykman og Löfgren 1994:126f). Samstundes vart det offentlege rom i stadig aukande grad maskulinisert utover på 1800-talet, i takt med det borgarlege kjernefamilieidealet der kvinner skulle stelle heimen (Dørrum 2016:261f). Med dette byrja norske kvinner frå borgarskapet for alvor å ta i bruk mannen sitt etternavn, noko som snart vart sjølvsagt i visse lag. Juristen P. J. Collett skildra namnebytte som ein del av kvinna si ekteskaplege plikt i *Den norsk Familierset* frå 1859:

Med Hensyn til den Stilling som Enhver af dem paa sin Side indtager, maa først og fremst udhæves den følgerige Sætning, at Konen ved Ægteskabet indordnes under Manden, der bliver hendes Beskytter og Værge (3-19-38), viss Navn hun antager, viss Rang og Stand hun erholder (Frd. 11 Febr. 1679 § 1, Frd, (...), og viss Villie hun inden visse Grændser blir underkastet (1859:132 sitert hos Utne 2002:11).

---

<sup>44</sup> Ideal om kjærleik mellom mannen og kvinna fanst også tidlegare, men vart no sterkare samanlikna med det meir nyttorienterte parforholdet, der tilhøvet mellom slektene eller næringsgrunnlaget var viktige for inngåinga av ekteskap (sjå mellom anna om kjærleksideal i middelalderballader i Weisser 2019).

Ved andre plikter viste Collett til lover, men som Utne påpeikar, står bruken av mannen sitt etternamn aleine (*ibid.*). Namnet var enno ikkje omfatta av lovverk eller rettspraksis, men namneendring for gifte kvinner, spreidde seg geografisk og sosialt i byane, og etter kvart også bygdene, i åra før og etter 1900.

Mot slutten av 1800-talet flytta fleire til byane. Det vart dermed enno viktigare, særleg for øvrigheten, å skilje innbyggjarane frå kvarandre (Nedreliid 2002:132). Pantevesenet, Kristiania kommunale folkeregister (oppstart i 1905), kemner, politi, fattigvesenet og underfogd (Ot.prp.nr.12 1922:3) – det var mange som hadde behov for å halde styr på borgarane, og det var ikkje berre enkelt:

Man kan saaledes ofte paa en og samme Dag se en Person underskrive sig først Nils Olsen og saa Nils Pedersen. Og Enker og gifte Koner varierer med 4 Navne respektive etter Far, Bedstefar, Mand og Svigerfars Fornavn. Hvis Maren er Datter av Hans Nilssøn og gift med Per Jenssøn, kalder hun sig vexelvis Maren Hansdatter, Hansen, Nilssen, Persen og Jensen (Sorenskriveren i Ringerike i skrivelse av 15. juni 1917, sitert i Ot.prp.nr.12 1922:3).

Sitatet over vart nytta for å illustrere behovet for meir ordna namneforhold då forslaget til den fyrste namnelova vart lagt fram. Dette var også eit klassespørsmål. Dei som søkte orden var medlemmer av høgare klasser som allereie hadde faste etternamn, medan dei som vart søkt ordna, høyrdde til lågare klasser.

Ikkje berre namna, men også skrivemåten kunne variere (Utne 2003b:20). Til dømes vart namn ført systematisk ulikt i folketeljinga i to nærliggande område på Frosta i 1910 (Augdal 1982:29). Variasjonen kunne også gjelde i kva grad gardsnamn og patronym vart ført. Den skriftlege og den munnlege bruken var altså ikkje nødvendigvis lik. Det kunne også gi god mening å bruke ulike namn i ulike samanhengar. Ein meddelar fortalte:

Min bestefar hadde to gårder og i matrikkelen fra 1905 står han oppført som eier og beboer av [Gardsnamn], som Andreas Johansen. Som eier av den andre

gården står han oppført som Andreas [Gardsnamn]. Dermed er han plassert både navnemessig og geografisk (NEG44374 fødd 1937).<sup>45</sup>

Då bestefaren sto oppført som eigar av dei to gardane, hadde etternamnspraksisar vore gjenstand for jussen i nesten 15 år. Juristen Carl Sophus Thomle (1931), viser i ein gjennomgang av rettsaker frå 1891 til 1923 korleis rettspraksis utvikla seg før den fyrste namnelova. Retten til å ha eit fast etternamn som kunne vise til ein avslutta slektskrins, vann tidleg fram. Det faste etternamnet vart etter kvart etablert som eit beskytta rettsgode som ein trong kongeleg bevilling til å få om ikkje etternamnet var «fra fædrene nedarvede» (ibid.:2). Det neste spørsmålet handla om kven som kunne inkluderast i den avslutta slektskrinsen. Idear om slektskap gjennom kvinnelinjer fanst i samfunnet, men etter kvart etablerte det seg ein rett der berre dei mannlege linjene kunne nytte etternamnet (ibid.:3,8). Eigeninteressa for slektene som bar namnet vann fram, og etternamnet gjekk inn i privatretten som eigedommen til mennene som hadde det fyrst, og som hadde fått det gjennom andre menn.

### 3.2 INNFØRINGA AV 1923-LOVA

Det utvikla seg ein rettspraksis, men namneretten trond vern av eit lovverk. I 1902 vart det lagt fram ein proposisjon til lov om slektsnamn for Stortinget. Den vart utsett og ikkje tatt opp att før 20 år seinare. I 1902 var namnevernet sentralt, men namneplikta, at alle skulle ha faste etternamn, var enno ikkje del av lova (Ot.prp.nr.12 1922:5). I 1923 då namnelova kom, følgde ho prinsippet om privatrett til namnet. Vidare vart det slått fast ein rett, men også plikt til å bruke etternamnet fått i dåpen (Thomle 1931:4). Då var innføringa av faste etternamn blitt hovudføremålet for namnelova, i tråd med praksis i dei fleste andre europeiske landa (ibid.:1). Å ha faste etternamn hadde blitt eit teikn på framsteg og modernisering for

---

<sup>45</sup> Slik representerer meddelaren ei alternativ kjelde til namnepraksisar frå tidleg på 1900-talet. Det er eksempel på det etnologane Billy Ehn og Orvar Löfgren skildrar som viktig for å forstå praksisar utover den rådande kulturen som kjem fram i offentlege referat (1982:79). Difor inkluderer eg også nokre sitat frå meddelalar.

den enkelte (Alford 1988:143), men også for staten. Dette vart gjennomført slik at alle fødd etter at namnelova kom, fekk faste etternamn, og var elles frivillig for dei som var fødd før lova kom.<sup>46</sup> I etternamnssamanheng var det særleg tre tematikkar som var sentrale i arbeidet med lova. Det gjaldt barna sine etternamn, gifte kvinner sine etternamn og etternamn som ein måte å halde orden på.

### 3.2.1 OM BARNA SINE ETERNAMN

Barna sine etternamn, var alt påverka av dei Castbergske barnelovene frå 1915. Her fekk barn fødd utanfor ekteskap rett til å velje mellom faren og mora sitt etternamn (jf. Haavet og Wærness 2015). Barnelovene var ei radikal likestilling av barn fødd i og utanfor ekteskap (ibid.:247). Desse barnelovene sikra rettigheter og moglegheiter for alle barn, og at alle foreldre har plikt til å sørge for oppveksten til barna sine. Sjølv om andre delar av lova var viktigare i praksis, som til dømes at staten i større grad trådde inn ved behov, var det særleg dei meir symbolske sakene som skapa debatt. Det gjaldt retten til farsnamnet og til farsarven for barn av ugifte foreldre (Haavet og Wærness 2015:246; Nagel 2015:251). Med barnelovene vart det moralske fokuset flytta frå mora til faren for barn fødd utanfor ekteskap. Samstundes styrka det mannslinja som hovudlinje i ein namnerettsleg samanheng, også der foreldra var ugifte. Ved at slektene følgde mennene, var det naturleg at barna førte vidare faren si slekt, ikkje mora (eller morfaren) si slekt.

I prinsippet skulle barn ha namnet frå faren, men det var ikkje alltid lett eller rimeleg å få til. Då var mora sitt etternamn (altså etternamnet frå morfaren), det nest beste. Forslag vart reist om å gje alle barn tilsvarande valmoglegheit, men det vart ikkje inkludert i lovforslaget i 1922 (Ot.prp.nr.12 1922:8). Grunngjevinga var slik: «Hermed vilde man imidlertid i virkeligheten gå glipp av slektsnavnets evne til å betegne medlemmene av en bestemt ætt», og det ville kunne «bringe ennu større forvirring i

---

<sup>46</sup> Andre land som innstillinga viser til, gav påbod om faste etternamn til alle, ikkje berre nyfødde, til dømes Finland i 1920, Nederland tidleg på 1900-talet og i Tyskland overfor jødiske slekter (Innst.O.VIII 1922:1).

navneforholdene enn der allerede hersker» (ibid.). Vidare var «[e]n sådan regel [...] også ukjent overalt hvor der hersker ordnede navneforhold» (ibid.). At uektesfødde barn fekk rett til å velje mellom faren sitt om farskapet var erkjent eller lovleg fastslått, og mora sitt etternamn, ville «stort sett – ikke gjøre videre skade» fordi det hende relativt sjeldan (Thomle 1931:37).

Ved skilsmisses kunne barn som vart verande hos mora, få kongeleg bevilling til å ta mora sitt etternamn. I ein fotnote viste Thomle til eit forslag som vart reist om å fjerne denne moglegheita i lova fordi ein kunne risikere at slutta slekter kunne brytast gjennom at «et hvilket som helst uheldig gift pikebarn» kunne føre vidare oppvekstnamnet på barn som høyrd til ei anna farsslekt. Det braut med den i utgangspunktet slutta slektskrinsen. Vidare vart det meint i forslaget at om kvenna ønskte å ha same etternamn som barna, kunne ho halde på etternamnet til mannen (ibid.:75). Det var høgremannen Herman Løvenskiold som uttala dette i odelstingsforhandlingane om namnelova (Odelstinget 1923:99). Løvenskiold peika vidare på at «det er faren som fører slegten videre, ja, det er manden og ikke kvinden». Skulle barn få etternamn frå morssida, ville det bli «forvirring» (ibid.:110).

At Thomle nytta Løvenskiold sitt utsegn som styrke for haldninga si, utan å vise til namnet hans, kunne tyde på at dette var ei vanleg haldning i tida, om enn med eit visst partipolitisk tilsnitt. «[B]illighetshensyn», i orda til Henrik Roardsen Spangelo (Frisinna Venstre), gjorde at lova heldt fram med å opne for bruk av mora sitt etternamn for barna etter skilsmisses (ibid.:109). I tillegg vart det argumentert for, mellom anna frå justisminister Arnold Holmboe (Venstre), at dottersøner burde ha visse rettar etter skilsmisses, som til dømes til etternamnet frå morfaren (ibid.:111).

I eit brev til Stortingets justiskomite i 1922, kom botanikaren dr. phil. Thekla Resvoll med fleire innspel til den føreslårte namnelova, mellom anna å opne for bruk av mora sitt namn på barna. Det var aktuelt når faren sjølv eller etternamnet hans, kunne vere til byrde for barna, til dømes ved at etternamnet har «uskjøn eller latterlig klang eller betydning», eller faren ikkje tok seg av familien, var forbrytar eller dreiv med

«drukkenskap» (1923:42). Alternativ til faren sitt etternamn som einaste moglege etternamn, fanst altså i det politiske og offentlege ordskiftet, men vann ikkje fram. Frå 1923 vart praksisen med bruk av faren sitt etternamn om foreldra var gift, lovfesta, med barn fødd utanfor ekteskap som unnatak som kunne velje mellom mora og faren sitt etternamn.

### 3.2.2 OM KVINNER SINE ETERNAMN

Kvinnene sjølve skulle få etternamnet til mannen ved vigsel, både i forslaget frå 1902, og 1922 (Ot.prp.nr.12 1922:3). Det var ikkje «naturlig eller hensiktsmessig at mann og hustru fører forskjellige slektsnavn» (Innst.O.VIII 1922:2). Den borgarlege kjernefamilien, fungerte såleis som modell for namnelova med mannen som overhovud, symbolisert gjennom bruken av hans etternamn. Det kom fram forslag i arbeidet med lova, om at også kvinner burde kunne halde på etternamnet etter at dei vart gift. Som yrkesvinne minna Thekla Resvoll særleg om behovet kvinner kunne ha for å halde på oppvekstnamnet om dei var kjend under dette namnet (1923:40). Vidare meinte Resvoll at identifisering av personar, eit av føremåla med lova, ville bli vanskelegare dersom alle gifte kvinner endra namn (ibid.:41). Ho viste til korleis kvinner, også borgarskapskvinner, gjennom tidene var kjende under oppvekstnamnet, og at kvinner blant bøndene framleis ofte heldt på oppvekstnamna. Resvoll foreslo difor å gjere det valfritt for kvinner å halde på eller byte etternamn. Ho meinte at kvinner i stor grad ville byte i ekteskap likevel (ibid.).

Noko anna som tala for kvinners valfridom, var «den friere stiling, hustruen nu indtar i egteskapet baade formueretslig og i andre henseender» (Thomle 1931:38). Stemmerett for kvinner kom i 1913, og retten til å styre over eigen formue kom på 1920-talet. Ein viss ironi kan sporast i at bakgrunnen for den kontinentale skikken med bruken av mannen sitt oppvekstnamn for kvenna i ekteskap, var at ho gjekk inn som del av hans hushald under omgrepene «coverture» (t.d. Adams og Coltrane 2005:240). I Noreg vart denne namnepraksisen lovfesta i ei periode der kvinner fekk fleire sjølvstendige rettigheter.

Det var altså mange argument for å la kvinner halde på oppvekstnamnet om dei ønskte det. Motargumenta vann likevel fram. Det ville «stride for meget mot nedarvet tänkesæt, og let føre til forvirring og forveksling i familieforhold» (Thomle 1931:38). I staden fekk kvinner høve til å söke om kongeleg bevilling til å få tilbake oppvekstnamnet etter vigselen, om dei i forkant av ekteskapet var kjent under oppvekstnamnet som forfattar, skodespelar eller liknande. Bevilling til å la kvinner halde på oppvekstnamnet, skulle ein likevel vere forsiktige med å gje (ibid.:76). Kvinnene kunne uansett fritt «bruke sit slechtsnavn som ugift foran mandens» (ibid.), altså som mellomnamn. Dermed vart det meint at omsynet til innvendingane var godt nok tatt vare på (ibid.:38,76). Derimot kunne kvinner ved skilsmisses få frådømd retten til å bruke etternamnet, om ho kunne bringe skam over namnet.

Det sjølvsgagte var samstundes synleg i fotnotane.<sup>47</sup> Det var i ein fotnote til diskusjonane om kvinners rett til å halde på oppvekstnamnet Thomle skreiv at mannen aldri kunne få kona sitt oppvekstnamn, sjølv ikkje der ho hadde fast etternamn og han ikkje. Det som sto i fotnoten var viktig nok til å bli nemnt, men ikkje viktig nok til å få del i teksten. Det var opplagd, men også naudsynt å presisere. Mannleg etternamnsendring var altså tenkeleg, men berre som eit marginalt fenomen og kunne lett avfeiast.

### 3.2.3 ORDEN I SLEKTENE

Det uttala føremålet med den første namnelova var todelt: å gjere det lettare å halde orden på enkeltindividet og å beskytte etternamna som nemning på avgrensa familiekrinsar. Det faste etternamnet skulle vere felles i kjernefamilien. Slekt vart organisert etter den manlege ættelinja, og mannen var familieoverhovud med kone og barn underlagt seg. Den første namnelova kombinerte den langvarige praksisen med å framheve slekta, med den nyare borgarskapsspraksisen med å framheve kjernefamilien. Ho førte til at alle skulle gjere det som då var vanleg i byane (Nedreliid

---

<sup>47</sup> Jamfør Hirdman 2003:24.

2002:131). I tiåra før og etter 1900-talet vart borgarskapet sin kultur leiande også for andre klasser, og blei til det etnologane Billy Ehn og Orvar Löfgren viser til som *Kulturen* (1982). Det skjedde utan store vanskar på mindre kontroversielle områder, men var desto meir debattert og omstridt på område som seksualmoral og arbeidsmoral (ibid.:77). Etternamnsval i parforhold kan sjåast i forlenginga av dei meir debatterte områda, nemleg korleis familien skulle organiserast, og forholdet mellom menn og kvinner sine rettar. Samstundes var det tydeleg at ein familiemodell basert på den borgarlege kjernefamilien, vart sett som ein måte å sørge for orden på. Dette vart gjort gjennom at kvinner gjekk ut av opphavsslektene symbolisert ved etternamnsendringa. Det var blitt moderne for kvinner å ta mannen sitt etternavn. Slik kunne ein vise at kjernefamilien skilde seg ut frå både mannen og kvinna sin opphavsfamilie. Det var noko dei to skapa saman.

**Oppsummering av 1923-lova med fokus på kjønn:**

- Alle nyfødde får fast etternavn etter faren.
- Barn av ugifte får mora sitt etternavn, men kan få faren sitt ved fastslått farskap.
- Kvinner får ektemannen sitt etternavn, men kan halde på oppvekstnamnet som mellomnamn, eller søke kongeleg bevilling til å nytte oppvekstnamnet som etternavn om særlege grunnar tala for det.
- Ved skilsmissa kan kvinne velje mellom oppvekstnamnet og etternamnet frå mannen. Mannen kan også ved dom fråkjenne henne retten til å bruke etternamnet hans.
- Menn må halde på oppvekstnamnet, og kan ikkje bytte til kona sitt.

TABELL 11: OPPSUMMERING AV DEN FYRSTE NAMNELOVA.

### 3.3 UNDER DEN FYRSTE NAMNELOVA 1923-1949

1923-lova gjaldt frå 1. juli same år, men det betydde ikkje at det vart orden i namneforholda. Ein meddelar skildrar tilstanden i barndommen og ungdommen på 1940-talet slik:

Dette med etternavn var ikke så viktig før i tiden. Folk 'skreiv seg for' det og det nærmest etter eget forgodtbefinnende eller etter hvor de bodde. [...] Hjemme hadde vi over en periode en gardskar og to hushjelper som alle tre var

søsken med samme far og mor, men hadde tre forskjellige etternavn  
(NEG44374 fødd 1937).

Heller ikkje i etterkrigstida var det alle som hadde ordna etternamnsforhold, i følgje same mannen:

Jeg jobbet på et offentlig kontor en periode og hadde bl.a som jobb å holde rede på alle skogeiere i bygda. [...] En 'kunde' opererte vekslende med to forskjellig etternavn, og jeg spurte[: 'H]eter du Halvorstuen eller heter du Råholt[?]' Hvorpå han svarte: 'Bortpå trygdekassen skriv dom meg før Johansen' (!) (ibid.).

Den manglande ordenen i namneforholda opna for humoristiske forteljingar der «kunden» kom med eit tredje alternativ som svar på spørsmålet om kva som var det rette etternamnet hans. Forteljinga viser korleis ulike måtar å organisere namn på, eksisterte samstundes. Ulike praksisar kom fram hos ein annan meddelar også. Han fortalte om korleis faren hans i mellomkrigstida, fekk beskjed om å skifte frå farfaren sitt etternavn Jensen til farfarens fornamn Peder, med sen-ending, Pedersen då han var på sjøen, fordi faren hans igjen heitte Peder Jensen (NEG43856 fødd 1948).

Etternamnet faren bar var såleis i tråd med 1923-lova, men ikkje i tråd med det som framleis var vanleg praksis der faren arbeidde. Samstundes hadde faren vakse opp på ein husmannsplass. Både faren og søskena til faren tok namnet frå husmannsplassen i vaksen alder. Oppi alt dette, vart faren kalla ved namnet på staden han budde som vaksen. Det stabile var kva kvinnene gjorde, som meddelaren skildra med ei setning heilt til sist: «Kvinnfolkene tok uten unntak etternavnet til Ektemannen» (ibid.). Når meddelaren fortalte om etternamnsendring i høve endring av bustad, var det menn han skildra, medan kvinner sine handlingar vart skildra i relasjon til ektefellen.

I 1949 vart namnelova endra som følgje av endringar i ekteskapslova, særskilt med tanke på skilsmisse. Lovendringa trådde i kraft 1. september 1949. I den første namnelova hadde mannen hatt rett til å krevje at eks-kona blei frådømd namnet, i tråd med idealet om etternamnet som nemning på avslutta slekter. Det vart no

tydelegare presisert som unntak. Eks-kona sin rett til å velje mellom giftenamnet og oppvekstnamnet, vart hovudregelen. I same lovarbeidet vart det vurdert om kvinner skulle få høve til å velje mellom mannen og sitt eige oppvekstnamn ved starten av ekteskapet, ikkje berre ved slutten. Dette hadde likevel klare ulempar:

En slik bestemmelse vil imidlertid kunne føre til atskillig forvirrende og vaklende navnebruk idet det er fare for at gifte kvinner vil brukemannens slektsnavn og sitt eget slektsnavn som ugift om hinannen etter som det finnes hensiktsmessig (Ot.prp.nr.32 1949:14).

Kvinner fekk altså ikkje velje sjølv no heller, men lova vart mjuka opp gjennom at kvinner ikkje lenger trong å ha særskilde grunnar for å få løyve til å ta tilbake oppvekstnamnet etter vigselen. Praksisen med at kvinner automatisk fekk mannen sitt etternamn heldt fram som før. Det var naudsnyt med samtykke frå mannen om kvinna ønskte kongeleg bevilling til å heite noko anna enn han, sjølv når det var oppvekstnamnet hennar. Tilsvarande måtte kona samtykke dersom mannen skulle byte etternamn, men det var fordi dette endra hennar etternamn også (Arnholt 1959:126). I praksis betydde det at kvinner som ønskta å halde på oppvekstnamnet i ekteskap, fyrst måtte endre til mannen sitt, for så å få løyve frå mannen (Utne 2002:14), sjølv om dette ikkje sto direkte i lova, forarbeida eller lovkommentarane.

#### **Oppsummering av lovendringane som omhandla kjønn fra 1949:**

- Ved skilsmissa vart hovudregelen at kvinner kunne velje mellom oppvekstnamn og den tidlegare ektefellen sitt etternamn, framfor mannen sin rett til å frådøme kvenna bruken av etternamnet hans.
- Regelen om at kvinner måtte ta ektefellen sitt etternamn vart mjuka opp ved at det ikkje lenger var naudsnyt med særlege grunner. Kvinner måtte likevel fyrst endre etternamn under vigselen, og så søke om namneendring.

TABELL 12: LOVENDRINGANE INNFØRT I 1949.

Høve til å halde orden på den enkelte borgar hadde etterkvert blitt systematisert ved innføringa av folkeregistera. Det fyrste kom i Oslo i 1905, og i 1947 var heile landet dekt (Utne 2003b:20). Men dette såg ut til å vere irrelevant i diskusjonane rundt lova.

### 3.4 ARBEIDET MED DEN ANDRE NAMNELOVA 1956-1964

Høve til mannleg etternamnsendring vart ikkje inkludert i lovendringane innført i 1949. At det var eit behov for å opne for dette, viste eit privat lovforslag som kom sju år seinare. Gardbrukar og stortingspolitikar Lars Ramndal foreslo at menn kunne få byte etternamn til kona sitt: "Når en mann sammen med sin hustru overtar hennes slektsgård ved odel og vil nytte hennes slektsnavn" (1956). I den grad menn hadde tatt kona sitt oppvekstnamn etter 1923, handla det gjerne om menn utan faste etternamn som hadde rett til å ta gardsnamnet frå staden ein budde (Utne 2003a:105). Eit utval som også inkluderte Ramndal, utarbeidde ein rapport med forslag til ny namnelov som var ferdig i 1960 (Gaarder et al. 1960).<sup>48</sup> Det norske utvalet sitt forslag vart sendt på høyring, og oppsummert i eit nytt lovutkast (Ot.prp.nr.24 1962-1963). Tidspunktet var høveleg fordi tilsvarande utval i Sverige og Danmark arbeidde med utkast til endring av sine namnelover. Dermed kunne dei nordiske namnelovene bli sett i samanheng med kvarandre.

Til skilnad frå 1920-talet var bruken av faste etternamn no etablert. Samstundes vart bruken av fødselsnummer innført, med verknad frå 1964. Ved hjelp av elleve siffer der dei seks første viser fødselsdatoen og dei fem siste var personnummeret, kunne alle i Noreg individualiserast utan bruk av namn. Dette arbeidet var, til liks med opprettингa av kommunale folkeregister, fråverande i debattane rundt etternamnsspørsmåla, sjølv om begge svekka trøngen staten hadde for faste etternamn på innbyggjarane. Det tyder på at det var andre tema i spel enn behovet for oversikt. I staden såg striden ut til å gjelde verdispørsmål. Til dømes var menn sin rett til å byte til kona sitt oppvekstnamn eit tema. Mest framtredande var likevel, som tidlegare, diskusjonane rundt barn og kvinner sin rett til å bruke kvenna sitt oppvekstnamn.

---

<sup>48</sup> Dei andre medlemmane i utvalet var høgsterettsdommar Karsten Gaarder, ekspedisjonssjef Gustav Sverdrup-Thygeson, og fru Gerd Nilsen. Merk titlane til dei ulike medlemmane i komiteen. I tråd med tida indikerer tittelen yrka til mennene og sivilstatusen til kvenna.

### 3.4.1 KVA SKAL BARNA HEITE?

Den største striden sto om etternamna til den oppveksande slekta. Utvalet la fram forslag om at barna kunne velje mora sitt oppvekstnamn, uansett om ho brukte det sjølv eller ikkje, eller var gift med faren eller ikkje.<sup>49</sup> Dette var i tråd med ønsket om større namnevariasjon i befolkninga (Gaarder et al. 1960:14). Ønsket om namnevariasjon, såg ikkje ut til å trenge grunngjeving. Den individualiserande funksjonen til namna, sto fram som ein verdi i seg sjølv. I følgje 1923-lova, kunne barna berre få oppvekstnamnet frå mora om alle som brukte det gav løyve, fordi det betydde at mannslinja vart broten. Barna blei dermed ikkje sett som inkludert i slekta til mora. Utvalet frå 1960 var derimot av ei anna oppfatning. At etternamnet viser til slekta barna kom frå, altså mannslinja, hadde blitt til «festnet tradisjon», og eit brot med dette ville vere ei «ulempe» (ibid.:13). Men utvalet meinte at ulempa var like stor om ein ønskte å vite kva morslekt barnet kom frå. Den festna tradisjonen var heller ikkje «særlig gammel eller unntaksfri» (ibid.). Likestillingsorienterte kvinneforeiningar var i favør av forslaget mellom anna fordi tilgangen til å bruke mora sitt oppvekstnamn kunne føre til «et riktigere syn på begge foreldrene som likeverdige i slektsmessig henseende» (Norsk Kvinnesaksforening i Ot.prp.nr.24 1962-1963:9). Sidan få ville komme til å nytte seg av det, var ei lovendring heller ikkje til fare for den rådande samfunnsstrukturen, noko Norske Kvinners Nasjonalråd trakk fram i høyringssvaret sitt (ibid.).

Frå motsett side hevda Oslo biskop at det ikkje var ønskeleg å vende tilbake til «de rotete forhold» som fann stad før den første namnelova vart innført, og at «det teoretiske prinsipp om manns og kvinnens likestilling» i stor grad prega utvalet sitt forslag (ibid.:10f). Tunsberg biskop såg for seg korleis barn i same søskensflokk kunne

---

<sup>49</sup> Utvalet foreslo at barnet fekk anten faren sitt etternamn eller etternamnet mora hadde ved fødselen. Sidan utvalet sökte å likestille barn fødd i og utanfor ekteskap, meinte fleirtalet at barnet logisk sett burde få mora sitt. For dette var ikkje tida moden, noko reaksjonane også viste, og utvalet konkluderte slik: «En regel om at barnet alltid vil få morens navn vil imidlertid virke fremmed, og da det nå og i fremtiden vel vil være slik at det overveiende antall barn vil komme til å bære sin fars slektsnavn, er det naturlig å legge loven opp til dette som hovedregel» (Gaarder et al. 1960:21).

komme til å ha ulike etternamn «i det samme hjem!», og dermed risiko for oppløysing av «selve familiefornemmelsen, sansen for samhørighet i hjemmet» (ibid.:11). Valet mellom mora og faren sitt etternavn ville også «bringe forvirring i navneforholdene og således være til hinder for å oppnå ordnede navneforhold» ifølgje Bergen Folkeregister (ibid.:12). Den Norske Dommerforening meinte at den eksisterande lova fungerte godt som ho var, og at det ikkje var naudsynt med ei ny lov (ibid.). Den Norske Sakførerforening var av same mening, men meinte vidare at utkastet til namnelov som utvalet kom med, var: «Helt i strid med: Norsk Tankegang; Norsk Rettsfølelse og gjennom generasjoner så vel av domstoler, departement som Storting fastslåtte rettsregler; Norsk Sleksfølelse og; Norsk Tradisjon» (ibid.:15). Namnelova, som hadde sitt opphav mellom anna i ønske om å rydde opp i uoversiktlege namneforhold, vart her tatt til inntekt som tradisjonsberarar, der tradisjonen svara til patronymi.

Resultatet vart at barn fødd i og utanfor ekteskap framleis fekk kvar sin paragraf, der barn fødd i ekteskap fekk faren sitt etternavn, medan barn fødd utanfor ekteskap fekk mora sitt. Slik sett vart den nye lova strengare enn før, gjennom at barna av ugifte mødrer ikkje hadde som utgangspunkt at dei sjølve kunne velje, sjølv om dei hadde høve til å få faren sitt der det var ønskt og farskapen slått fast.

#### 3.4.2 KVA SKAL KVINNER KUNNE VELJE?

Utvalet meinte at sidan kvinner og menn var juridisk likestilte i ekteskap med tanke på mellom anna formueforhold, burde kvinner sjølve kunne velje om dei ville halde på eller endre oppvekstnamnet når dei gifta seg (Gaarder et al. 1960:14). Historisk, hadde då også arv og etternamn vore knytt saman. Sjølv om kvinner enkelt kunne søke om å få tilbake oppvekstnamnet etter vigselen frå 1949, var ikkje det lenger godt nok. Kvinner som ønskta å halde fram med å bruke oppvekstnamnet, «finner det støtende eller i allfall upraktisk at de skal være nødt til først å fåmannens slektsnavn og deretter måtte søke om offentlig tillatelse til å få tilbake det navn som etter deres oppfatning er deres eget og egentlige slektsnavn» (ibid.:16). Utvalet foreslo difor at

det skulle vere nok å melde frå i forkant av vigselen om at brura ikkje skulle byte eller legge til mannen sitt etternamn som mellomnamn om ho ønskte det (ibid.).

Når det gjaldt kvinners rett til å halde på oppvekstnamnet, var det hovudsakleg kvinnesaksforeiningane som var samde (Ot.prp.nr.24 1962-1963:22). Innvendingane mot utvidinga av kvinner sine namnerettigheiter likna dei som vart nytta mot at barn skulle kunne bruke mødrene sitt etternamn. Idealet om ein kjernefamilie namngjeve med mannen sitt oppvekstnamn, sto sterkt. Sakførerforeningen meinte at synet på kvinners likestilling ikkje hadde endra seg nemneverdig sidan tilpasningane i 1949 (ibid.:23). Det at få gifte kvinner hadde søkt om å få tilbake oppvekstnamnet, vart også nytta som argument for at kvinner fann det naturleg å byte. Dessutan, meinte Sakførerforeningen, var den dåverande praksisen fleire hundre år gammal, noko som i seg sjølv var eit argument mot å gjere endringar i den (ibid.:24). At dette var ein selektiv forståing av historia, seier noko om kva slags argument som kunne trekkast inn, og at det var mykje som sto på spel. Praksisen vart oppfatta som tradisjon, og hadde fått eit element av institusjon i seg, noko kulturforskar Zygmunt Bauman har forklart som «the assumption that there is nothing people currently alive can do to change the institution they inherited, and that if in defiance of their impotence they still tried to meddle with the legacy then unimaginable disasters would follow» (1998:17). Eller «kaos», som Fylkesmannen i Oslo og Akershus kalla det (Ot.prp.nr.24 1962-1963:23).

Sjølv om det vart lettare for kvinner å halde på oppvekstnamnet, var det likevel naudsynt å seie frå om dette før vigselen. Det gjaldt også bruken av oppvekstnamnet som mellomnamn framfor mannen sitt etternamn. Når det gjaldt høve til å bere etternamnet etter skilsmisse, var det berre Norsk Kvinnesaksforening som hadde innvendingar, nemleg at hustrua (eller mannen) kunne dømast til å tape etternamnet ved dom: «Det ligger en urett i det å bli dømt fra det navn som man etter lovens ordning – til en viss grad automatisk – er blitt påført» (ibid.:29). Departementet konkluderte med at retten til etternamnet kunne prøvast i sjølve skilsmissa. Gifte ho

seg på ny, mista ho retten til å bere etternamnet til eks-mannen vidare. Forslaget om å kunne ta i bruk ektemannen sitt etternamn som mellomnamn for kvinnene vart ikkje tatt til følgje fordi kvinnene kunne halde på oppvekstnamnet som mellomnamn (Ot.prp.nr.24 1962-1963:25).

### 3.4.3 KAN MENN VELJE?

Ei av dei nye innvendingane mot at kvinner skulle kunne velje etternamn sjølv, kom frå Fylkesmannen i Nord-Trøndelag. Dei kritiserte forslaget fordi det gjorde at kvinner var «friere stillet» enn menn (ibid.:23). Dette ville vere diskriminerande overfor menn sidan menn ikkje fekk same høve til å velje. I tråd med lovforslaget til Ramndal frå 1956, vart nett menn sine høve til å velje sjølv, diskutert. Fleirtalet i utvalet meinte av prinsipp at kvinner og menn burde ha like moglegheiter på namnefronten, og at paret sjølv burde avgjere om dei skulle bruke hennar, hans eller kvart sitt etternamn. I Lagtinget balanserte Margit Tøsdal (Arbeidarpartiet) ideal og realisme:

Personleg deler eg elles det prinsipielle synet Namnelovutvalet hevda, [...] om full likestilling også for mannen i namnerettsspørsmål, slik at han kan velje kona sitt namn, men eg trur berre at den tanken er eit noko for radikalt brot med tilvand tankegang i dag til å verta realisert (Lagtinget 1964:107).

Kvinnesaksforeiningane var samde i ei meir likestilt ordning, også for menn. I Odelstinget meinte fleire, i orda til Einar Magnus Stavang (Arbeidarpartiet), at «det er naudsynleg å ha ein ventil» som gjorde at menn kunne ta kona sitt etternamn i visse høver (Odelstinget 1964:421). Mange av argumenta mot bruken av kvinna sitt oppvekstnamn for mannen likna argumenta mot bruken av dette namnet for kvinner og barn. Som ved tidlegare endringar i namnelovene, vart det sett som ei utholing av rettsbeskyttinga som etternamna hadde hatt til då (t.d. Bondelaget og Bondekvinnelaget i Ot.prp.nr.24 1962-1963:27). At menn kunne ønske å byte etternamn, førte vidare til mistanke om snobberi, og at det ville bli namna «av 'fin' klang» som ville veljast, slik Oslo biskop formulerte det (ibid.:26). Sakførerforeningen argumenterte med at det heller ikkje var godt nok å ha gardsnamn eller namn frå

forretninga til hennar familie for å få rett til etternamnet, sidan det var «mannen» og ikkje namnet som dreiv forretningane (ibid.:27). Presteforeningen meinte at likestilling ikkje var eit godt nok argument for å bryte så sterkt med tidlegare praksis, og at dei samfunnsmessige konsekvensane kunne vere store (ibid.).

Dei danske og svenske utvala i det internasjonale samarbeidet, var heller ikkje opne for eit så liberalt forslag som det var å gje menn høve til å velje kona sitt etternamn. Som tilpassing, lempa det norske utvalet i staden på høve til å gje bevilling frå Justisdepartementet for menn til å ta kona sitt etternamn. Det skulle likevel ikkje vere nok berre å vere gift. I tillegg burde kona og barna bruke namnet, og dei burde bu på hennar gard eller liknande. Lovformuleringa vart som følgjer:

Utan omsyn til føresegnene i §§ 6-8 kan det gjevast løyve i følgjande tilfelle:  
Når det elles vert søkt om eit slektsnamn som søkeren har ei særleg  
tilknytning til, og han etterviser at det er viktig for han å få namnet (§ 9.5).

Gjennom dette unnataket, kunne menn for fyrste gong sidan 192, ta kona sitt etternamn, men formuleringa var godt skjult i lovverket, og ikkje lett å finne om ein ikkje kjende til føremålet. Ingen sökte heller om bevilling til kona sitt etternamn med bakgrunn i unnataket dei fyrste åra etter at lova vart innført (Heffermehl 1968:285).

Eit problem var kva menn skulle kunne gjere ved skilsmisse. Kvinner som bytte, fekk rett til å halde på ekteskapsnamnet eller gå tilbake til oppvekstnamnet. Mannen kunne unntaksvise krevje at ho bytte tilbake, til dømes dersom livsførselen hennar kunne føre skam på namnet. Om ho gifta seg på ny kunne ho ikkje halde fram med å bruke etternamnet til førre ektemann. Dette var meir problematisk for menn. At mannen skulle tape etternamnet om han gifta seg på ny, kunne vere vanskeleg å handheve:

Hertil kommer at det ofte vil være til særlig ulempe for en mann å miste det navn han hittil har båret, både på grunn av den tradisjonsbestemte innstilling i

samfunnet og fordi han – oftere enn hustruen – vil sitte i ervervsvirksomhet som vil gjøre et navneskifte generende (Gaarder et al. 1960:17).

Utvalet meinte likevel at også ektemannen burde miste retten til å gje eks-kona namnet vidare, om han gifta seg på ny (ibid.). Resultatet i lova vart som utvalet føreslo. Verken menn eller kvinner kunne ta med seg giftenamnet frå førre ekteskap inn i eit nytt ekteskap.

**Oppsummering av namnelova som hadde med kjønn å gjere frå 1964:**

- Barn fødd av gifte foreldre får faren sitt etternamn. Barn fødd av ugifte foreldre får mora sitt etternamn. Ein kan søke om å få endre til den andre forelderen sitt etternamn, men ikkje til etternamn lenger bak i slekta.
- Kvinner fekk mannen sitt etternamn i ekteskap med mindre ho varsla at ho ville halde på oppvekstnamnet som mellomnamn eller etternamn på førehand.
- Menn kunne bytte til kona sitt etternamn ved bevilling om dei hadde særlege grunnar for det.
- Ved skilsmisse kan kvinna velje mellom oppvekstnamnet og eks-mannen sitt namn. Giftar ho seg på ny, mistar ho likevel eks-mannen sitt namn. Har mannen bytt, gjeld det same for han.

TABELL 13: LOVA INNFØRT I 1964.

Det var usemje og strid gjennom heile handsaminga av namnelova som kom i 1964. Proposisjonen stramma inn på ein del av forslaga som utvalet kom med, men trass usemja og diskusjonane vart lova i stor grad vedteken slik proposisjonen formulerte det (Nerdrum 1986:14). Det kan sjåast som eit paradoks at namnelova som kom i 1923, vart skildra som viktig for å få orden på det Per Lønning (Høgre) kalla «villnis av til dels selsomme navnesikker» (Odelstinget 1964:394), samstundes som ideen om at påfølgande endringar i namnelova, kunne representerte brot med ein einsretta norsk namnetradisjon var sterkt. Igjen var det eit poeng at namnelova skulle sørge for framhald av namnepraksisen, medan ho opphavleg skulle ordne opp i rotete praksisar. Prinsippet om det faste etternamnet som nemning på ein avslutta slektskrins basert på mannslinja, var framleis berande, men omsyn til individua opna for å bryte prinsippet, sjølv om det først og fremst var tenkt som unnatak.

### 3.5 KVINNEFRIGJERING OG LIKESTILLINGSKAMP – 1970-TALET

På 1970-talet hadde bevisstheita rundt den manglende likestillinga i namnelover og namnepraksisar auka. Frå å vere symbol på framhald av slektsliner, hadde forståinga av kjernefamilien som eining blitt styrka, og i dette ein kime til å tenke på etternamnet som noko som skilde kjernefamilien ut som noko separat frå mannen si slekt (jf. Bankier 1973; Barlaug 1977; Brock-Utne 1976; Stannard 1977). Då var ikkje mannen sitt etternamn det einaste alternativet. Likevel handla fokuset på likestilling hovudsakleg om kvinner sin rett til å halde på oppvekstnamnet, og å gje det vidare til barna. Det handla i mindre grad om menn sine høve til å byte på lik linje med kvinner. I 1978 vart likestillingslova innført.<sup>50</sup> To år før, i 1976, kom ei arbeidsgruppe som fokuserte på namnelova med forslag til tilpassing til likestillingslova.<sup>51</sup> Om namnelova frå 1964 skreiv arbeidsgruppa følgande: «Navneloven er, med visse unntak, ikke til hinder for likestilling, men den tilstreber det ikke» (Fisknes, Løkkeberg og Stabel 1976:27). Arbeidsgruppa plasserte etternamnspraksisane i ein historisk samanheng ved å skildre namnelovene i samanheng med situasjonen til kvinner i samfunnet og familien:

Mens man tidligere sa rett ut at kvinnan måtte hamannens navn fordi han er hennes overhode og den som representerer familien utad, har det i de senere års navnepolitiske debatter vært snakket mer om familiens enhet og verdien av ensartet navnebruk. [...] Dette felles slektsnavn må, av identifikasjonshensyn, være en av ektefellenes, og mannens peker seg her ut fordi dette har *tradisjon* for seg (ibid.:17, kursiv i original).

---

<sup>50</sup> Det var same året som Europaratet oppmoda om at medlemslanda, deriblant Noreg, skulle likestille menn og kvinner i loverka sine. Den norske likestillingslova påverka namnelova i Noreg, men svært mange av dei andre medlemslanda heldt fram med ulikestilte namnelover (Feschet 2009).

<sup>51</sup> Arbeidsgruppa besto av konsulentane Ole Herman Fisknes, Oddvar Løkkeberg og Ingse Stabel. Tilsvarande arbeid med vurdering av namnelova vart også gjort i Sverige og Finland, med føremål å auke likestillinga mellom kjønn. I Finland hadde hustruer vore tvungne til å bruke mannen sitt etternamn (Fisknes, Løkkeberg og Stabel 1976:11). I tillegg til likestilling mellom kvinner og menn, skulle utvalet forenkle det administrative arbeidet knytt til namnesaker (ibid.:6).

Slik kunne skilnaden på argumentasjonen nytta på 1920-talet og argumentasjonen nytta på 1960-talet, oppsummerast. Arbeidsgruppa viste til at det var ganske få gifte kvinner som nytta oppvekstnamnet, medan ein del fleire nytta oppvekstnamnet som mellomnamn. Likevel var det sannsynleg at fleire kvinner ønskte å halde på oppvekstnamnet fordi det «koster alltid noe å bryte en tradisjon» (ibid.:19).

Medan diskusjonane tidlegare kunne delast inn etter kvinner, barn, og på 1960-talet også menn, vart oppdraget no å gjøre lova kjønnsnøytral. Diskusjonane handla difor om namnebruk i ekteskapet og om etternamnet til barna.

### 3.5.1 ETTERNAMNSVAL I EKTESKAP FOR KVINNER – OG MENN

Namneendring i parforhold skjedde først og fremst ved vigelsen. Mange av dei prinsipielle standpunktene som utvalet kom med i forkant av 1964-lova, gjorde arbeidsgruppa no til lovendringsforslag. Det meste var altså ikkje nytt, men framhald av tidlegare arbeid, kombinert med over ti års utvikling av idear om likestilling:

Kvinnens ønske om å beholde sitt navn skal ikke ha preg av å være et avvik fra det normale. Det å skifte navn, og spesielt det å ta ektefellens navn, [...] er et såpass viktig skritt at det bør gjøres etter bevisst overveielse og med full oversikt over konsekvensen (Fisknes, Løkkeberg og Stabel 1976:29).

Arbeidsgruppa hadde altså eit ønske om at namnelova kunne føre til meir bevisstgjering rundt namneendringa. Fordelane var fleire. Om kvinner, også i lågarestilte yrke, heldt på oppvekstnamnet, kunne det føre til ei positiv endring av kvinna si stilling i samfunnet. Vidare var namneendring i seg sjølv til ulempe, for samfunnet og for den enkelte (ibid.:31). Som hovudregel foreslo arbeidsgruppa at paret skulle halde på oppvekstnamna sine, og elles velje fritt mellom dei to.

I den politiske handsaminga av lovforslaget var det fleire som argumenterte mot at hovudregelen skulle vere at ingen endra etternamn. Justiskomiteen behandla saka. Fleirtalet meinte at ulike etternamn for ektefellar, braut for mykje med «hevdvunnen navnetradisjon i vårt land», og la vekt på å «understrekke og bekrefte

familiefellesskapet gjennom et felles slektsnavn for både foreldre og barn» (Innst.O.nr.89 1978-1979:2). Innvendingar handla om frykt for utholing av kjernefamilien om ikkje alle delte same etternamn. Det var ei frykt også arbeidsgruppa hadde tatt opp. Dei landa på at konsekvensane av namnevalet var noko den enkelte familie måtte avgjere sjølv (Fisknes, Løkkeberg og Stabel 1976:31).

Likestillingsideal gjorde det vanskelegare å argumentere mot at kvinner skulle kunne halde på oppvekstnamnet, men det syntest vanskeleg å sjå for seg at eit felles etternamn kunne komme frå henne. Eit argument mot at menn skulle kunne endre etternamn, var at det gjorde forholda mindre oversiktlege. Eit anna som framleis vart nytta, var at det greip inn i namnevernet. Juristen Anne Barlaug kommenterte dette argumentet såleis:

Begrunnelsen må i beste fall kunne betegnes som pussig og inkonsekvent, da kvinners erverv av beskyttede slektsnavn gjennom ekteskap aldri er blitt møtt med hensynet til navnevernet. Sammenhengen med synet på kvinnan som en mindre betydningsfull person i navnerettlig henseende, og derved i samfunnssammenheng, er her åpenbar (1977:3).

Kvinner kunne, som Barlaug skriv, «klatre oppover på samfunnsstigen» ved hjelp av «kjærligheten» (ibid.). Kvinnan sin sosiale status vart bestemt av mannen ho var gift med, medan mannen sin sosiale status var bestemt av opphavsfamilien hans og hans eige arbeid (ibid.:4). Slik kunne menn sine manglande høve til å ta kona sitt etternamn sjåast som eksempel på diskriminering av menn, medan det i realiteten også var diskriminering av kvinner (ibid.:7), jamfør Collett si skildring frå 1857 av kvinner sine plikter i ekteskapet.

Arbeidsgruppa som kom med forslag til endringar i namnelova tok også stilling til bruk av doble etternamn, og var negative. Doble namn på barn måtte kortast ned når barnet sjølv vart forelder, og det ville bli langt og uhandterleg. Særleg for «små barn må dette regnes som en vesentlig ulempe» (Fisknes, Løkkeberg og Stabel 1976:60). «Pompøst» og «lite velklingende» var andre omgrep arbeidsgruppa brukta om doble

etternamn (ibid.). Alternativet var dermed å oppretthalde bruken av mellomnamn på barna, som var «lettvint» å få til, for slik å inkludere begge foreldra sine oppvekstnamn (ibid.). Noko anna som vart diskutert, var bruken av partnaren sitt etternamn som mellomnamn (ibid.:10), men det vart fjerna i den politiske behandlinga av forslaget fordi ein kunne ta det som felles etternamn om ein ønskte namnefellesskap (Ot.prp.nr.43 1978-1979:30). Dei same argumenta kan kjennast att frå tidlegare endringar av namnelova.

Resultatet i den fyrste likestilte namnelova vart at etternamn ikkje skulle endrast av seg sjølv ved vigsel. Skulle dei endrast, kunne ein velje mellom kvinnen eller mannen sitt. Den som endra etternamn, kunne halde på oppvekstnamnet som mellomnamn. Den andre kunne ikkje inkludere partnaren sitt etternamn som sitt mellomnamn. Vart ein skild, kunne ein sjølv velje å halde på etternamnet ein fekk i ekteskap eller bytte tilbake til oppvekstnamnet. Om ein gifta seg på ny, kunne ein også halde fram med å bruke etternamnet frå tidlegare ekteskap, men ikkje gje det vidare til ein ny ektefelle.

### 3.5.2 KVA SKAL BARNA KUNNE HEITE NO?

I tillegg til likestilling av menn og kvinner, gav arbeidsgruppa seg sjølv i oppgåve å likestille barn fødd i og utanfor ekteskap i namnelova (Fisknes, Løkkeberg og Stabel 1976:7). Dette vart også rådande i namnelovarbeida i fleire av dei andre nordiske landa i same periode. På ny vart det foreslått at barn i og utanfor ekteskap skulle få etternamnet til mora om ikkje anna vart meldt innan seks månader. Slik kunne arbeidsgruppa likestille barn i og utanfor ekteskap. Samstundes ville det ofte vere etternamnet til faren sidan kvinner gjerne bytte i ekteskap. Også fordi morsnamnet historisk hadde stått svakast, var grunn til å privilegere det i lova (ibid.:65).

Forslaget var omstridd. Det var i hovudsak fire fraksjonar. Ein var for, anten av likestillingsomsyn mellom kjønn, men hovudsakleg av likestillingsomsyn til barn fødd i og utanfor ekteskap. Den andre fraksjonen var usamd i bruken av likestilling mellom barna som argument for å bruke mora sitt etternamn, til dømes fleirtalet i Justiskomiteen (Innst.O.nr.89 1978-1979:2). Biskopen i Bjørgvin formulerte same

innvendinga slik: «Vil ein av omsyn til likestillingsprinsippet bort frå ein patriarkalsk namneskikk, treng ein ikkje difor å enda i matriarkatet» (Ot.prp.nr.43 1978-1979:15). Likestillinga kunne altså gå for langt. Forslaget til biskopen, og andre, var at hovudregelen skulle vere at foreldra skulle velje sjølve, ikkje at barna fekk mora sitt om ikkje anna vart meldt inn. Ein tredje fraksjon meinte at barna måtte få faren sitt etternamn fordi det var meir i tråd med ei alminneleg oppfatning. Forrangen til mora sitt etternamn ville svekke høve til å vise kva slekt barnet høyarde til. Den siste fraksjonen meinte at slike saker alltid måtte avgjerast av det offentlege. Dette synspunktet hadde lite gjennomslagskraft då noko av motivasjonen for namnelovarbeidet var å spare pengar på sakshandsaming.

#### **Oppsummering av lova frå 1979 med fokus på kjønn:**

- Menn og kvinner kunne velje mellom hans eller hennar oppvekstnamn som felles etternamn i ekteskap, eller halde på kvart sitt oppvekstnamn.
- Som mellomnamn kunne berre eige oppvekstnamn brukast, ikkje partnaren sitt.
- Om ikkje anna vart meldt innan 6 månader etter fødselen, fekk barn mora sitt etternamn.
- Nye, doble etternamn vart ikkje tillatne, og berre den som bytte etternamn kunne bruke begge etternamna ved at oppvekstnamnet kunne nyttast som mellomnamn.

TABELL 14: OPPSUMMERING AV NAMNELOVA VERKSAM FRÅ 1980.

Trass usemja vart det fleirtal for forslaget om bruken av mora sitt etternamn sidan dette var betre både for likestilling mellom kjønn og barn fødd i og utanfor ekteskap (Innst.O.nr.89 1978-1979:3f). Namnelova vart no kjønnsnøytral, slik at menn og kvinner kunne velje om dei ville bruke det eine eller det andre etternamnet, eller halde på oppvekstnamnet. Desse endringane var så omfattande, at namnegranskaren Anne Svanevik skildra det nærest som ei ny lov (i Schmidt 1987:144).

#### **3.6 LIKESTILT, MEN IKKJE LIKESTILT NOK. ARBEIDET MED 2003-LOVA**

Sommaren 1999, kom stortingsrepresentantane Karita Bekkemellem Orheim og Ane Sofie Tømmerås (Arbeiderpartiet) med forslag til regjeringa om å endre namnelova på ny. Bakrunnen var samfunnsendringar der mange heldt på oppvekstnamna i ekteskap og der sambuarskap var blitt ein etablert praksis. Orheim og Tømmerås grunna forslaget med trong til å kunne bruke meir enn eitt etternamn i

kjernefamilien. Kvinnan sitt oppvekstnamn vart ofte mellomnamn, og forsvann gjerne på sikt. Ei ny arbeidsgruppe<sup>52</sup> kom med forslag i desember 2000 (NOU 2001).<sup>53</sup> Oppgåva til arbeidsgruppa var å liberalisere namnelova i tråd med eit ideal om valfridom, i tillegg til å gjere ho betre tilpassa andre namnepraksisar enn dei norske, både for innvandra grupper, urfolk og etniske minoritetar.<sup>54</sup>

Mykje var nytt i den nye lova. Den politiske namneopinionen var blitt positive til bruken av to etternamn, knytt saman med bindestrek. Talet på søknadar om bevilling<sup>55</sup> til doble etternamn viste at dette var eit veksande behov (Ot.prp.nr.31 2001-2002:14). Ei av dei mest brukte innvendingane imot, for ikkje å snakke om den einaste i tillegg til at det braut med norsk namnetradisjon, var dei administrative vanskane. Alternativet ville vere å ha doble etternamn utan bindestrek, men då kunne ikkje lenger nokon ha mellomnamn. Det kunne opplevast som urimeleg (ibid.:20). Høve til å ta partnaren sitt oppvekstnamn som mellomnamn vart ikkje mogleg på 1970-talet, men kom no inn i lova som ei moglegheit. Med det kunne ein halde på oppvekstnamnet som etternamn og ha namnfellesskap med partnar og barn, også utan bruk av same namn som etternamn.

Sambuarar med barn, eller som hadde budd saman i to år, fekk med den nyaste lova høve til å byte til kvarandre sine etternamn. Slik vart den stadig vanlegare forma for samliv gjort likare ekteskapet. Også samkjønna par vart her meir likestilt med

---

<sup>52</sup> Medlemmane i arbeidsgruppa var byrettsdommar Yngve Svendsen, student María José Escobar, underdirektør Stephan Mo frå Kommunal- og regionaldepartementet, Kristin Os frå Sentralkontoret for folkeregistrering, Merethe H. Grinde frå Fylkesmannen i Oslo/Akershus, og namnegranskjar Ivar Utne, med Pan Farmakis frå Justisdepartementet som sekretær.

<sup>53</sup> Også denne gong var eit føremål med arbeidet å redusere arbeidet til det offentlege knytt til namnespørsmål.

<sup>54</sup> Eit resultat av det var at den nye namnelova opna for å kunne velje etternamn bakover i slekt til tippoldeforeldra. Det var av omsyn til samar og kvenar som hadde vore gjennom fornorskingsprosessar der namna vart bytt ut med norske namn. Dette kunne også vere ein fordel for innvandrarar i liknande situasjoner (Utne 2003b:19).

<sup>55</sup> Det var fylkesmannen som no hadde fått denne jobben.

tokjønna par (ibid.:25f).<sup>56</sup> Tanken på å opne for namneendring for personar i «fast samlivsforhold» (Fisknes, Løkkeberg og Stabel 1976:10) eller «papirløse ekteskap» (ibid.:41), vart diskutert også på 1970-talet. Fenomenet var i ferd med å få aksept, sjølv om det var straffbart fram til 1972. Høve til namneendring vart likevel ikkje inkludert i det endelige forslaget frå arbeidsgruppa i 1976, fordi dei meinte at det fanst nok av andre moglegheiter til namneendring (ibid.).<sup>57</sup> Det var kan hende også for kontroversielt til å munne ut i eit lovforslag.

**Oppsummering av lova frå 2003 som påverka valfridommen:**

- Ein kan ta ektefellen sitt etternamn som mellomnamn.
- Ein kan slå saman sitt eige og ektefellen sitt etternamn ved hjelp av bindestrek.
- Par i sambuarforhold med barn eller som har budd saman i minst to år, kan endre etternamn på lik linje med gifte par.
- Ein kan nytte ekte parentonym (altså fornamnet til mor eller far med slektskapstilknyting) som etternamn.
- Høve til å lage nye etternamn eller ta i bruk gamle etternamn i slekta, vart enklare. I tillegg vart mange etternamn frigjevne ved at grensa for talet på berarar som var naudsynt for å beskytte namna, vart senka til 200 personar.
- Om ikkje barn får etternamn før det er gått seks månader etter fødsel, får det automatiskt etternamnet mora ber.

TABELL 15: OPPSUMMERING AV 2003-LOVA.

Arbeidsgruppa i 2001 meinte at namnelova ikkje kom til å føre til nye handlemønster, til liks med mellom andre Resvoll i 1922. Der dei tidlegare namnelovene hadde hatt innskrenking og kontroll som føremål, var tanken no å opne for ei naturleg utvikling. Nokre innvendingar mot forslaga kom likevel. Til dømes meinte Norsk slektshistorisk forening at ein i staden burde bruke namnelovene til å styrke norsk namnetradisjon (Ot.prp.nr.31 2001-2002:15), men det var få tilsvarande stemmer i debatten. Utanom kor grensa skulle gå for talet på berarar eit etternamn kunne ha for å gjere det fritt,<sup>58</sup> var forslaga lite omstridde i den politiske behandlinga, og alle vart godkjende, både i

<sup>56</sup> Dette var før 2009, då samkjønna par fekk høve til å gifte seg.

<sup>57</sup> Ein har hatt høve til namneendring utan ekteskap, til dømes ved å bruke dei meir vanlege etternamna, eller lage eit heilt nytt etternamn.

<sup>58</sup> Det hadde vore naudsynt med over 500 berarar for at eit etternamn skulle vere fritt å bruke for andre, medan det no vart naudsynt med 200 berarar.

odelstinget og lagtinget. Retorikken handla i staden om å anerkjenne mangfald og inkludering, likestilling og valfridom.

Namnelova vart sett i verk 1.1.2003. Medan den fyrste namnelova hadde orden på familiekrinsen som grunngjeving, har den nyaste auka valfridom, omsynet til individ som ikkje kjem frå norske namnetradisjonar, og likestilling mellom kvinner og menn og mellom tokjønna og samkjønna par som grunngjeving (NOU 2001; Utne 2012a, b).

### 3.7 OPPSUMMERING

Namnelova og argumentasjonen rundt lovene, i lovarbeida og i tolkingane av lova, viser til eit sinnrikt system for statleg kontroll, også etter at folkeregistera var ferdig utbygd på 1940-talet og etter at personnummera kom i bruk i 1964. Lovverket skal sikre trøngen til staten og til individua. Når det gjeld namnelova, er det ikkje sjølvsagt at desse to funksjonane høver saman. Til dømes organiserte namnelovene kven som kan heite kva basert på oppfatningar av kjønn. Lovverk kan slik vere med på å festne eksisterande praksisar, samstundes som det kan endre eller føre til nye praksisar.

Tidleg på 1900-talet handla diskusjonane om etternamn om eigedomsretten til dei namna som alt var faste, og kven som var inkludert i slektskrinsen namnet viste til. Så vart ideen om at alle skulle ha faste etternamn, etablert. Plikta til å ha fast etternamn, kom no i tillegg til retten til visse etternamn. I tråd med omsyna til namneretten, førte kravet om allmenn namneplikt, til detaljerte skildringar av kven som kunne heite kva. I botnen låg synet på tilhøvet mellom kvinner og menn som grunnleggande hierarkisk. Argument for likestilling av kvinner og menn sine moglegheiter til namneval, vart meir eller mindre vifta til sides. Noko anna enn bruken av mannen sitt oppvekstnamn i parforhold, vart skildra som «unaturlig».

På 1940-talet vart kravet om bruken av mannen sitt oppvekstnamn, lempa på. Kvinner kunne no byte tilbake til oppvekstnamn etter vigselen. Det skjedde ikkje utan åtvaring om den store forvirringa som no kunne skje, og risikoen for destabilisering av kjernefamilien, var oppfatta som ei stor fare for samfunnet. Tilsvarande diskusjonar

heldt fram på 1960-talet. Likestillingeskilen som vart sett inn i den fyrste namnelova med endringane i 1949, sat betre i på 1960-talet. Då måtte kvinner ikkje lenger byte til mannen sitt først, for så å byte tilbake til oppvekstnamnet. Samstundes kom noko nytt inn, nemleg menn sin rett til å ta i bruk kona sitt oppvekstnamn, og hennar namn som felles etternamn i kjernefamilien. Men også dette førte til store diskusjonar og vart inkludert i namnelova som eit unnatak, ikkje som eit likeverdig alternativ.

Likestillingstankegangen slo stadig sterkare rot på 1970-talet. Med innføringa av likestillingslova, måtte andre lovverk tilpassast. Det var ikkje lenger «unaturlig» for kvinner å halde på oppvekstnamnet, slik det vart påpeika på 1920-talet. Argumenta for og mot, var no av ein annan karakter, der tradisjonen som autoritet for handling hadde erstatta «unaturlig» som argument mot menn som bytte og kvinner som heldt på etternamnet.

I diskusjonane rundt den siste namnelova var det ikkje lenger spørsmål om menn og kvinner sin rett til å velje kvarandre sine oppvekstnamn. Tilhøvet mellom menn og kvinner i lovverket vart tatt for gitt, med likestilling som premiss, ikkje styrking av mannslinja. No gjaldt diskusjonane i staden kor grensa skulle gå for kva etternamn som kunne veljast og kor mange som skulle ha etternamnet før det vart av dei vanlege, og dermed frigitt for alle. Slik sett kan ein kanskje seie at sirkelen er slutta frå arbeidet med den fyrste namnelova, der namnevernet sto i fokus.

## 4. Omfang av etternamnsval

For å forstå kva slags samanhengar etternamnsval blir gjort i, og kor unike eller vanlege dei er, kan det vere viktig å seie noko om omfanget av dei ulike namnevala. Ein grunnleggande premiss for studien, er som nemnd at den store skilnaden i tal på menn og kvinner som held på og som endrar etternamn i parforhold, og at denne skilnaden heng saman med at menn og kvinner gjer vurderingar av etternamna sine under ulike forhold, slik kjønnsforskaren og statsvitaren Anne Phillips argumenterer for (2004:6). I dette kapittelet er føremålet å skildre omfanget av etternamnsval historisk i Noreg, og presentere tala frå den kvantitative delen av undersøkinga mi. Vidare, har eg som føremål å vise til omfanget av etternamnsval i parforhold i nokre andre land der patronymi står sterkt. Dette er land som det kan vere naturleg å samanlikne med Noreg. Dette er også nokre av dei landa der eg har hatt forskingslitteratur på etternamnsval, tilgjengeleg.

### 4.1 TIDLEGARE NORSKE STUDIAR AV OMFANG

I Noreg er det gjort nokre få undersøkingar som tar for seg omfanget av etternamnsendring i ekteskap (Skjønsberg og Eiden 1974 hos Fisknes, Løkkeberg og Stabel 1976; Fjellhaug 1998). Den mest omfattande, var ei representativ undersøking gjennomført av SSB i 2003 (Noack og Wiik 2005; 2008; Wiik 2005). Namnegranskar Ivar Utne fekk gjennomført ei teljing av etternamnsval i 2016, men denne er ikkje publisert, og det står att å gå nærmare inn i tala (jf. Utne 2017). Ein gjennomgang av eksisterande data på namneval er under planlegging hos SSB (Gading 2020).

Før 1970-talet, var det lite interesse for statistiske undersøkingar av etternamnsval i Noreg. Det var påbod om kvinneleg namneendring i ekteskap og forbod mot mannleg etternamnsendring. Berre unntaksvise braut nokon med dei patronymiske praksisane. På 1970-talet og på 1990-talet vart det gjennomført mindre, hovudsakleg kvantitative undersøkingar, som tok for seg vigslar i Oslo over ein kortare periode.<sup>59</sup> På 1970-talet

---

<sup>59</sup> Sidan lite kunnskap fanst, vart begge undersøkingane også nytta i dei etterfølgande lovarbeida. Undersøkinga frå 1970-talet vart nytta i arbeidet med endringane i 1979 (Fisknes, Løkkeberg og

gjennomførte mellomfagstudentane Ane Skjønsberg og Inger Eidem ei undersøking av vigslane i august 1974 (vist til hos Fisknes, Løkkeberg og Stabel 1976:19). Av totalt 249 ekteskap, tok 65% av kvinnene mannen sitt etternamn utan å halde på oppvekstnamnet som mellomnamn, medan 28%, heldt på oppvekstnamnet som mellomnamn. Berre 7% heldt på oppvekstnamnet aleine. Tala for kvinner som heldt på oppvekstnamnet i resten av landet, antok Skjønsberg og Eidem måtte vere lågare (*ibid.*). Fokus var på kvinner, menn var ikkje nemnd.<sup>60</sup>

Kunnskapen om tilstanden etter dette var i beste fall unøyaktig. Namnegranskaren Anne Svanevik siterte i ein fagartikkel om stoda på etternamnsfronten i Noreg noko Oslo Byfogd hadde sagt til *Aftenposten* 30. desember 1990. Byfogden meinte om lag halvparten av kvinnene som gifta seg borgarleg i Oslo, bytte til mannen sitt etternamn, og halvparten heldt på oppvekstnamnet. «En god del menn» tok vidare kona sitt etternamn (1991:130). Manglande kunnskap om korleis etternamnspraksisane har vore, kunne vidare føre til påstandar som denne av filologen Toril Swan: «Up to the 1970s, a woman who married adopted her husband's last name as a matter of course. In recent decades, this has become increasingly unusual, and certainly in academic circles it rarely happens» (1994:303). Dette vart skriven i eit konferanseinnlegg om kjønna språk i Noreg, og tatt til inntekt for positiv endring. Swan siterer vidare Elisabeth Eide (1993) som viser til undersøkingar av enkelte byar der meir enn halvparten av kvinnene heldt på oppvekstnamnet (Swan 1994:304). Eide skriv ikkje dette i teksten som Swan viser til. Eg har heller ikkje funne belegg for denne påstanden andre stader enn i byfogden i Oslo si uttaling til *Aftenposten* sitert hos Svanevik (1991).

Undersøkinga namnegranskaren Marit Fjellhaug gjennomførte på 1990-talet, var altså hardt tiltrengd. Fjellhaug gjekk gjennom alle vigslar i Oslo i 1995. Kvinnene som

---

Stabel 1976:19). Undersøkinga frå 1990-talet vart nytta i arbeidet med namnelova frå 2003 (NOU 2001:97).

<sup>60</sup> Eg har ikkje funne originalkjelda, så resultata er attgjeve frå Fisknes, Løkkeberg og Stabel (1976).

gifta seg, delte seg i tre ganske jamstore grupper. Medan 32,4% heldt på oppvekstnamnet, nyttet 38% mannen sitt etternamn med oppvekstnamnet som mellomnamn. 29,6% tok mannen sitt etternamn til nytt etternamn, utan noko mellomnamn. Det vil seie at nesten ein av tre let vere å bytte, medan over to av tre tok mannen sitt etternamn, med eller utan oppvekstnamnet som mellomnamn (1998:42). Ifølgje Fjellhaug bytte 1,6% av mennene til kona sitt etternamn. Om lag halvparten av desse igjen heldt på oppvekstnamnet som mellomnamn, medan den andre halvparten berre nyttet kona sitt som etternamn (*ibid.*:51f). Det såg ikkje ut til at nyskaping av etternamn var vanleg.

Den mest omfattande undersøkinga gjort på etternamnsval i parforhold i Noreg, vart gjennomført av SSB i 2003 som del av ei større landsomfattande undersøking. Denne heitte *Fremtidsplaner, familie og samliv*. Dei fekk inn svar frå 6317 personar mellom 20 og 47 år på eit skriftleg spørjeskjema. Sambuarar fekk høve til å ta partnaren sitt etternamn fyrst i 2003, så sambuarskap var ikkje inkludert.

<b>Gift (ugift)</b>	<b>Inga endring</b>	<b>Partnars som etternamn, eige som mellomnamn</b>	<b>Berre partnar sitt etternamn</b>	<b>Nytt felles etternamn</b>	<b>Veit ikkje</b>
<b>Menn</b>	93% (82%)	3% (5%)	3% (1%)	1% (<1%)	(11%)
<b>Kvinner</b>	20% (28%)	46% (38%)	34% (17%)	0,3% (<1%)	(16%)

TABELL 16: OVERSIKT OVER ETTERNAMNSVAL FRÅ 2003. FRAMTIDSPLANAR I PARENTES.

Nesten alle mennene, 93%, heldt på oppvekstnamna sine. I underkant av 1% tok eit nytt etternamn som begge delte, medan dei resterande 6% tok kona sitt etternamn, halvparten med og halvparten utan oppvekstnamnet som mellomnamn. Bildet for kvinner sine namneval var meir variert. Her var det ein av fem, 20%, som heldt på oppvekstnamnet. Den største gruppa var kvinner som bytte til mannen sitt oppvekstnamn, men heldt på sitt eige oppvekstnamn som mellomnamn. Det gjorde nesten halvparten, 46%. Den siste gruppa, 34%, bytte til mannen sitt etternamn utan å halde på sitt eige som mellomnamn. Svært få valte andre alternativ. Majoriteten av menn heldt på oppvekstnamnet, medan ei relativt lita gruppe blant kvinnene gjorde

det same. Tilsvarande valde den største gruppa av kvinner å ta partnaren sitt oppvekstnamn med sitt eige som mellomnamn. Det gjorde få menn.

Framtidsplanane er mindre konservative enn dei gjennomførte tala. Det kan handle om at desse individua ikkje var gift i 2003, og dermed yngre enn dei som gifta seg mellom 1980 og 2003. Det kan også handle om at dei enno ikkje hadde møtt dei kulturelle forventingane knytt til valet, eller at dei ikkje hadde hatt desse samtalane med ein partnar enno. Det kan såleis handle om skilnad på ideal og praksis.

I undersøkinga var det vidare høve til å svare at dei ikkje veit kva dei vil velje. Dette kryssa 11% av mennene av for, og 16% av kvinnene. I gjennomgangen av desse tala gjer sosiologane Turid Noack og Kenneth Aarskaug Wiik eit poeng av skilnaden på kor mange kvinner og kor mange menn som ikkje veit kva dei vil gjere. Noack og Wiik tolkar dette som at fleire kvinner enn menn tenker på etternamnet i ekteskapet før dei giftar seg (2005:8). I denne samanhengen er det interessant at også ei betydeleg gruppe med menn var uvisse på vala sine. Ein kan tenke seg at dei var usikre i utgangspunktet. Samstundes kan det også tenkast at møtet med spørsmålet i undersøkinga, i seg sjølv opna for å tenke på temaet. Bakgrunnen for uvissa kunne vere ulik for menn og kvinner, der kvinner var uvisse i utgangspunktet, medan menn var uvisse fordi dei ikkje hadde tenkt på det enno.

	Faren sitt	Mora sitt	Begge, farens sitt sist	Begge, mora sitt sist	Forskjellig mellan søskene	Anna/ veit ikkje
<b>Menn</b>	39%	1%	37%	5%	3%	15%
<b>Kvinner</b>	25%	2%	42%	7%	2%	22%

TABELL 17: OVERSIKT OVER HALDNING TIL BARN SINE ETTERNAMN I 2003.

SSB-undersøkinga inkluderte vidare spørsmål om namn på barn. Både menn og kvinner meinte at barn burde ha etternamn både frå far og mor, men med faren sitt etternamn som hovudnamn. Den nest største gruppa hos både menn og kvinner meinte at barna burde ha faren sitt som sitt einaste etternamn (Wiik 2005).

Wikstrøm undersøkte etternamnsendring meir generelt, men fann også ein sterk samanheng mellom ekteskap og etternamnsendring. Denne samanhengen var ulik for menn og kvinner. 44,6% av kvinnene og 4,8 % av mennene som var gift i hennar undersøking, hadde endra etternavn (2012:260). I 2016 fekk namnegranskaren Ivar Utne gjennomført ei mindre undersøking der personalet på eit folkeregister over ein kort periode talte opp og registrerte typar av søknadar om etternamnsendring. Denne undersøkinga kan tyde på at tilhøva likna på tilhøva i 2003, ikkje minst for menn sine etternamnsval. Om lag 40% av kvinner i faste forhold, både gifte og sambuarar, tok mannen sitt oppvekstnamn, men om ein berre tok med dei som var gift, kunne det sjå ut til at om lag 80% av kvinnene byter. 2016-tala kunne også tyde på at om lag 1% av mennene tar kona sitt etternavn som etternavn, og 6% tar det som mellomnamn (Utne sitert hos Myking og Schjerpen 2017). Rundt desse tala er det usikkerheit, og dei står att å bli grundigare analysert, men styrkar forståinga av at det framleis er systematiske skilnader mellom menn og kvinner sine etternamnsval.

#### 4.2 OMFANG I 2018 I NOREG

Fordi det mangla ei nyare oversikt over omfanget fekk eg gjennomført ei kvantitativ undersøking hausten 2018. Føremålet med undersøkinga var å skape eit talmateriale som kunne skildre tilstanden. Som i dei tidlegare undersøkingane, har eg tatt utgangspunkt i menn og kvinner sine handlingar. Undersøkinga viser at etternamnsendring i parforhold i hovudsak blir gjort i ekteskap, og i liten grad i sambuarskap. Av menn med sambuarskapserfaring var det 2%,<sup>61</sup> og av kvinner var det 1%, som endra på namnet sitt. Tilsvarande for ekteskap var 12% av mennene som gjorde endringar, og 59% av kvinnene. Resten gjorde inga endring.

---

<sup>61</sup> Prosenttala er basert på vekta tal, som sagt «basert på kva de respektive målgruppene skal utgjøre i et normalt representativt befolkningutsvalg 18 år og eldre» (Eidsvik 2018:2). Vekta tal for deltakarar i undersøkinga er 409 menn og 186 kvinner. Absolutte tal er 415 menn og 172 kvinner. Feilmarginar for kvinnene innanfor eit konfidensintervall på 95% i utvalet, ligg på mellom 3,2 og 7,5 prosentpoeng opp og ned, medan feilmarginane for menn i utvalet ligg på mellom 2,1 og 4,8 prosentpoeng. Feilmarginane er størst der det er ei 50/50 fordeling blant svaralternativa, og minst der nesten alle har svara det same (Eidsvik 2019).

	<b>Gift</b>	<b>Sambuar</b>
<b>Menn</b>	12%	2%
<b>Kvinner</b>	59%	1%

TABELL 18: TAL PÅ ENDRING I PARFORHOLD I 2018.

Desse endringane inkluderer alle formar for endring. Dei som har endra i sambuarskap er slått saman med dei som endra i ekteskap, i oversikten over kva slags endringar som er gjort. Eg har valt å skilje mellom tre hovudgrupper innanfor kvar kjønnskategori.



TABELL 19: OVERSIKT OVER KOR MANGE SOM HELD PÅ, SLÅR SAMAN, OG BYTER ETTERNAMN I 2018.<sup>62</sup>

Den første gruppa er dei som heldt på oppvekstnamnet som etternamn, med eller utan partnaren sitt som mellomnamn. Den andre gruppa er dei som har kombinert oppvekstnamnet med partnaren sitt oppvekstnamn, for slik å inkludere begge på lik line. Den einaste måten dette kan gjerast på etter den norske namnelova, er ved bruk

<sup>62</sup> Oversikta inkluderer ikkje talet på usikre (1,4% av mennene og 1,5% av kvinnene). Det blir altså ikkje fullt 100% om ein reknar dei saman, også på grunn av forkorting av desimalar. Foto: Røros museum/www.digitalmuseum.no (Anders A. og Ane Lisabeth Odden, vigsla i 1910 (CC PDM)).

av bindestrek.<sup>63</sup> Den siste gruppa av etternamnsval besto av dei som endra til partnaren sitt etternamn, med eller utan sitt opphavlege som mellomnamn. Blant mennene held 91,2% på oppvekstnamnet, med eller utan partnaren sitt som mellomnamn. 4,2% nytta partnaren sitt oppvekstnamn, med eller utan eige oppvekstnamn som mellomnamn. 2,2% nytta bindestrek. Blant kvinner held 47,2% på oppvekstnamnet, med eller utan partnaren sitt som mellomnamn. 46,6% nytta partnaren sitt som etternamn, med eller utan sitt opphavlege etternamn som mellomnamn. 1,5% nytta bindestrek. Både blant kvinner og menn var det ei lita gruppe som var usikre eller som ikkje svara på spørsmålet. Det er verdt å merke seg at blant dei norske mennene og kvinnene, var det liten skilnad i bruken av bindestreksnamn, medan bindestreken i til dømes USA og Israel, kan sjå ut til å fungere som ein måte kvinner kunne halde på oppvekstnamnet i tillegg til ektemannen sitt. Menn ser der ikkje ut til å nytte bindestreken i særleg grad (Carter og Duncan 2018; Mills 2003:95; Rom og Benjamin 2011:172).

<b>Form for handling</b>	<b>Kvinner</b>	<b>Menn</b>
Heldt på oppvekstnamnet, heilt utan endring	41%	87%
Bytta heilt til partnaren sitt oppvekstnamn	26,5%	1,8%
Tok partnaren sitt namn som eige mellomnamn	6,2%	4,2%
Bytta. Heldt på eige namn som mellomnamn	20,1%	2,4%
Bindestrek	1,5%	2,2%
Anna/veit ikkje	4,7%	2,4%
<b>Totalt</b>	<b>100%</b>	<b>100%</b>

TABELL 20: OVERSIKT OVER TYPE ENDRINGAR FOR MENN OG KVINNER.

Etter den nyaste namnelova kan partnar sitt etternamn inkluderast på ulike måtar. Det kan leggast inn som mellomnamn, det kan bli nytt etternamn, eller slåast saman med oppvekstnamnet ved hjelp av bindestrek. Tabellen over viser fordelinga av handlingane sett opp mot alle dei spurte i undersøkinga. Medan ein av fire kvinner

---

<sup>63</sup> Det var fleire blant meddelarane som nytta eige eller partnar sitt som mellomnamn, med intensjon om å bruke begge på lik line, men med vekslande hell i møtet med tannlegekontor og skulesystem. I oversikta mi her er det likevel berre dei som svara at dei kombinerte med bindestrek som er inkludert i denne gruppa.

bytte heilt til partnaren sitt etternamn, var det under 2% av mennene som bytta heilt til partnaren sitt etternamn. Sjølv om det prosentvis var fleire kvinner som tok inn partnaren sitt etternamn som mellomnamn enn menn, var gruppa med menn som nytta partnaren sitt etternamn som mellomnamn det valet dei fleste mannlige bytarane nytta seg av.

Mennene som gjorde endringar, gjorde det på 2000-talet, og utanom to som endra i 2002, vart alle endringane gjort etter innføringa av den nyaste namnelova i 2003, og fram til og med 2018. Blant kvinnene var det fleire som endra namn på 1990-talet, og dei fordele seg jamt over heile perioden frå 1996 til 2018.

Undersøkinga inkluderte også spørsmål om framtidige etternamnsval til dei som ikkje hadde vore i langvarig parforhold. Både fleirtalet blant mennene og blant kvinnene meinte at dei kom til å halde på namnet akkurat som det var. Blant mennene gjaldt dette 81%, og blant kvinnene 64%. Nokre såg likevel for seg å gjere endringar. Det gjaldt 2% av mennene, og 21% av kvinnene. Ei vesentleg gruppe var usikre eller hadde ikkje svara på dette. Det gjaldt 17% av mennene og 15% av kvinnene.

	<b>Uendra namn</b>	<b>Endra namn</b>	<b>Usikker/ikkje svart</b>
Menn	81%	2%	17%
Kvinner	64%	21%	15%

TABELL 21: FRAMTIDIGE NAMNEVAL I 2018.

Undersøkinga inkluderte i tillegg spørsmål om haldning til etternamn på barn. Her skilde ikkje undersøkinga mellom fødde barn, planlagde barn eller generelle haldningars til kva barn burde heite. Svara kan dermed forståast som illustrasjon av rådande normer. Blant mennene var det over halvparten, 52%, som meinte barna burde få begge foreldra sine etternamn. Av andre val var det faren sitt etternamn som hadde forrang. 21% meinte at barna burde få berre faren sitt etternamn, medan 2% meinte barna burde få berre mora sitt. For 4% var det aktuelt å ha ulike etternamn på søskjen, og 5% såg for seg andre alternativ. Blant kvinnene var det 68% som meinte barna burde ha begge foreldra sine etternamn. Som hos mennene var

det fleire kvinner som meinte barna burde ha berre faren sitt etternamn (12%) enn det var kvinner som meinte barna berre burde ha mora sitt etternamn (3%). Nokre få meinte søsknen burde ha ulike namn (4%), og andre val var det 5% som svara.

	Begge	Faren sitt	Mora sitt	Ulik for søsknen	Anna	Usikker/ikkje svart
Menn	52%	21%	2%	4%	5%	16%
Kvinner	68%	12%	3%	4%	5%	8%

TABELL 22: HALDNINGAR TIL ETTERNAMN FOR BARN.

Dei som svara at dei ønskete å bruke begge sine oppvekstnamn på barna, vart spurt om rekkefølga, og om det var aktuelt med bindestrek. Hos 65% av mennene spelte ikkje rekkefølga nokon rolle. Blant resten meinte den største gruppa, 28%, at barna burde ha faren sitt etternamn som siste namn, medan svært få meinte barna burde ha mora sitt sist (3%). Blant kvinnene var gruppa som meinte rekkefølga ikkje spelte nokon rolle, større enn hos mennene, med 74%. Blant resten meinte den største gruppa, 14%, at barna burde ha faren sitt etternamn sist, medan 9% meinte mora sitt etternamn skulle vere sist. Faren sitt etternamn hadde forrang, også her, sjølv om langt fleire kvinner enn menn såg for seg at barna hadde mødre sine etternamn.

	Inga rolle	Faren sitt sist	Mora sitt sist	Usikker/Ikkje svart
Menn	65%	28%	3%	3%
Kvinner	74%	14%	9%	4%

TABELL 23: HALDNINGAR TIL REKKEFØLGJE PÅ ETTERNAMN FOR BARN.

Bindestreksnamn var få begeistra for. To av tre menn, 66%, meinte namnet til barna skulle vere utan bindestrek, medan 7% var positive til bindestrek. I tillegg var det ei stor gruppe som var uavklart (26%). Kvinnene var på linje med mennene. Dei aller fleste, 70%, ønskete ikkje bindestrek, medan 8% var positive. Også blant kvinnene var det ein del, 22%, som ikkje hadde nokon mening. Prosenttalet på individ som var positive til bruk av bindestrek, samsvarer med prosenttalet på nyfødde barn som får bindestreksnamn. I 2019 fekk 8% bindestreksnamn, og 53,2% fekk mellomnamn i tillegg til etternamnet (Olsen 2020). Det kan tyde på at haldning til etternamnet er

endra i favør av å bruke namna frå både mor og far, sidan berre om lag 18% hadde mellomnamn i Noreg i år 2000 (Ot.prp.nr.31 2001-2002:11).

	<b>Bindestrek</b>	<b>Ikkje bindestrek</b>	<b>Usikker/ikkje svart</b>
<b>Menn</b>	7%	66%	26%
<b>Kvinner</b>	8%	70%	22%

TABELL 24: HALDNINGAR TIL BINDESTREKSNAMN FOR BARN.

#### 4.3 INTERNASJONALE TAL

Dei norske tala liknar i stor grad på tilsvarende tal frå andre delar av Europa og Nord-Amerika der patronymi råder.<sup>64</sup> Menn held i stor grad på oppvekstnamnet. Fleirtalet av kvinner byter, men nokre held på sitt, og barna får oftast faren sitt.

I ei svensk undersøking frå Uppsala gjennomført i 2002 delte 90% etternamn, medan berre 10% av para hadde kvar sine etternamn (Entzenberg 2004:38). 74% av para nytta mannen sitt oppvekstnamn, medan 12% nytta kvinnen sitt oppvekstnamn. Berre 4% tok eit heilt nytt etternamn (*ibid.*:39). Uppsala er ein universitetsby, og desse tala treng difor ikkje vere representative for resten av Sverige. På Færøyene heldt 23,5% av kvinnene på oppvekstnamnet i ekteskap, medan 73,4% av kvinnene bytte til mannen sitt i perioden 1992-2004. Berre 1% av mennene tok kona sitt oppvekstnamn (Johansen hos Brylla 2009:94). I Finland bytte i overkant av 90% av kvinnene til ektemannen sitt oppvekstnamn i perioden 1986-1993 (Brylla 2009:111), og to av tre par handla patronymisk i 2012, medan 92% av barna fødd i 2008 fekk fedrane sine etternamn (Castrén 2019:249).

---

<sup>64</sup> Patronymi er rådande i store delar av den euroamerikanske kultursfæren, utanom Spania, Portugal og dei latinamerikanske landa (Utne 2000). I Spania og Portugal har det vanlege vore at kvinner og menn held på oppvekstnamna når dei giftar seg, medan barna får begge etternamna. Kvinnene sine etternamn går gjerne bort i neste generasjon sidan det oftast er etternamnet frå faren som går vidare når barna får eigne barn. Det som blir kalla spansk etternamnspraksis i nokre latinamerikanske land, kan skilje seg ut frå praksisen i Spania, gjennom at det har vore vanlegare at kvinner i vigselen byter ut mora sitt farsnamn med ektemannen sitt farsnamn, eller legg til mannen sitt farsnamn med 'de' eller tilsvarende framom som viser kven ho høyrer til. For ein enkel oversikt over etternamnspraksisar i andre delar av verda, sjå Ivar Utne (2000), og for ei samanlikning mellom europeiske praksisar sjå Valérie Feschet (2009).

Ei undersøking av namneval innanfor EU viser at i dei aller fleste landa, har mannen sitt etternamn blitt brukt av begge to i ekteskapet. I nokre land er det ikkje høve til å gje barna mora sitt etternamn (Valetas 2001:1). Ein tendens kunne anast i retning bruk av både kvinnen og mannen sine oppvekstnamn for kvinner, medan det ikkje ser ut til å vere tilsvarende tendensar for menn (ibid.). Blant jødiske kvinner som gifta seg i Israel mellom 1996 og 2010, heldt 1,6% på oppvekstnamnet, medan 17,3% kombinerte etternamn på ulike vis, og dermed heitte noko anna enn partnaren sin (Rom og Benjamin 2011:22). Samstundes var det også ei lita gruppe med menn som endra etternamn, i underkant av 2000 menn årleg blant dei om lag 50 000 som gifta seg. Det ser Rom og Benjamin som indikator på nye trendar (ibid.:24).

Tal frå USA, seier at om lag 90% av amerikanske kvinner endrar etternamn i ekteskap (Brightman 1994:9). Menn sine namneval kan ikkje lesast ut av tala, og fokus har vore på kvinner. Symptomatisk nok har ei undersøking basert på tal frå 2004 konkludert med at 93,6% av kvinnene endra etternamn til mannen sitt ved å ta for gitt at alle par som deler etternamn gjer det fordi kvinnen har endra (Gooding og Kreider 2010). Sjølv om det sannsynlegvis inkluderer få mannlege bytarar, er valet deira gjort usynleg. Undersøkinga inkluderer såleis dei kanskje mest kontroversielle blant dei mest konvensjonelle. At det er mogleg å gjere denne fordelinga, viser at det er såpass uvanleg at menn tar kona sitt etternamn at dei ikkje blir sett som viktige å skilje ut. Nyleg fann likevel ei amerikansk undersøking at 3% av mennene hadde gjort uvanlege etternamnsval i siste ekteskap (Shafer og Christensen 2018:9), medan ei anna meiner det gjeld om lag 5% (Slade 2015:337). Eit skifte i akademisk interesse for mannleg etternamnsendring kan anast, og det er denne avhandlinga ein del av.

#### 4.4 OPPSUMMERING

Tala frå undersøkinga mi teiknar eit bilet av etternamnsendring i parforhold som peikar det ut som tilhøyrande ekteskapet og ikkje sambuarskapet. Vidare er det klare tendensar til at menn held på oppvekstnamnet medan kvinner endrar. Også når det gjeld rekkefølga på etternamna og etternamn på barna, er det ei tydeleg prioritering

av mannen sine etternamn framfor kvinna sine. Bindestreken som opnar for likestilling av etternamna var få begeistra for.

Det ser ut til å ha skjedd ei utvikling i retning mindre skilnad mellom kvinner og menn sine val, men med ei større rørsle hos kvinner enn hos menn. Samanlikna med talmateriale frå andre land der patronymi råder, ser det ut til at tala liknar, men at fleire norske kvinner og menn bryt med norma enn i dei andre landa. Likevel er det enno slik at menn sine etternamn står fast i større grad enn kvinner sine, og at barna i større grad er forventa å få faren sitt etternamn enn mora sitt. Sjølv om bruken av to etternamn, og dermed eit frå kvar av dei to i parforholdet, er vanlegare enn før, ser kvinna sitt oppvekstnamn ut til oftare å hamne i mellomnamnsposisjonen.

## 5. «Arv og kjærlighet». Om familien i etternamnet

Etternamnsvala eg ser på, skjer i parforhold og bidrar i skapinga av *kjernefamilien*.

Vidare seier namna til mennene noko om familien og slekta dei vaks opp i, *oppahavsfamilien*. I dette kapittelet, tar eg for meg forteljingar om familien som blir skapa av mennene og partnarane deira og om familien som har skapt mennene.

Føremålet med kapittelet er å få svar på følgande spørsmål: Korleis speler etternamna inn i skapinga av kjernefamilien? Korleis forstår mennene relasjonar mellom seg sjølv, etternamnet og oppahavsfamilien? Kva skjer når forventingar og ønsker frå oppahavsfamilien og kjernefamilien ikkje er samanfallande?

Familie inngår i mennene sine etternamnsforteljingar på ulike måtar. Eg byrjar med ein kort diskusjon av omgrepa eg nyttar, før eg går over til å vise tre sentrale tema i forteljingane til mennene som har med kjernefamilien å gjere. Det første handlar om korleis etternamnsending inngjekk som ein måte å skilje mellom ekteskap og sambuarskap på for mennene. Det neste tar for seg korleis deling av etternamn med partnaren var med på å skape eit nytt fellesskap og samanheng å inngå i. Det tredje, inkluderer refleksjonar rundt kva som kan skje med etternamnet ved ei eventuell skilsmisses. Forteljingane viser korleis etternamnspraksisane inngjekk i visse skript for korleis kjernefamilien kunne gjerast. Dei neste tre sentrale temaene innanfor familiematematikken, handlar om oppahavsfamilien. I det første, tar eg for meg korleis tidlegare generasjonar inngjekk i forteljingane. Det andre temaet, inkluderer forteljingar om ei av dei sentrale grunngjevingane som mange av bytarane kom med, nemleg at partnaren sitt etternamn kunne stå i fare for å døy ut. Her skifta fokuset over til kvenna si slekt. Det tredje temaet handlar om konflikt mellom nokre av mennene som endra etternamn og oppahavsfamilien deira. Til sist skildrar eg korleis mennene kunne oppleve å stå mellom oppahavsfamilien og kjernefamilien, og eg nyttar det til å forstå korleis dei to formene for familie blir gjort, også gjennom etternamnspraksisar.

## 5.1 OPPHAVSFAMILIE, KJERNEFAMILIE, REIN RELASJON, RETT OG PLIKT

Eg støtter meg mellom anna på antropologisk slektskapsforskning, der familien blir forstått som relasjonar som regulerer rettar og pliktar mellom individ, til dømes knytt til eidegom og etternamn (i tråd med t.d. Murdock 1949:15; Needham 2013[1971]:3f). Opphavsfamilien knytte ein til andre individ gjennom avstamming via mansledd, kvinneledd, eller gjennom både kvinneledd og mansledd (Murdock 1949:15). I Noreg kan slekta reknast gjennom begge ledd, men som den patronymiske namnepraksisen tilseier, blir den mannlege linja favorisert. Denne favorisering var lovfesta fram til 1980 (jf. Eriksen og Frøshaug 1998:120).

Kjernefamilien har gjerne blitt oppfatta som ein mann, ei kvinne, og deira felles barn (jf. Murdock 1949:1; Radcliffe-Brown 1941:2).<sup>65</sup> Definisjonen står framleis ved lag som det mange ser for seg når dei tenker på kva ein familie er. Den sentrale posisjonen kjernefamilien har fått, er synleg i formuleringar som at den er «samfunnets aller minste celle» (Sogner 1990:10). Mange lever i kjernefamiliar (Hagström 1999:81), anten som gift eller som sambuarar. Dei fleste barn blir fødd og veks opp i toforeldrefamiliar, medan om lag kvart tredje barn vil leve i familie med berre ein voksen ein eller fleire gonger i livet (Brandt og Moxnes 1996:7). Kjernefamiliar kan også variere. Til dømes kan genetisk og sosialt foreldreskap forhandlast om, og defineraast på ulike måtar, i donor- og adoptivfamiliar (Fjell 2003). Vidare er det mange som skil seg ut frå den tokjønna kjernefamilien ved til dømes å leve saman med andre tilhøyrande same kjønnskategori, eller ved å bu aleine (jf. Hellesund 2011).<sup>66</sup>

---

<sup>65</sup> Familien forstått som kjernefamilien har vore sentral i mange undersøkingar av likestilling og mannlegheit (t.d. Aarseth 2011; Brandt og Kvande 1996; Haavind 1984; Hagström 1999; Kullberg 2003; Kvande, Bungum og Brandth 2005; Lorentzen 2012). Bakteppet er utviklinga der kvinner i større grad deltar i arbeidslivet medan menn ikkje har deltatt i skapinga av familien og heimen i same grad. Kvinner sine liv i heim og familie har blitt undersøkt, og etter kvart har menn sine liv i heimen og med familien blitt undersøkt i tillegg.

<sup>66</sup> Definisjonen har svakheiter. Ein svakheit er den heteronormative forventinga. Ein annan at barn ikkje alltid er del av kjernefamilien (enno eller nokon gong), eller kan vere unnfanga på ulike vis. Ei

Kjernefamilien som cellene samfunnet er bygd opp av, og familien meir generelt som regulator for rettar og plikter, viser til stabilitet utanfor dei enkelte individua som inngår som bindemiddel i kjernefamilien. Det kan dermed stå i eit spenningsforhold til idear om reine relasjonar definert av sosiologen Anthony Giddens:

[P]ure relationship [...] refers to a situation where a social relation is entered into for its own sake, for what can be derived by each person from a sustained association with another; and which is continued only in so far as it is thought by both parties to deliver enough satisfactions for each individual to stay within it (1992:58).

Grunnlaget for å inngå i, og halde fram med, denne relasjonen ligg hos individua, ikkje i utanforliggende faktorar. I parforholdet kan det seiast at dette handlar om idealet om romantisk kjærleik. Intime relasjonar i form av kjærleiksforhold ser ut til å vere svært sentrale: «Det normala, riktiga, rätta och lyckade livet, lär vi oss, är att leva i ett förhållande byggt på just romantisk kärlek», oppsummerar Nordin (2007:18). Den romantiske kjærleiken som grunnlag for kjernefamilien og parforholdet, har røter til 1800-talets borgarlege familieideal. Der det før handla om arv, forholdet mellom slekter, eller høve til å sørge for livets opphald, skulle parforholdet no vere basert på kjærleiken mellom dei to. Kjærleksekteskapet kan slik seiast å ha fortrengt pliktekteskapet (Beck 1997:139).

Etternamnsval for mennene rører seg i landskapet mellom desse to forståingane av relasjonar: Den eine der det følgjer med plikter og rettar, særleg synleg i diskusjonen av forholdet mellom etternamnet og opphavsfamilien, og den andre der relasjonen mellom dei to i parforholdet varer så lenge dei to sjølve ønsker det.

---

tredje svakheit er den naturvitenskaplege og positivistiske tenkemåten som ligg bak ein slik måte å omtale kjernefamilien på.

## 5.2 SAMBUARSKAP, EKTESKAP, FELLESSKAP

Tidlegare betydd vigselen at ein kunne flytte saman og starte ein ny kjernefamilie, men etter at konkubinatparagrafen som forbaud sambuarskap vart oppheva i Noreg i 1972, har det vore mogleg å bu saman lovleg utan å gifte seg. Ei undersøking frå 2007 viste at 80% av dei som var fødd mellom 1950 og 1984, og som giftar seg i Noreg hadde vore sambuarar på førehand. Blant dei som var fødd mellom 1980 og 1984, var 92% sambuarar på førehand (Dommermuth, Wiik og Noack 2009:14). Utan at eg spurte om sambuarskap, var det ein god del av mennene som endra etternamn som omtala det, eller som hadde fått barn før ekteskapet med same kvinne som dei no var gifte med. Namneendring i sambuarskap kom likevel sjeldan opp. Ein meddelar var ein av svært få som endra etternamn utan å vere gift: «Samboeren min og jeg har ikke hatt ønske om giftemål, men jeg ville at familien vår skulle ha et felles navn» (fødd 1979:152), skreiv han, og skilde dermed mellom sivilstatus og familie. Namnet var for han knytt til familien, og ikkje til sivilstatusen. Endringa vart separert frå vigslinga ved bruk av ordet «men». Hadde etternamnsendringa vore heilt separat frå ekteskapet, hadde det ikkje vore naudsynt å grunngje etternamnsendringa ved å setje saman dei to ønska slik – dei ville ikkje gifte seg, *men* han ville at dei skulle dele etternamn. Ordet «men» viser til brot med eit forventa skript der det er samanheng mellom ekteskap og etternamnsendring, samstundes som ønsket hans om å dele etternamn med partnaren og barn gjer at sambuarskapet liknar ekteskapet i namngjevinga av familien. Ved hjelp av «men» viste han til kjennskap til skriptet, og forklarte brotet med det. Her kjem skriptet til syne i forteljinga hans, samstundes som det er med på å påverke handlinga hans. Eit skript om å dele etternamn i kjernefamilien, opnar her for å endre namn i sambuarskap.

Ein annan sambuande mann som sjølv heldt på oppvekstnamnet skildra også etternamnsendring i samanheng med sivilstatus: «Jeg har mitt etternavn. Vi er ikke gift, så min samboer har sitt etternavn» (NEG44459 fødd 1956). Hadde dei vore gift, «så» hadde det vore naturleg at ho hadde tatt hans (han nemnde ikkje høve til eige etternamnsendring), men det skjedde ikkje fordi dei var sambuarar. Begge sitata

fungerer som indeksar som viser til skript ved å peike på forventa samanhengar mellom hendingar. Dei to ulike hendingane – endring og ikkje-endring – vart sett i samanheng med ekteskapet som mennene posisjonerte seg i forhold til. Eit skript der kvinneleg etternamnsendring følgde av ekteskap, kunne også bidra til at ønske om å halde på oppvekstnamnet gjorde det mindre attraktivt for kvinner å gifte seg. Som hos meddelaren over vart statusen «gift» sett saman med handlinga «etternamnsendring». Her er det ikkje brot mellom status og handling. Skriptet seier at sambuarar held på oppvekstnamnet, også kvinnene.

For kvinner, kan endring til mannen sitt oppvekstnamn, fungere som symbol på at ein var blitt gift. Denne måten å kommunisere sivilstatusen på, kunne vere ein viktig motivasjon for å bytte etternamn (Fjellhaug 1998:85f; Keels og Powers 2013:305). Dette behovet kan ha vore sterkare for kvinner tidlegare, fordi kvinner sin status og dermed plikter og rettar, har vore tett knytt til sivilstatus. Men behovet for å kunne vise samhaldet mellom dei to, kom også fram hos nokre menn. Etternamnet fungerte som symbol for andre, om relasjonen mellom mannen og kvinna i forholdet. Meddelaren Vikse, opplevde det som om namnefellesskapen gjorde noko med trongen til å kommunisere sivilstatusen sin, og fellesskapet med kona til andre:

Vikse: [N]o føler eg at vi liksom har blitt føydd saman, vi har vore ordentleg gift heile vegen, men nå føler eg at vi er saman på ein litt annan måte enn... Viss du skjøner kva eg meiner... Det er litt sånn...

Eg: At det er noko anngleis, likevel...?

Vikse: Ja, det *er* litt anngleis, fordi vi har det felles. Så lenge vi hadde kvart vårt namn, så hadde eg kanskje større behov for å understreke at vi er gift. Ja, hadde vi hatt same etternamn så hadde det ikkje vore noko å lure på, ikkje sant? Så viss vi var for eksempel i eit selskap og folk helsa på oss, ikkje sant, så ville det ikkje vore naturleg nødvendigvis når vi hadde kvart vårt namn, då, å tenke at ‘å ja, dei..’ at folk må spørje, ‘er de gift?’ (fødd 1974:101).

Felles etternamn gjorde noko med kjensla av fellesskap mellom dei to, men det fungerte også som signal til andre om samhøyrsla dei to i mellom. For mange, hadde vigselen skifta tyding frå å fungere som eit løfte om eit livslangt samhald, til ei feiring av eit samhald utvikla før vigselen. Vigselen kan forståast som ei overgangsrite. Namnebytet blir såleis eit symbol på endring. Sambuarskapet gjorde at relasjonen mellom dei to kunne vekse fram, medan namneendringa høyrde saman med endring av sivilstatus for dei fleste meddelarane. 50 av dei 60 som svara på e-postspørjelista, endra etternamnet ved vigselen. Slik kan det hevdast at for nokre av mennene, har sambuarskapet inntatt rolla som forloving har hatt før, antyda også i anna forsking (jf. Ellingsæter 2018:266; Furstenberg 2011:205).

Endring av namn, kunne handle om å markere vigselen som noko eige utover samlivet i sambuarskapet. Meddelaren Solhjell tok kona sitt namn då dei gifta seg i 2005 fordi han «synes det er et fint symbol å ta samme etternavn. Da kona og jeg flyttet sammen, var det fordi det var praktisk, vi sparte husleie, og da vi så skulle gifte oss ønsket vi å markere det litt» (fødd 1980:159). Det låg noko forpliktande i namneendringa, som meddelaren Nesje skildra det: «Det ligger litt satsing på forholdet også i et navnebytte. For meg så er det en større forpliktelse i det overfor min kone enn løftet i kirken» (fødd 1962:35). Namneendringa forsterka tydinga vigselen hadde for parforholdet, samstundes som det var ei sjølvstendig handling, separat frå vigslingsseremonien. Vigselen skjedde ein gong, medan namnet vart brukt dagleg. Ved å endre etternamn, gjorde Nesje noko som kan forståast som endring av identiteten sin. I det låg eit løfte om framhald og varighet, og felles etternamn kunne fungere som bekrefting på kjenslene overfor den andre i forholdet.

Giddens sine reine relasjoner er basert på kjensler for kvarandre som stadig må bekreftast. Relasjonane må slik sett *gjerast*. Deling av namn er ein måte å gjere kjærleiksrelasjonen på. Det kan vidare seiast at: «[k]jærighetsekteskapet er det risikable ekteskapet» (Beck 1997:140, kursiv i original). Bruken av felles etternamn kan spele inn som ein måte å redusere denne risikoen på, ved å etablere band som

knyt det enkelte individet sin identitet saman med den andre. Slike band gir ei kjensle av at deltarane lovar seg til familien på måtar som ikkje så lett kan brytast seinare. For meddelaren Jørve og kona var bruken av same etternamn ein måte å markere «kjærlighetsunionen vi skulle inngå» (fødd 1975:112). Å dele etternamn knyter ein saman gjennom å vere villig til sjølv å endre seg, medan bruken av kvar sine etternamn for nokre hundreår sidan, knytte paret saman gjennom plikta og retten mannen og kvinna hadde som representantar for dei to slektene. Å tenke om seg sjølv som del av eit parforhold og ein kjernefamilie, forpliktar den enkelte til å halde fram med å vere i parforholdet og kjernefamilien. Ved felles etternamn, bind meddelarane seg til relasjonen og partnaren på ein synleg måte:

To generate commitment and develop a shared history, an individual must give of herself to the other. That is, she must provide, in word and deed, some kind of guarantee to the other that the relationship can be sustained for an indefinite period (Giddens 1992:137).

Frivillig namneendring inngår i dette. Intimiteten i den tette relasjonen parforholdet vart basert på, skildrar Giddens som dels definert av rettar og plikter (1992:190). Den reine relasjonen, inkluderer mellom anna juridiske rettigheter, som retten til å halde på eller endre etternamn. Det inneber gjensidighet, og felles ansvar for at begge får oppfylt rettane sine (ibid.:191). Då kvinner fekk etternamnet til mannen automatisk ved vigselen, handla det om plikt, ikkje om sjølv å forplikte seg til å oppretthalde relasjonen mellom dei to. Då var det ikkje for å gå «all in» i ekteskapet som ein kvinneleg bytar uttala til *Aftenposten* i 2015 (jamfør mediedebatten i kapittel 1).

Sosiologen Lynn Jamieson (1999) kritiserer konseptet om reine relasjoner der paret er bunden saman gjennom kjærleik til kvarandre og kjensler av gjensidig tillit og openheit, utan at andre faktorar eller strukturar støttar opp under parforholdet. Eit slikt forhold fordrar gjensidig anerkjenning og rettferd mellom partane (ibid.:477). Dette er eit ideal Jamieson ikkje kjerner att i forskingslitteraturen ho analyserer. Tvert om viser litteraturen at energi blir nytta til å skjule eller dekke over manglande

likestilling i heterofile forhold. Rettane og pliktene som legg grunnlaget for intimiteten i dei reine relasjonane, blir ikkje oppfylt. Likevel gir idelet om likestilling og reine relasjoner, krav om at det skal virke som dei er det. Sjølv om forståinga av familien handla om gjensidigkeit og fellesskap, har kvinnene vore ansvarlege for å få dette til å gå i hop (Robnett og Leaper 2013:110). Slik kan ein kanskje seie at kvinner sine refleksjonar rundt kva etternamn familien skal ha, kan sjåast som del av det emosjonelle arbeidet som kvinner gjer i parforhold og som menn i mindre grad har kjent på eller fått ansvar for.<sup>67</sup> Menn som endrar etternamn kan såleis sjåast som teikn på at fleire menn tar emosjonelt ansvar i heimen.

Jamieson meiner vidare at det ikkje er parforholdet, men kjernefamilien som står som det sentrale organiseringsprinsippet (ibid.:485). Parforholdet har ikkje lenger som funksjon å knytte slekter tettare saman, eller sørge for arbeid eller gardsdrift. Men det er heller ikkje berre driven av individua fordi den enkelte må ta omsyn til ulike samanhengar som ein er i. Samstundes inneber ei slik endring også ei form for plikt til å vere seg sjølv på visse måtar i visse samanhengar. Her kjem ansvarleggjering inn gjennom at dei ulike samanhengane mennene er i, kan opne for ulike forventingar. Til dømes kan forventingane og pliktene til ein vaksen son, vere annleis enn forventingane og pliktene til ein ektemann.

Om relasjonen er i fokus, og ekteskap og sambuarskap er likestilte samlivsformer, kan det argumenterast for at namneendring i parforhold bør vise til både ektepar og sambuarar (jf. Utne 2017). I så fall kan talet på kvinnelege og mannlege bytarar nærast halverast, sidan dei aller fleste held på oppvekstnamnet i sambuarskapet. Samstundes tilslører dette det som kom fram hos meddelarane, nemleg at namneendring er med på å gjere ekteskapet til noko anna og meir enn sambuarskapet. Som SSB si undersøking frå 2003 viste, endra kvinner etternamn ved

---

<sup>67</sup> Dette kan handle om omsorg for familien, gávekjøp, servering til gjester og kontakt med venner. Ein del av dette arbeidet inngår i «det tredje skiftet», altså det overordna ansvaret for å organisere familielivet. Det første og andre skiftet er lønnsarbeidet og det konkrete hus- og omsorgsarbeidet (sjå t.d. Smeby 2017).

vigsel i like stor grad, sjølv om dei hadde vore sambuarar i forkant (Noack og Wiik 2008:516). Sidan dei fleste har vore sambuarar før dei giftar seg, men ingen har vore sambuarar før dei inngjekk sambuarskap, inkluderer sambuarskapskategorien ulik grad av varigheit og plikt til å halde saman. Sjølv om den gjeldande namnelova likestiller visse formar for sambuarskap med ekteskap, viser namnevalspraksisane at dei to samlivsformene ikkje er likestilte i folk si førestillingsverd.

### 5.3 KJERNEFAMILIEN MED FELLES ETTERNAMN

Felles etternamn handla ikkje berre om å love seg sjølv til samlivet med den andre parten. Det kunne vel så mykje handle om å skulle skape noko nytt saman. Mennene hadde eit ideal om å leve saman i form av kjernefamiliar, gjerne med barn,<sup>68</sup> noko som stemmer med andre undersøkingar (Duncan, Ellingsæter og Carter 2019:10f). Fellesskap i kjernefamilien, var den viktigaste grunnen mennene hadde til å endre etternamn. Det hadde dei felles med kvinner som endra etternamn (Boxer og Gritsenko 2005:3; Fjellhaug 1998:83; Grønstad 2015:268; Keels og Powers 2013:304; Twenge 1997:425).

Fleire av meddelarane tok for gitt at ektepar deler etternamn. Dette gjaldt ikkje minst menn som sjølve heldt på oppvekstnamnet. Også andre undersøkingar viser at menn har tatt for gitt at kjernefamilien skal dele deira oppvekstnamn (Entzenberg 2004:39; Therkelsen 2012:72; Thwaites 2013:435). Idealt som menn og kvinner delte om felles etternamn i kjernefamilien, kombinert med forventinga om at menn held på oppvekstnamnet, var grunnleggande for alternativa kvinner har hatt. Som hos mange av dei finske para som sosiologen Anna-Maija Castrén intervjuja, var etternamnsval kvinna sitt ansvar, medan mennene sine etternamn sto fast (2019:256). Ein meddelar som kan stå som eksempel, skreiv: «I min lille familie har min hustru tatt mitt etternavn ved inngåelse av giftermålet. Mine barn bærer videre mitt etternavn»

---

<sup>68</sup> Det kan skuldast ein viss sjølvseleksjon basert på utgangspunktet for undersøkinga. Samstundes er det ein framheving av visse samlivsformer i det offentlege ordskiftet som blir reflektert hos mennene.

(NEG43971 fødd 1937). Sjølv om denne meddelaren hører til ein generasjon der menn var pålagde å halde på oppvekstnamnet, er ikkje denne måten å skildre etternamnet i kjernefamilien unik for dei. Deling av etternamn handla ikkje om å forplikte seg til forholdet, men om å bruke mannen sitt etternamn i kjernefamilien.

Det var ikkje sjølvsagt at det var mannen sitt etternamn som skulle brukast hos alle. Hos ein meddelar kom spørsmålet om etternamnsbruk opp tidleg i forholdet til ho som vart kona hans. Kona hadde bestemt seg for at ho ønskte å halde på det sjeldne og særprega etternamnet sitt. «Og så pratar ein jo mykje saman når ein er tidleg i forholdet» (Meddelar fødd rundt 1980:178). Å prate «mykje saman» i byrjinga av eit kjærleiksforhold kan sjåast som indeks på eit skript om skaping av intimitet i reine relasjonar, skildra av Giddens: «Intimacy is above all a matter of emotional communication, with others and with the self, in a context of interpersonal equality» (1992:130). Samtalane kunne inngå som del av etableringa av intimitet mellom dei to, og som ein måte å etablere dei som likestilte deltakarar i parforholdet. Dei diskuterte ulike namneløysingar, også å velje eit tredje etternamn som ikkje var hans eller hennar. Diskusjonane vart meir intense og hyppige då barn kom inn i bildet. Namngjeving av barn aktualiserte også her namneendring for dei vaksne.<sup>69</sup> Meddelaren hadde vore på eit foredrag om norsk etternamnhistorie, og hørt om ein av dei opphavlege funksjonane til etternamna i namnelova, nemleg å registrere innbyggjarane på ein einsretta måte, og «[d]et er ikkje der ein burde vere forankra, ikkje sant?» (fødd rundt 1980:183). Pålegg utanfrå om å dele etternamn på visse måtar ut frå registreringsføremål, var noko anna enn å vere saman om å skape kjernefamilien. Føremålet med diskusjonane var «at familien skulle ha felles, at vi

---

<sup>69</sup> Både blant tokjønna og samkjønna foreldre kunne eit felles etternamn i kjernefamilien vise forpliktning (Almack 2005; Finch 2008; Nordqvist 2012; Underwood og Robnett 2019). Nokre får også nye namn når dei får barn, slik at dei blir kjent som ‘far til...’ eller ‘mor til...’, ein praksis kalla teknonimi. Då eg, og resten av kjernefamilien eg vaks opp i, på midten av 1980-talet budde i Zimbabwe, vart mor mi kalla for ‘amai-Line’ (mor-Line) på shona. Der er relasjonen til dei som kjem etter deg viktig å markere, slik at det opphavlege namnet ein hadde vart mindre relevant (jf. Chabata 2008).

skulle ikkje ende opp med at eg hadde eitt, ho hadde eitt, og ungane hadde begge» (ibid.). Han og kona ønskte at «alle skulle ha eit felles kjernenamn til huset. For det er jo no det er gjeldande. Når ungane flyttar ut igjen, då får jo dei sine partnarar og vel sine konstellasjonar til sin... det er jo den kjernefamilien som er viktigast» (ibid.). Namnet var noko handfast som batt dei saman, noko konkret dei kunne binde den reine relasjonen fast i, utover rettane og pliktene i familiefellesskapet. Det var ein måte å namngje huset dei budde i saman, der «huset» hadde både ein fysisk dimensjon og ein temporal dimensjon. For han var det ikkje berre at dei skapa noko nytt ved å kombinere hennar og hans etternavn, men også at når barna vart store nok til å lage eigne familiarer, kunne barna sjølve velje eigne etternamn. Det var den kjernefamilien som til ei kvar tid blei skapt, den neste generasjonen, som hadde forrang til val av etternavn og kjenslemessig fellesskap, ikkje kjernefamilien ein vaks opp i. Fellesskapet i kjernefamilien var noko fleire reflekterte rundt. Meddelaren Gjøvåg endra etternamn ved vigselen i 2001:

Familien er samfunnets viktigste institusjon. Det er der de aller fleste av oss tilbringer mest tid i vår oppvekst. Rammene og tryggheten familien skaper er viktig for et barns trygghet, identitet og utvikling. Et felles familiennavn (etternavn) er en av de håndfaste tingene, i tillegg til selve huset, som binder en familie sammen og gir tilhørighet og identitet. Når da flere og flere velger å ikke ha felles navn tror jeg det vil kunne skape utfordringer for familiene. Ikke bare for barnas identitet og tilhørighet til familien, men også for foreldrenes enhet og samhold. En av samfunnets største utfordringer i dag, som koster både mennesker og samfunnet mye, er brutte ekteskap og samliv.

Symboleffekten av å ha felles etternavn er en sterk understrekning av et ønske om et varig ekteskap og samliv. Samtidig gir det også et signal utad til omgivelsene at 'vi er ett'. Jeg sier ikke med dette at forskjellige etternavn vil være et stort hinder for samholdet i alle forhold og familier. Det finnes nok mange familier og par som på andre måter har en så stor enhet og samhold at forskjellige etternavn ikke demper det forholdet. Likevel vil nok mange ha godt

av det styrkede samholdet et felles etternavn gir. Spesielt der familien stiftes av et par som har til intensjon å leve i et livslangt samliv mener jeg det er helt naturlig å ha ett og samme etternavn (Gjøvåg fødd 1976:126).

I forteljinga til Gjøvåg var familien sentral som primærstad for å trygge barn ein god oppvekst. Familien var ikkje berre ein viss form for relasjon mellom ulike individ, men kunne knytast til noko handfast og materielt, som bustaden familien bur i, slik meddelaren før også var inne på. Etternamnet var med på å sikre relasjonen mellom individua i familien, og var del av samanhengen Gjøvåg og dei andre i familien kunne sjå seg sjølve i. Den fysiske heimen gjorde at individua var saman, medan etternamnet gjorde at individua kunne snakke om seg sjølv som del av same familien. For Gjøvåg, handla dette om felles familieidentitet og om tilhørsle, og for han var dette truga av trenden der begge to i parforholdet heldt på oppvekstnamnet. Å dele etternamn, gjorde noko med relasjonen mannen og kvinna i mellom, og sikra tryggleik for barna. Etternamnet i seg sjølv hadde såleis eigenskapar utover kombinasjonen av bokstavane. Det fungerte som tankefigur for eit fellesskap, og dermed preventivt mot eit brot av dette fellesskapet. Slik kunne det vere eit symbol for relasjonen mellom dei vaksne og barna i familien, mellom dei to vaksne i parforholdet, og ein markør for familien som eining overfor omverda. Det var såleis ikkje minst eit signal om at paret ikkje såg for seg eit brot. Indirekte fungerte felles etternamn for ein del av mennene, som signal om ein høgare grad av forplikting overfor partnar og barn. Brot med skriptet om felles etternamn i kjernefamilien, kunne dermed assosierast med brot i kjernefamilien, og Gjøvåg og andre menn praktiserte ansvarleggjering ut frå denne posisjonen. I forteljinga til Gjøvåg ligg eit normativt pålegg om at barn burde vekse opp i stabile familiar, og ein måte å gjere familien stabil på, var å sørge for at alle medlemmane delte etternamn. Slik blir bruken av felles etternamn ein måte å gjere familie på (jf. Carter og Duncan 2018:126).<sup>70</sup> Delen av den patronymiske norma som

---

<sup>70</sup> Det kunne vere viktig for fleire å skjerme barna frå mogleg forvirring ved bruk av fleire ulike etternamn i familien (Duncan, Ellingsæter og Carter 2019:12), men undersøkingar av barns perspektiv på etternamn i familien viser at barna visste kven som høyrde til i familien og på kva

sa at familien deler etternamn, vart her bekrefta og styrka, sjølv om namnet kunne komme frå kvinna også.

Meddelaren Jørve fortalte at «symbolverdien i at alle familiemedlemmene har samme etternavn har vært overraskende sterkt for meg» (fødd 1975:112). Sjølv om Jørve og kona i fellesskap på førehånd hadde forhandla seg fram til etternamnet dei skulle dele, hadde det å dele etternamnet med kona og barna, ei kjenslemessig side som han ikkje forventa skulle vere så sterkt. Eit felles etternamn viser fellesskap mellom barn og foreldre, og mellom kvinna og mannen i parforholdet. Det «skapar en samhörighet som är tydlig och självklar», skriv Hagström som sagt i si bok om fedrar (1999:189). Dette var mange av meddelarane samde om. Eit felles etternamn kunne vere del av ei romantisk historie, og fungere som «a potential avenue for controlling the future, as well as a form of psychological security (in principle) for those whose lives were touched by it» (Giddens 1992:41, parentes i original). Kjærleiken mellom dei to i parforholdet kunne fungere som middel for sikkerheit, men måtte også beskyttast og takast vare på. Felles etternamn og bustad, fungerte som forsvar mot oppløysing og fragmentering i samfunnet, og mot opplevinga av ei auka pluralisering og individualisering. Då blir familien noko som vernar den enkelte, ved å fungere som eit fellesskap å høyre heime i (jamfør bustaden som heim), samstundes som den same fellesskapen i seg sjølv treng vern mot individualisering og oppløysing. Når Gjøvåg og andre meinte at felles etternamn var med på å *gjere* familien og slik har praktiske funksjonar, får argumenta ekstra vekt ved at dei sjølve som menn har gjort endringar. Her skjer ikkje ansvarleggjeringa dei tar del i som menn, men som skaparar av familie, ut frå ei kjernefamilieorientering.

---

måtar, trass ulike etternamn (Davies 2011:559). Sosiologane Duncan, Ellingsæter og Carter tolkar dermed argumentet om forvirring for barn dit hen at det eigentleg handlar om vaksne sine ubehag ved brot på normer (2019:12).

## 5.4 NÅR EKTESKAPET ENDAR

Felles etternamn, var med på å skape og styrke parforholdet og kjernefamilien, samstundes som relasjonen med ein partner gjorde fellesnamnet mogleg. Dermed kunne namnevalet bli aktuelt på ny der relasjonen vart broten. Det seier noko om at fellesskap blir skapt i relasjonane til ei kvar tid. For mennene var det i liten grad aktuelt å endre etternamn på ny, med unnatak ved samlivsbrot. Nærare halvparten av meddelarane som bytte etternamn, 27 av 60, svara dette. Der nokon dør, fører ikkje det til brot i relasjonen, i alle fall ikkje slik det er formulert av meddelarane, slik ei skilsmisse kunne gjere.<sup>71</sup>

Vurdere ved skilsmisse	Ikkje endre uansett på grunn av felles barn	Ingen grunn/ikkje aktuelt uansett	Andre tankar
27	14	11	8

TABELL 25: OVERSIKT OVER OM MENNENE KUNNE KOMME TIL Å BYTE TILBAKE.

Meddelaren Flaate kan stå som eksempel: «Det blir svært hypotetisk, men hvis vi noensinne skulle skilles ville jeg nok syntes det var rart å beholde Flaate-navnet, dermed hadde jeg nok endret» (fødd 1983:201). Det kan forståast som at skilsmisse gjer at ein formelt sett mistar banda til kona og hennar opphavsfamilie. Det ville i alle fall vere «litt rart å fremdeles ha hennes navn» om ein ikkje hadde tilknyting til slekta hennar (Hiestand fødd 1987:222). Dette forstår eg som indeks på at etternamn fått i ekteskap, til ein viss grad er lånt. Slik høyrer etternamnet til den som opphavleg hadde det, i større grad enn den som bytte til det. Innanfor patronymi høyrde namnet til mannen og mannslinja. Vidare seier det noko om at grunnlaget for felles etternamn i kjernefamilien, ligg i parforholdet. Påbodet om endring, var tydeleg i fleire av svara frå mennene, både dei som endra og dei som heldt på oppvekstnamnet. Til dømes skreiv ein meddelar om dottera, som «rimelegvis» tok

---

<sup>71</sup> Som unnatak nemnde ein av mennene at ei ny namneendring kunne vere aktuell dersom kona døydde og han inngjekk i ein ny relasjon med ei kvinne der etternamnet hennar var svært viktig for henne (Meddelar fødd 1976:125).

tilbake oppvekstnamnet som etternamn etter skilsmissa hennar, at «[d]et er heilt etter min smak» (NEG44481 fødd 1938). Forventingane hans, var at skilte personar ikkje ber namnet til eks-partnaren. Ein annan meddelar meinte meir prinsipielt at kvinner burde halde på oppvekstnamnet, også i ekteskap:

Eg synest det er mest naturleg at jentene held på dei namna dei er fødde med også etter at dei vert gifte. I dag synest dette meir fornuftig enn noko gong, for om lag halvparten av ekteskapa ender i skilsmisse. Det verkar rart å skulle skifte namn i vaksen alder, både ein og fleire gonger (NEG44464 fødd 1956).

I dette ligg det tydelege forventingar om at ein ikkje skal halde på giftenamnet dersom ein vert skilt, ved å ta for gitt ein samanheng mellom skilsmisse og namneendring som vaksen.

Mange av mennene knytte etternamnet til parforholdet og kona. Eit brot ville dermed kunne føre til at dei bytte vekk namnet. Men dette gjaldt ikkje alle. Fleire av mennene kjende eigarskap til sitt nye etternamn, og opplevde det som ein del av seg sjølv, eller ønskte å halde på det for å heite det same som barna. Til dømes la meddelaren Damminger vekt på at namnefellesskapet i kjernefamilien ikkje berre handla om relasjonen mellom mannen og kvinnen, men også om relasjonen til barna. Så lenge han kunne dele namn med ungane, ville han det. Om dei eventuelt gjekk inn i nye namnefellesskap med partnarar og nye kjernefamiliar, kunne han ha vurdert namnet på ny (fødd 1969:50). Også for kvinner som heldt på eks-mannen sitt etternamn kunne det handle om barna, ikkje eks-mannen (Ceynar og Gregson 2012:565). Her var det kjernefamilien og relasjonen mellom vaksne og barn, som var sentral, ikkje mellom mannen og kvinnen, eller mellom den mannlige bytaren og slekta hennar.

Nokre få har undersøkt namneval etter skilsmisse (Ceynar og Gregson 2012; Hoffnung og Williams 2016). Dei tar for seg kva amerikanske kvinner har velt. Om lag halvparten av kvinnene heldt på eks-mannen sitt etternamn, medan resten endra tilbake til oppvekstnamnet (Hoffnung og Williams 2016). I tillegg til kjønn, skil

undersøkinga mi seg frå dei amerikanske ved at dei såg på grunngjevingar av gjennomførte handlingar, medan det i mitt materiale for det meste handlar om tenkte handlingar. Psykologane Michele Hoffnung og Michell Williams nytta også skriptomgrepet i tolkinga si. Dei var opptekne av at det fanst eit skript for etternamnsval ved vigselen, som svarar til patronymi. Eit slikt skript hevdar dei ikkje finst for namneval ved skilsmissesituasjonen (2016:15). Denne mangelen, meiner dei, viser seg i den store variasjonen i kva val dei amerikanske kvinnene gjorde. Men variasjonen treng ikkje skuldast mangelen på skript, men heller at patronymi kjem til synes på ulike vis i skilsmissesituasjonen. For menn som handla patronymisk, endra ikkje noko seg med ei skilsmissesituasjonen. For kvinner som handla patronymisk var det anngleis. Dersom vekta blir lagt på at etternamnet fungerer som symbol på relasjonen til ektefellen, må kvinner endre det ved samlivsbrot. Då handla etternamnet om posisjonen som ektefelle og kvinneleg namnebytar. Dersom etternamnet handla om relasjonen til barn, kunne ein derimot halde på giftenamnet sidan barn og foreldre deler namn. Handla det om ein sjølv som individ, kunne det tilseie ei endring tilbake til oppvekstnamnet, ettersom giftenamnet var lånt heller enn fått.

For kvinnene som bytte vekk eks-mannen sitt etternamn, var målet gjerne sjølvstende og ein etterekteskapleg identitet, i tillegg til å oppnå avstand frå eks-mannen og ekteskapet (Ceynar og Gregson 2012:570). Bruken av oppvekstnamnet symboliserte ei tilbakeføring til gammal identitet samstundes som det vart til ei ny byrjing. Etternamnet som dei hadde delt med ektemannen, kjentest ikkje som deira eige. Dermed bytte dei det vekk, for å oppnå samsvar mellom seg sjølv og namnet, særleg om eks-mannen hadde behandla dei därleg (Ceynar og Gregson 2012:573). Her kunne kontinuiteten koplast til oppvekstnamnet, og den ein var før ekteskapet vart inngått. Etternamnsendringa for ein del av desse kvinnene, handla kan hende meir om plikt enn om skaping av reine relasjoner eller indre styrte identitetsprosessar.

For nokre av mennene som bytte etternamn, kunne endringa i seg sjølv, vere det som representerte deira autentiske sjølv, ikkje (berre) namnet. Det kunne påverke menn sine namneval, også etter eventuelle skilsmissar. Vidare kunne meddelarane oppleve eigarskap til etternamnet, ikkje minst om dei hadde hatt det over lang tid. Det kan tenkast at mennene som bytte, assosierte seg meir med etternamnet til kona enn ein del av kvinnene Ceynar og Gregson intervjuet opphavleg hadde assosiert seg med namnet til ektemannen, også ut frå kulturelle forventingar (2012). Mannleg etternamnsendring kan ha høgare sosiale kostnader enn kvinneleg etternamnsendring fordi det bryt med sosiale normer. Dermed kan menn som endrar etternamn møte fleire sanksjonar enn kvinner som gjer det same (Brooks 2013:277f), fordi handling på tvers av kjønnskategoriar kan forbindast med eigenskapar som høyrer til den andre kategorien. Slik kunne mannlege bytarar sjåast som meir omsorgsfulle (Forbes et al. 2002:173) og underordna kona i parforholdet. Kvinnelege etternamnshaldarar kunne vidare oppfattast som meir handlingsorienterte og mindre familieorienterte enn andre kvinner (t.d. Atkinson 1987:37; Etaugh et al. 1999:821; Noordewier et al. 2010:20; Scheuble, Klingemann og Johnson 2000:113). Mennene sine handlingsrom og område for avgjersler, kunne inkludere kvinnene sine handlingar. Også der kvinner heldt på oppvekstnamnet, kunne ektemannen oppfattast som meir omsorgsfull og som den underordna parten i forholdet. Kvinners bruk av eige oppvekstnamn kunne dermed bety at mennene ikkje var herre i familien (Brooks 2013:263; Robnett, Wertheimer og Tenenbaum 2018). Kvinner sine uvanlege etternamnsval kunne slik i ein del kontekstar føre med seg sosiale kostnadar for mennene dei var gift med. Sjølv om likestillingsorientering står sterkt i ein norsk kontekst, kunne avgjersla om å ta kona sitt etternamn på mange måtar vere større enn avgjersla om å ta mannen sitt etternamn for kvinner. Det braut med sterke kulturelle førestillingar om mannlege handlingar. Dermed kunne prosessen i forkant i nokre tilfelle vare lenger, og innebere mykje tankearbeit, diskusjon og ansvarleggjøringsprosessar ut frå ulike posisjonar og orienteringar.

## 5.5 ETTERNAMN FRÅ FORFEDRANE

Så langt har eg skildra korleis etternamnet kunne spela inn i formgjevinga av kjernefamilien. Men etternamna gjorde det også mogleg å sjå seg sjølv i samanheng med slektsledda som hadde hatt etternamnet tidlegare. Måten å tenke slektskap og slektslinjer på, er historisk og geografisk situert. Då den fyrste namnelova kom i 1923, var ikkje etternamn noko som skulle tene enkeltindividet. Det skulle skape orden og fungere som middel til å avgrense slektene.<sup>72</sup> Eit hundreår seinare, har etternamna blitt del av måten individua forstår seg sjølv på, ikkje minst gjennom å vere symbol på tilhørsle til opphavsfamilien. For kvinner som heldt på oppvekstnamnet, var tilknytinga til opphavsfamilien ein viktig del av identitetskjensla, og mange ønskete å halde på etternamnet frå slekta si (Fjellhaug 1998:81; Kline, Stafford og Miklosovic 1996:609; Laskowski 2010:81f). Det same var tilfelle hos mange av meddelarane:

Navnet er et sterkt identitetsmerke og jeg vokste opp i en ætt som har hatt sterke tradisjoner. Min farfar var opptatt av slektshistorie [...] og jeg har fortsatt det arbeidet han begynte. Så langt har jeg funnet direkte aner som brukte efternavnet [...] mitt omkring midten av 1700-tallet (NEG43875 fødd 1954).

Meddelaren kopla saman «identitet», «ætt» og «tradisjon» som indeksar som viste til det sjølvsagte for han i å halde på oppvekstnamnet, og at slektsnamnet vart ført vidare. Etternamnet symboliserte kontinuitet gjennom fleire hundre år. Koplinga mellom identitet og slekta som etternamnet viste, var viktig. Såleis kunne det å gje opp oppvekstnamnet, nærmast vere det same som å kvitte seg med tidlegare identitet, bragder og familietilknytingar (Fowler og Fuehrer 1997:319; Grønstad 2015:272). Samanhengen å sjå seg sjølv i, vart endra. Ein mann skildra situasjonen då han gifta seg. Kona bytte utan å murre. Sjølv var han:

---

<sup>72</sup> Å følgje berarar av felles etternamn har blitt nytta for å undersøke slektslinjer, men blir med rette kritisert for å vere ein heller upresis metode (Kolk og Skirbekk 2019:18).

veldig glad for at *eg* slapp å byte namn. Det ville vere å gi vekk noko av meg sjølv, tape meg sjølv på eit vis. Mest som ein amputasjon. Eg kjende meg stolt av namnet. Det ‘flagga’ ei stor og god og ressurssterk slekt. Eg tenkte visst lite på at mor mi sitt jentenamn hadde gått ‘fløyten’ då ho gifta seg, og at hennar slekt var like god og ressurssterk (NEG44481 fødd 1938).

Her var etternamnet noko som viste til ei «stor og god og ressurssterk» slekt, ei slekt som kom frå farssida. Slekt til mora hans høyrde til mora, men ikkje han. Gjennom etternamnet, vart han innskriven i faren si slekt. Skulle han ha endra etternamn, var det som å fjerne koplinga til slektta, altså frå farssida. Det ville nærmast ha vore «ein amputasjon». Koplinga mellom meddelaren og slektta var sterkt, og vart gjort gjennom deling av etternamnet. Namnet hang saman med slektslinja namnet kom frå, og meddelaren reflekterte over at det var faren sitt oppvekstnamn og ikkje mora sitt som vart hans etternamn. Han reflekterte i mindre grad over at kona i si tid tok hans etternamn, eller at hennar namn gjekk «fløyten». Kunne det hende hennar slekt var mindre «stor og god»? Det peikar på korleis slektskapa blir gjort gjennom til dømes inkludering og ekskludering ved hjelp av etternamn, men også at namna bidrar til ei hierarkisk plassering av slekter.

Den eldste meddelaren vart fødd i 1924 (NEG44540). Han skildra korleis namnet gjekk frå tippoldefaren og vidare til han sjølv gjennom to menn som gifta seg til garden med dette namnet, og to menn som sjølve vaks opp på garden. Ved å følgje desse fire mennene, men ikkje dei to kvinnene som flytta til garden, og knapt nok dei to kvinnene som vaks opp på garden, fortalte han korleis etternamnet hans vart nytta gjennom fire generasjonar før han fekk det. «Dei tok som regel namnet der dei budde», fortalte han. «Eg kunne vel ha bruka [Oppvekstnamnet til tippoldefaren] eller [Oppvekstnamnet til farfaren] som Etternamn, men det tykkjer eg er unaturleg» (NEG44540 fødd 1924). Det var mennene som flytta til garden, og oppvekstnamna deira svara til namnet på gardane der dei vaks opp. Det var dermed «unaturleg» for han å ta i bruk oppvekstnamna til dei to tilflytta mennene. Dei to tilflytta kvinnene

kom ikkje frå garden, og som kvinner høyrde dei heller ikkje til ei mannleg slektslinje. Namngjeving kan seiast å vere sentralt for kartlegging av slektskapsrelasjonar (Murdock 1949:50), og ved at dette følgjer mannslinjer, ikkje kvinnelinjer, har visse former for relasjonar blitt styrka på kostnad av andre, nemleg mannslinja som «starkt förankrad i det allmänna folkmedvetandet» (Peterson 1987:139). Når det er lettare å hugse farslinja, særleg gjort tydeleg i bruken av mannsnamnet på slekta, blir denne linja viktigare enn morslinja. Men forteljinga frå meddelaren viser at mennene vart framheva også der namnet ikkje følgde mannslinja, men garden dei budde på. Ved kvinnene sitt fråvær i forteljinga, kjem vektlegginga av mennene til uttrykk.

Den tette koplinga mellom etternamnet og meddelarane var tydeleg, ikkje minst hos meddelarane som heller fortalte om korleis etternamnet opphavleg kom inn i slekta enn om eigne etternamnsval. Det gjaldt særleg menn som ikkje hadde bytt etternamn og som i svara sine heller ikkje viste at dei såg på endring som ei moglegheit. Dei var fødd på 1920-1940-talet, og var dermed dei eldste blant meddelarane. Ein heitte Eriksen til etternamn og hadde den opphavlege Erik, ein svensk tømmerdrivar, som sin oldefar (NEG44209 fødd 1947). Ein annan fortalte om den første Ole i Olsen-namnet, som drukna på fiske på 1920-talet (NEG43965 fødd 1945). For desse to meddelarane handla etternamnet i stor grad om den enkeltpersonen som namnet kom frå, sjølv om både Olsen og Eriksen er vanlege etternamn i dag. Etternamna fungerte som symbol på konkrete opphav og opphavsforteljingar til slektene til desse mennene. Eksistensen av etternamnet i seg sjølv, har fortrengd dei andre som ikkje var berarar av dette etternamnet. Namnet har blitt til slekta og opphavsfamilien var dei med namnet. Dette var den relevante samanhengen mennene fortalte om, når dei delte historier om etternamnet sitt. Andre etternamn og andre som dei var i slekt med, men som ikkje delte dette etternamnet, høyrde til i mindre grad.

Bevisstheit om at kvinnene har bytt namn og at meddelarane høyrer til mødre sine slekter i tillegg til fedrane sine slekter, var likevel eit tema i fleire svar, ikkje minst frå menn fødd på 1950-talet. Dei høyrde til ein generasjon der få fekk mødre sine

etternamn som etternamn eller mellomnamn. Som godt vaksne, tok fleire inn mødrene sine oppvekstnamn som eit nytt mellomnamn. Ein meddelar som gjorde dette, ønskte å «bære navnet i respekt for de som skapte gården og som da var døde». Slekt på mora si side «murret litt» fortalte meddelaren: «De mente at jeg rett og slett ikke hadde rett til å ta ‘deres slektsnavn’» (NEG44454 fødd 1956). Etternamnet var eit symbol på at han høyrde til slekta, samtidig som ein måtte høyre til på rett måte for å bruke det. Det kunne handle om at han ikkje hadde hatt namnet frå fødselen, eller at han kom frå slekta gjennom morssida. Uansett hadde han ikkje same retten til namnet.<sup>73</sup> Etternamnet vart i seg sjølv ein immateriell eidedel som ikkje alle kunne dele. Sjølv hadde han «ikke angret på at jeg gjorde som jeg gjorde, jeg har fått en mera fullstendig identitet, synes jeg» (NEG44454 fødd 1956). Det fulle namnet hans viste no både mors- og farssida hans. Begge slektene høyrde heime i namnerekka hans, og namnet kopla saman slekt og individ.

For fleire av mennene var bruken av begge namna viktige. Ein som dreiv med slektsgransking skreiv at han ønskte å «føre disse videre til etterslekt» (NEG43926 fødd 1956). Namn som ikkje var i bruk forsvann, og informasjonen som låg i namna, forsvann også. Slektsgransking vart tidlegare vist til som eit argument for orden og einsretting i etternamnsbruk gjennom namnelova, altså bruken av mannen sitt etternamn i kjernefamilien. Ein meddelar som heldt på oppvekstnamnet, skreiv at: «når det er nærmast fritt fram til å ordne seg med namn, vil det sjølvsagt bli meir uoversiktleg kven som utgjer ein familie og kven som er i slekt med kven. Eg har forstått at i framtida vil slektsforskaran få litt av eit namnekaos å leite i» (NEG44481 fødd 1938). Vanskane endringar i etternamnspraksisar kunne føre til forsleksgranskinga, kan tolkast som ei praktisk ulempe. Det ville føre til meir arbeid, og liknar på argument om auke i papirarbeid, endring i datasystem og generell auke i byråkratisk arbeid, som til dels hadde vore med på å stoppe oppmukingar i

---

<sup>73</sup> Bruk av etternamnet kunne ha samanheng med rett til eide, om ikkje juridisk, utan at dette var noko meddelaren sjølv la vekt på.

namnelovene utover på 1900-talet. Ein annan meddelar skildra frustrasjonen med dei nye etternamnspraksisane: «I dag er det temmeleg rotete mht. namn innan den same familien. Eg skjørnar ikkje kvifor det skal gjerast så uoversiktleg. Kven har nytte av det??» (NEG43944 fødd 1943). Med spørsmålet han stilte på slutten, impliserte han at ingen hadde nytte av det, og at det i staden berre førte til problem og uorden. Kva slag konkretiserte han ikkje. Det fungerte som indeks på ei overordna forståing om at uorden ville oppstå ved brot med patronymi, og at dette var uønskt. Bruken av mannen sitt etternamn, var blitt institusjonalisert (jf. Bauman 1998:17). Ansvaret for å føre etternamnet vidare til neste generasjon, har høyrt til menn på godt og vondt.

Behovet for å ha det rette etternamnet, og oppfatninga av kva det kunne vere, fanst i fleire av forteljingane. Ein mann fortalte at faren hans bytte til etternamnet som mannen no bar, rett før mannen vart fødd. Farfaren hans hadde fått fleire barn i Noreg før han flytta tilbake til Sverige. Faren vaks opp med mor og ein stefar.

Mannen haldt fram med: «Min far var i trettiårene da han fant ut om sin virkelige far, og etter noe leting fant han fram til resten av familien, i Sverige. Da skiftet han etternavn til farens etternavn» (NEG43981 fødd 1954). Bruken av ordet «virkelige», viser til ei forståing av kva som inngår i å vere far, der det biologiske spelar inn.

Kombinert med resten av sitatet, fungerer etternamnet som ein kopling for meddelaren til faren og den biologiske familien på farssida. Ein annan meddelar fortalte at han sjølv bytte så snart han kunne. Gjennom oppveksten hadde han hatt etternamnet til mora, så etternamnet til ein stefar: «Min biologiske far har jeg aldri sett, for han ble torpedert under krigen. Jeg følte at jeg ville minnes ham ved å ta hans etternavn» (NEG43942 fødd 1939). For han var etternamnet noko som knytte han til den «biologiske» faren. Namnet til faren var verd å føre vidare og ein samanheng å sjå seg sjølv i, sjølv om han ikkje hadde vakse opp med faren eller slekta til faren. Måten faren døydde på, og den dramatiske historia som meddelaren viser til, fungerte gjerne som ytterlegare motivasjon for å endre etternamnet som ung voksen. At han byrja med mora sitt etternamn, tyder på at foreldra hans ikkje var gift,

med dei moglege vanskane det kan ha ført med seg. Det kan tenkast at også dette var med på å føre til ønsket om å bytte til faren sitt etternamn.

Fleire av mennene skildra korleis etternamnet markerte tilknytinga direkte til nærståande enkelt individ i foreldregenerasjonen eller blant besteforeldra. Eit biologisk slektsforhold, vart her overtatt av eit sosialt slektsforhold, sjølv om det også her gjerne var snakk om biologiske foreldre eller besteforeldre. Desse mennene var yngre enn mennene som fokuserte på slekta som heilskap. Det var deira eiga levetid og personlege erfaringar som spela inn, snarare enn dei lange slektslinjene. Ein yngre mann formulerte seg slik:

Jeg har aldri byttet etternavn, men jeg har tatt et ekstra mellomnavn som er et patronymikon.<sup>74</sup> Dette fordi jeg har en sterk tilknytning til min far og hans slekt. Mamma tok også et ekstra mellomnavn av samme grunn, en sterk tilknytning til sin mormor, og derfor tok [hun] hennes slektsnavn. Mammas mellomnavn ble også gitt meg når jeg ble født i tillegg til pappas etternavn. Dermed kan man vel si at navngivningen både kommer av vanlig nedarving, men også er påvirket av hvilke personer som har vært sentrale i livene våre. Defor ville jeg heller ikke byttet navn ved et eventuelt giftermål fordi navnene er et resultat av arv og kjærlighet (NEG44213 fødd 1991).

Denne mannen hadde ikkje sjølv vore i ein situasjon der han vurderte oppvekstnamnet opp mot kva ein ny kjernefamilie kunne heite, men han hadde fleire namn av etternamnstypen. Faren sitt oppvekstnamn var også hans oppvekstnamn. Det kom berre fram i ei delsetning eit stykke inn i forteljinga hans, som «tillegg til pappas etternavn». Faren sitt etternamn vart tatt for gitt, og dette fungerer som indeks på tydinga lagt i hovudetternamnet hans, i tråd med patronymi. Dei andre namna kom i tillegg, og bruken av dei vart motivert ekstra. Han hadde også hatt mora

---

<sup>74</sup> Patronymikon er det same som patronym, og er nemninga for bruken av faren sitt fornamn med slektskapsnemning.

sitt mellomnamn som mellomnamn frå starten av. Dette hadde ho tatt som vaksen, og det var oppvekstnamnet til meddelaren si oldemor. Sjølv hadde meddelaren tatt inn eit mellomnamn i tillegg til oldemora sitt oppvekstnamn, nemleg eit patronym. Sidan han skreiv det på denne måten, kan det tolkast som eit ekte patronym, altså faren sitt fornamn etterfølgt av -son/-sønn, men det kan også vere eit sen-namn som kom frå faren si side av slekta. For meddelaren var alle desse namna viktige. Dei viste til konkrete personar han hadde positive relasjonar med og gode kjensler for. Endring av namn kom difor for han ikkje til å vere aktuelt.

## 5.6 ETTERNAMN KAN DØ UT

Etternamna kunne vise relasjonar til nær slekt, og dei kunne knytast til opphav hos konkrete personar eller stader. Slik hadde namna ei byrjing. Dei kunne også ha ein slutt. Kunnskap om opphavet og tidlegare namneberarar gav etternamna verdi. Vissa om at det var få som kunne bere etternamnet i framtida, kunne påverke val av etternamn. Mange av mennene skildra bruken av eige oppvekstnamn eller kona sitt som naudsynt fordi etternamnet og dermed slektsgreina, kunne døy ut. Det gjaldt uavhengig av om det fanst andre slekter som brukte namnet.

Meddelaren Bauge vaks opp i ei stor slekt med eit vanleg etternamn. Ho som vart kona hans, kom frå ei lita slekt med eit uvanleg etternamn og ho hadde berre kvinnelege søskenbarn. Dei kom sannsynlegvis til å byte, meinte Bauge. Han ønskete å bevare etternamnet hennar. Dermed bytte han då dei gifta seg, i staden for at ho tok hans (fødd 1973:65). Ein annan meddelar la vekt på at kona ikkje hadde brør, og at det dermed ikkje var andre som kunne ta det vidare (fødd 1986:213). Meddelaren Helming bytte for at kona sitt etternamn skulle gå vidare og skreiv ikkje meir enn dette (fødd 1958:11). Det verka ikkje naudsynt å forklare meir. Mangelen på søner og brør gjorde etternamna truga. Eit mottiltak var å velje det sjeldnaste etternamnet, i desse tilfella kvinna sitt, men det kunne også gjelde etternamn frå mannen sin opphavsfamilie (jf. Bakken 2002:168).

Ideen om at familiar dør ut dersom det ikkje er menn til å føre etternamnet vidare, finst også i andre land.<sup>75</sup> Dette kunne til dømes løysast ved at eldste dotter fører vidare etternamnet der det ikkje fanst søner (Sinnema 2003). Eit anna døme på løysing, var praksisen med å nytte mora sitt etternamn om ho var viktigare eller mektigare enn faren blant serbarar i det som då var sørlege Jugoslavia. Svigersonen kunne adopterast slik at han kunne nytte etternamnet til kona (altså svigerfaren) der det ikkje var søner til å føre det vidare (Alford 1988:56). Slike praksisar kan seiast å vere patronymiske, fordi det bidreg til å halde ved like menn sine etternamn. Kvinner gir sitt etternamn vidare, men i eigenskap av å vere dotter av ein mann, ikkje i eigenskap av sjølv å ha namnet. Sosiologen Xiaoying Qi kallar bruken av kvinna sitt etternamn for «veiled patriarchy», i si skildring av kinesiske familiar der barn har fått mødrene sitt etternamn (2018). Medan kinesiske kvinner nyttar oppvekstnamnet i ekteskapet, er det farsnamnet som er vanlegast å bruke på barna (ibid.:1004). Kvinner sine oppvekstnamn høyerte til faren hennar, ikkje til kvinna sjølv. Det handlar om vidareføringa av ei mannslinje gjennom dottera i mangel på søner, og endring av namn handlar snarare om ein eldre og ein yngre mann (sjå også Keels 2011:106ff).

Sjølv om ein del av meddelarane la vekt på at etternamnet til partnaren var i ferd med å døy ut, var det andre som fortalte at det var få brukarar av namnet, ikkje at det var truga av utrydding. Meddelaren Damminger la vekt på at kona sin opphavsfamilie var den einaste som hadde dette som etternamn. Difor var det meir «naturleg» å vidareføre kona sitt oppvekstnamn (fødd 1969:49). Meddelaren Høstaker sitt opphavlege etternamn var vanleg i hans område, medan kona berre hadde sitt til felles med etterkommarane etter bestefaren. Det kjentest dermed meir «verneverdig» for han (fødd 1962:33). Meddelaren Kvernland bytte for å ta vare på det han kalla eit «freda» etternamn (fødd 1962:16). Bruken av omgrep som «verneverdig» og «freda», gir namna i seg sjølv verdi som noko som det var

---

<sup>75</sup> Døme på land der dette er nemnt i forskingslitteraturen, er Storbritannia (Carter og Duncan 2018:128; Lassiter 1983:76), Sverige (Entzenberg 2004:40), USA (Frandsen 2009) og Kina (Qi 2018).

«naturleg» å føre vidare. Omgrepa fungerer som indeks på delen av patronymi der etternamnet skulle sikrast framhald. Til liks med eldre bygg eller handverkstradisjonar, fordra dette at ein haldt fram med å ta vare på dei. Mennene opplevde eit ansvar for etternamna, også om det var oppvekstnamnet til kona eller til svigermora. Etternamnet hadde eigenverdi som namn og som nemning på ei slekt.

Etternamnsendring i ekteskap kunne handle om vidareføring. At etternamn vart vidareført kan sjåast som eit ansvar menn kan ha, også om det var kvinna sitt etternamn som vart ført vidare. Å velje det sjeldnaste etternamnet, særleg om det var i ferd med å gå ut av bruk, var for mange eit viktig argument. Det spela på lag med idealet om å ha unike namn og det kunne vere knytt forteljingar til namnet som tilførde kjensler av verdi. Det syntest også å fungere som grunngjeving som ikkje braut med skriptet for korleis menn skulle gjere kjønn. Det hadde legitimitet som gjorde at menn sine etternamnsendringar kunne stå fram som handlekraftige og dermed mannlege. Her kunne mennene vere både likestillings-, individ- og familieorienterte. Ved å støtte kvinna sitt namn, kunne dei sjølv oppnå eit kan hende meir spesielt namn, og sørge for felles namn i kjernefamilien. Ved at etternamnet vart ført vidare, bidrog også mennene til namnelinjene sin kontinuitet, og høvde dermed i tillegg inn i deler av ei patronymisk orientering.

## 5.7 OPPHAVSFAMILIEN OG KONFLIKT

Mange menn skildra ulike reaksjonar på at dei endra etternamn. Ein form for reaksjon hadde med opphavsfamilien å gjere. Forventingar om ein viss type samanheng mellom mannleg etternamnsendring og tilhøvet til opphavsfamilien vart eg først merksam på i eit forskingsintervju eg gjennomførte tidleg i avhandlingsarbeidet. Meddelaren Vikse fortalte om ein kollega som høyrdet det nye etternamnet for første gong. Då han og kona vart foreldre, ønskte han eit felles namn i kjernefamilien. Han fortalte kollegaen at dette var grunnen til etternamnsendringa. I følgje Vikse svara kollegaen: «'Åh, det var godt å høyre, for eg trudde du hadde vore i eit eller anna stygt brot [med opphavsfamilien] eller noko sånt'» (fødd 1974:100).

Vikse forklara at kollegaen «hadde liksom tenkt at ‘han har bytt namn, då har det skjedd noko’» (ibid.). Når Vikse som mann hadde endra etternamn, kunne kollegaen tolke dette som at Vikse hadde hatt ein konflikt med opphavsfamilien sin, med etternamnsendringa som ein form for avstandstaking til slekta. Det kollegaen skal ha sagt, kan fungere som indeks på eit skript om at menn som bryt med patronymi, også bryt med opphavsfamilien. Sjølv hadde ikkje Vikse sett for seg dette som ei mogleg tolking, noko som kan fungere som indeks på at det fanst alternative skript for namneval. Han reflekterte likevel rundt etternamnsvalet i lys av forholdet til opphavsfamilien. Foreldra hans hadde ikkje gitt uttrykk for negative kjensler rundt namnevalet hans. Likevel meinte han at det kunne vere nokre kjensler der som ikkje blei uttala i særleg grad:

Eg hadde ein episode her om dagen, fordi det var snakk om å ta bilde av [faren min] og meg og sonen vår, då, så det blei tre generasjonar. Og så sa eg... [...] ‘Kva skal du kalle det bildet, då? Skal du kalle det berre tre generasjonar, eller skal du kalle det tre generasjonar [Oppvekstnamn] i anførselsteikn?’ Så sa han ‘nei, nei’, han skulle kalle det tre generasjonar, då, ja. Det hadde vore naturleg å kalle det ‘tre generasjonar [Oppvekstnamn]’. Det mistar på ein måte ein faktor å ta eit sånt bilde. Men det blir ikkje därleg stemning, det gjer ikkje det (ibid.:90).

Han hadde eit godt og nært forhold til familien, og han meinte det var med på gjere at opphavsfamilien ikkje tolka namneendringa som avstandstaking. Skildringane hans tyda på at han sjølv kjende på at etternamnfellesskapet mellom faren, han sjølv og sonen mangla, sidan det var han som nemnde tittelen på fotografiet. Å ta eit slikt bilde var med på å konstituere slektskapet, og skape samanheng mellom dei tre generasjonane som han, barnet og faren var del av. Hos Vikse kunne no kona, barnet og foreldra hennar ha tatt eit tilsvarande bilde, og kalle det ‘tre generasjonar Vikse’. Det gav ei samanhengande namnelinje på tvers av generasjonane, men braut med at dette følgde mannslinja.

Fotografi av fleire generasjonar saman er ikkje uvanlege, som eksempelet frå fotoalbumet til min eiga mormor viser i Bilde 3. Sleen var oppvekstnamnet til morfaren min, og vart mellomnamn for den unge kvenna og barnet (underteikna). Oldemora mi hadde her gifta seg til eit anna etternamn, og brukte ikkje Sleen-namnet i det heile tatt. Sleen ser ut til å fungere som nemning på samanhengen mellom dei fire personane på biletet sjølv om det på dette tidspunktet berre var ein av dei fire, mannen, som hadde dette som etternamn. Ein kunne høre til slektslinja utan å bruke namnet. Felles etternamn langs mannslinja kan vere ein måte å gjere slektskap på, medan andre strategiar har vore naudsynte på kvinnesida. Ein slik strategi kan vere, som i fotoalbumet til mormora mi, å kalle generasjonane ved slektsnamnet som høvde til slektslinja dei ønskte å framheve i den enkelte samanhengen.



BILDE 3: «FIRE GENERASJONER SLEEN». DETTE ER FRÅ 1980 (PRIVAT).

Meddelaren Vikse intervjuar eg, og han hadde dermed høve til å reflektere over temaet på ein litt annan måte enn dei som svara skriftleg. Ein slik form for vemod

kom ikkje fram hos andre meddelarar, men kan ha vore til stades hos fleire. Der opphavsfamilien sine reaksjonar i særleg grad kom fram i forteljingane, var der etternamnsendringa vart opplevd som høve til konflikt, og der etternamnsendringa eskalerte konfliktar. Skildringane av moglege konfliktar set på spissen noko av det som står på spel når menn endrar etternamn. Det uvanlege ved mannleg etternamnsendring gjer at det kunne fungere som ei kommunikativ handling, og forståast i rammeverk av brot og kontinuitet utover det kvinneleg etternamnsendring kunne gjere. Det erfarte også Bakken sine norske, mannlege namnebytarar, som sjølv la særleg vekt på at det ikkje låg noko ønske om distansering til grunn for namneendringa (2002:170f). Konfliktar gjorde synleg ideen om kontinuiteten til menn sin etternamn, både i det å ha det same etternamnet gjennom livet, og i slektslinja. Ein meddelar tok kona sitt etternamn, med oppvekstnamnet som felles mellomnamn for begge to:

[Dei var] ganske overraska og heilt uforståande til at eg kunne tenkje å gjere noko sånt. [E]g har fått sterke reaksjonar frå mine foreldre etter at eg gjorde valet. Faren min meiner eg var feig [som] gjorde valet utan å ha godkjenning av han. Så han har eg ingen kontakt med. Dette er vanskelig å forklare enkelt, det har vært mange diskusjonar og det har vore eit lite trivelig miljø mellom oss og mine foreldre (fødd rundt 1980:173).

Meddelaren greidde nærmare ut om reaksjonane til foreldra og tilhøvet dei i mellom i eit intervju. Han var odelsgut og arving til ein gard utan drift. Eg spurte han:

Så du tenker om namnet ditt at det er knytt til den odelssatusen og den garden, eller var det andre grunnar som gjorde at du synst det var viktig å snakke med foreldra dine om namnet?

Meddelar: Altså, det var vel heller motsett, at foreldra mine meinte at eg burde gått gjennom dei før valet blei tatt, ja at ... Dei meiner at ... dei sit på den

... ehm ... meinig at ... No uttalar eg meg på deira vegne, sant? Men ... deira reaksjon gjekk på at ikkje dei har vore meir inkludert ... involvert i valet vårt som eit ektepar [ja] på grunn av at dei meiner at eg [...] ikkje heidra namnet nok (ibid.:177).

Etternamnsendringa hans gjorde at forholdet mellom han og foreldra, særleg faren, vart svært kjøleg. Etternamnsendringa eskalerte nokre eksisterande usemjer mellom dei to. Eg spurte om tilhøvet til faren i forkant av etternamnsendringa hadde påverka valet hans om å endre etternamn. Han tenkte litt først, før han svara: «Viss eg tenker tilbake på det, så kan det ha vore med på å påverke valet til ein viss grad. Men... det er vanskeleg å seie» (fødd rundt 1980:186). Sjølv om brotet i kontakten med faren var ein sentral del av forteljinga hans om kva som skjedde etter at han tok etternamnet til kona, var det ikkje tilhøvet til foreldra i seg sjølv som gjorde at han endra på etternamnet. Årsaka låg heller i at han og kona ønskte å bruke begge etternamna.

Meddelaren omtala seg sjølv som odelsgut, og hadde gardsnamnet som oppvekstnamn, som han slo saman med hennar uvanlege oppvekstnamn. Det såg ut til at faren opplevde samanhengen mellom staden og etternamnet slik at namnerekka og den mannlege rekka høyrde saman. Dermed vart det meddelaren si oppgåve som odelsgut å sørge for at etternamnet vart ført vidare på rett måte. Etternamnet frå slekta blir dermed ein form for rett (Needham 2013:3f), men også ein form for plikt. Ved å ha rett til å bere eit etternamn, og slik vise slektskap med andre med same etternamnet, har ein også, som mann, ein plikt til å bere etternamnet, og føre det vidare til barna ein eventuelt får. Å bryte med retten og plikta kan oppfattast som noko tydingsfullt. Brot med den patronymiske kontinuiteten var dermed mogleg å forstå som ei avvising av opphavsslekta. Dette var det få av meddelarane som trekte fram som grunngjeving for endring. Eit unnatak er ein meddelar som grunna etternamnsendringa si nett med manglande kontakt med den delen av opphavsfamilien han hadde etternamnet frå:

Den viktigste grunnen til at jeg skifter ut etternavnet mitt er fordi jeg ikke lenger har noen relasjon til slekta på farsiden. [...] Grunnen til at jeg ikke har kontakt med min far eller hans slekt handler om en konflikt mellom han og meg om moral og etikk på et personlig nivå (Meddelar fødd rundt 1980:193).

Når tilhøvet til faren ikkje var godt, og meddelaren heller ikkje kjende tilknyting til andre slektningar på faren si side, kjende han ikkje noko plikt til å føre etternamnet vidare. Positive relasjoner var naudsynte for at han skulle ønske å føre vidare oppvekstnamnet. Når slike relasjoner ikkje fanst, tok han heller namnet til partnaren.

For andre, var ein eventuell årsakssamanheng mellom tilhøve til opphavsfamilien og etternamnsendringa heller indirekte. Ein meddelar tolka i etterkant si eiga etternamnsendring som eit opprør mot foreldra si skilsmisse då han var seks år (fødd 1976:133). Å kvitte seg med eit etternavn, kunne vere ein måte å distansere seg frå dei vonde minna skilsmissa skapa for han. Sjølv om han ikkje inkluderte desse kjenslene i avgjersla om etternamnsendring, meinte han i ettertid, at dei nok hadde spela inn. Det å kunne ta opp etternamnet til vurdering, aktualiserte minner knytt til namnet, assosiasjonar til opphavsfamilien og ideal for kjernefamilien. Sjølv om endring av etternavn ikkje nødvendigvis handla om å kvitte seg med band til heile eller delar av opphavsfamilien, kan eksistensen av usemje og konflikt minske kjensla av plikt til å føre oppvekstnamnet vidare.

Etternamnsendringa kan gjerast i kontekstar der det fanst konfliktar på førehand, men hos nokre oppstod konfliktar først med etternamnsendringa og prosessen der etternamnsendringa vart gjort:

Det er min far som reagerte sterkest. Han har reagert med sinne og skuffelse og har kuttet kontakt med meg og min kone. Han viser ingen tegn til forsoning. Min mor og søster har støttet meg. Jeg har fått følelsen av at min mor synes det er litt vanskelig å forstå valget og hun har nok hatt følelser av skuffelse og sinne. Familien gikk igjennom en prosess som var splittende etter jeg tok dette

valget. Det har vært vanskelig for de involverte (Meddelar fødd rundt 1980:149).

Korleis prosessen var splittande, fortalte ikkje meddelaren meir om, men det var tydeleg at handlingar som dette hadde styrke nok i seg til å gjere at mange reagerte. Det kan synast som at meddelaren har kontakt med delar av opphavsfamilien, men ikkje andre. For familiene desse meddelarane vaks opp i, var etternamnsendringa deira noko som det blei reagert på. Anten forsterka det ei eksisterande usemje, eller så kunne det fungere som utløysande faktor. Også svenske mannlige etternamnsbytarar kunne få negative reaksjonar frå opphavsslekta basert på forventingar om mannleg namnekontinuitet: «Att det speciellt är männen som drar till sig uppmärksamheten är inte konstigt, eftersom de som manliga företrädare bryter mot en av manlighetens symboler, nämligen det självklara att föra efternamnet vidare till kommande generationer» (Entzenberg 2004:41). Å føre etternamnet vidare til neste generasjon kunne oppfattast som ein måte å gjere mannlegheit på, og brot med patronymi aktiverte hos nokre visse assosiasjonar der å velje vekk mannen sitt etternamn var å velje vekk opphavsfamilien hans.

Nokre meddelarar gjorde eit godt stykke arbeid for å inkludere foreldra og andre, slik å få aksept for namneendringa si. For dei var kjenslene til både opphavsfamilien og kjernefamilien viktige å ta omsyn til. Mellom anna for å unngå negative reaksjonar, inkluderte ein av meddelarane foreldra sine i samtalar i forkant av endringa. Meddelaren og kona ønskte å ta i bruk eit etternamn frå kvar av dei eller berre nutte hennar oppvekstnamn. Grunngjeve med at faren hans sitt etternamn «Pettersen» var vanleg, vurderte dei bruken av mora hans sitt oppvekstnamn som bidraget hans:

Fordi Pettersen ikkje er et spesielt unikt namn, ønsket vi opprinnelig å ta bort det, og hete [Morasnamn Konasnamn], eller bare [Konasnamn]. Etter litt diskusjon, hvor navnevalget ble nevnt for min far, merket jeg at han ble veldig skuffet over det. Så, for å ivareta begge familier, og for å videreføre navnet [til

kona], endte vi opp med Pettersen [Konasnamn] som etternavn. Både jeg og kona skriver dette som «P. [Konasnamn]» i det daglige (fødd 1973:63).

Meddelaren sitt oppvekstnamn, Pettersen, var vanleg, og han opplevde det ikkje som viktig å ta vare på det. Det kom ikkje til å døy ut. Derimot var etternamnet til kona hans i ferd med å forsvinne frå slekta hennar, og det hadde i overkant av 300<sup>76</sup> berarar totalt. Faren hans vart lei seg for at meddelaren ønskete å ta vekk etternamnet hans, og desse kjenslene tok meddelaren og partnaren omsyn til. Løysinga vart å halde fram med å bruke Pettersen som mellomnamn, og kona sitt som etternavn. Namnet som gjekk ut, var namnet i den svakaste posisjonen, nemleg oppvekstnamnet til mora. Det var eit sjeldan etternavn med under 20 berarar. I staden fekk Pettersen, eit etternavn med nærmere 20 000 berarar, halde fram som mellomnamn. Sjølv om talet på berarar kunne vere eit argument for å velje det eine etternamnet framfor det andre, var det ikkje nødvendigvis det viktigaste. Likevel nytta dei kona sitt oppvekstnamn som etternavn i sin nye familie, mellom anna med bakgrunn i kor sjeldan det var. Meddelaren og kona arbeidde for å få sameint interessene sine med kjensler og behov hos familien hans, og slik unngå å skape avstand mellom dei og opphavsfamilien hans, med faren hans som ein sentral person. Ansvarleggjering vart gjort ut frå ulike omsyn, der relasjonar mellom menneska og kjenslene deira, var viktigare enn vidareføring av det sjeldnaste namnet.

Det var få, om nokon av mennene som endra etternavn, som kom med uttrykk for at motstanden var så stor at dei angra på etternamnsendringa si. Slike kjensler kan vere vanskelege å uttrykke, men det som var viktigare enn reaksjonar frå omgjevnadane var familiekjensla kopla til namnet på kjernefamilien og forholdet til partnaren.

## 5.8 MELLOM OPPHAVSFAMILIEN OG KJERNEFAMILIEN

Dei aller fleste endringar av etternavn blir gjort i samanhengar der familien er i sentrum (Sogner et al. 2003:158). Etternamna som vart valt, var gjennomgåande

---

<sup>76</sup> Tal på berarar for dei ulike etternamna finst på [www.ssb.no/navn](http://www.ssb.no/navn). Lest 18.12.2019.

namn dei hadde tilknyting til, om det var gjennom ektefellen, foreldra eller andre slektringar (jf. Utne 2012b:103). Meddelarar som Furuseth-Olsen, slo saman oppvekstnamnet med kona sitt, og brukte bindestrek (fødd 1976:129). Slik vart det på nokre måtar til nye etternamn. Dei var likevel basert på, og moglege å kjenne att, som etternamn frå slektene deira. Meddelaren Frihammer og kona slo saman hennar Frimannslund med hans Laukhammer og laga eit heilt nytt namn. Det batt dei ikkje til andre, og høyrde ikkje til ein av dei meir enn den andre. Slik fekk dei kopla saman oppvekstnamna på ein måte som gjorde det til noko nytt som berre dei og barna deira i kjernefamilien delte (fødd 1975:122). Det hadde noko unikt ved seg som skilde dei som gruppe ut frå alle andre, men også dette etternamnet var basert på dei opphavlege namna deira. Namna kunne fungere som minner, som minna berarane om fortidige berarar. Eit heilt lausrive namn, ville ikkje ha hatt noko historie eller kjensler av fellesskap utover seg sjølv. Det kjendest ikkje rett for meddelaren Vikse:

[S]å lenge vi er to, så gjer det ingenting om vi berre har kvart vårt namn. Men så har vi jo liksom snakka om det. 'Skal vi gjere noko med det? Skal vi... skal vi ta kvarandres, eller skal vi ha eit dobbeltnamn, eller skal vi... Skal vi lage eit nytt?', var også ein tanke, ikkje sant? [...] Lage ein kombinasjon og få begge delar. Men eg synst det blei liksom... Nei, det blei liksom... Då kunne vi likså godt ha dobbeltnamn. Okei, du får det med, men det blir veldig sånn... påtatt. Då måtte vi gå for noko heilt anna. [Ja...] Då kunne vi gått for eit etternamn som ingen hadde, men det gjer jo noko med identiteten igjen, ikkje sant. Det er jo ingen som har noko forhold til det, sånn sett. Så ideen var... Det har vore oppe, og eg tenker... vel, at eg har... Eg veit ikkje... Det er vel eg som har vore mest på dette med at vi skal samlast om eit namn (fødd 1974:93).

Etternamnet var tydeleg kopla til den nye kjernefamilien han har skapt med kona si, men å ta eit heilt nytt namn «gjer noko med identiteten», og «identiteten» i denne samanhengen hang saman med forholdet til namnet. Sidan det var viktig for Vikse at det felles namnet skulle kjennast rett ut for den nye familien, valde han å byte til

hennar namn. Det famna om flest behov for han. Det betydde ikkje at han no søkte tilhørsle i hennar opphavsfamilie: «Sjølv om eg kallar meg Vikse, så føler eg meg ikkje som ein sånn Vikse som [hennar opphavsfamilie] Vikse, men eg tenker at eg er ein Vikse som oss tre, min familie» (fødd 1974:95). Som Frihammar og andre, var det viktigaste at namnet kjenneteikna medlemmane av kjernefamilien. Det handla heller ikkje om å vise avstand til opphavsfamilien. Likevel meinte Vikse at svigerfamilien «må jo tenke det litt sånn, tenker eg. No har eg tatt deira namn, at ‘han blir jo del av oss på ein annan måte’» (ibid.). Svigerfaren kalla han innimellom for «mister Vikse» for spøk, så det var noko dei la merke til, og kanskje opplevde dei det som «litt underleg, litt artig, men det er greitt, altså» (ibid.).

Medan endring av etternamn for kvinner tidlegare har blitt forstått som ein måte å symbolisere medlemskap i mannen si slekt (Alford 1988:157), har tilsvarande medlemskap i kvinnen si slekt i liten grad vore viktig hos mennene som bytte etternamn. Det ser heller ikkje ut til å spele inn når yngre norske kvinner endra namn.<sup>77</sup> Det var kan hende ikkje overraskande med tanke på fokuset på kjernefamilien som noko eige, der slektene ikkje spela ei like stor rolle. Kjærleksekteskapet har erstatta pliktekteskapet, med kjernefamilien som den sentrale eininga, i tråd med Jamieson sin kritikk av idelet om reine relasjonar (1999).

Mennene fokuserte på partnaren sitt oppvekstnamn som felles namn på den vesle kjernefamilien dei har skapt, ikkje som ein måte å tre inn i hennar slekt på. Dette var tydeleg hos meddelaren Vikse. Han skilde tydeleg mellom kjernefamilien og opphavsfamilien. Det var ikkje like klart kva ein del av dei andre meddelarane meinte når dei fortalte om familien. Meddelarar som sjølve har heldt på oppvekstnamnet, delte det gjerne med «vår nærmeste familie» (NEG44122 fødd 1951) eller «[m]in familie» (NEG44129 fødd 1948). Ein meddelar viser til at alle med etternamnet hans

---

<sup>77</sup> Men for nokre av kvinnene som heldt på oppvekstnamnet, kunne det derimot fungere som argument for ikkje å endre etternamn. Fleire av desse kvinnene tolka endring til mannen sitt etternamn som eit val av hans familie, på kostnad av, eller som tillegg til, sine eigen opphavsfamilie (Grønstad 2015:272).

«er i slekt, eller inngiftet familie, eller i familie med familien» (NEG44374 fødd 1937).

Hos desse meddelarane er det uklart kva dei sikter til. Er det kjernefamilien der han er far og ektefelle, eller opphavsfamilien der han er son og barnebarn? Dei flyt i eitt, og kan sjåast i samanheng. Denne sjølvsagte uklarheita kan vise til eit mannleg privilegium – å sleppe å skilje klart mellom dei to formene for familie – og er såleis symbolsk for heile det patronymiske namnesystemet. Dei to formane for familie var knytt til den same mannen, og den same mannlege slektslinja.

Kontinuitet med opphavsfamilien spela inn hos mange av dei som endra på etternamnet. Av mennene som endra etternamn, inkluderte 75% i den kvantitative undersøkinga, oppvekstnamnet i den nye namnerekka. Det gjorde dei anten ved å ha det som mellomnamn, etternamn eller del av eit bindestreksnamn.<sup>78</sup> I dei tidlegare norske undersøkingane, heldt halvparten av dei mannlege bytarane på oppvekstnamnet som mellomnamn, men grunngjevingar vart ikkje skildra i litteraturen (Fjellhaug 1998:52; Noack og Wiik 2005:4). I Entzenberg si svenske undersøking var det derimot svært få av mennene som endra på etternamnet, som heldt på oppvekstnamnet som mellomnamn, til skilnad frå dei svenske kvinnene, der fleire brukte oppvekstnamnet som mellomnamn. Som Fjellhaug har merka seg, skil norske menn seg frå dei svenske på dette punktet (1998:52). Svenske menn endra i følgje Entzenberg, etternamn på grunn av årsaker som gjorde at behovet for å halde på oppvekstnamnet som mellomnamn ikkje var til stades (2004:42). Entzenberg skriv ikkje ut kva dette vil seie, men det kan tenkast at mennene gjorde det som følgje av negative forhold til opphavsfamilien. Når kvinner heldt på oppvekstnamnet som mellomnamn, har det gjerne vore grunna i omsynet til både den gamle og den nye familien. Løysinga vart oppfatta som eit kompromiss, som balanserte omsyna til dei to familiene (Entzenberg 2004:42; Fjellhaug 1998:83; Kline, Stafford og Miklosovic 1996:609). Noko av det same kan gjelde meddelarane som endra etternamn, og som

---

<sup>78</sup> Tilsvarande inkluderte 53% av kvinnene som gjorde namneendringar, oppvekstnamnet i den nye namnerekka.

heldt på oppvekstnamnet i ein eller annan form i den nye namnerekka. Det kan skuldast eit ønske om å kombinere begge familiene i namnerekka og den personlege identiteten.

Erfaringar med etternamn kunne påverke korleis mennene tenkte om etternamna som vaksne. Fleire av meddelarane vaks opp i familiar der skilsmisser gjorde at dei fekk etternamn som ein form for merke frå begge foreldra. Dette kunne gjere at dei sjølv ønskte å ha berre eitt etternamn i sin eigen kjernefamilie. Såleis var avgrensinga av talet på etternamn, ein måte å distansere seg frå skilsmisseerfaringane eller måtane opphavsfamilien hadde fungert på, om ikkje frå medlemmane i opphavsfamilien. Eit anna eksempel på at erfaring med namn i oppveksten kunne påverke namnevala i vaksen alder, er ein meddelar som vaks opp med mor og far og ein storebror. Foreldra heldt på oppvekstnamna, og han og broren fekk begge, men i motsett rekkefølge. For han handla foreldra sine etternamnsval om «ære og identitet tilknyttet slektsnavnet. For meg kommer ikke æren først» (fødd 1987:217). Meddelaren ønskte å markere avstand til vala foreldra hadde gjort, og motivasjonen han såg for seg låg i namnevala deira. Sjølv skulle han ta partnaren sitt oppvekstnamn når han snart skulle gifte seg. Barnet dei venta skulle få hans som mellomnamn og mora sitt som etternamn. Han ønskte ikkje å vere del av ein kamp om å vidareføre oppvekstnamnet:

Min mor ‘vant’ navnediskusjonen ved første barn. Min far var mer bestemt ved andre barn. Altså var det et større ønske for begge å bringe videre ‘sitt eget’ navn. For meg er det viktigere å dele samme navn som mitt barn (ibid.:218).

Foreldra sine val av namn på han og på søskena hans, sette han i kontrast til si eiga motivering av namneendring. Han opplevde det som at foreldra hans sette eigne namn i fokus framfor namnfellesskapet med barna. Ansvaret for og ønsket om å føre namn vidare, kunne setjast i konflikt med ønske om å heite det same som barna. Denne konflikten har kvinner vore nøydde til å ta omsyn til, i eit dilemma forma som valet mellom same etternamn i kjernefamilien eller same etternamn gjennom livet.

Spesielt her er det likevel at det var mannen som kjende på konflikten, og som løyste den ved sjølv å endre namn.

## 5.9 OPPSUMMERING

Det er eit element av norm i mange av forteljingane som handla om at kjernefamilien bør vere ei eining med felles etternamn. Hos meddelarane som heldt på oppvekstnamnet, var dette helst mannen sitt. Hos mennene som sjølv endra på etternamnet sitt, kunne det felles etternamnet vere kvinne sitt også. Bruken av mannen sitt oppvekstnamn som namn på kjernefamilien, har i vestleg kultur blitt oppfatta som eit teikn på fellesskap. I dette kapittelet har idealet om at medlemmane i kjernefamilien deler etternamn, fått stor plass. Det skuldast mellom anna at svært mange av meddelarane deler etternamn med partnar og barn, og at mennene som endra etternamn, gjorde det i parforhold. Etternamna vart sett i samanheng med endring av sivilstatus og med kjernefamilien, og det var viktig for mennene å dele etternamn med barna sine. Dette var spesielt uttala i forteljingane frå mennene som sjølv hadde endra etternamnet. Fleire av mennene skildra spenning mellom krava om namnfellesskap med kjernefamilien og med opphavsfamilien, og ikkje minst deira eigne behov for relasjonar til medlemmane i den nye og den opphavlege familien sin. Det kan ha samanheng med at dei ikkje tok namnfellesskap for gitt, slik mange av mennene som heldt på namnet gjorde.

Mannleg etternamnsendring kunne vere ein måte å setje seg sjølv inn i nye samanhengar. Meddelarane går frå å ha foreldre til å bli foreldre, frå å høyre til utan å velje sjølv, til sjølv å velje. Dei går frå ei passiv tilhørsle til aktivt å skape tilhørsle med ein valt partnar. Dette seier noko om at etternamna, haldningar, mennene og familielasjonane deira spelar saman på komplekse måtar. Situasjonen der mennene måtte svare for namnet sitt, opna for å ta forholdet til opphavsfamilien med i vurderinga. Det store fleirtalet av mennene som endra etternamn, hadde ikkje noko ønske om å bryte med opphavsfamilien, men for nokre spela tilhøvet til slekta inn, anten i forkant, eller ved at tilhøvet endra seg som følgje av etternamnsendringa.

I nokre tilfelle vart skiljet mellom kjernefamilien og opphavsfamilien ekstra tydelege. Her markerte mannleg etternamnsendring eit tydeleg val om prioritet, fordi alternativet som vart tatt for gitt, hadde vore å ha namnefellesskap med både opphavsfamilien og kjernefamilien.

For nokre av mennene som bytte, var namneendringa del av skapinga av den reine relasjonen med kona. For andre, var det viktigare for han enn for henne å heite det same, eller ho ønskte å halde på oppvekstnamnet. Namneendringa spela ei rolle for identifiseringa som kjernefamilie. Tydeleg i materialet er det at det er eit skilje mellom kjernefamilien og opphavsfamilien. Dette skiljet blir synleggjort der menn og kvinner handla på uvanlege måtar. Der handlingar knytt til patronymi vart følgd, heldt menn på kontinuitet med opphavsfamilien medan dei også heitte det same som kjernefamilien. Kombinert med ideal om likestilling, har desse handlingane blitt endra frå å vere sjølvsagt til å måtte veljast, i alle fall blant nokre menn.



## 6. Namnetradisjonar og etternamnsval

I kapittel 3 viste eg kor sentral argumentasjon som trekk på fortida har vore i utviklinga av lovarbeida knytt til etternamnspraksisar, og i førre kapittel korleis relasjonar til tidlegare generasjonar kunne henge saman med etternamnsval. Det blir teikna eit bilet av korleis etternamnspraksisar har vore, og med det eit påbod om korleis dei bør vere. Det fortidige har blitt nytta til å gje verdi til visse handlemåtar og kontinuitetar på kostnad av andre. Ofte vart argument om å søke kontinuitet samanfatta ved bruk av omgrepet tradisjon. Også den nyaste norske namnelova er bygd på idear om tradisjon. Forslaget til namnelova vart presentert i utgreiinga *Lov om personnavn. Tradisjon, liberalisering og forenkling* (NOU 2001). Tradisjon og liberalisering er tilsynelatande motstridande omgrep, men høver her saman ved å kombinere norske namnetradisjonar med tradisjonar frå andre land og kulturar. Vidare at der praksisen var å nytte farens fornamn som etternamn, kunne dette gjerast også i Noreg, men i tråd med prinsipp om likestilling, kunne også mora sitt fornamn veljast (sjå Utne 2012a:83). I forskingslitteraturen på etternamnspraksisar i parforhold, brukar mange forskrarar tradisjonsomgrepet (sjå t.d. Ellingsæter 2018; Shafer og Christensen 2018; Lockwood, Burton og Boersma 2011; Millspaugh 2008; Robnett 2017; Suter 2004; Thørnblad 2003). Få problematiserer, diskuterer eller i det heile tatt definerer omgrepet, eller arbeidet som omgrepet *gjer* (med visse unnatak som Thørnblad 2003). Indirekte, kan det lesast ut av forskingslitteraturen at tradisjon i etternamnsamanheng samsvarer med patronymi. Brot med denne tradisjonen blir tolka i lys av andre forståingsmodellar som høvde inn under til dømes identitet, familieskaping og likestilling.

Ikkje i nokon av dei to spørjelistene, verken NEG-spørjelista, eller e-postspørjelista, var det spørsmål om tradisjon eller kontinuitet over tid i vala meddelarane har gjort eller kunne tenkast å gjere. Men mange trakk likevel inn tradisjonsomgrepet i forteljingane om eigne og andre sine namneval. Mange som ikkje viste til tradisjonsomgrepet, skildra tidlegare praksisar som relevante. Dette stemmer

overeins med folkloristen Anne Eriksen sin observasjon om at namnepraksisar inngjekk som eit sjølvsagt eksempel på tradisjon (1994:18). Også i mennene sine forteljingar, gjer tradisjonsomgrepet og forståingar av kontinuitet noko med moglegheitene mennene ser for seg. Ved å kalle noko tradisjon eller skildre det som tradisjonelt, blir kontinuitet tillagt meininger. Slike meininger kan inngå i ansvarleggjeringa den enkelte handlar ut frå. I dette kapittelet er føremålet å undersøke forholdet mellom mannlege etternamnsval og kontinuitet over tid. Spørsmåla eg søker svar på er: På kva måtar spelar forståingar av fortid og kontinuitet inn i forteljingane om etternamnsvala til mennene? Korleis forheld mennene seg til tradisjonsomgrepet knytt til etternamnsval?

I forteljingane frå meddelarane finst det ulike måtar å forstå fortida og kontinuitet på. Etter ein diskusjon av omgrepa eg brukar, går eg inn i mennene sine forståingar. Eg byrjar med den dominerande forståinga. Her var tradisjon det same som patronymi. I det neste settet med forteljingar stilte mennene seg i opposisjon til visse handlingar knytt til patronymi ut frå alternative måtar å forstå fortida og autoriteten gitt til tradisjonane på. I tillegg til desse to forståingane av fortid, fanst ei tredje forståing i nokre av meddelarane sine forteljingar. Det var dei som kombinerte element frå dei to fyrste forståingane, og definerte om kva som inngjekk i namnetradisjonen, på liknande vis som tradisjonsforståinga i den nyaste namnelova. Slik kunne også måtar å velje etternamn som ikkje samsvara med patronymi, sjåast i lys av tradisjon for mennene. I forteljingane deira vart etternamnsvala innskrivne i tradisjonar, og dermed i ein slags kontinuitet med fortida utan å bryte med alternative skript om likestilling.

## 6.1 OM TRADISJONSOMGREPET

Tradisjonsomgrepet kjem frå latin, ‘traditio’, som tyder ‘overføring’ eller ‘gje vidare’. Det blir brukt både som kvardagsleg omgrep og som akademisk, analytisk omgrep. Dei tre forståingane av namn og tradisjon mennene kjem med i forteljingane, inngår i ein kvardagsleg setting ved at dei viser til korleis mennene

forstår og nyttar omgrepet. Men forståinga av fortidsbruk i notida, har vore gjenstand for mykje forsking, og tradisjon har lenge vore eit kjerneomgrep for kulturvitarar og forskrarar frå nærliggande fag.<sup>79</sup> Eg brukar difor eit kulturvitskapleg tradisjonsomgrep for å forstå det kvardagslege tradisjonsomgrepet.

Tradisjon kan definerast som tradisjonselement som blir vidareført over tid (Eriksen 1994:9). Slik kan ein seie at tradisjonsomgrepet handlar om eit *element*, her eit etternamn eller ein etternamnstype, som blir *overført* til kvenna i ekteskap, og til den neste generasjonen gjennom barna. Så langt samsvarer det kvardagslege og det analytiske tradisjonsomgrepet, men det analytiske omgrepet eg brukar her, inkluderer i tillegg prosessen der praksisen eller elementet blir gjort til tradisjon. Praksisen eller elementet, har i følgje folkloristen Dell Hymes (1975) vore gjennom ein *tradisjonalisering*. Det vil seie prosessen der visse handlemåtar og element blir gitt ein verdi på kostnad av andre, og dermed får autoritet blant alternative handlingsmåtar.

Tradisjonaliseringsomgrepet skildrar korleis tradisjonar, til liks med kjønn, blir gjort til ein kvar tid. I følgje dei amerikanske folkloristane Richard Handler og Jocelyn Linnekin (1984), blir tradisjonar skapa i notida, og er symbolske konstruksjonar. Tradisjon kan sjåast som ei stadig tolking av fortida, der både brot og kontinuitet er viktige (ibid.:273). Sidan alle kulturar endrar seg heile tida, vil alt til ei kvar tid vere nytt, men kan ta til seg symbolsk verdi som noko tradisjonelt. Fortida og bruken av fortida i notida, kan ikkje skiljast frå kvarandre: «To do something because it is traditional is already to reinterprete, and hence to change it» (ibid.:281). Slik er tradisjonalisering pågående til ein kvar tid. Som kjønn, er også tradisjonar blitt til strukturar gjennom repeterete handlingsmønster, og kjønn og tradisjonar verkar inn i kvarandre på

---

<sup>79</sup> Sjå til dømes Alver (1974), Bauman (1998), Ben-Amos (1984), Eriksen (1994, 1999; 2006), Eriksen og Selberg (2006), Handler og Linnekin (1984), Hobsbawm og Ranger (1983), Howard og Blank (2013), Klepp (1980), Noyes (2009) og Oring (2013).

komplekse måtar. Det som til ein kvar tid inngår som tradisjon, blir gjort i notida ut frå forståingar av ulik refleksiv grad, av element, overføring og tradisjonalisering.

## 6.2 TRADISJONALISERING OG PATRONYMI

«Tradisjonen dør først når han ikkje er aktuell lenger», skreiv folkloristen Brynjulf Alver (1974:97). Det vil seie at så lenge handlinga blir opplevd som viktig og relevant, til dømes så lenge menn og kvinner gjer handlingane innanfor den patronymiske tradisjonen, vil det halde fram som skript. I denne delen av kapittelet tar eg for meg forteljingar om desse handlingane. Forteljingane kan delast i to. Det er dei som held på oppvekstnamnet utan refleksjon, og det er dei som reflekterer over valet sitt om å følgje praksisane frå patrony whole. Begge bidreg til å halde tradisjonen i form av patrony whole ved like.

### 6.2.1 Å VERE UMEDVITEN TRADISJONELL

Å halde på oppvekstnamnet for mannen og endre for kvinnna, vart i nokre av forteljingane frå meddelarane skildra som om det hende av seg sjølv, utan aktiv deltaking frå mennene eller kvinnene.<sup>80</sup> I Noreg var lova slik at ekteparet fekk mannen sitt etternamn som felles etternamn fram til 1980. Lovverket såg likevel ikkje ut til å spele inn i grunngjevingane til mennene, uavhengig av diskusjonane rundt endringane i namnelovene på 1960-, 1970- og tidleg 2000-talet. Desse mennene

---

<sup>80</sup> Slik var det også for menn i andre land der ein patronymisk namnepraksis rår (sjå til dømes Hagström 1999:188; Jones et al. 2017:315). Tilsvarande haldning kan kjennast att i ei scene frå den britiske tv-serien *The Crown*, om dronning Elizabeth, som tidleg i karrieren sto i press mellom regjeringa og ektemannen sin når det gjaldt etternamnsbruken i familien. Replikkutvekslinga som følgjer frå fyrste sesong, episode 3, er ikkje usannsynleg med tanke på kommentarar ektemannen Prins Philip skal ha komme med i røynda:

Prins Philip: You are my wife. Taking my, taking my name is the law.

Dronning Elizabeth: It's the custom, not the law.

Prins Philip: A custom practiced so universally that it might as well be the law. You can't do that. Am I to be the only man in the country whose wife and children don't take his name? [...] What kind of marriage is this? What kind of family? You have taken my carrier from me, you have taken my home, and my name? I thought we were in this together.

Dette skal ha funne stad på 1940-talet. Nokre år seinare, i 1960, utstedte dronninga ein deklarasjon som sa at mannlege etterkommarar som ikkje skulle arve krona og difor trengde etternamn, skulle heite Mountbatten-Windsor (Dronning Elizabeth hos Agnew 1960).

omtala namnehandlingane sine som «tradisjon», ikkje som pålagde ved lov. Det gjaldt også dei som gifta seg før 1980. Det kan skuldast at få kjende til namnelova, men vel så sannsynleg er det at lova reflekterte ei allmenn forståing av kva slags etternamn som kunne nyttast i kjernefamilien.

Ein mann fortalte at han gifta seg for snart 50 år sidan, på ei tid der det var «den gamle namnetradisjonen som rådde på mine kantar» (NEG44481 fødd 1938). Tradisjonane levde her sitt eige liv og vakta seg sjølv, nærmest utan menneskeleg handling. Den «gamle tradisjonen» var altså at kvinner bytte og menn heldt på namna sine. Han «flaut på tradisjonen» då han gifta seg, og «sidan har det aldri hendt noko som tilsa eit byte» (NEG44481 fødd 1938). At han fortalte at han «flaut» på tidlegare praksisar, fungerer som indeks på eit skript der han som mann heldt på oppvekstnamnet. Det kan vidare tilseie at dette skjedde utan motstand frå hans side, og at han opplevde det som positivt. Han måtte heller ikkje gjere noko sjølv for å få det til. Meddelaren viste vidare til «[s]ame gamle tradisjonen», då han skildra barna som fekk hans og ikkje kona sitt oppvekstnamn. Kvinner som endra etternamn og barn som fekk etternamnet til faren høyrd saman. Det var to sider av den same tradisjonen, slik patronymi tilseier. Begge deler gjorde det mogleg å føre mannslinja vidare signalisert gjennom namnet. Han var også «så gamal at eg gjerne ser at det som var tradisjon i min ungdom burde vere det framleis» (NEG44481 fødd 1938). Det følgde med eit mogleg påbod om kontinuitet. Han hadde ein viss posisjon som mann frå ei viss tid, og ansvarleggjering vart gjort ut frå denne posisjonen.

Tradisjonsomgrepet vart gjerne tatt i bruk fordi dei patronymiske praksisane ikkje lenger vart tatt for gitt. Brynjulf Alver skriv som nemnt at tradisjonar lever så lenge dei er aktuelle (1974). Her ser det ut til at namnehandlingane inngår i ein måte å snakke på, der dei blir skildra med tradisjonsomgrepet. Tradisjonen er ikkje berre aktuell fordi den blir gjort, men også fordi den blir snakka om og reflektert over som tradisjon, som noko eige med kontinuitet til fortid, og med tyding for framtid. Det meddelaren skildra som «gamal namnetradisjon» kunne vise til noko anna enn notida

då han skreiv svaret sitt til NEG. Fortida han viser til er dermed ungdomstida hans.

Det kunne også vise til samanheng mellom ungdomstida hans og praksisar som eksisterte før meddelaren si tid, som dermed gav autoritet til tradisjonen han ønskte oppretthaldt. Bodskapen var at det var verdt å halde fram som før.

Ein meddelar knytte bruken av namnet saman med kunnskap om etternamnet og slekta, og vaks opp i ei «ætt som har hatt sterke tradisjoner» (NEG43875 fødd 1954). Tradisjonen er her knytt tett opp til avgrensing av slekter. Kona hans bytte frå eit vanleg sen-namn, tilsvارande Hansen eller Anderssen, «med den begrunnelse at det ikke var et navn som var noe større å samle på - også var hun kanskje høflig mot meg. Kanskje hun var litt preget av tradisjon, hun óg» (NEG43875 fødd 1954). Denne meddelaren nytta omgrepet tradisjon på to ulike måtar i svaret sitt. Namnet var for han sterkt knytt til identitet gjennom at han kunne følgje det bakover i slekta, og at det kunne knytast til «sterke tradisjoner», utan at han gjorde greie for kva slike sterke tradisjonar var for noko. Det kan handle om autoritet gjennom stabilitet og kontinuitet over tid. For kona var det tradisjonelt å byte namn, samstundes som oppvekstnamnet hennar var av dei meir vanlege.

Måten tradisjonsomgrepene her blir brukt på, tyder på at namnet også symboliserte statusen for slektene etternamna kom frå. Når hennar oppvekstnamn ikkje kunne knytast til ei slekt med «sterke tradisjonar», kunne det seie noko om at ho ikkje hadde like høg status i lys av slekta ho opphavelig høyrd til. Uansett handla det om *namnet hans* og *handlinga hennar*. Tradisjon som element vart her knytt til menn, medan tradisjon som overføring vart knytt til kvinner. Slik kunne kjønn påverke kva av desse to delane av tradisjonsomgrepene som vart aktualisert, og når det gjeld etternamnsendring og patronymi er rollene fordelt etter kjønn. Begge må gjere sitt for at tradisjonaliseringa skal gjennomførast, og begge fungerer som tradisjonsberarar, men med ansvar for kvar sine aspekt ved tradisjonen. Ved å skilje mellom tradisjon som element og tradisjon som handling, kunne tradisjonsomgrepene

fungere som ein måte å skjule kjønninga av namnepraksisane på (jf. Bähr og Weatherall 1999:51).

For ein del av meddelarane som sjølve heldt på oppvekstnamnet, spela kjønn inn som forklaring. Ein meddelar skreiv: «Jeg er mann, og for meg (76 år) var og er det helt naturlig å fortsette med det etternavnet som min far hadde» (43958 fødd 1937). Ein mann heldt på oppvekstnamnet då han gifta seg på slutten av 1970-talet: «Har aldri vært noe tema å endre eller ikke endre, ingen reaksjoner altså. Alternativ situasjon er så hypotetisk at jeg ikke har noe svar på det» (NEG44104 fødd 1952). Reaksjonar var ikkje aktuelle når han heldt på oppvekstnamnet, men andre måtar å tenke etternamn på for menn kunne ha ført til reaksjonar. Han hadde ikkje vore i ein situasjon der etternamnsvalet hans vart tatt opp, noko som ville ha vore tilfelle dersom han skulle ha fått reaksjonar. Dette kan fungere som indeks på at brot med patronymi kunne bli lagt merke til, og at der temaet ikkje var del av ein samtale, var det heller ikkje rom for reaksjonar. Ein tredje skreiv: «Som Mann har jeg tradisjon tro beholdt mitt familienavn» (NEG44208 fødd 1963). Alle desse meddelarane kom med det same poenget. Dei fyrste hadde ikkje tenkt tanken på å byte etternamn fordi det ikkje var noko menn gjorde. Den siste nemnde tradisjon, men bodskapen skilde seg ikkje ut frå dei fyrste. Koplinga mellom «mann» og «tradisjon» som noko sjølvsagt, gjorde at skriptet om mennene si oppretthalding av oppvekstnamnet ikkje var til å diskutere. Det var slik det skulle vere (jf. Eriksen og Selberg 2006:262).<sup>81</sup> Dei tre mennene fortalte om namna sine med utgangspunkt i ei forståing av kontinuitet gjennom livet som dei tok for gitt. Noko anna var ikkje tenkeleg.

---

<sup>81</sup> Også i amerikanske undersøkingar viste mannlege informantar til at dei var menn, og heldt på oppvekstnamnet (jf. Atkinson 1987:37; Robnett og Leaper 2013:108ff). Kjønnsforskaren Rebekah Wilson opplevde at ein del menn ho spurte om å svare på si britiske undersøking om ekteskap og etternamnsendring, fann tematikken irrelevant for dei (2009:140). Ei undersøking av svenske menn viste det same: «Frånvaron av reflektion leder vidare till att manns efternamn som det gemensamma framstår som det naturliga och att namnet är en självklar del av männens identitet», i følgje namnegranskaren Sonja Entzenberg (2004:39).

Mennene sine handlingar inngår i tradisjonaliseringa, og bidrar til å halde den patronymiske namnepraksisen ved like. Først med ytterlegare refleksjon, blir dette til tradisjon hos desse mennene, men tradisjonsomgrepet ser ut til å vere lett tilgjengeleg innanfor namnefeltet som skildring på måten noko skal vere på.

Etnologen Jonas Engman skriv at «[t]raditionen existerar inte om det inte talas om tradition: tradition förutsätter en diskurs om tradition och kontinuitet» (Engman 1999:33). Ut frå det som desse mennene skriv, ser det ut til at diskursen om tradisjon ikkje treng vere til stades på individnivå. Når mennene nytta tradisjonsomgrepet som nemning for patronymi, kunne dei gjere det, vitande om at det i dag finst alternativ, implisert ikkje minst gjennom eksistensen av NEG-spørjelista dei svara på.

#### 6.2.2 Å VERE MEDVITEN TRADISJONELL

I nokre av forteljingane var det meir refleksjon rundt bruken av etternamna til mannen. Ein meddelar som skrev at han var «mann» og vaks opp på ein «tradisjonsrik gard», nytta gardsnamnet som etternamn. Han hadde barn som stort sett gjorde namneval av same typen som han og kona gjorde, altså følgde patronymi. Ei gift dotter bytte. Svigerdottera tok etternamnet til sonen: «Det er dei på garden, vil gjerne nytte tradisjonar når det er fornuft i det» (NEG43990 fødd 1936). Tradisjonar kan altså ha «fornuft» i seg. Samstundes, fungerer det som indeks på ei haldning om at tradisjonar bør haldast ved like, med mindre noko tilseier noko anna, til dømes at dei er uforklart. Nytta kjernefamilien mannen sitt oppvekstnamn, og dette var namnet som høyrer til garden, var det ikkje berre tradisjon, men ein fornuftig tradisjon. Tradisjonsomgrepet handlar her om noko meir enn patronymi, og inkluderer skikken med å heite det same som garden. Svigerdottera var med på å overta den «tradisjonsrike» garden, og dermed følgde etternamnet med. Bruken av gardsnamnet var det «fornuft i», og gav mening blant ulike måtar å tenke etternamnsval på for meddelaren.

Den andre sonen til meddelaren var ikkje gift, men hadde saman med sambuaren gjort ei «grundig vurdering» og enda opp med å la guten deira få etternamnet hans.

Dette forsto meddelaren som «eit tradisjonelt mønster, greitt å ha når ein skal drive slektsgransking, men hjå oss ligg det ingen føringar og i framtida vil det truleg vere eit heilt anna variera, og uoversiktleg(?) mønster» (NEG43990 fødd 1936, hans parentes). Meddelaren viser openheit til moglege etternamnsval i framtida, basert på at det var fordelar med å velje «tradisjonelt», men at det kunne tenkast andre måtar å handle på også. Resultatet vart «tradisjonelt», men det kom som følgje av diskusjonar. Meddelaren var klar over at det fanst alternative måtar å handle på, og omtala handlingane til seg sjølv og sine i tråd med eit tradisjonsomgrep som ikkje var sjølvsagt, men der patronymi vart oppretthaldt.

Ein parallel til tradisjonar som «fornuftige» kan sjåast i etnologen Asbjørn Klepp sine skildringar av motstand mot endring. Han meiner at slik motstand også handlar om rasjonalitet, fordi «mennesket handler rasjonelt ut fra sine forutsetninger» (Klepp 1980:198). Det treng altså ikkje vere rasjonelt ut frå ei meir objektiv forståing av tradisjonen, samanlikna med alternativa. Klepp skriv dette om visse måtar å lage ski og båtar, men det kan også overførast til forståinga av etternamstradisjon. For menn kunne det vere rasjonelt å handle patronymisk. Det gjer at dei kan halde fram med å heite det same gjennom livet, samstundes som dei har namnekontinuitet med tidlegare generasjonar og med kjernefamilien dei sjølve skapar. For kvinner kunne det også vere rasjonelt å endre etternavn, fordi dette kan sjåast som måten parforholdet skal gjerast. Kvinner som endra etternavn, har skildra det som ein fin tradisjon som var med på å skape familieidentitet (Grønstad 2015:268f; Suter 2004:73). Menn og kvinner kunne sleppe kostnadane med å skilje seg ut ved å handle patronymisk, dei vart ansvarleggiort som kvinne og dermed bytar, og som mann og dermed nokon som held på oppvekstnamnet. Ved å kalle det tradisjon, kunne slike handlingar få ei positiv tyding og bli verdsett som verdifulle å halde ved like. Dette trass ulempene namneendring kunne føre med seg. For kvinna som endrar namn følgjer det med papirarbeid og eit brot i namnefellesskapet med opphavsfamilien. Ei meir overordna ulempa er at patronymi byggjer opp under eit kjønna hierarki i samfunnet. For menn som held på oppvekstnamnet ut frå kjønna forventingar, er valfridomen avgrensa.

Høve til å velje meir uvanlege namna, og dermed dra nytte av namna sin individualiserande funksjon, minskar.

Å vere medviten om at valet ein gjer er tradisjonelt, ser ut til å henge saman med generasjonstilhørsle hos mennene. Dei som skildra bruken av eige oppvekstnamn som felles etternamn i kjernefamilien, og som samanhengande gjennom livet, var noko eldre. Tilgangen til alternative orienteringar, var større for dei yngre generasjonane, i alle fall i perioden namneval og familieskaping var aktuelt for dei. Eit sitat frå ein yngre mann, viser ein heilt annan form for refleksivitet rundt det å gje oppvekstnamnet vidare til eventuelle barn, enn hos dei eldre mennene:

Jeg har et ønske om å føre slektsnavnet videre, og jeg er den eneste i min generasjon som kan gjøre det. Dette føles som et veldig patriarkalsk og paternalistisk synspunkt, noe jeg ikke er 100% bekvem med, men jeg føler likevel at dette er noe som jeg bestemt ønsker (NEG44234 fødd 1983).

Sitatet viser at å handle i tråd med patronymi, kunne gjerast under vissa om at det finst alternative handlingsmåtar. Denne vissa, basert på kjennskap til likestillingsorientering, gjer at ei patronymisk handling kunne skape kjensler av ubehag. Meddelaren blir ansvarleggjort både som mann som kan føre etternamnet vidare, og som likestilt mann der menn og kvinner sine etternamn stiller likt.

Dei norske mennene kan slik sjåast i tråd med kjønnsforskaren Michael Meuser si tyske undersøking. Meuser fann at for eldre menn gav det ikkje mening å tenke på seg sjølv som menn og kjønna (2003:130f). Tilsvarande var det mange av dei norske mennene fødd på 1950-talet og tidlegare, som tok for gitt at dei skulle halde på oppvekstnamnet. Den same sjølvsagtheita, fann ikkje Meuser blant sine yngre menn. Hos dei var det to mønster. Det eine gjekk i retning av det mannlige som kontrast til det kvinnelege. Her søkte menn såkalla tradisjonelle mønster der ein patronymisk namnepraksis kunne inngå, men dei kjente samstundes til andre måtar å handle på. Desse mennene kunne ha handla ut frå ideal om likestilling. Likevel vart ansvarleggjering hovudsakleg praktisert ut frå ideal om at visse handlingar var

mannlege, og dermed overlegen kvinnelege eigenskapar og handlingar. Saman med andre menn, kunne dei vise fram haldningane sine, kommentere feministar på mindre hyggelege måtar og tilsvarende. Dei valde å praktisere mannlege stereotypiar, sjølv om dei kunne ha velt annleis (ibid.:133ff). Innanfor det andre mørnsteret hos Meuser, var mennene meir likestillingsorienterte, og altså ansvarleggjort ut frå ideal om likestilling. Men heller ikkje for desse mennene, skulle kvinna i forholdet ha meir makt enn mannen. Meuser argumenterer dermed for at både eldre og yngre menn lokaliserte seg sjølv som kjønn innanfor eit eldre kjønnsordenssystem (ibid.:136).

Meuser si undersøking er ikkje lenger heilt ny, og vart gjort i eit anna land og i ein annan kontekst. Duncan, Ellingsæter og Carter undersøkte meir nyleg motivasjonar for norske og britiske etternamnsval. Det var fleire av dei britiske kvinnene og mennene, som skildra bruken av mannen sitt oppvekstnamn som naturleg og sjølvsagt. Få av dei norske gjorde det (2019:8). Tilsvarende var det fleire norske enn britiske menn og kvinner som braut med konvensjonane, sjølv om det gjaldt eit mindretal hos begge (ibid.:13). Men at norske menn sine brot med patronymi vart lagt merke til, også av andre norske menn, var meddelaren Vikse inne på. Han hadde endra etternavn til kona sitt, og kommenterte at menn «tullar med det [namneendringa], fordi det er ei damegreie. Tradisjonell på feil måte. Samtidig så er det moderne» (Vikse fødd 1974:104). Å ha same etternavn i parforhold var tradisjon, men meir så om det kom frå mannen. Å dele etternavn var det vanlege, men med ein tvist. Det var han og ikkje ho, som sørga for at denne delen av tradisjonen vart oppretthaldt.

Fleire av bytarane fekk som kommentarar at dei var «moderne». Det seier noko om mannleg etternamnsendring som tilhøyrande framtida, i kontrast til fortida, og kan hende notida. Desse bytarane var gjerne fødd rundt 1980, og gifta seg eit stykke inn på 2000-talet. Å kalle mannleg endring for «moderne», kunne vere eit kompliment til mannlege bytarar. Det kunne også lesast som kritikk, i form av ei slags ironisering over framskrift. Vektlegginga vart då på mannleg endring av etternavn som noko

uunngåeleg i framtida, men uvanleg i samtida. Samstundes, passar det med forståingar av tidlegare tiders praksisar som betre, i alle fall for menn som gruppe (jf. Langeland 2011). Det er i tråd med den positive verdsetjinga som tradisjonaliseringa av visse praksisar framfor andre, impliserer. Bruken av omgrepene tradisjon på patronymiske namnepraksisar, kunne innebere eit påbod om kontinuitet mellom det som har vore, det som er og det som skal bli. Slik avgjer det fortidige korleis det framtidige skal bli, eller rettare sagt – måten fortida blir fortolka inn i notida er med på å avgjere korleis framtida kan bli (Bauman 1998:13).

Ein yngre meddelar over, opplevde som nemnd ønsket om å føre vidare oppvekstnamnet til eventuelle barn som «patriarkalsk og paternalistisk» (NEG44234 fødd 1983). Han anerkjende dermed at patronymi ikkje høvde med likestillingsorientering, altså at menn og kvinner blir tilskriven lik verdi og har same moglegheiter. Han anerkjende tematikken. Ved at tematikken var blitt ein del av ein større samtale, må valet i følgje Giddens i større grad forsvarast:

To place them in question means asking for their discursive justification. No longer can someone say in effect, ‘I am a man, and this is how men are’, ‘I refuse to discuss things further’ – statements that are normally carried in actions rather than stated in words. Behaviour and attitudes have to be justified when one is called upon to do so, which means that reasons have to be given; and where reasons have to be provided, differential power starts to dissolve, or alternatively power begins to become translated into authority (1994:106).

Anthony Giddens var kanskje tidleg ute med å seie at menn ikkje lenger kan nytte kjønn som argument, og generaliseringane hans vart gjort ut frå avgrensa miljø. Trass alt, var det ein god del menn som ikkje hadde gjort noko med namna sine fordi dei var «mann» i materialet mitt, men ikkje alle tar det for gitt lenger. Det var meddelaren over eit eksempel på. Forståinga av mannleg etternamnsending som «moderne», og vidareføring av farsnamnet som «patriarkalsk», viser at alternative

skript å tolke mannleg etternamnsendring inn i, var tilgjengelege sjølv om dei ikkje var allmenne.

### 6.3 AVVISING AV PATRONYMISKE TRADISJONAR

Mange av meddelarane var positive til patronymi, ikkje minst fordi det fekk verdi og autoritet som tradisjon. Menn som heldt på oppvekstnamnet hadde i større grad eit positivt syn på dei patronymiske praksisane. Mange hadde ektefelle og barn som nytta hans etternamn. I kontrast står menn som endra etternamn. Mange av dei var negative til tradisjonen, nett fordi den vart assosiert med desse praksisane.

Tradisjonsomgrepet og forståingar av fortid, kom hovudsakleg inn i forteljingane frå desse meddelarane på to måtar. Ein måte handla om at det fanst andre og eldre tradisjonar, som dermed vart fortolka som meir autentiske. Den andre måten handla om at alder i seg sjølv ikkje var nokon grunn til å halde fram med tradisjonane.

#### 6.3.1 «VERKEN GAMMEL ELLER UNNTAKSFRI»

Eit argument hos nokre menn handla om kva slags fortid som blei brukt til å gje autoritet til praksisar i notida. Å sjå på når tradisjonane har oppstått, og kva tradisjonar som kom fyrst, viser at nokon tente på å halde fram med eller skape nye tradisjonar framfor å bruke andre tradisjonar. Som nemnt, kunne innføringa i 1923 av mannen sitt etternavn som felles nemning på kjernefamilien, tene til å overføre borgarskapet sin familieforståingar til andre klasser i samfunnet. Dersom ein patronymisk tradisjon fekk autoritet på grunn av at det var slik det vart gjort før, kunne kjennskap til alternative namnetradisjonar få konsekvensar for namnevalet. Dersom det fanst eldre tradisjonar, var det ikkje naudsynt å følgje tradisjonen basert på patronymi. Meddelaren Aalborg bytte etternavn til kona sitt tidleg på 1980-talet.

Han var:

forundret over at ikke flere kvinner ser det paradoksale i at de etter (som regel) flere års samboerskap og gjerne barn, velger å la seg overlevere som en pakke fra en mann til en annen når de gifter seg. I likhet med navnevalget er det fritt valg hvem du skal gå sammen med opp gulvet, men 'det er så koselig

at pappa får lov til det'. (Den gamle norske skikken er jo at paret gikk sammen; å bli fulgt av far er faktisk nytt og urbant, og stammer fra borgerskapet på slutten av 1800-t.) Ser man ikke mørnsteret? Eller betyr det ingen ting? (fødd 1959:15, hans parentes).

Aalborg viste til korleis bryllaupspraksisar i dag gir inntrykk av å vere gamle, men at den «gamle norske skikken» var både eldre og meir likestilt. Slik kunne dagens praksisar skiljast ut frå ein meir opphavleg praksis, som dermed var meir «ekte», og som hadde opphavet sitt i den geografiske eininga Noreg, til skilnad frå noko som ikkje var norsk. Fortida kan såleis sjåast som ressurs for å utfordre dagens praksis. Tradisjonalisering kan her gjerast basert på kva som fann stad *først*, der synet på korleis framtida bør vere er med på å velje ut kva slags praksisar i fortida som blir gitt autoritet.

Fleire enn Aalborg argumenterte med at den patronymiske tradisjonen ikkje berre braut med ei likestillingsorientering, men også at den var relativt ny. Dermed fråkjente dei autoriteten kontinuiteten med fortida kunne gje til patronymi. Denne måten å argumentere på, kan kjennast att også i dei politiske namnelovsdebattane. Til dømes argumenterte, som nemnd, Thekla Resvoll (1923) i 1922 med at borgarskapskvinner på 17- og 1800-talet nytta oppvekstnamnet, og at bondekvinne på 1900-talet gjerne heldt på oppvekstnamnet. Denne forståinga av fortida (og dåtida blant bøndene), vann som kjent ikkje fram. I 1960 vart det også nytta som argument for å gje kvinner auka valfridom i namnelova, av arbeidsgruppa som skisserte lovforslaget:

[O]m betydningen av tradisjonen kan det sies at alle reformer som har tilsiktet likestilling mellom de to kjønn, har representert til dels sterke brudd på tradisjonen. Hertil kommer også at den tradisjon man bryter her, verken er særlig gammel eller unntaksfri (Gaarder et al. 1960:13).

Både under innføringa av den fyrste lova, og i oppmjukinga av paragrafane for kvinner og barn sine etternamn, vart altså autoriteten til patronymiske tradisjonar

stilt opp mot alternative fortidsforståingar. Seinare vart dette gjort i skildringa av patronymisk lovgjevnad etter at lovene vart likestilt. Då namnelova i Finland vart likestilt på 1980-talet vart det meint at det var som «att vrida klockan 50 år tilbaka i tiden» (Blomqvist 1987:153; sjå også Castrén 2019:249). Likestilling vart skildra som ein tilbakeføring til tidlegare praksisar. I Sverige vart kravet om at ektefellar skulle dele ektemannen sitt etternamn, skildra som «bara en parentes på knappt 50 år [1916-1963] i det svenska släktnamnsskickets historia, något som inte alltid stått klart i debatten om 1982 års namnlag» (Andersson 1984:111). Også dagens japanske namnesystem der mannen og kvinna må velje anten hans eller hennar etternamn i ekteskapet og der 96% vel hans, har blitt skildra i forskingslitteraturen som «not a *traditional* system at all» (Kyoko 2018:80, kursiv i original).

Poenget er ikkje den objektive alderen, men at det finst eldre tradisjonar som i kraft av å ha eksistert før den rådande tradisjonen, blir skildra som meir autentiske. Av den grunn kunne dei vere betre, samstundes som dei kunne framstilla som meir likestilte og dermed som høvande innanfor ei likestillingsorientering. Også likestillingsorientering, inngår såleis i tradisjonalisering der visse fortidige praksisar blir trekt fram og gitt autoritet. Desse praksisane blir nytta som argument for korleis noko bør eller ikkje bør vere i notida. Denne måten å forstå tradisjonar på, og argumenta for å handle annleis enn den rådande patronymiske namnepraksisen, kan sjåast i tråd med historikarane Eric J. Hobsbawm og Terence Ranger sin ideologisk funderte kritikk av «oppfunne tradisjonar»:

‘Invented tradition’ is taken to mean a set of practices, normally governed by overtly or tacitly accepted rules and of a ritual or symbolic nature, which seek to inculcate certain values and norms of behaviour by repetition, which automatically implies continuity with the past (1983:1).

Hobsbawm og Ranger viser korleis ulike fenomen som har inngått som tradisjonar, vart funne opp eller endra på 1800-talet ut frå visse politiske føremål. Fortida som blir vist til, er ikkje kva fortid som helst, men ei passande historisk fortid. Slik kunne

desse tradisjonane fungere som legitimeringsstrategiar ut frå visse grupper sine behov i samtid. Det som kan få status som tradisjon, og slik få positiv verdi gjennom tradisjonalisering, blir dermed oppfatta som autentisk. Her spiller geografisk tilhørsle, klassesettihørsle, kjønnskategori, seksualitet og så bortetter, inn for kva som inngår i den relevante kulturelle identiteten, og i kva som kan vere autentisk. Den patronymiske etternamnspraksisen sitt inntog i det norske lovverket på 1800- og tidleg 1900-talet, kan også plasserast her. Det skjedde ei viktig tradisjonalisering gjennom at felles etternamn i kjernefamilien inngjekk som del av måten kjernefamilien kunne gjerast på. Slik evna patronymi å inngå i det som blir forstått som tradisjonar. Mennene gjer noko av det same når dei trekk fram alternative fortider som svarer til korleis dei ser for seg notida. Dei blir ansvarleggjort som likestillingsorienterte menn. Dermed kan dei vanskeleg halde fram med patronymiske praksisar. Også haldningar i tråd med likestilling, kunne det søkast dekning for i fortida, sjølv om det viktigaste arbeidet fokuset på fortida gjorde, var å avvise patronymi som det einaste historiske alternativet.

#### 6.3.2 «BARE GAMMEL TRADISJON»

Autoritet gjennom høg alder og kontinuitet med noko fortidig, har gjerne vore positivt for mennene. Det kunne også vere noko negativt, som «bare gammel tradisjon», som «form uten innhold, med ritualer ingen lenger forstår og tillegger noen bestemt mening» (Eriksen og Selberg 2006:216). Ei slik haldning fanst også i forståinga av kva etternamn mennene hadde, og vala knytt til namna. Eit eksempel er ein mann som tok partnaren sitt etternamn av fleire årsaker. Den sentrale her var at han og partnaren ønskte «å skape vårt eget fremfor bare å videreføre noe gammelt» (fødd 1991:225). For han hadde ikkje tradisjonen eigenverdi. Han og partnaren ville ha noko som høyrd til dei, og som dei sjølve bestemte over. Når han nemnde «bare å videreføre noe gammelt», fungerer det som indeks ved å vise til korleis det gamle og fortidige ikkje hadde autoritet i notida, og heller ikkje eigenverdi. Å viser til noko fortidig, fungerte ikkje som autorisering av visse etternamnsval, snarare tvert om. Ein

annan mann skildra misnøya frå foreldra etter at han endra etternamn til partnaren sitt. Dei «kunne ikke begrunne det med noe annet enn tradisjon» (fødd 1979:149). Forventningane deira tilsa at han skulle handle ut frå patronymi, altså tradisjonen, og det hadde ikkje vore naudsynt med ytterlegare grunngjevingar for dei, meinte han. Det var ikkje godt nok for meddelaren, som meinte det måtte betre og andre argument til for å få han til å halde på oppvekstnamnet. Eit tredje eksempel er mannen som skildra sin eigen far, som reagerte negativt på at han bytte til kona sitt oppvekstnamn. Faren «syntes det var trist at jeg tok vekk [hans familienavn]. Han var en meget tradisjonsbunden mann, og syntes ikke det var noe stas at barnebarna ikke hadde hans etternavn» (fødd 1981:171). For meddelaren sin far, var tradisjonen at barna skulle få faren sitt etternamn og bere det vidare. Meddelaren sjølv forklarte dette som noko som gjorde faren bunden til visse måtar å tenke på, og tok frå han handlingsrom. Meddelaren tenkte over det, og valde det vekk då tradisjonsargumentet var det einaste som tilsa at han skulle ha ført faren sitt etternamn vidare. Autoriseringa tradisjonaliseringa gav visse praksisar ved å vise til kontinuitet over tid, hadde altså blant nokre av mennene ein negativ verdi. Det gjaldt i alle fall når dei skulle forklare motivasjonen bak eigne val der tradisjonsomgrepet vart knytt opp til handlingar som braut med likestillingsorientering.

#### 6.4 TRADISJONALISERING OG NYE NAMNEPRAKSISAR

Medan tradisjon kunne nyttast som noko godt og genuint, eller som noko negativt eller falskt, var tradisjon til stades på ein tredje måte i forteljingane til nokre av mennene. Dei omdefinerte kva som inngjekk i tradisjonsomgrepet i etternamnspraksisar. For desse mennene hadde kontinuitet med fortida verdi som dei ønskte å trekke på i sine eigne forteljingar og forståingar av handlingane dei gjorde. Dette skriv sosialantropologen Marianne Gullestad om: «Tradisjonen er ikke bare nedarvet, aktørene velger blant elementer, og gjør dem til sine gjennom aktive konstruksjons- og rekonstruksjonsprosesser» (1996:32, kursiv i original). Dette er å ta i bruk fortidserfaringar for å gjennomføre nye prosjekt (Henriksen og Krogseth

2001:123). Slik inngår mennene i tradisjonalisering ved å halde fram med visse praksisar framfor andre, også dei tidlegare nemnde mennene som forheldt seg til eller bevisst braut med, patronymi. Men hos nokre menn, blir tradisjonaliseringa ekstra tydeleg. Her tar eg for meg forteljingar der tradisjonsomgrepet blir nytta også om handlingar som bryt med patronymi. Desse mennene tar del i tradisjonalisering ved å velje blant tilgjengelege handlemåtar ut frå ansvarleggjering som likestillingsorienterte menn. Her er *overføringa* av etternamn sentralt, til liks med etternamnstypen i seg sjølv som *element*. Eg byrjar med forteljingar om overføring, før eg går over til forteljingar om sjølve etternamna.

#### 6.4.1 KJØNNSNØYTRALISERING AV OVERFØRING AV ETTERNAMN

I følgje patronymi, er det mannen sitt etternamn som skal førast vidare og takast vare på gjennom bruk i dei neste generasjonane. Denne delen av skriptet var det ein del av meddelarane som braut med. Meddelaren Vikse som tok kona sitt etternamn, formulerte seg slik:

[D]et har jo også vore eit argument då eg skulle på ein måte rettferdiggjere det, [...] 'Ja, okey, tradisjonelt vil jo ein av oss byte namn' [...] Ja, men så tenker eg, okey, anten må ho gjere det, eller så må eg gjere det. Og kvifor ikkje eg? Kvifor ikkje mannen? (fødd 1974:93).

Vikse har definert om namnetradisjonen til å handle om noko anna enn kontinuiteten til mannsnamnet. Ved å legge vekt på «kvifor ikkje mannen?» gjer han ei aktiv handling, der han flyttar fokuset i tradisjonen frå å gjelde kvinner si endring, til å gjelde endring for ein av dei og bruk av felles etternamn i kjernefamilien. Det fungerer som indeks, der han posisjonerer seg i forhold til patronymi ved å tilpasse delar av det til likestillingsorientering. Denne vridinga av fokuset, har blitt kalla 'moderne', samstundes som det inngår i ein analytisk forståing av tradisjonsomgrepet der både endring og stabilitet inngår. Tradisjonen for Vikse handlar ikkje om å føre vidare ei mannleg slektslinje, men han skildrar seg sjølv som «ganske tradisjonell, ja eg trur nok det er der det ligg». Dette var sjølv om han var samd i at namneendringa

hans kunne forståast som eit brot med namnetradisjonen ved at «det er omvendt» (fødd 1974:94).

Vikse og partnaren hans, nytta oppvekstnamnet til den eine som felles namn i den nye familien dei skapa saman. Tradisjonar blir endra, og det som kan sjåast som slutten på visse tradisjonar, kan vel så gjerne handle om tilpassing. Når kjønn som argument ikkje lenger var avgjerande for kva etternamn ein kunne velje, måtte ein tenke på andre kriterium, slik som historia til namnet og tilknytinga den enkelte hadde til oppvekstnamnet sitt. Vikse, men også andre menn, gjorde tradisjonelle val basert på delar av patronymi – den eine i paret bytte slik at dei to delte etternamn etter bryllaupet. Dei valde å halde ved like tradisjonar som stemde med visse verdiar, til dømes å dele etternamn i ekteskapet, og å passe på at sjeldne etternamn og etternamn med spesielle historier fekk leve vidare.

Menneske søker generelt i større eller mindre grad å tradisjonalisere element i tilværet eller praksisar som dei inngår i (Hymes 1975:353). Tradisjonsomgrepet har blitt skildra som viktig av Hymes. Det er ikkje basert på samanhengen over tid som det kan skildre, men fordi det er eit aspekt ved det mellommenneskelege i samfunnet. Gjennom tradisjonalisering får noko kvalitet som noko bra. Poenget til Hymes var at ved å kalle handlingar, idear og gjenstandar tradisjonelle, får dei visse kvalitetar. Det gjer dei gjennom å bli knytt til noko fortidig som gir dei legitimitet. Det gir mellom anna kjensler av kontinuitet. Tradisjonalisering fungerer slik som eit mellomledd for å seie at visse element eller handlingar er positive, fordi dei har samanheng med noko som har vore før. Slik kan tradisjonar også fungere som motkraft mot uønskte sosiale endringar (Eriksen 1994:10). Det kunne også fungere som autorisering av handlingar som elles kunne forståast som nye og uvande. Ved å sjå namneval i tråd med eit tradisjonsomgrep, kunne handlemåtane få eigenverdi som tradisjon (Daun 1971:226).

Det som blir oppfatta som ein tradisjon, kan bestå av ulike element der nokre er meir fleksible enn andre. Slik kan ein seie at tradisjonaliseringa ikkje er ferdiggjort når

tradisjonen er skapt. Tradisjonar har til ein kvar tid potensiale for stabilitet og endring. Handler og Linnekin sitt poeng om at tradisjonar heile tida blir gjort (1984), blir ekstra tydeleg her, der mennene hadde eit meir kreativt forhold til kva dei oppfatta som tradisjonar. Dei var opptekne av bevisst å plukke tradisjonar frå fortid og samtid, og sette dei saman til noko meiningsfylt for dei sjølve i notida. Slik kunne dei oppfatta seg sjølve og eigne handlingar som del av den same tradisjonen sjølv om dei braut med dei kjønna delane av tradisjonen. Både Vikse og andre var opptekne av tradisjonar, og gjorde eit arbeid med å omdefinere namnetradisjonar frå å vere patronymiske til å vere kjønnsnøytrale. I staden for at menn held på oppvekstnamna, kvinner byter, barna får faren sitt etternamn, og individet har same namn gjennom livet, såg dei tradisjonen på ein annan måte. Mannen eller kvenna held på oppvekstnamnet, kvenna eller mannen byter, barna fekk det same etternamnet som foreldra, og individet treng ikkje ha same namn gjennom livet. Slik skapa dei *om* patronymiske handlingar til noko nytt som høvde med ei likestillingsorientering. Dette var eit arbeid mennene var bevisste på. Omdefineringa vart gjort innanfor ein kontekst der forståinga deira av tradisjonar var i opposisjon til den dominerande forståinga av tradisjon.

#### 6.4.2 ETTERNAMNSFORMA SOM TRADISJONSELEMENT

Når mennene sjølve fortalte om tradisjonar, kunne det handle om korleis noko vart overført, kven som overførte det. Det kunne også handle om sjølve etternamna eller etternamnstypen. Namna og typen kan forståast som tradisjonelement. Etternamnstypene opna for ulike måtar å tenke på etternamna. Til dømes opna etternamnstypen gardsnamn for tilknyting til ein gard eller stad, og sen-namna opna for tilknyting til eldre slektningar som den opphavelege Erik eller Ola.

Sen-namna som tradisjonsform på etternamna, opna også for høve til å lage nye namn på ein tradisjonell måte, slik til dømes ein meddelar gjorde. Han og sambuaren ville ikkje byte etternamn sjølve, og gav barnet deira hans fornamn med «dotter» bak. Dottera sitt fullstendige namn vart dermed tilsvarande ‘Vilde Vegardsdotter’.

Når dei likevel ikkje vart ein familie med same namn, kunne ho få eit etternamn ingen av foreldra delte (NEG43922 fødd 1982). Namnet er mogleg å kjenne att som eit norsk namn, ved at praksisen har vore nytta langt tilbake i tid (Torp 2018:117), og ved at både Vilde og Vegard er gjenkjennelege som norske fornamn. Meddelaren og sambuaren skapa noko nytt, samstundes som dei trakk på kjende praksistar. Sjølv om bruken av faren sitt fornamn med slektskapsnemning hadde vore rådande for dei aller fleste i Noreg før namnelova kom i 1923, skreiv meddelaren at dei gjerne fekk spørsmål om kva barnet eigentleg heitte. Det hende brev til dottera var adressert til henne med faren sitt etternamn i tillegg.<sup>82</sup> «Vegardsdotter» var gjenkjenneleg som namn, men det vart ikkje alltid forstått at det var det ordentlege etternamnet hennar.

Før 1923 var det vanleg å nytte namnet på garden som tillegg til farsnamnet, og det fungerte nærmast som ei adresse (Nedreliid 2002:125). Også gardsnamna som namnetyper har vore gjennom ein autoriseringsprosess der dei har blitt tradisjonaliserte som faste, norske etternamn. Denne autoriteten kunne nyttast til å grunngje og legitimere meddelarane sine endringar til partnaren sitt oppvekstnamn. Ved å trekke på argument som knytte visse element eller praksistar til tradisjon, kunne elementet eller praksisen få gjennomslagskraft hos andre, og lettare bli akseptert (Carter og Duncan 2018:121). Men tradisjonaliseringa av gardsnamna, hadde ikkje tatt vekk tydinga dei kunne ha som namn på konkrete geografiske einingar for meddelarane. Meddelaren Tenfjord bytte til kona sitt oppvekstnamn ei tid etter at barna deira fekk namnet hennar:

Når vi fekk born i 2010 bestemte vi at borna skulle få kona sitt etternamn fordi det var eit namn knytta til ein plass ho har røter til og med ein sterk familiетradisjon, eit namn som er unikt for ei slekt, medan mitt namn ikkje

---

<sup>82</sup> Fram til 2003 kunne ekte parentonym berre brukast som mellomnamn. Dette barnet var fødd etter det.

hadde nokon historie, stadsforankring og at masse folk frå heile landet heiter det som vi ikkje er i slekt med (fødd 1983:192).

Tilknyting til konkrete stader og slekter gjennom namnet sto sterkt for mange av meddelarane. Det gjaldt både blant dei som bytte til kona sitt oppvekstnamn, og dei som heldt på oppvekstnamnet. Dette var til skilnad frå informantane i Wikstrøm (2009) si undersøking. Dei var mest oppteken av gardsnamna sin individualisering funksjon, ikkje staden namnet kom frå.

Ei undersøking gjort få år etter innføringa av den nyaste namnelova, viste at namneendringane gjort i Noreg mellom 2003 og 2006 handla om tradisjonar, om å ønske seg finare namn, om individualisme og om likestilling (Utne 2006:13). Med tradisjonsomgrepet, kunne fortidige praksisar og etternamn i slekta fungere som ressurs i notida. Det gjaldt ikkje minst ved endring av skrivemåtar, der fleire ønskte å endre skrivemåten til tidlegare stavemåtar. Få moderniserte skrivemåten av namna sine (ibid.:14). Også søken etter finare etternamn kan sjåast i bruken av tidlegare etternamn i slekta ved at visse etternamn vart trekt fram framfor andre (ibid.:15). Det same med individualisme, som speler inn i leiting etter unike namn, slik Wikstrøm viste. Oftast hadde namna likevel tilknyting til slekta (Utne 2006:16).

Det var ingen av mennene i mi undersøking som valte etternamn ved å trekke lodd. Det var heller ingen som laga eit heilt nytt etternamn som ikkje var basert på oppvekstnamna eller som ikkje hadde samanheng med etternamn frå ei av slektene.<sup>83</sup> Førestillinga om tradisjon, blir brukt som ein måte å knyte band til fortida og skape kontinuitet med framtida på, men praksisar som braut med likestillingsorientering vart ekskludert frå tradisjonen. Ein kan kalle det ein harmoniserande form for tradisjonalisering.

---

<sup>83</sup> Det var likevel nokre eksempel på namneendring blant mennene utanom parforholdet der namn vart valt basert på personlege interesser eller på andre måtar, som eg kjem til i eit anna kapittel.

## 6.5 TRADISJON OG KJØNNNSMAKT

Tradisjon kan seiast å handle om kontinuitet framfor endring, og det handlar om fellesskap og gruppe framfor individ. Studiet av tradisjonar, kan vere «et middel til å forstå mentaliteter eller tenkemåter som preger grupper og samfunn og som stikker dypt, men som samtidig er mindre artikulerte enn politisk ideologi, religiøs lære eller filosofisk system» (Eriksen og Selberg 2006:29). Ein kan handle i tråd med patronymi, også med kunnskap om at det finst alternative måtar å handle på. Det kan som nemnt vere rasjonelt for det enkelt individet å handle patronymisk, ikkje minst ut frå kollektive forventingar om mannlegheit og umannlegheit, og forståingar av fellesskap. Denne rasjonaliteten gjer at tradisjonar kan sjåast som samfunnsspegl fordi dei «inneholder konsentrerte budskap om bestemte verdier og oppfatninger av virkeligheten» (ibid.:225). Dette bygger opp under at mennene som held på oppvekstnamna, kan gjere dette i tråd med forståingar av korleis samfunnet er og kanskje skal vere. Ikkje å gjere ei handling, kan slik vere ei aktiv handling, fordi det kan føre til framtidige tilstandar som elles ikkje hadde funne stad (Schütz 1990:61). Slik kan den enkelte vurdere alternativa og kva slags tilstandar som ein ønsker, og gjere noko konkret, eller la det vere, for å oppnå ønskt tilstand (ibid.:62). Ikkje alle aspekt ved denne bodskapen trengde å vere uttala. Kvinner sine namneendringar til mannen sitt etternamn, har tidlegare symbolisert ein heilt konkret overgang frå å høyre til faren sin familie til å inngå i mannen sin familie. At namneendringa held fram i form av tradisjon utan at dette blir forstått som ein overgang mellom slekter, seier noko om at kjønnshierarkiet framleis er i menn sin favør. Sjølv om andre forhold ved samfunnet har vore i endring, har nokre av desse forholda blitt haldt ved like.

Mange tradisjonar kom til på 1800-talet med føremål å skape aksept for visse maktsystem. Det gjaldt til dømes framveksten av den offentlege sfæren som mannleg. Noko av makta som ligg i bruken av tradisjonar som eigenskap ved visse handlingar eller element, refererer til den institusjonelle karakteren, og ei oppfatning om at institusjonar ikkje kan endrast (Bauman 1998:17). Dermed er det berre å halde fram med å gjere som før for å unngå oppløysing av samfunnet og slektene, slik nokre

av dei eldre mennene meinte når dei hevda at brot med tradisjon ville gjere det «rotete» og «uoversiktlig» å halde oversikt over familiane (jf. NEG43944 fødd 1943).

Det som inngår i det «tradisjonelle» er eit utval, og har nådd generell aksept som noko positivt i samfunnet fordi det høyrer til ein viss form for historisk bevisstheit og kulturell identitet, felles med visse andre individ, med visse fellestrekke. Det handlar om opplevingar av tilhørsle og kulturell identitet (Eriksen 1994:11). Ved å snakke om handlingane som tradisjonelle og dermed som verdiladde, kunne dei fungere som rettesnor for kva val som kunne gjerast. Tradisjonen har slik eit normativt eller moralsk innhald. Det handlar om korleis noko bør vere, ikkje berre kva som blir gjort (Eriksen 1999:179), og det inneber korleis det skal vere for eit «vi». Gjennom «traditionens makt», har menn sine etternamn fått høgare status enn kvinner sine, noko som har gitt menn fordelar i situasjonar der par vel mellom hans og hennar oppvekstnamn (Entzenberg 2004:43). Ved å legge inn verdiar i dei patronymiske namnetradisjonane, vart det også mogleg å utfordre dei gjennom å bruke andre sett med verdiar, til dømes likestillingsorientering, og idear om sjølv å avgjere namnet sitt.

For fleire av meddelarane var ikkje tradisjonane berre gamle, men dei kunne sjåast i samanheng med ideologiar som dei ikkje ville følgje. Også for dei samsvara tradisjon i etternamnspraksisar med patronymi. Det var verdiladd med negativt forteikn.

Meddelaren Hilt meinte: «Tradisjonen om at kvinnen skal tamannens etternavn er ikke en av de tradisjonene jeg syntes er viktig å ivareta siden jeg tenker at den stammer fra et foreldet og diskriminerende kvinnesyn» (fødd 1979:148). Andre tradisjonar kunne vere viktige å føre vidare, men ikkje dei patronymiske på grunn av synet på forholdet mellom kvinner og menn som låg i det. Hilt og kona ønskte å heite det same, og valde hennar etternamn fordi det hadde ei spesiell historie og var viktig for henne. Ein meddelar trakk inn feminism som motsetnad til tradisjonane: «At damen ofte tarmannens navn kan sees på som en liten bagatell og en koselig tradisjon», men sjølv valde han å sjå praksisen i tråd med andre bagatellmessige praksisar som førte til «en ganske skjev maktsbalanse mellom kjønnene i dagens

samfunn» (fødd 1987:216). Det var ikkje ein maktbalanse han ønskte å bygge vidare på. Hos han var likestillingsorienteringa sterkare enn patronymi. Meddelaren Ulltang undra seg over reaksjonane han fekk på namnevalet han hadde gjort:

Jeg har til tider måttet 'forsvare' mitt valg [for venner og andre, også kollegaer] da det synes utradisjonelt i Norge at mannen skal ta kvinnens familienavn - noe jeg ser som litt merkelig i likestillingens mekka anno 2014... (fødd 1978:140, min klammeparentes).

Utradisjonelt kan her tolkast som det same som *uvanleg*, og dermed noko ein ikkje burde gjere. Med tradisjonsomgrepet fekk Ulltang fram eit påbod i reaksjonane om korleis han burde ha handla. For Ulltang og dei andre, vart fenomenet som inngår som tradisjonsuttrykk ikkje lenger tatt for gitt som positivt ladde eller verdifulle. Frå å vere sjølvsagde, har fenomena endra status, og må grunngjevast.

## 6.6 OPPSUMMERING

Det positive innhaldet mange legg i omgrepet tradisjon, og den sjølvsagde bruken av tradisjon som rettesnor for etternamnsval, er sosialt, kulturelt og historisk bestemt. Det tradisjonelle kan dermed forståast som kontinuitet med noko fortidig. Det ser ut til å henge saman med praksisar der det mannlige etternamnet har forrang framfor det kvinnelege. Vidare har det samanheng med kor mange som handlar på denne måten. Dei som handlar som majoriteten, fekk handlinga tolka som tradisjonell, og tolka det ofte slik sjølv. Handlingane tolka som tradisjon får dermed autoritet gjennom kontinuitet over tid, men også gjennom at det er slik dei fleste andre handlar.

Ein av dei største skilnadane i gruppa av meddelarar, var at dei som heldt på namna sine i større grad tok valet for gitt, medan namnebytarane reflekterte over vala sine. Mennene som heldt på etternamna sine, nytta gjerne eit tradisjonsomgrep i tråd med patronymi som ein måte å forklare kvifor dei heldt på namnet. Det var også dei som ikkje brukte tradisjonsomgrepet i det heile tatt, men som viste til at dei som menn ikkje bytte namn.

Tradisjonsomgrepet kunne ha negativ verdi, fordi det var knytt til dei patronymiske praksisane. Desse mennene hadde eit verdisyn som braut med den hierarkiske inndelinga etter kjønn som vart praktisert gjennom patronymi. Fokuset på samanhengen mellom fortid og tradisjon, opna vidare for å tolke patronymi i lys av opphavet til praksisen. Logikken tilsvara Hobsbawm og Ranger sin (1983), og sa at tradisjonen var oppfunne i ei konkret tid og ut frå konkrete behov. Konsekvensen var at dersom alder har verdi, er det eldre meir opphavleg og dermed betre. Det var likevel lite som tyda på at det som patronymi vart erstatta med, var ekte sen-namn. Snarare vart det til eit argument for at kvinner sine etternamn var like viktige som mennene sine, og at paret kunne velje mellom dei to på likt grunnlag. Det hadde skjedd eit skifte frå ei patronymisk orientering til ei likestillingsorientering, der likestilte praksisar kunne få dekning frå tidlegare praksisar. Men det var også menn som avviste tradisjonen og kontinuitet med noko fortidig. Framtida dei såg for seg, skilde seg ut frå den nære fortida. Dermed var ikkje tradisjonen verd å halde fram med, fordi verdiane tradisjonen samsvara med, var negativt ladd for meddelarane. Kontinuiteten kunne, og burde, brytast.

Ei tredje haldning var at tradisjon i seg sjølv var noko fint, men at det ikkje trengde å svare til patronymi. Slik kunne argument som handla om tradisjon, nyttast til å gje eigne val kontinuitet med noko fortidig, samstundes som desse meddelarane tok i bruk kreativitet og innovasjon i Handler og Linnekin si forståing av tradisjon (1984). Det fortidige kunne fungere som autorisasjon av eit arsenal av handlemåtar. Bruken av gardsnamna gjorde noko med tilknyting til konkrete stader, og bruken av felles etternamn i kjernefamilien, høvde inn som passande måtar å ta i bruk element som kunne vise til kontinuitet med fortida. Meddelarane i denne gruppa gjorde samstundes eit godt stykke harmoniserande tradisjonaliseringsarbeid med å få handlingar som kunne oppfattast som utradisjonelle, til å inngå som tradisjonelle. Dei var involvert i tradisjonalisering av visse handlingar og element.

Dei som såg det som sjølvsagt for menn å halde på oppvekstnamn og kvinner å byte, var gjennomgåande noko eldre enn meddelarane som heldt på oppvekstnamnet ut frå refleksjon rundt valet. Når dei eldre meddelarane har skildra namnevala sine som uttrykk for tradisjon, kan det henge saman med at dei ikkje har hatt høve til å gjere andre val, samstundes som patronymiske praksisar har blitt tillagt positive konnotasjoner gjennom tradisjonalisering over tid. Ei rørsle har skjedd frå at visse praksisar blir følgt utan spørsmål eller krav om forklaring, til ein refleksiv tradisjon. Argument for eller mot visse etternamnspraksisar som handlar om tradisjon, kunne gjerne setjast i kontrast til argument om individuelle val (Bähr og Weatherall 1999:52). Vikse, Hilt, Damminger og mange av dei andre meddelarane viste at ulike tradisjonar også kunne setjast i opposisjon til *kvarandre*, nettopp som prosessar der meddelarane gjorde individuelle val. Tradisjon og individualitet trengde ikkje stå i opposisjon. Ulike måtar å tenke om tradisjon på, gjer at ein ikkje må velje mellom å handle i tråd med, eller bryte med det tradisjonelle. Mennene posisjonerer seg ut frå visse skript som påverkar handlingane deira gjennom ansvarleggjering. Det umannlege innanfor patronymi, kan inngå i mannlegheit om ein er likestillingsorientert. Tredelinga av korleis mennene stilte seg når det gjaldt patronymi, kan dermed oppsummerast som ulike haldningsmønster dei hadde tilgjengeleg. Den første og største gruppa handla som dei gjorde fordi *patronymi var tradisjon*, avviste den andre gruppa tradisjonen *fordi* den tilsvara patronymi. Den siste gruppa avviste heile valet, og tenkte rundt tradisjonar på alternative måtar. Dei opna for å forstå eigne handlingar som tradisjonelle, samstundes som dei høvde inn i ein meir moderne namnepraksis. Framtida var ikkje anten kontinuitet eller brot med fortidige praksisar, men kunne vere både og.



## 7. Likestillingssforståingar og etternamnsendring

I forteljingane til mennene, var patronymi tydeleg gjennom skildring av handlingar der mannen sitt etternamn hadde forrang. Men det var også ein motstand mot dei patronymiske praksisane. Denne motstanden handla i stor grad om likestilling. Då eg byrja å samle inn forteljingar om etternamnsendring i 2014, tok eg for gitt at menn og kvinner oftast heldt på oppvekstnamna sine i parforhold, og at dei gjorde frie val.

Denne forståinga endra seg gjennom lesinga av svara frå meddelarane til NEG. Mange kvinner som heldt på oppvekstnamnet, skreiv at dei gjorde det fordi kvinner og menn burde vere likestilte.

I forskingslitteraturen var etternamnsvalet situert som kvinneleg. Å halde på oppvekstnamnet, som eg har vist at 91,2% av mennene og 47,2% av kvinnene i Noreg gjer, sto fram som det kjønnsnøytrale valet. Kvinner som heldt på oppvekstnamnet, vart gjerne forstått som likestillingsorienterte. Til skilnad vart kvinnene som endra etternamn vart skildra som tradisjonsorienterte. Dette bidrog til å gjøre det vanskeleg å sjå kva likestilling i namnevalsituasjonen kunne ha å gjøre med dei mannlige NEG-meddelarane. Berre 2 av dei totalt sett 101 mennene endra på namnet i forholdet. Ved nærmere gjennomlesing fann eg likevel at også menn nemnde likestilling. Dette viser at det var viktig for dei. Forståingar av, og uttrykk for, likestilling i forteljingane frå mennene er temaet eg tar for meg i dette kapittelet. Spørsmåla eg søker svar på er: Kva slags forståingar av likestilling kjem fram i meddelarane sine forteljingar om motivasjonar og reaksjonar? Korleis verkar likestillingsforståingar inn på etternamnsvalet?

Eg byrjar med å gje eit overblikk over forståingane av likestilling hos mennene. Så går eg inn i korleis dei kjem til uttrykk i forteljingane. Til sist tar eg for meg forteljingar om reaksjonar på mannleg endring som noko uvanleg.

## 7.1 LIKESTILLINGSFORSTÅINGAR I FORTELJINGANE

Mennene forheldt seg til forholdet mellom menn og kvinner sine etternamn, på ulike vis. Under er ein tabell som viser korleis dei ulike formane for handling knytt til likestilling, kom fram i svara frå meddelarane.

	<b>1. Likestilling handlar om kvinner</b>	<b>2. Kvinner og menn som likestilte</b>	<b>3. Menn endrar som motvekt</b>	<b>4. Nemner ikkje likestilling</b>	<b>5. Anna</b>
<b>Meddelarane som gjorde namneendringar (63<sup>84</sup> totalt)</b>	0	8	5	44	6
<b>Meddelarane som held på oppvekstnamnet (99<sup>85</sup> totalt)</b>	8	1	0	78	12

TABELL 26: OVERSIKT OVER LIKESTILLING I FORTELJINGANE.

Den fyrste forma for forteljingar, handlar om kvinner sin rett til å halde på oppvekstnamnet. Dette var tema hos åtte av mennene som heldt på oppvekstnamnet. Det var ikkje eit tema i forteljingane frå bytarane. I den andre gruppa inngår forteljingar der begge sine etternamn vart forstått som viktige, og der kjønn vart sett til sides som grunngjeving for kva val som skulle gjerast. Her kunne åtte av mennene som endra plasserast, medan dette også såg ut til å vere tilfelle hos nokon som ikkje endra etternamn. I den neste delen, er fokuset på forteljingane om menn som endrar etternamn, ikkje minst som motvekt til det meddelarane opplevde som eit historisk og kulturelt press på at kvinner skulle endre oppvekstnamnet. Hos fem menn sto dette sentralt.

Den fjerde kategorien i tabellen viser til dei som ikkje har tatt for seg likestilling i forteljingane sine. Hos mennene som endra på namnet, såg det ut til at dei tok utgangspunkt i at oppvekstnamnet til partnaren i utgangspunktet var like viktig som

<sup>84</sup> Talet 63 inkluderer 60 e-postsvær, 1 intervju og 2 NEG-svar.

<sup>85</sup> Talet 99 inkluderer berre NEG-svar.

deira eige oppvekstnamn. Forståinga av kvinner og menn sine etternamn som likestilte, var dermed implisitt i forteljingane hos alle dei 44 i oversikta. Ei tilsvarande haldning til kvinner og menn sine etternamn var implisitt hos 14 av dei som heldt på oppvekstnamnet. Det var fråverande hos dei resterande 64. Mennene som heldt på oppvekstnamnet og som tok likestilling for gitt, var yngre enn mennene som ikkje nemnde likestilling. Fleirtalet tok ei rådande kjønnsorden for gitt, der kvinner og menn valde etternamn under forskjellige vilkår.

Eg har i tillegg lagt til ein «anna»-kategori. Mennene som endra etternamn som er lagt inn her, viste til at etternamnstematikken på ulike vis kunne oppfattast som eit feministisk tema, eller at haldningane i samfunnet hadde endra seg frå eit meir eller mindre udefinerbart «før» då mannleg endring var meir utenkeleg, til eit «no», der dei kunne endre etternamn. Meddelarane som heldt på oppvekstnamnet i «anna»-kategorien, har komme med utsegn som tyder på at dei tenkte at etternamnsval i seg sjølv, handlar om kvinner, ikkje berre likestillingstematikken. Nokre var prega av at erfaringane med parforhold og etternamnsendring vart gjort i perioden mellom 1950 og 1980, då også lovverket tilsa at kvinnene skulle byte. Dei uttrykte haldningane som tyda på at dei meinte kvinner burde endre til mannen sitt oppvekstnamn.

#### 7.1.1 LIKESTILLING HANDLAR OM KVINNER

I den fyrste kategorien av likestillingsforteljingar, var etternamnsval i parforhold eit tema som handla om kvinner, ikkje om menn. Det gjaldt ikkje minst der fleire av meddelarane svara på NEG-spørjelista som om spørsmåla gjaldt kona. For desse mennene var ikkje likestilling relevant for eigne namn. Dei var gjerne fødd før 1960, men både menn fødd på 1940-talet og yngre menn som heldt på oppvekstnamna sine, reflekterte over likestilling. Det gjaldt rett nok helst namna til kone og barn. Likestilling handla for dei om kvinner sin rett til å halde på oppvekstnamnet. Desse mennene hadde opplevd at tidene hadde endra seg, og nokre fortalte at kona kunne ha gjort andre val om dei gifta seg i dag. Fleire skildra 1970-talet som ein periode der gamle kjønnsmønster vart utfordra. Til dømes var ein av meddelarane «'sekstiåtter'

og i min vennekrets var det en selvfølge at kvinnene beholdt sine etternavn når de giftet seg» (NEG44564 fødd 1947). Gjennom å skildre seg som «sekstiåtter» plasserte han seg sjølv i ein politisk periode av livet som var med på å forme haldningane hans, mellom anna til spørsmål om etternamnsval i parforhold. Det var, som elles på 1970-talet, snakk om kvinnene sine rettigheter til å handle slik menn kunne, ikkje om å utvide mennene sine moglegheiter. Sjølv om det var sjølvsagt at kona heldt på etternamnet i kretsen hans, var det ikkje meir naturleg enn at det kunne påpeikast og forklarast. Ein meddelar som heldt på oppvekstnamnet, hadde ei kone som heldt på sitt. Han fokuserte på kona si handling som val, og såg vekk frå si eiga handling i det han skreiv:

Det var et helt opplagt valg for oss begge - hun identifiserer seg naturlig nok med sitt eget etternavn og selv synes jeg det er rart når kvinner tarmannens etternavn i våre dager. Synes det signaliserer en underordnet rang (NEG44157 fødd 1963).

Barna deira fekk hennar sjeldne oppvekstnamn som etternamn. Meddelaren sitt meir vanlege etternamn vart mellomnamn for barna. Valet sto fram som opplagd ved at ho ønskte å halde på oppvekstnamnet, og ved at han synst kvinner burde halde på oppvekstnamnet. Å ta nokon andre sitt etternavn som vaksen, signaliserte eit forhold med under- og overordning mellom dei to personane, meinte han. Personen som opphavleg hadde oppvekstnamnet, vart tolka som den som hadde leiarskapen i kjernefamilien. Å endre etternamn signaliserte ein underordna posisjon.

Forteljingane kunne handle om intensjonar for framtida, der også forståingar av underordning og overordning høvde inn. Ein ugift meddelar såg for seg at om han skulle hamne i forhold med ei kvinne, ville han ønske at ho heldt på oppvekstnamnet: «Dette fordi det er mer i tråd med et likestilt ideal - en kvinne er ikke en manns eiendom og hun defineres ikke (bare) gjennom den hun er gift [med]» (NEG44148 fødd 1980, min klammeparentes). Kvinner skal ikkje eigast av eller underordnast mannen, noko bruken av mannen sitt etternavn kunne symbolisere. Kvinner blir i

følgje meddelaren, definert av noko anna enn forholdet til ein partnar, men ved å legge inn «(bare)», i parentes, viste han til at kvinner også blir definert gjennom den dei er gift med, noko som kan hende gjaldt uavhengig av kjønn. Eit skript om parforhold eller ekteskap som avgjeraande for individet, kan tolkast inn i dette.

Menn sine etternamn hadde verdi i seg sjølv (Entzenberg 2004:40), og det å kunne halde på oppvekstnamnet var både normalen og målet. I samfunn der likestillingsorienteringa er sterkt, kunne det vere vanskeleg å forstå seg sjølv som nokon som får privilegium i kraft av kjønn (jf. Lorentzen og Ekenstam 2006:31). Det var bruken av kvinnene sine oppvekstnamn som måtte forklarast, i tråd med endringar der kvinnene kunne ta plass i samfunnet som eigne individ. Sjølv gjekk ikkje meddelaren over inn på kvifor han ønskte å halde på oppvekstnamnet. Det ser ut som at det vart tatt for gitt. Likestilling mellom kjønn handla også her om at kvinner skulle få høve til å gjere det same som menn, å få tre inn i samfunnet som frie individ, som ikkje vart definert i forhold til ein far eller ein ektemann. Likestilling sto som kontrast til kvinnediskriminering, og liknar slik på feministisk orienterte tekstar frå 1970-talet (jf. Bankier 1973; Barlaug 1977; Brock-Utne 1976; Stannard 1977).

At kvinner kunne halde på oppvekstnamnet, var det altså fleire som nemnde. Ein meddelar ønskte ikkje at ein eventuell framtidig partnar skulle ta hans etternavn, men kom til å akseptere det om dette var noko ho ønskte å gjere. Han hadde gjort seg nokre tankar om etternamnet til barna også:

Dersom jeg får barn, vil jeg riktig nok gjerne sett at de fikk mitt etternavn (i dag får de vel automatisk mors)<sup>86</sup> -- ev. i tilfelle flere barn en "mellomløsning" hvor noen fikk mitt og noen fikk min partners/kones. Jeg har et ønske om å føre slektsnavnet videre, og jeg er den eneste i min generasjon som kan gjøre det. Dette føles som et veldig patriarchalsk og paternalistisk synspunkt, noe jeg ikke

---

<sup>86</sup> Dersom namn ikkje har blitt meldt til myndighetene innan seks månader får barnet mora sitt gjeldande etternavn, ei lovendring som var gyldig frå 1980.

er 100% bekvem med, men jeg føler likevel at dette er noe som jeg bestemt ønsker (NEG44234 fødd 1983).

Å føre vidare etternamn frå eiga (fars)slekt, er som nemnt eit argument som mange nyttar. Mannen kopla ønsket sitt til patriarkat og paternalisme. Han viste til eit paradoks når han som likestillingsorientert mann ønskte å handle patronymisk. Sitatet har eg også vist til tidlegare. Då fokuserte eg på korleis likestillingsorientering kunne gjere det vanskelegare å ta patronymiske praksisar for gitt. Sjølv om han ikkje kjende meir eller mindre tilknyting til mora og faren sine «greiner», var det slektsnamnet han ønskte å føre vidare. Dermed vart i praksis faren si grein framheva, både i vidareføringa av namnet, og i den daglege bruken av etternamnet.

Kva mennene kom til å velje i ein framtidig, reell situasjon, vitast ikkje. Undersøkingar av framtidige etternamnsval hos amerikanske kvinner, har vist at det er skilnad på korleis likestillingsorienterte kvinner såg for seg å organisere familielivet når dei skulle bli mødrer, og kva familiar med likestillingsorienterte mødrer gjorde. Kvinnene forventa større likestilling i heimen og familien enn det som vart tilfelle (Liss og Erchull 2013; Nugent 2010). Likestillingsorienterte kvinner som gruppe, handla altså meir i tråd med rådande praksis enn kvinnene som gruppe såg for seg at dei kom til å gjøre. Den kvantitative undersøkinga mi viser det same. Talet på kvinner som såg for seg å halde på oppvekstnamnet (64%), var høgare enn talet på kvinner som gjorde det (under halvparten), medan mennene handla mindre konservativt enn mennene i sum har enda opp med, ved at 2% såg for seg å endre, og 6-7% gjorde det. Sjølv om dette er ei samanlikning mellom handlingar gjort dei siste 15-20 åra, og handlingar som enno ikkje er gjort, er det interessant å sjå at tendensen ser ut til å vere motsett for menn og kvinner. Kvinner som ønskte å halde på oppvekstnamnet, kunne revurdere valet sitt i møtet med ein mann som ikkje ønskte å endre namnet. Tilsvارande, kunne menn som inngjekk i forhold med likestillingsorienterte kvinner, opne for alternative forståingar av namnevalet.

For fleire av meddelarane, var det partnarane som fyrst opna for å tenke alternativt. Eg spurde ein meddelar om dei ville brukte berre hans oppvekstnamn dersom ikkje ho hadde ønskt å halde på sitt:

Nja... Det kan fort vere, viss ho hadde... Det er ho som har dratt opp... Altså, eg er jo oppvaksen på ein moderne... Eit sånt annleis tankesett, det er jo ikkje så veldig normalt, sant? Så for meg hadde det ikkje vore ein tanke før ho tok det opp (Meddelar fødd rundt 1980:178).

Sjølv om meddelaren oppfatta seg sjølv som likestilt i heimen og som moderne, hadde han ikkje tenkt på etternamnet sitt som mogleg å endre før den framtidige kona tok det opp. Det var ikkje så veldig «normalt», og ikkje noko som var nærliggande for han. Denne måten å formulere seg på, kan fungere som indeks på at patronymi var lettare tilgjengeleg enn likestillingsorientering. Ein mangel på kjensle for etternamnsendring som mogleg tema for likestilling, kan kjennast att hos fleire av meddelarane der etternamnsendring fyrst vart tatt opp av kvinnene, for så å bli synleg som tema også for mennene. Når temaet fyrst vart tilgjengeleg, kunne mennene og kvinnene ta stilling til korleis dei ønskte å namngje kjernefamilien, utan å ta for gitt at mannen sitt etternamn sto fast.

Det ser ut til at mange av mennene her, i alle fall i utgangspunktet, oppfatta likestilling i tråd med ein viss androsentrisme, der menn var nøytrale og kvinner kjønna. Kvinner har bore ansvaret for og byrden ved, etternamnsvalet. Å vurdere kva slags etternamn ein skulle ta i ekteskapet, høvde ikkje inn i det mannlege. Denne haldninga fanst på tvers av alder blant meddelarane, og var såleis ikkje spesifikk for brot mellom generasjoner. Parallelt har det vokse fram nye tankar. Noko har gjort at etternamnsendring har gått frå å vere noko som kvinner gjer, til å vere noko som kvinner vel. Ofte kan det synast som at kvinner tenkte tanken på å byte, og dermed sjølve endra. Nokre menn tenkte tanken også, og dermed kunne kona sitt namn bli det nye felles etternamnet i kjernefamilien. Slik fall ikkje ansvaret for dette på kvinnene aleine.

### 7.1.2 OM MENN OG KVINNER SOM LIKESTILTE

Kjønnsforskaren Judith Kegan Gardiner viser til ei rørsle i kjønnsforskinga frå tendensen til at kvinner burde få høve til å handle på same naturlege og sjølvsagte måte som menn, til å inkludere høva menn har til å handle (2005:4). For ein del av mennene var både deira og partnaren sitt oppvekstnamn viktige. Dei valde mellom hans og hennar oppvekstnamn basert på andre kriterium enn kjønn, eller nytta begge namna. Eit eksempel er meddelaren Furuseth-Olsen og kona, som slo saman etternamna med bindestrek «for å likestille navnene» (fødd 1976:128). Han nemnde tilhøve mellom kvinner og menn og behov for likestilling, som ei av grunngjevingane for valet. Han syntest det var «gammeldags (og urettferdig)» at kvinner skulle endre etternamn (ibid.). Denne haldninga såg han i samanheng med at han vaks opp med to kvinner, mor og ei syster. Han meinte at dette kunne ha påverka han til å sjå feminism som viktig og relevant. Det var «normalt» at etternamna til menn og kvinner skulle vere likestilte, til skilnad frå meddelaren over som sa at etternamnsending for menn ikkje var normalt (fødd rundt 1980:178). Likestilling som normalt, var for Furuseth-Olsen noko anna enn likestilling som statistisk vanleg i samfunnet. Det handla meir om normer for korleis ein burde handle. Bruken av «normal» les eg her som ein måte å seie at kvinner og menn skal ha like rettar, der alternative forståingar er feil. Å kalle noko «gammeldags» inneber å setje det inn i ein samanheng som han ville bort frå, der patronymi vart følgt utan omsyn til likestilling. Her var ikkje fortidstilknytinga eit argument for framhald, men for brot. Han opplevde at valet han gjorde kunne sjåast i samanheng med ei likestillingsorientering, og at handlingsrommet hans tilsvara kona sitt. Han vart ansvarleggjort som likestillingsorientert mann. Det gjorde at namneendringa hans ikkje, av han, vart forstått som umannleggjerrande.

Hos meddelaren Reppen-Gjelseth vart den opphavlege løysinga å bruke hennar oppvekstnamn som mellomnamn og hans som etternamn då han gifta seg i 2002, sidan sonen fekk denne rekkefølga i 2000: «Det ble jo på en måte som den

'tradisjonelle' løsningen, i og med at hun tok mitt etternavn - men for oss handlet det egentlig mer om at det klinger bedre enn Gjelseth Reppen», skrev han (fødd 1974:85). Ønsket var å bruke begge som etternamn, men «offentlige register eller folk som roper deg opp på legekontor», var ikkje like opptatt av det (ibid.). Då dei fekk høve til å bruke bindestrek for å markere at begge skulle brukast etter at den nyaste namnelova kom i 2003, gjorde dei det: «Det var viktig for oss at familien fikk en felles identitet, og for meg var det viktig å vise barna at hennes slektsnavn er like viktig som mitt» (ibid.:86). Hans oppvekstnamn var viktig, medan hennar oppvekstnamn var like viktig som hans. Bindestreken bandt namna saman, også formelt sett. Både Furuseth-Olsen og Reppen-Gjelseth var opptekne av at begge partane i parforholdet skulle ha med oppvekstnamnet på bakgrunn av mellom anna ideal om likestilling.

Handlingar kunne vere likestillingsorienterte der likeverd og like mogleheter for dei to i parforholdet vart sett som sjølvsagt, utan at dette nødvendigvis vart uttala i forteljingane. Ein mann som endra etternamn nemnde ikkje likestilling i den skriftlege forteljinga. I intervjuet spurte eg om han var oppteken av likestilling. Etter å ha tenkt seg om litt, svara han:

Meddelaren: Likestilling... Eg synst jo samfunnet er likestilt, altså... Kva skal eg legge i det...

Eg: Berre måten du seier det på no, seier sikkert mykje.

Meddelaren: Eg har ikkje diskutert likestilling med så mange ... [tenker] Altså, eg veit ... Kva er likestilling? Det er ... at ein er likestilt i sitt samvær, og det er ein jo meir eller mindre, i alle fall her i huset. At ein har fordelt ... [Vi] er kanskje litt vel, med... [ler] litt sånn, 'dele opp ting likt'-type begge to. Så husarbeidet er delt sånn cirka femti-femti, annankvar dag med legging, kjøkkenet. Sånn løyser vi det her, altså likestilling. Eg har ikkje nokre veldig sterke meininger om det.

Eg: Så for din del er det meir ein slags ‘slik skal ting vere’ enn at du er oppteken av det som eit tema, då?

Meddelaren: Ja, men, det er jo... Ein er jo like ... Ein samarbeider. Innad i ein familie så er det jo samarbeid om å få familien til å fungere, og ... men ... ein deler på dei oppgåvane som er, og løyser dei på best mogleg måte. Og så er det jo kor likestilt ein er, sant? [tenker]. Som oftaast så tar eg utearbeidet. Ho bakar, men ho likar å bake. Det er vanskeleg å seie... Eg synest eigentleg vi har komme så langt at likestilling er ... eigentleg... Meg og [kona]... Eg føler at her i huset er det ganske jamt, då (fødd rundt 1980:184).

Forståingar av likestilling har blitt ein del av våre kulturelle førestillingar, og påverkar oss utan at vi nødvendigvis er klar over det. Meddelaren viste til nokre haldningar som han i liten grad såg ut til å ha snakka om tidlegare.<sup>87</sup> For han handla likestilling om å få det til å gå rundt i kvardagen, med fordeling av oppgåvane i heimen. Her var han på linje med andre norske likestillingsorienterte menn (Haugen 2011:33), og med forsking som tek for seg korleis husarbeid og barneomsorg blir gjort i familien (t.d. Kitterød og Rønse 2010; Sund 2015). Der oppgåvane vart fordelt i tråd med kjønna forventingar, forklara meddelaren det med at dei gjorde aktivitetar som dei likte. Kona bakar, men «ho likar å bake». Slik orsaka han næraast at ho gjer handlingar assosiert med kvinnelegheit.

Etternamnsendinga hans hadde som nemnt tidlegare vore del av ein lang prosess der han og kona hadde forhandla om korleis forholdet og ekteskapet skulle vere. For meddelaren gjaldt det valet av etternamn, og det gjaldt organisering av barneomsorg og husarbeid. Spørsmål om likestilling handla om forholdet mellom dei to, og praksisane i kjernefamilien deira. Haldninga til fellesskapet blant meddelaren og kona vart knytt opp mot prosessen der etternamn vart valt. Slik kan meddelaren stå som

---

<sup>87</sup> Samstundes kan det forståast som ein tematikk der det er viktig å vere forsiktig i korleis han uttala seg, ikkje minst med tanke på samtalepartnaren hans, ei universitetsutdanna kvinne på hans eigen alder.

eksempel for gruppa med menn som endra på oppvekstnamnet, som ikkje såg handlinga i direkte samanheng med likestilling mellom menn og kvinner.<sup>88</sup> For denne gruppa var gjerne ikkje haldning til likestilling artikulert i svara, slik det var hos nokre av dei andre mennene. Dei fokuserte heller på deling av oppgåver der etternamnsvalet kunne inngå, og opna for å kunne velje begge sine etternamn.

### 7.1.3 OM MENN SINE ENDRINGAR

Å ha like moglegheiter, føreset at å endre etternamn er det same for menn som for kvinner. Meddelaren Flaate hadde fleire gonger hamna i diskusjonar med andre som meinte at etternamnsendring for menn var diskriminerande overfor mannen, på lik linje med når kvinner endrar etternamnet til mannen sitt (fødd 1983:201). Med andre ord, kunne han forståast som diskriminert i forholdet sitt fordi han tok partnaren sitt etternavn. Etternamnsendring har fått tillagt kulturelle konnotasjonar til underkasting og endring av identitet. Når ein mann tok kona sitt etternavn, fungerte desse konnotasjonane som rettleiing for tolking av den elles uvanlege handlinga. Slik var det om ein skulle ta på alvor premissen om at etternamnsendring handla om hierarki i parforholdet, og at namneendring for menn, var lik namneendring for kvinner. Etternamnsvalet kunne slik gjerast til ei individuell haldning, som handla om likestilling mellom dei to i det enkelte parforhold. Her vart etternamnshandlinga separatert frå ein historisk og kulturell kontekst.

Likevel vart det i fleire forteljingar peika på skilnader mellom kva menn og kvinner kunne gjere. Meddelaren Vikse meinte at ein del skilde mellom kva menn generelt kunne gjere, og kva dei sjølve ville gjere: «Eg trur nok at mange, mange tenker at det er fint og ein god ting, men ‘eg ville ikkje gjort det sjølv’» (fødd 1974:99). Også Thørnblad spurde norske kvinner, som sjølve hadde endra etternamn til mannen sitt oppvekstnamn, om haldning til mannleg etternamnsendring. Sjølv om kvinnene meinte at menn generelt burde få byte etternamn på lik line med kvinner, ville dei

---

<sup>88</sup> Dette var til liks med amerikanske kvinner som gjorde uvanlege etternamnsval, altså heldt på oppvekstnamnet. Mange av desse kvinnene skildra ikkje seg sjølv som feministar (Kerns 2011).

ikkje at deira eigen ektefelle skulle byte etternamn. For dei handla kvinner sine endringar av etternamn gjerne om familiefellesskapet, medan mannleg byte kunne oppfattast som resultat av forfengelegheit (2003:93; sjå også Millspaugh 2008; Andersson 1984). Mannleg endring kunne vere enklare å tenke seg i prinsippet enn som noko ein sjølv eller ektefellen kunne gjere. Uvanlege etternamnsval for menn, kunne altså oppfattast som brot med mannlegheit. Ansvarleggjering vart gjort ut frå patronymi som retningslinjer for kva mennene kunne gjere, medan likestillings- og familieorientering i større grad, fungerte som retningslinjer for kvinner sine moglegheter.

Kva etternamn eller etternamnskombinasjon kjernefamilien enda opp med, kunne vere resultat av prosessar over tid. Meddelaren Jørve skildrar det nærast som ei reise. Hos han og kona vart resultatet først at hans oppvekstnamn vart etternamnet til familien, og hennar vart til felles mellomnamn, ei rekkefølge som «virket nesten tilfeldig til slutt» (fødd 1975:112). Sjølv kjende han likevel ei lette ved at han fekk etternamnet sitt sist. Det vart mindre å forklare for andre, og han trengte ikkje å endre på like mykje, til dømes i jobben. Vidare kjente han på at det kunne vere personar i slekta hans som «ville synes det var pussig» om han tok etternamnet til kona (ibid.). Mannleg etternamnsendring kunne opplevast som avvik frå det manlege for slektingane. Samstundes opna samtalane mellom Jørve og kona for å tenke på etternamna. Då dottera vart fødd i 2011, vart det på ny eit tema, initiert av kona hans. Ho erfarte at venene hennar fekk barn, og gav barna etternamnet til faren. Slik vart kvinnene sine etternamn til mellomnamn, «en form for B-navn, som gjerne ble droppet i hverdagen, i signaturer etc. For ikke å snakke om i neste generasjon» (ibid.). Sidan dei fekk ei dotter, «var det som om vi begge skjønte at det ville bli riktigere å snu på det, ta morssidens navn, at vi skulle være familien Strømme Jørve» (ibid.). Ved å ta det opp, gjorde kona det mogleg å setje begge namna i spel. I forkant hadde kona tatt stilling til korleis ho skulle forhalde seg til etternamnsnormer i parforhold som kvinne, i tråd med forsking som viser at kvinner er meir likestillingsorienterte enn menn (Lappegård og Kjelstad 2010). Ho utvida

handlingsrommet og ansvaret til å gjelde han også. Slik vart Jørve ansvarleggjort av nokon andre, og gjort merksam på måtar å forstå seg sjølv på, som opna for å tenke på etternamnet og kjernefamilien på andre måtar. Det skjedde ei forflytning av ansvar, og ei forskyving i vektlegging av etternamnsbruken.

Andre kunne påverke korleis ansvarleggjeringa skjedde. Det viste West og Zimmerman i ein studie av tiltale i ein offentleg debatt om kvotering (2009). I diskusjonen omtala kvinner seg sjølv som kvinner, og både menn og kvinner som ikkje vart sett som kvite, omtala seg sjølv ut frå etnisitet. Kvite menn var dei einaste som snakka om eigne erfaringar som universelle og uavhengige av kjønn og etnisitet. Andre tiltala dei likevel som kjønna og etniske, og situerte dermed erfaringane ut frå posisjonen til kvite menn (*ibid.:117f*). Studien til West og Zimmerman viser ikkje om ansvarleggjeringa endra noko for mennene, men den viser at posisjonen som ein talar frå, kan påverkast av omgjevnadane.

Hos Jørve anast ansvarleggjering ut frå forståingar av korleis likestillingorienterte menn handlar, og mannlegheit som desse forståingane opnar for. Jørve såg tidleg ut til å oppleve mannleg endring som brot med andre sine forventingar, og som noko han måtte «forklare». Så endra fokuset seg frå å gjelde han som individ til å gjelde samfunnet døtrene hans skulle vekse opp i. Jørve tolka avgjersla om kva etternamn dei skulle bruke som eit «feministisk prosjekt» for begge to, både han og kona. Det var «[e]n form for stille, men synlig, opprør mot e[n] fastlåst struktur som symboliserer så mye historisk og sosiokulturelt, både på familie- og samfunnsnivå», fortalte han (fødd 1975:113). Sjølv om dette var eit val gjort i protest mot strukturar Jørve opplevde i samfunnet, gjorde dei det mest for seg sjølv og for døtrene:

Vi har ingen illusjon om at våre valg har så stor betydning for andre, men jeg kjenner at det er en god følelse at mine døtre har samme etternavn som sin mormor og mor, og at det for dem signaliserer at kvinnene i familien vår (og dermed i samfunnet vårt) er minst like viktige som mennene, samtidig som det ikke er noen selvfølge at det er sånn (*ibid.*).

Som andre, framheva Jørve korleis kvinner er viktige i samfunnet, på lik linje med menn. Som far til jenter gjorde han her noko for å betre kåra deira, og handlingane i Jørve sin familie hadde samfunnsrelevans. I dette var eit ekko av tidlegare tiders argumentasjon om familien som den minste eininga i samfunnet. Men der det tidlegare var ein stad der det, til liks med staten, burde rå ro og orden med eit mannleg overhovud, var Jørve si haldning at kvinner og menn burde ha like rettigheter. Kjønn burde ikkje vere det som avgjorde korleis familien ordna seg, i alle fall ikkje med namn.

Meddelaren Hiestand (fødd 1987) braut også bevisst med den patronymiske namnepraksisen. Han var oppteken av likestilling og kjønn i si tilnærming til etternamnsspørsmålet. I arbeidet sitt på eit bibliotek, opplevde han jamleg at kvinner ønskte å endre etternamnet på lånekortet fordi dei hadde gifta seg. Han opplevde dette som merkeleg, sidan retten til å halde på oppvekstnamnet for kvinner har vore ein kampsak. I sitt eige forhold var det ikkje nok å insistere på at også kona heldt på oppvekstnamnet. I staden endra han etternamn, og gjorde på sett og vis det same som kvinnene han møtte på jobb. Sidan han var mann, vart handlinga likevel til ei «motvekt til det jeg opplever som dumt; at de ikke beholder navnene sine» (Hiestand fødd 1987:222). Ein annan mann som endra etternamn, skildra seg sjølv som feminist (fødd 1987:216). For han handla etternamnsendring i parforhold heilt eksplisitt om likestilling mellom kjønn, og dette var noko han meinte hang saman med andre handlingar menn og kvinner gjer der skilnadar blir framheva framfor likskapane. Lagt saman, utgjorde handlingane ein skilnad i tilgang til makt. Han og partnaren diskuterte kva slags etternamn dei skulle ha. Gjennom ei aktiv handling, ein «sjefsavgjørelse» avgjorde han at det felles etternamnet skulle vere hennar oppvekstnamn, ikkje hans (*ibid.*). Dette var viktig for han, fordi dei ønskte å heite det same som sonen. Valet hans vart gjort «med bevissthet om at det i dag er overvekt av menn som ‘vinner’ navneendringen» (*ibid.*). Slik vart mannleg byte av etternamn ein måte å gjere kjønn på, der meddelaren handla ut frå skript knytt til historisk bevisstheit og samtidsorientering. Det låg ei aktiv handling bak. Det høver med ein

refleksiv maskulinitet der det er eit poeng å bryte med majoriteten, dersom brotet inneber sjølvstendig tenking og handling. Mannleggjeringa kan her seiast å ligge i grunngjevinga.

Meddelaren Aalborg, var også oppteken av etternamnsendring for kvinner. Han såg temaet som del av større maktstrukturar i samfunnet. Sjølv gifta han seg tidleg på 1980-talet. Då var mannleg høve til endring nett komme inn i lovverket på lik linje med at kvinner skulle kunne halde på oppvekstnamnet. Den personlege motivasjonen til Aalborg var ønske om å dele etternamn med kona, medan ho ønskete å halde på oppvekstnamnet. Skulle dei heite det same, måtte han endre. Han såg etternamnsval i ekteskap i samband med andre val folk gjør:

Kanskje ikke helt direkte relevant, men 'Nu må det ut, det jeg har båret på så lenge!'. I likhet med deg (slik jeg leser informasjonsskrivet ditt) er jeg forundret over at så få menn velger kvinnens etternavn — eller, egentlig er jeg mer forundret over at så mange kvinner fortsatt velgermannens. Det gir på mange måter samme resultat, men vinklingen blir litt annen (Aalborg fødd 1959:15, hans parentes).

For Aalborg handla etternamnsendring i parforhold hovudsakleg om kvinner sine val, og undring over kvifor kvinner endrar etternamn. Kvinner si endring av etternamn kunne sjåast som teikn på manglande fridom og likestilling, til skilnad frå mannleg endring av etternamn som i større grad såg ut til å representere fridom og likestilling. Han såg etternamnsval i ekteskap i samanheng med at kvinner er meir heime med små barn og oftare går ned i stilling, at foreldrepermisjonen er noko som hører til mor, ikkje far, og at ein del menn må arbeide ekstra for å forsørge familien med alt det fører med seg av slitasje på samliv og manglande kontakt med barna. Vidare undra han seg over at kvinner ønskete å la faren overgi dei til mannen under vigselen. Han haldt fram:

Ser man ikke mønsteret? Eller betyr det ingen ting? Jeg var ungdom på 70-tallet, og vokste opp med en tankegang om samfunnsmessige mekanismer

som styrende for individuelle valg. Det er mulig vi ble for fokusert på det, men det ser ut til at det perspektivet er blitt borte for svært mange, også politisk og ideologisk bevisste mennesker. For meg er det nokså opplagt at når et valg er prinsipielt fritt, men svært mange velger det ene alternativet, gjennomgående med begrunnelser som at ‘det passer best for akkurat vår familie’, så ligger det mekanismer eller mønstre under som er med på å styre oss. Det behøver ikke være galt, men — igjen, slik jeg vokste opp med — tror jeg det er godt å forsøke å være bevisst hva som styrer oss, og så kanskje revurdere valgene våre i lys av denne bevisstheten (Aalborg fødd 1959:15f).

Aalborg var oppteken av tilhøvet mellom individuelle val og samfunnsmessige avgrensinger som vala vart gjort innanfor. Han viste ei forståing av likestilling der resultatlikskap er ein indikasjon på like mogleigheter i tråd med Phillips: «When outcomes are ‘different’ (read unequal), the better explanation is that the opportunities were themselves unequal» (2004:6, parentes i original). Like formelle mogleigheter, treng altså ikkje bety at det blir likestilte resultat.<sup>89</sup> Dersom resultata viser til store skilnader på gruppenivå, kan det tyde på at valfridomen har systematiske avgrensinger. Kvinner har vore forventa å endre etternamn, og dermed kan namneendringa for kvinner sjåast som del av det å gjere kjønn – å gjere kvinnelegheit. Endringa i seg sjølv, er dermed i tråd med noko kvinneleg, medan valfridomen er avgrensa av mogleigheter som individua kan sjå for seg, slik sosiologen Barbara Risman viser:

We are all free, of course, to do gender or not. But ‘free choices’ are made within social constraints, and nonconformity often involves great personal sacrifice. We can choose only from options that exist, in fact or at least in imagination (1998:7).

---

<sup>89</sup> Det kan likevel ikkje sluttast at manglande likestilling på gruppenivå betyr at det er eit teikn på manglande likestilling på individnivå kvar gong kvinner og menn handlar i tråd med den patronymiske namnepraksisen.

Eit eksempel på at fokuset på valsituasjonen kan tilsløre skeivskap, er motivasjonar av etternamnsending hos nokre kvinner. Dei skildra høve til sjølvé å velje som det sentrale, heller enn resultatet av valet. Ei kvinne skreiv til NEG: «Det kunne naturligvis like gjerne værtmannens ‘jobb’ å forlate sin familie, men vi lever nå i et patriarkalsk samfunn, og når det er snakk om navn, plager ikke dette meg noe videre så lenge jeg har mulighet til å velge hva jeg gjør med navnet mitt» (NEG43908 fødd 1988).<sup>90</sup> Så lenge ho kunne velje sjølv, kunne ho ta mannen sitt etternamn. Der etternamnet i prinsippet kunne veljast, kunne kvinneleg endring fortolkast av kvinnene sjølvé som resultat av personlege val (Suter 2004:75). Eksistensen av valfridom kunne oppfattast som bevis på, og vere tilstrekkeleg for, at det fanst likestilling (Castrén 2019:259). Det viser at avgrensingane som vala blir gjort innanfor ikkje er like synlege (jf. Gullestad 1996:29). Alternativa ein vel mellom, blir gjort blant dei ein kjenner til, og er avgrensa av høve utanfor den enkelte sin kontroll, der nokre kjem av lovverk, og andre er kulturelle. Aalborg, Hiestand og andre tok kona sitt etternamn som motvekt til favoriseringa av mannen sitt oppvekstnamn framfor kvinna sitt. Dei favoriserte partnaren sitt oppvekstnamn framfor sitt eige. Dei ønskete å vere med på å endre patriarchalske strukturar og skape eit meir likestilt samfunn, og slik «ofra» dei seg sjølv og sine eigne oppvekstnamn.

#### 7.1.4 LIKESTILLINGSFORSTÅINGAR OG EIN SKALA

Gjennom forteljingane kan mennene delast i seks på ein skala der likestilling er irrelevant for etternamnsval til venstre, og svært relevant til høgre. Gruppe 1 er lengst til venstre av desse gruppene. Ho består av menn som ikkje har endra på etternamnet sitt, og som heller ikkje nemnde noko om likestilling eller feminism i forteljingane. I denne gruppa var ikkje etternamnsvalet noko dei tenkte over, verken som eit personleg val, eller i samband med rådande namnepraksisar. Snarare var det berre slik det skulle vere. Desse forteljingane viser eg til i kapittel 6.2, om tradisjonar og forståingar av kontinuitet over tid, og i kapittel 5.5 om tydinga til farsslekta. I

---

<sup>90</sup> Eg har sitert henne tidlegare (Grønstad 2015:274).

oversikta frå byrjinga av kapittel 7.1, svarer desse mennene til den fjerde kategorien. Indeks i forteljingar som plasserte menn i denne gruppa, kunne vere ei setning om at kona tok hans etternamn utan å fortelje kvifor. Ein annan indeks, var når forteljingar handla om vala til forfedrar, ikkje vala han sjølv eller dei rundt han, hadde gjort.

Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3	Gruppe 4	Gruppe 5	Gruppe 6
Heldt på oppvekstnamnet	Heldt på oppvekstnamnet	Heldt på oppvekstnamnet	Heldt på oppvekstnamnet	Endra til partnars etternamn	Endra til partnars etternamn
Tar dette for gitt. Har gjerne partner som endra etternamn.	Personleg val. Ønsker å halde seg til patronymisk namnepraksis, og gir aktiv tilslutnad til denne.	Tar dette for gitt, medan likestilling handlar om kvinners rett til å halde på oppvekstnamnet.	Personleg val. Likestilling blir tatt for gitt. Etternamnsvalet handlar om han og ho.	Personleg val. Likestilling blir tatt for gitt. Etternamnsvalet handlar om han og ho.	Personleg val, men også politisk motivert. Likestilling blir ikkje tatt for gitt, og dei ser seg sjølv i samanheng med manglande likestilling i samfunnet.

TABELL 27: GRUPPERING AV FORSTÅINGAR AV LIKESTILLING OG ETTERNAMN.

I gruppe 2 handla mennene på same vis som i den fyrste gruppa. Der mennene i gruppe 1 heldt på oppvekstnamnet utan å reflektere over alternative handlingsmåtar, gjorde mennene i gruppe 2 det etter meir bevisste vurderingar. Kontinuitet med visse praksisar over tid, vart framheva på kostnad av andre praksisar. Patronymi hadde her verdi som noko som skal haldast ved like. Ein del forteljingar som nyttar tradisjonsomgrep for å grunngje det naturlege i at dei følgde patronymi, høver inn her. Også desse forteljingane har fått hovudtilhald i kapittel 6.2, om fortidsforståingar og bruk av tradisjon, og også desse høver inn i den fjerde kategorien i oversikta i kapittel 7.1. Som indeks på skript som plasserer forteljingar i denne gruppa, er setningar om å ville følgje ein tradisjon, utan å grunngje kvifor, eller å grunngje patronymiske val med at dei er fornuftige. Likestillingsorientering var ikkje relevant for forteljingane, verken i den fyrste eller andre gruppa.

Gruppe 3 består også av menn som heldt på oppvekstnamnet, men som hadde, eller såg for seg å få, ein kvinneleg partner som også heldt på oppvekstnamnet. Desse mennene skildra likestilling som relevant, og forsto etternamnsvala til kvinner i lys av samfunnsstrukturar, men ikkje som relevant for å forstå eigne etternamnsval. Etternamnsval var ikkje noko personleg eller individuelt dei som menn hadde tatt stilling til, utover at kvinner burde ha rett til å halde på oppvekstnamnet på lik linje med menn. Indeks i forteljingane som viste til dette skriptet, kunne vere setningar der kona sitt val om å halde på oppvekstnamnet vart forklart, medan deira eige manglande endring ikkje vart forklart. Desse mennene tok patronymi dels for gitt, altså at menn held på oppvekstnamnet gjennom livet, og kombinerte det med ei likestillingsorientering der kvinner også burde ha høve til namnekontinuitet gjennom livet. Her høver forteljingane om likestilling frå den fyrste kategorien i kapittel 7.1. inn, skildra i 7.1.1.

Gruppe 4 er menn som aktivt har valt å halde på oppvekstnamnet etter å ha vurdert både hans og hennar namn. Her kunne eigenskapar ved namna spele inn, som til dømes kva av dei to som var sjeldnast, eller kven som var mest knytt til namnet sitt. Forteljingane om dette var det få av blant mennene, til skilnad frå forteljingane frå kvinner som heldt på etternamna sine (jf. Grønstad 2015). Det kan tyde på at der slike eigenskapar spela inn, forsterka dette den eksisterande ideen om mannleg namnekontinuitet, medan dei hos kvinnene fungerte som argument for at også hennar etternamn kunne stå uendra.

Gruppe 5 har aktivt valt å endre til partnaren sitt oppvekstnamn etter å ha gjort liknande vurderingar som den fjerde gruppa. I begge desse vala, kan likestilling forståast som implisitt og meir eller mindre tatt for gitt. Her handla etternamnsval om noko personleg mennene og kvinnene hadde tatt stilling til. Spørsmålet om kva slags etternamnsval som kunne gjerast, blir ikkje i desse forteljingane forstått ut frå patronymi, eller sett i samband med samfunnsmessige strukturar. Her var det til dømes forteljingar om felles ønske om å dele etternamn i kjernefamilien, for så å

vurdere kva av dei to oppvekstnamna som burde veljast ut frå likestillingsorientering.

Indeks her kan vere til dømes bruken av 'vi' i forteljingane, og at mennene viste til argument som til dømes kva av dei to namna som var mest sjeldan. Forteljingane frå den største gruppa av menn som sjølve endra etternamn, som er rekna med innanfor den andre kategorien i 7.1., og som er skildra nærmare i 7.1.2., høver inn her.

Gruppe 6 kan plasserast heilt til høgre på skalaen, og består av forteljingar frå menn som har endra eller tenker å endre etternamn. Dei skildra likestilling som relevant for dei sjølve som individ, og dei forsto patronymi som del av strukturar i samfunnet, der menn og kvinner ikkje er likestilte. Dei identifiserte visse skript for etternamnshandlingar, som dei såg i samband med andre kjønna skript der handlingsmoglegheiter var ulike for menn og for kvinner. Mennene som delte forteljingar om mannleg endring som motvekt, høver inn her. Omgrep som feminism og likestilling fanst i desse forteljingane. Ved å endre etternamn, var dei med på å vise at familien som institusjon er styrka, utan at dette gjekk på kostnad av likestillingsaspekta. Dei forheldt seg både til patronymi og likestilling, og tok aktivt stilling ved å avvise store delar av det første og å omfamne det andre. Her høver den tredje kategorien med forteljingar frå 7.1. inn, nærmare skildra i 7.1.3.

Alle gruppene med forteljingar, tok utgangspunkt i patronymi. Den første gruppa tok det for gitt. Den andre gruppa opna for ein større refleksivitet rundt handlingane, men braut ikkje med forventingane. Mennene i gruppe 3 har med seg delen av patronymi der namnet høyrde til individet. Gruppene 4, 5 og 6 inkluderte delen som sa at kjernefamilien delte etternamn, der likestillingsorienteringa sa noko om korleis dette kunne gjerast og forståast. Både gruppene 3, 4, 5 og 6, opnar for at likestillingsorientering utvidar mannen sin rett til også å gjelde kvinna og hennar oppvekstnamn.

## 7.2 REAKSJONAR FRÅ OMGJEVNADANE OG LIKESTILLINGSFORSTÅINGAR

Mennene som heldt på oppvekstnamnet verken fekk eller forventa å få, reaksjonar på dette. Mennene som endra kunne fortelje om ulike reaksjonar frå omgjevnadane.

I det vidare, tar eg for meg korleis reaksjonar frå omgjevnadane spela inn i likestillingsforståingane i forteljingane.

Dei som bytte på 1980-talet, både forventa og fekk kommentarar som viste til overrasking. Bytaren Nybruket var ein av desse. Han førebudde seg sjølv og omgjevnadane på etternamnsendringa si ved å snakke med både partnar, familie, venner og kollegaer i forkant av vigelsen i 1988, «da jeg nok skjønte dette var uvanlig» (fødd 1965:25). Det var fordi han kjente på at han «måtte rettferdiggjøre standpunktet», sjølv om det var eitt som han sjølv «aldri var i tvil om» (ibid.). Føremålet var at han «ønsket aksept/forståelse på forhånd» av menneska i omgjevnadane sine (ibid.). Han var budd på å få reaksjonar på valet, og gjorde tiltak for å bøte på brotet med den forventa måten å gjere kjønn som mann. Sjølv om Nybruket var fast bestemt på å ta etternamnet til kona, såg han det som viktig å få omgjevnadane med på avgjersla. Ved å gå aktivt ut i forkant, kunne han opne for si forståing av handlinga. Den skilde seg ut frå forståinga som patronymi fungerer som ramme for, der namnebytaren er underordna i parforholdet.

Nybruket var den einaste som skildra bevisste strategiar for å få omgjevnadane til å akseptere valet han gjorde. Han hørde også til nokre av dei som endra namn tidleg av meddelarane, men ikkje av dei aller tidlegaste. Dermed var han budd på at det ville komme reaksjonar, og han hadde ein bevisstheit om manglande likestilling på området, slik til dømes meddelaren Aalborg viste til over. Meddelaren Kvernland sitt bytte under vigelsen i 1988 gjekk heller ikkje umerka hen hos venner og kollegaer. Han skildra dei fleste som «imponert» fordi det «ikke var så vanlig på den tiden» (fødd 1962:17). I tillegg førte endringa til «diskusjoner om hvorfor og om det var mye 'styr' å endre etternavn» (ibid.). I måten han formulerte seg på, kan det virke som han opplever det som meir vanleg at menn endrar etternamn i dag. Likevel kjende han heller ikkje no andre menn som endra namn.<sup>91</sup> Handlinga hans førte til samtalar

---

<sup>91</sup> Jamt over kjenner bytarane svært få andre menn som har endra etternamn i ekteskap. Noko over halvparten viste til ein eller to andre menn dei kjente som hadde endra på etternamnet i parforhold. Mange kjende ingen. Det kan altså synast som at endring av etternamn for menn ikkje er så veldig

om sjølve arbeidet med å endre etternamn, som kan hende ikkje hadde skjedd om det var kona som hadde endra på etternamnet. Etternamnsendring som fenomen vart synleg, og dermed til eit samtaletema.

Dei som bytte utover på 2000-talet, var ikkje like førebudde på at handlinga deira kunne oppfattast som kontroversiell. Meddelaren Ruden uttrykte om reaksjonane han møtte at «det virker ikke som de [i omgivnadane] har tenkt at dette er en mulighet i det hele tatt» (fødd 1973:60). Meddelaren Ulltang vart overraska over kommentarar og samtalar etternamnsvalet hans utløyste, og han fortalte som sagt, at han hadde vore nøydd til å forsvere endringa (fødd 1978:140). Dette meinte han ikkje burde vere naudsynt i det likestilte Noreg midt på 2010-talet. Ulltang trakk inn ein nasjonal kontekst i forståinga av etternamnsval og likestilling, og såg reaksjonane han møtte som kontrast til inntrykket av Noreg som eit likestillingsorientert land (ibid.). Tilsvarande var vennene til ein meddelar positive, men det var ikkje kollegaer eller andre kjente (fødd 1979:149). Dei to sistnemnde gruppene såg ikkje nødvendigvis etternamnsendringa i tråd med hans personlege identitet og verdisyn, slik det kan tenkast at vennene gjorde. Då vart handlinga forstått i ein større, meir generell kontekst der etternamnsendring braut med mannlegheit.

Meddelarane som endra tidleg, var budd på overraskingar, sidan dei forsto handlinga si som brot med norma. Dei fann seg sjølv i kulturelle kontekstar der handlinga deira var uvanleg, unormal og uventa. Dei som endra seinare, var ikkje alltid like budd på møtet med andre sine reaksjonar av overrasking. Noko hadde skjedd mellom 1980- og 2010-talet, som gjorde at etternamnsendring for menn etter kvart vart oppfatta som ukontroversielt av fleire av mennene som endra etternamn, samstundes som det kunne oppfattast som kontroversielt av omgjevnadane. Eksistensen av skript der menn kunne og ikkje kunne endre namn, eksisterte på same tid. Det gjorde at mannleg endring kunne sinksjonerast, samstundes som også reaksjonane kunne

---

vanleg enno, når ikkje menn som sjølve har endra etternamn, kjenner mange andre mannlege bytarar.

sanksjonerast. Det kontroversielle i etternamnsendringa kunne uttrykkast i form av humor, som protestar mot normer som truga privilegiet til namnekontinuitet for menn. Ved hjelp av humoristiske uttrykk kunne mennene gjere kjønn for slik å markere avstand til umannlege handlingar.<sup>92</sup> Som meddelaren Vikse skildra det:

Folk tullar jo med det, då, ikkje sant? Dei kan tulle med at ‘Du har tatt kona sitt namn, ja...’ Då opplever eg det kanskje... Menn tullar meir på den måten at... ‘Ja, ja, du har blitt overtalt’, men så får du desto større respekt av damer, då [ler] (fødd 1974:92).

Han byrja med å snakke om «folk» som tulla, men spesifiserte det til å gjelde menn. Kvinner tulla ikkje med det, i alle fall ikkje på same måten. I staden gjorde valet hans at dei respekterte han meir enn før, snarare enn mindre. Også meddelaren Damminger, fortalte om reaksjonane frå kollegaer og venner. Han trakk fram tøffel-omgrepet:

Vansklig å beskrive, men se for deg at den første reaksjonen blant folk er ‘tøffel’ for deretter å komme bort når vi var alene og spørre og grave nysgjerrig. Akkurat som om de fleste har hatt den samtalens med sine partnere og at den gamle tankemåten om at kona skal bytte sitter godt i (fødd 1969:50).

Damminger nemner «folk» som assosierer etternamnsendringa med «tøffel».<sup>93</sup> Det kan sjå ut som at det i hovudsak har vore menn som har nyttet denne form for

---

<sup>92</sup> Eit alternativ kunne vere uttrykk for sinne eller redsle. I eit nettforum som diskuterte ei sak frå 2007 der ein mann saksøkte staten California for kjønnsdiskriminering basert på vanskane med å få endra etternamn til kona sitt, fann Millspaugh at «the feeling from the (assumedly) males who post comments is one of outrage and fear toward the name changer» (2008:24). Eit anna eksempel på fiendtleg reaksjon på mannleg etternamnsendring kom i internasjonale media i januar 2018. Ein australisk mann som tok kona sitt etternamn skal ha mottatt dødstrugslar og andre negative kommentarar frå andre menn frå heile verda. Interessant og kanskje oppløftande, er at det var dei negative reaksjonane som gjorde namneendringa til ei nyheitssak, både i Australia, Storbritannia og Sverige (Johnson 2018; Kohl 2018; Ryan 2018).

<sup>93</sup> «Tøffel»-omgrepet kan sjåast som del av populærkulturen. I følgje historikaren Troels Frederik Troels-Lund har omgrepet samanheng med eldre skikkar i bryllaupssamanheng der det var om å gjere

omgrep, eller har komme med det som mogleg tolking av handlinga hans. Reaksjonane er kjønna, der kvinner var positive til valet, og menn kom med humoristiske kommentarar på kostnad av mennene som endra namn. Ved at menn i mindre grad hadde tenkt tanken før, kunne det tenkast at det første møte med temaet var lattervekkande, medan kvinner i større grad hadde reflektert over namneval i parforhold. Likevel hadde Damminger inntrykk av at etternamnsvala har vore eit tema hos mange, men at mangelen på positive førebilete gjorde det vanskeleg å bryte med den «gamle tenkemåten». Kan hende viser dette til at mannleg etternamnsendring var tenkeleg, men meir som ei teoretisk enn ei praktisk øving, slik eg har vore inne på tidlegare.

Kommentarane peikar på ei uvant samanstilling av noko som ikkje høver saman. Dei gjer synleg normer, som så kan oppretthaldast – eller brytast med, slik meddelarane gjer det. Ein meddelar fortalte om reaksjonar han fekk:

Andre venner av meg i Norge har kommentert det som en spøk, uvisst om de mener noe mer med det. Får en følelse av at det er noe de mener en mann ikke bør gjøre. Tror det henger litt igjen i gammel tradisjon og at en liksom ikke skal styres av sin kone. Det synes jeg bare er fåpelig så det bryr ikke meg. For å si det sånn bruker de fortsatt kun mitt gamle etternavn (fødd 1978:145).

På same måte som kvinner som heldt på oppvekstnamnet for nokre tiår sidan kunne oppleve å bli tiltala ved mannen sitt etternamn, opplevde han å bli tiltala ved namnet han sjølv hadde valt vekk. Meddelaren tolka kommentarane i ramme av spøk, men han forsto at bodskapen var at han handla umannleg. Kommentarane braut med hans eige verdsbilde. Spøken var grunna i førestillingar om at han vart styrt av kona fordi kvinner har bestemt det når menn tar kona sitt etternamn. Grunnhaldninga var at det er kona som skal styrast av mannen. Slik forsto han det dei sa. Det var ikkje ei

---

for dei nygifte å avgjere kven som skulle bestemme i forholdet (Troels-Lund 1914:221f; Vannebo 2013:448). Det kan også gje assosiasjonar til plassering i eit kjønna hierarki.

haldning han sto inne for. Han forsto kommentarane som uttrykk for humor, utan at han sjølv tykte dei var morosame. Det var heller ikkje noko han meinte han brydde seg om, og han omtala avsendarane som venner. Medlemmane av ei gruppe som berre består av menn, gjer også kjønn (Walle 2010:154ff; West og Fenstermaker 1995a:31). Meddelaren og dei mannlege vennane hans kunne slik forhandle om kva som inngjekk som mannleg og umannleg. Mannleggjering kan skje gjennom situering av menn og handlingar som umannlege, der også medlemmer av vennegjengen kan fungere som umannlege (jf. Jonsson 2007:163). Om ikkje meddelarane syntest denne forma for kommentarar på kostnad av etternamnsvalet var akseptabel, kunne kostnadane ved å protestere vere større enn vinsten.

### 7.3 OPPSUMMERING

I dette kapittelet har eg undersøkt korleis mennene nytt omgrepet likestilling, og korleis likestillingsorientering inngjekk i forteljingane. Mannleg etternamnsendring gjer etternamnspraksisar i parforhold synlege som eit område der det finst ulikskap mellom kjønn. Meddelarane høyrdde på mange måtar til same kultursfære. Dei var norske og vaksne på 2010-talet. Dei inngjekk i, eller såg for seg å inngå i, heterofile parforhold. Mange hadde barn, og dei fleste var opptekne av kjernefamilien som viktig eining, både for dei sjølve, og for samfunnet som heilskap. Dei plasserte seg på mange vis likt i samanhengar som handla om generasjonane før dei og etter dei. Dei hadde tilgang til mange av dei same diskursane rundt kjønn, etternamnsval og forventingar til det mannlege og det kvinnelege. Dei kjende også til idear om formell likestilling mellom kvinner og menn.

For menn som heldt på oppvekstnamnet, og som kom med forteljingar om likestilling og kjønn, handla dette om kvinner sine moglegheiter. Ved at desse mennene gjerne var gift med kvinner som heldt på oppvekstnamnet, viste dei seg sjølve som allierte i kampen for kvinner sine rettar. Der etternamnsendring blir sett på som eit tema som handlar om kvinner og ikkje om menn, blir ulikskapen i moglegheiter og handlingar usynlege. Då er det to fenomen som trer fram som relevante å forklare og forstå,

nemleg kvinner som held på oppvekstnamnet og kvinner som byter oppvekstnamn. Denne haldninga var til stades både blant dei eldre og dei yngre mennene, men kom ikkje fram hos dei eldste, fødd før 1944.

Ei anna gruppe med haldningar til etternamnsval og likestilling, tilsa at kvinner og menn sine oppvekstnamn var likestilte. Denne haldninga var tydelegare hos yngre menn, gjerne fødd på 1970-talet og framover, men fanst blant meddelarar fødd mellom 1953 og 1983. I forteljingane deira var det likevel ei viss spenning mellom ideala om likestilling og eit press om å følgje patronymi.

Dette presset var det den tredje gruppa med forteljingar braut med. Her vart menn sine etternamnsendringar i parforhold, kontekstualisert som motvekt til den historiske, kulturelle, og statistisk mest vanlege praksisen med at kvinner bytte etternamn. Forståingar av etternamnsendring som ei nedvurderande og sjølvutslettande handling, vart her sett i historisk samanheng, og knytt til kvinner sin posisjon i samfunnet. Når menn braut med dei patronymiske praksisane, sto det i kontrast til forståinga av etternamnsendring som underordning. Det handla om kjønn og struktur, ikkje om individua i forteljingane frå desse mennene.

Den fjerde gruppa inkluderer dei som fortalte om etternamn utan å setje dette i samanheng med forståingar av likestilling. Det gjaldt det store fleirtalet, både blant mennene som endra etternamn og dei som heldt på oppvekstnamnet. Samstundes skilde dei seg ut frå kvarandre ved at dei som endra etternamn gjennomgåande valde mellom hans og hennar etternamn på lik linje. Det var eit mindretal blant mennene som heldt på oppvekstnamnet, som viste til at både hans og hennar etternamn var like verdifulle. Mennene som tok likestilling for gitt, var vidare noko yngre enn mennene som ikkje såg ut til å tenke slik.

Endringar i praksisar hos meddelarane vart moglege gjennom tilgang til likestillingsorientering. Etternamnsendringa sto i kontrast til patronymi, noko som kom fram i reaksjonane frå andre, anten det gjaldt beundring frå kvinner eller humoristiske kommentarar frå menn (og misnøye frå opphavsslektene som eg skildra

tidlegare). Endringa vart gjort fordi ho løyste andre oppgåver, som familiefellesskap og samsvar med forholdet til opphavsfamilien, og som måtte å handle i tråd med korleis dei forsto seg sjølv som individ. Der spela også haldning til likestilling mellom kjønn inn.



## 8. Individet og namnet

I dette kapittelet, tar eg utgangspunkt i forholdet mellom det enkelte individet og etternamnet. Kapittelet er ei utforskning av korleis bruken av etternamn spela inn i måten meddelarane forsto seg sjølv på som unike individ samansett av personlege karaktertrekk og historie. Eg søker å svare på følgjande spørsmål: Korleis skildra mennene forholdet mellom etternamna og seg sjølv som individ? Kva slags etternamnsval førte forståingane av forholdet mellom individ og etternamn til?

Eg byrjar med å ta for meg forteljingar der etternamnet blir skildra som det same som den individuelle beraren av namnet, og undersøker korleis meddelarane koplar desse saman. Så tar eg for meg forteljinga om samverknad mellom bruk av etternamn og kjensla av eigen individualitet. Her handlar det om korleis bruk av etternamn over tid, gjer noko med kjensla av samband mellom namn og individ. Sjølv om desse to formene for forteljingar i prinsippet kan gli over i kvarandre, inneheld ikkje forteljingane eg tar for meg fyrt element av endring, men eit meir statisk forhold mellom namn og individ. Vidare undersøker eg forteljingar som kretsar rundt dei individuelle mennene som uavhengige av etternamnet. I desse forteljingane, skildra meddelarane korleis etternamnet var fråkopla dei sjølve som individ. Til sist tar eg utgangspunkt i forteljingar der kjensler av eigenskapar knytt til individet, gjer at meddelarane endrar namn. Før eg går inn i forteljingane frå mennene, tar eg for meg omgrep eg i særleg grad nyttar i kapittelet.

### 8.1 OM INDIVID, IDENTITET OG ILLUSJONEN OM HEILSKAP

Uttrykk for korleis individua relaterer etternamnet til seg sjølv, har i forskingslitteraturen på etternamnsval i parforhold gjerne blitt uttrykt gjennom omgrepet identitet. Som med tradisjonsomgrepet har heller ikkje identitetsomgrepet blitt definert eller problematisert i særleg grad. Det blir gjerne nyttta som samlenamn på grunngjevingane til kvinnene som handlar på uvanlege måtar. Identitetsomgrepet har handla om til dømes koplinga mellom individet og oppvekstnamnet, tilknytinga til

oppavsfamilien, eller tilknytinga til arbeidsliv og karriere. Slik har omgrepene gjerne fungert som ein kontrast til tradisjonsomgrepet, forstått som patronymi.

Ordet identitet kjem frå latinske *idem*, og betyr ‘det same’. Det kan definerast som «the traits and characteristics, social relations, roles, and social group memberships that define who one is» (Oyserman, Elmore og Smith 2012:69). Slik sett høver tradisjonsomgrepet saman med identitetsomgrepet gjennom at sosiale relasjonar, roller og gruppemedlemskap gjerne er prega av delte tradisjonar. Dette blir tilsløra når tradisjonsomgrepet blir avgrensa til berre å gjelde patronymi. Identitetsomgrepet viser gjerne til forståinga av noko kontinuerleg og samanhengande (Henriksen og Krogseth 2001:100ff), noko som også stemmer med ei allmenn forståing av tradisjon. Vidare viser identitetsomgrepet til noko individuelt (*ibid.*), med individet som psykologisk unikt, sjølvstendig og åtskild frå andre (sjå t.d. Carbaugh 1996:104). Ein slik måte å tenke om identitet på, nærmar seg ein essensialistisk tankegang, og samsvarer nok med ein meir allmenn bruk av identitetsomgrepet. Gullestad skildrar denne individuelle, unike kontinuiteten som «følelsen av et grunnleggende og kontinuerlig, om enn skiftende, opplevende selv» (1996:24). Sjølv om kjensla av å vere eit unikt individ er basert på ei oppleveling av stabilitet, står ho ikkje fast, men blir konstruert i augneblinken. Antropologen Katherine P. Ewing, har vist at individ i alle kulturar, endrar på korleis dei forstår og presenterer seg sjølv etter kontekst og situasjon. At dette ikkje bryt med kjensla av indre kontinuitet og samanheng med historia til individet, kallar Ewing «the illusion of wholeness», altså illusjonen om heilskap:

People construct a series of self-representations that are based on selected cultural concepts of person and selected ‘chains’ of personal memories. Each self-concept is experienced as whole and continuous, with its own history and memories that emerge in a specific context, to be replaced by another self-representation when the context changes (1990:253).

Spørsmål om etternamnsval, aktualiserer visse forståingar av ein sjølv som enkeltståande individ. Det er desse forståingane som trekk på minner, personleg historie og posisjonar, som eg viser vidare i kapittelet. Med identitet meiner eg i dette kapittelet kjensla av kontinuerleg og individuell samanheng over tid som saman gir ein illusjon om heilskap for individet. Tilhøvet mellom namn og individ heng også saman med «den sociala och kulturella kategoriseringen» av individet (Hagström 2006:13). Hagström brukar omgropa «självidentitet» og «tilskriven identitet» for å skilje mellom oppfatninga ein har av kven ein sjølv er, og oppfatninga andre har av kven ein er (*ibid.*:18). Dette samsvarer med skiljet mellom det folkloristane Anne Eriksen og Torunn Selberg kallar for «opplevd» og «tilskriven» identitet (2006:77). Vi har altså indre identitet, og identitet som vi får av omgjevnadane våre.

Ansvarleggjering tilseier at den enkelte handlar ut frå korleis ein oppfattar seg sjølv og korleis ein ønsker å framstå. Det blir påverka av korleis andre handlar rundt ein. Dette viser til det komplekse forholdet mellom den indre, opplevde identiteten, og den tilskrivne identitet som vi får av omgjevnadane. Det skjer identitetsforhandlingar der andre sine oppfatningar påverkar korleis individet handlar og korleis det oppfattar seg sjølv. Kva individet tenker på når det tenker på seg sjølv, og kva det oppfattar som sanning om seg sjølv, påverkar kva det ønsker å gjere, kva det tenker, både om seg sjølv og om andre, og kjenslene det har. Identiteten blir endra etter situasjonen, der kjensla av opplevd og tilskriven identitet saman, påverkar korleis den personlege historia til individet blir tatt i bruk i ei kontinuerleg skaping av kontinuitet.

## 8.2 INDIVIDET *ER* NAMNET

Underforstått for mange av mennene som heldt på oppvekstnamnet ligg ei forståing av samanheng mellom namn og individ, der fornamn og etternavn gjerne blir sett som ein integrert del av individet (t.d. Anderson 2005:109). Slik sett kan fortolkingar av kva som er det rette etternamnet sjåast i tråd med ideal om kontinuitet og indre samanheng for individet. For mange av mennene var individet og etternamnet sterkt knytt saman, i tråd med patronymi der namnet tilsvara identiteten til den enkelte.

Dei kunne altså ikkje sjå for seg endring frå namnet dei hadde. Andre la vekt på at dei ikkje ville byte til noko nytt, fordi det nye ville vere feil nemning på den dei var. Ansvarleggjering spelar her saman med krefter, som for det fyrste kunne halde dei til oppvekstnamnet, og for det andre hindre dei i å ta eit nytt etternamn.

#### 8.2.1 KREFTER FOR Å HALDE PÅ OPPVEKSTNAMNET

Det har blitt sagt at barnet byrjar å eksistere som eit eige individ gjennom namngjeving (Hagström 2001:68; sjå også Tournier 1975). Det kan tilseie at samanhengen som oppstod ved namngjeving, ikkje burde brytast. Dermed burde ingen byte vekk oppvekstnamnet, slik det kjem fram i følgjande sitat:

Jeg ville aldri bytta navn, og ser heller ingen grunn til at partner skulle gjort det uavhengig av barn eller ei. Navn er identitet, og man må leve med det man har fått utdelt (NEG43857 fødd 1981).

I sitatet la meddelaren vekt på at han ikkje kom til å endre på oppvekstnamnet, og at heller ikkje andre burde endre etternamn. Namnet fekk ein som barn. Det svara til individet, og plasserte han i den samanhengen han vart fødd. Til liks med opphavsfamilie, geografisk fødestad og den fysiske kroppen, kunne han ikkje velje det vekk. For meddelaren var ikkje dette berre ei skildring av rolla namnet kunne spele for han, men det var ein naudsynt del av kven han var. Denne naudsyntheita famna vidare enn berre han. Namnekontinuiteten gjaldt alle, også kvinner. Heller ikkje partnar burde byte etternamn. Koplinga mellom namnet og identiteten, var ikkje kjønna for han. Slik tar han også konsekvensen av ei likestillingsorientering i forståinga av namneendring.

Namnet «er» identiteten, og ein «må» halde fram med å bruke det. Samanhengen mellom namnet ein fekk og identiteten fungerer her som indeks på skriptet om den patronymiske namnekontinuiteten hos individet. Det var ein samanheng som ikkje så lett kunne brytast, sidan patronymi tilseier at: «[n]ames are to be treated as analogous to identities» (Lebell 1988:12). Ved å artikulere ein samanheng mellom fenomena – individet og namnet – var han med på å skape denne samanhengen, og

ei kjensle av samanheng mellom fortida, notida og framtida til individet. Å halde på namnet gjennom livet, bidreg til ytre kontinuitet og styrkar ei stabil kjensle av samanheng med fortid og framtid. Også Eriksen og Selberg legg vekt på kontinuitet i gjennomgangen av identitet i kulturforskinga (2006:78). Ved å skildre forholdet mellom etternamn og individ, blir kontinuitet skapa gjennom forteljinga. Illusjonen om heilskap blir til.

For mange er namnet – fornamnet og ofte etternamnet – det naturlege svaret på spørsmålet om kven ein er. Psykologen Kenneth Dion fann at koplinga var sterkt mellom namna til enkeltindividene, og kven dei sjølve opplevde at dei var. Dei var namnet sitt (1983:247). Namna skilde dei ut frå andre, og kunne nyttast i lag med andre personlege trekk som skildring av dei sjølve (ibid.:248). Slik kunne namn «serve as a symbolic representation of the selves we present to others» (ibid.:254). Lebell skildrar det slik:

Like the color of our eyes, our freckles, the sound of our voices, or the natural talents with which we were born, our names are primary existential facts. We can scarcely imagine our selves separate from our names. Our names act as our ambassadors, traveling to places and times where we ourselves can't be, acting as the representatives of our words, deeds, thoughts, feelings, physical characteristics, and gestures (1988:5).

Forholdet mellom individ og namn, framstår i denne forståinga meir som ein grunnleggande føresetnad som handlingar blir tolka i lys av, enn som noko som blir undersøkt i seg sjølv. Eit eksempel er når til dømes psykologane Michelle L. Ceynar og Joanna Gregson ser namn og identitet som det same i sin studie av etternamnsavgjersler hos skilte kvinner: «[P]erhaps the most logical place to study postdivorce identity construction is the literal one: by examining postdivorce surname-decisions» (2012:560). Eit anna eksempel er tittelen på Hagström si bok *Man är vad man heter... Namn och identitet* (2006). Å vere det ein heiter kan lesast som at namnet er kortversjonen av ein sjølv, ein påstand som Hagström diskuterer og

modifiserer i boka. Også sosiologen Richard D. Alford nyanserer påstanden: Ein er ikkje namnet sitt, men namnet er eit symbol for identiteten til den enkelte, skriv han. Namnet kan nyttast som fokuspunkt, som identiteten hos den enkelte blir organisert rundt (1988:51). Tilsvarande har psykologen M. Brewster Smith kalla namna for «*the hooks upon which they hang their identity*» (1978:1056). Ut frå denne forståinga av identitet, kan det vi presenterer for andre ikkje endrast, fordi det er det som er samanhengen identiteten til den enkelte høver saman med. Namna høyrer til konkrete individ, som merkelappar som kjenneteiknar og identifiserer dei. Hagström understrekar dette:

Det egna namnet är en så viktig del av den personliga och kulturella identiteten för många människor att den inte kan separeras från denna. Namnet identifierar mig och gör mig till den jag är, i namnet symboliseras och uttrycks tillhörighet och avståndstagande (2006:16).

Sjølv om fornamn og etternamn kan vise til konkrete personar i omkrinsen til individet, og kan seie noko om kjønn, klassetilhørsle, nasjonalitet og etnisitet, er det gjerne fleire som har det same fornamnet, etternamnet, eller heile namnerekka. I følgje Pilcher heng den individuelle identiteten knytt til namnet saman med kroppen namnet viser til: «*The uniqueness of my identity, my individuality, arises instead from the coincidence of my forename-plus-surname as a label applied to my face and body as the visible, tangible and distinctive surfaces of myself*» (2016:766, kursiv i original). At kroppen kan kategoriserast som mann eller kvinne, er sentralt i samankopplinga mellom namnet og individet, der kjønna etternamnspraksisar er med på å gjere konkrete individ til kjønna personar. Det skjer mellom anna gjennom forventingar om at individ tilhøyrande kategorien kvinner skal endre etternamn i ekteskap, medan menn skal bere same etternamn gjennom livet sitt (ibid.:770).

Den nærmast kroppslege samanhengen mellom individet, slekta og namnet, var tydeleg hos ein mann som gifta seg for snart 50 år sidan. Han samanlikna det å gje frå seg oppvekstnamnet med «ein amputasjon» (NEG44481 fødd 1938, sjå også kapittel

5.5). Etternamnet viste til slekta han høyrde til. Ei namneendring ville føre til brot mellom han og den personlege historia hans, både det levde livet hans og samanhengen med tidlegare generasjonar. Etternamnet var blitt som ein kroppsdel han ikkje kunne eller ville, skiljast frå. Også andre har gjort liknande samanlikningar. Lebell siterer familiehistorikaren Arthur Kurzweil som har skrive at «changing one's name is like cutting off an arm», og kommenterer vidare korleis Kurzweil unnlet å sjå dette i samband med kvinner sine rutinemessige endringar (1988:24). Det gjorde heller ikkje meddelaren over (NEG44481 fødd 1938).

Ei eventuell tett kopling mellom etternamn og individet var ikkje alltid lett å oppdage før koplinga vart broten eller truga. Ein mann skildra kona si namneendring på 1970-talet, ei tid der det var høve til å tenke annleis om vante tradisjonar:

Ved første giftermål i 1973 valgte min daværende kone og jeg at hun beholdt sitt etternavn, men la til mitt etternavn som hovednavn. Dette varte i en måned, så innså vi at det var fullstendig feil. Hun måtte da gjennom en lengre søknadsprosess for å få slettet mitt etternavn som familienavn (NEG44237 fødd 1945).

Kona hans gjorde som dei aller fleste kvinner som gifta seg på det tidspunktet. Ho tok hans oppvekstnamn som etternamn. Litt uvanleg var det at ho heldt på oppvekstnamnet som mellomnamn. Meir uvanleg var det at ho etter kort tid fjerna namnet hans igjen. Det vart «fullstendig feil» for henne å bruke hans etternamn som sitt. Ho gjorde det konvensjonelle, men reagerte på det. Hennar individualitet var tilknytt oppvekstnamnet hennar, og vart mogleg å artikulere då ho opplevde korleis det kjentest å bruke eit anna etternamn enn oppvekstnamnet som hovudnamn.

Kjensla kan handle om sosiologen Zygmunt Bauman sitt poeng om at identitet ikkje er opplevd når den er tatt for gitt (1999:xxix). Identiteten kjem fram når den vart truga, og blir då mogleg, og kanskje naudsynt, å artikulere. Bauman skildra i stor grad gruppebaserte identitetar, basert på til dømes kjønn, etnisitet eller nasjon. Høyrer ein til ei gruppe utan at tilhøyrsla blir stilt spørsmål ved, er det ikkje nødvendigvis slik at

ein er merksam på gruppetilhørsela (ibid.:xxx). Her er det tilhørsela mellom individet og namnet som vart broten, og dermed mogleg ikkje å ta for gitt.

For mange av mennene som heldt på oppvekstnamnet, var eit slikt brot vanskeleg å tenke seg. Ein mann skreiv at han «har aldri blitt konfrontert med at jeg har det navnet jeg har og at jeg ikke har endret det. Navnet har vært meg og ingen har stilt spørsmål ved det» (NEG44503 fødd 1955). Spørjelista frå NEG var såleis mogleg å forstå som ein slags konfrontasjon med situasjonen han og etternamnet hans var i. For han, som for mennene over, var det ikkje skilnad på kven han sjølv var og etternamnet hans. Eit av spørsmåla i undersøkinga han svara på, var om han hadde fått reaksjonar på eigne namneval, og sitatet kan lesast som svar på dette spørsmålet. Han hadde ikkje fått reaksjonar, og hadde aldri blitt «konfrontert» med at han hadde namnet. Ved å svare på ei undersøking om namneval, vart han likevel møtt med at andre høve til handling fanst. Til skilnad frå mange av forskarane som har sett på etternamn i parforhold, hadde ikkje meddelaren møtt forventingar om andre etternamnsval. Forskarane hadde ofte personlege erfaringar som utgangspunkt (t.d. Boxer og Gritsenko 2005:1; Frandina 2009; Rom og Benjamin 2011). Dette kan vere med på å forklare kvifor det er så mange kvinner som har forska på kvinner, medan så få menn og kvinner har forska på menn. Sidan kvinner oftare har møtt forventingar om etternamnsendring, har temaet vore synleg for kvinner. Dei få artiklane som handlar om mannleg namneendring, tar gjerne utgangspunkt i personlege erfaringar dei mannlege forfattarane har hatt når dei sjølve har ønskte å byte etternamn. Undringa over fenomenet har oppstått fordi dei har møtt barrierar av formell og uformell karakter, i og utanfor slekta, og i og utanfor parforholdet. Det har blitt stilt spørsmål ved noko personleg for dei.

Underliggande i ein del av forteljingane ligg eit indirekte skilje mellom menn og kvinner, der meddelarar som sjølve held på oppvekstnamnet i større grad verbaliserer haldninga om at kvinner kan og bør halde på oppvekstnamnet også. Mennene sine etternamn står her fast. Ein mann fortalte: «Min partnar har sitt eige

etternamn, har ikkje vurdert å få mitt, og ville heller ikkje fått det» (NEG43801 fødd 1952). Meddelaren fortalte at både han og partnaren heldt på kvar sine etternamn. Dei hadde ikkje barn, og dermed forsvann omsynet til neste generasjon, og til vidareføringa av etternamna som grunngjeving for å halde på eller endre namn. Men der han viste til korleis partnaren ikkje har vurdert å endre etternamn, let han vere å vise til korleis han sjølv har latt vere å endre til partnaren sitt namn. Det var altså partnaren si moglege, men manglande namneendring det var tale om i sitatet, ikkje hans eiga moglege, og like manglande namneendring. Meddelaren nemnde ikkje kjønn på partnaren sin. Sidan partnaren sine namneval vart tematisert, kunne det gjerne vere ei kvinne, sidan forteljingane liknar den fyrste kategorien med likestillingsforteljingar i førre kapittel. Desse meddelarane hadde som privilegium å ta for gitt å ha eitt og same etternamn gjennom livet. Dei anerkjende likevel at kvinner ikkje alltid har hatt det same privileget ved å vise til at kvinner kunne halde på oppvekstnamnet «i våre dager» (NEG44157 fødd 1963). Dette fungerer som indeks på skriptet om at menn held på oppvekstnamnet gjennom livet, medan kvinner sine høve til det same, er i historisk endring til å likne på skriptet for menn.

I vestleg kultur har identitet for menn lenge blitt sett som meir einsretta, solid og stabil enn for kvinner (Gergen 1991:155). Slik har mannleg og kvinneleg etternamnsendring blitt oppfatta forskjellig, også med tanke på påverknad endringa kunne ha på den enkelte sitt kjensleliv. Nokre forskrarar har undersøkt nett tilknytinga mellom etternamn og individet for kvinner samanlikna med menn. Resultata frå desse amerikanske undersøkingane, kan tyde på at menn og kvinner i like stor grad identifiserte seg med oppvekstnamnet (Intons-Peterson og Crawford 1985), og var like glade i det (Ceynar og Stewart 2014). Både menn og kvinner *undervurderte* kor sterkt kvinner var knytt til oppvekstnamnet, og *overvurderte* kor sterkt menn var knytt til sine etternamn (Intons-Peterson og Crawford 1985). Mennene som vart spurt meinte at dei sjølve var mindre opptekne av namnet enn andre menn, medan kvinnene meinte at dei sjølve var meir opptekne av namnet enn andre kvinner.

Dermed viste både menn og kvinner skilnad på haldning for seg sjølve samanlikna

med det dei tenkte om andre i same kjønnskategori. Sjølv om undersøkinga tar utgangspunkt i nordamerikanske studentar tidleg på 1980-talet, kan tendensane kaste lys over norske forhold også. Patronymi råder begge stader, og den noko større valfridomen i Noreg gir sannsynlegvis sterkare høve til å tenke på etternamnet sitt som del av ein sjølv for norske kvinner, ikkje berre menn. Det var altså ei stor gruppe av meddelarane i mitt materiale som såg bruken av eige oppvekstnamn for dei sjølve som meir eller mindre sjølvsagt, men hos nokre gjaldt dette også partnaren sin bruk av hennar oppvekstnamn.

#### 8.2.2 KREFTER MOT Å ENDRE ETTERNAMN

Etternamn kunne vere noko ein ikkje skulle byte vekk på grunn av kontinuitet hos individet. Det kunne også vere noko ein ikkje skulle byte til, fordi det kunne innebere ein idé om at føremålet med endringa var å oppnå ein høgare status enn ein hadde rett på. Ein meddelar trakk fram «snobberi» som grunngjeving for kvifor han sjølv let vere å endre namn:

Jeg har beholdt mitt etternavn, men kunne gjerne tenkt meg å bytte til min mors pike-navn som var stiligere enn min fars. Men jeg kan ikke tillate meg det snobberi som ligger i å foreta et slikt navneskifte (NEG44142 fødd 1950).

Å endre til eit stiligare etternavn blir her kopla til forfengeleghet. Om det var ein klassedimensjon i dei to etternamna, veit eg ikkje, fordi eg ikkje har meir informasjon om namna enn dette. Det ser uansett ut til å peike hen mot ei mogleg norm i samfunnet om ikkje å gjøre seg finare enn ein er, og der dette heng saman med farsnamnet. I alle fall hadde det samanheng med etternamnet ein hadde hatt gjennom livet. Skulle meddelaren ha endra, kan det tenkast at han trengde fleire grunngjevingar. Endring i seg sjølv kan gje assosiasjonar til forfengeleghet, og søker etter ein høgare status. Norske kvinner som sjølve endra etternamn i Thørnblad si undersøking, mistenkte at menn som endra etternamn generelt gjorde dette fordi dei var «forfengelige», eller hadde til hensikt å søke «personlige fordeler gjennom å skaffe seg et bedre namn» (2003:94). Klasseavansement for menn gjennom

namneendring kunne sjåast som utslag av forfengelegheit. Desse kvinnene såg ikkje ut til sjølve å kjenne menn som endra etternamn. Forståingane til kvinnene hos Thørnblad, reflekterte dermed meir generelle oppfatningar av kva som kunne inngå i det mannlege og umannlege. Å vere forfengeleg kunne assosierast til kvinnelegerheit og forståast som umannleggjeraande for menn (Liliequist 2015:233ff). Arbeidet med å velje å halde seg til oppvekstnamnet, kan dermed sjåast som mannleggjering.

Ei haldning som dukka opp med jamne mellomrom når eg presenterte prosjektet mitt, gjerne blant kollegaer i akademia, var nett tolkinga av menn si namneendring som søken etter etternamn assosiert med høgare klasser, at «Grieg» blir velt heller enn «Hansen». At mannleg etternamnsendring kan passe inn i visse forståingar av klassetilhørsle og korleis kjønn speler inn i høve til å søke seg oppover i ein klassestruktur, kunne sjåast også i Sverige. Dei fekk si fyrste kjønnsnøytrale namnelov i 1982, to år etter Noreg. Eit satirisk tidsskrift sette då på spissen menn sine moglege motivasjonar for å ta kona sitt etternamn. Borgarmeisteren i den fiktive byen Grönköping, som bytte frå det alminnelege Sjökvist til det finare Sparvhöök, blir sitert slik:

- Icke minst sedan min mångåriga Vasaorden blev förbjuden, har jag ägnat många tankar [...] åt, huru mycket jämlikare det vore, om även mannen finge antaga hustruns namn och icke blott tvärtom, och vill jag nu gärna vara den förste att träda fram [p]å jämlikhetsbarrikaden med ett namnbyte  
(Grönköpings veckoblad 1982:2).

Satiren tar utgangspunkt i at borgarmeisteren smykkar seg med å vere forlikstilling, medan han endrar etternamn for å smykke seg med eit adelsnamn.<sup>94</sup> Namneendringsforteljinga til borgarmeister Sparvhöök er overdriven, og skiljet mellom det borgarmeisteren seier, og den motivasjonen som lesarane forstår ligg bak

---

<sup>94</sup> Dette klasseaspektet kan ha vore tydelegare i Sverige enn i Noreg, sidan Noreg i liten grad har hatt adelsstand etter 1814.

endringa, gjer at dette lett kan forståast som humor. Det speler på ideen om at menn ikkje skal klatre i status ved hjelp av ekteskap, men må klare seg på eiga hand eller basere seg på opphavsfamilien. At kvinner heile tida har hatt høve til å få adelsnamn gjennom ekteskap, har ikkje på same måten hatt evne eller kraft til å bryte opp i adelsslektene fordi kvinnene har blitt innlemma i mannen si slekt (Andersson 1984:114). Denne satiren er eit eksempel på at der handlingar på tvers av kjønna forventingar skjer i humoristiske settingar, blir forventingane gjerne bekrefta snarare enn stilt spørsmål ved (Billig 2005:201; Fjell 2014:308; Lorentzen 2012:94). Slik kan humor fungere som spegel av korleis makt skjer i eit kjønnshierarki (Fjell 2014:303).<sup>95</sup>

Etternamna kan skildrast som sosiale markørar og viser status, slik språkforskaren Arne Torp skriv: «Etternavnet kan [...] være med på å signalisere slektskapsforhold og sosial status på en måte som fornavnet vanligvis ikke gjør» (2018:6f). Men kven ein er i slekt med og den sosiale statusen til etternamnet, går ikkje fram om ein ikkje kjenner til namna eller namnetypane. Det er ein omfattande kunnskap som skal til for å skilje mellom namn som har høg og låg status. Kva som høyrest fint ut, til dømes visse lydar framfor andre, og kva slags verdisett etternamna blir valt etter, er sosialt, geografisk og kulturelt konstituert. Det same namnet kan ha ulik status i ulike samanhengar eller blant ulike personar og miljø.

Grunngjevingar som handlar om klasse kom ikkje fram i forteljingane om endring frå mennene. Ei slik grunngjeving kunne nok forståast som mindre aktverdig, og dermed ikkje bli uttala. Det ser likevel heller ikkje ut til at mennene typisk endra frå etternamn assosiert med lågare klasser, til etternamn som typisk kan assosierast med høgare klasser. Ein grunn kan vere at mennene som endrar etternamn høyrer til ei slags brei middelklasse, og det same gjorde kan hende partnarane deira også. Ei slik klassetilhørsle gir høve til å tenke friare rundt etternamsendring og familieskaping

---

<sup>95</sup> Men som eksempelet frå Jenny Jordahl sin *Livet blandt dyrene*-blogg (2015) viser først i innleiingskapittelet, kan humor også fungere som synleggjering av kjønna skilje som slik blir moglege å bryte.

med eit likestilt utgangspunkt, samstundes som merksemd rundt klasse i mindre grad var til stades (jf. Skarpenes 2007). Det kan altså antydst at krefter ikkje drog i retning klasseeavansement.

Det kan likevel sjå ut til at dei vanlege sen-namna har lågare status enn gardsnamna og andre, mindre vanlege etternamn, sjølv om også mange sen-namn vart med vidare som del av bindestreksnamn eller som mellomnamn. Av mennene som endra etternamn, var det 25 som hadde sen-namn før dei bytte etternamn. Berre 4 menn hadde sen-namn som etternamn etter at dei bytte. Dette inkluderer ein som endra frå eit gardstypenamn til det svært utbreidde Olsen, ein som endra frå eit vanleg sen-namn til partnaren sitt vanlege sen-namn, og det inkluderer to som nytta oppvekstnamnet i lag med partnaren sitt etternamn med bindestrek.

<b>Sen-namn før endring</b>	<b>Sen-namn etter endring</b>	<b>Sen-namn som mellomnamn før endring</b>	<b>Sen-namn som mellomnamn etter endring</b>
25	4	0	12
Hansen	Nilsen, Hansen-Høgset	Hansen Haugen	Hansen Høgset

TABELL 28: OVERSIKT OVER SEN-NAMN FØR OG ETTER NAMNEENDRING.

Ingen av dei 60 mennene hadde sen-namn som mellomnamn før endring, men 12 menn hadde sen-namn som mellomnamn etter endring. Dei tok det altså ikkje heilt vekk. Alle sen-namna det her er snakk om, var blant dei vanlegaste, som Olsen, Andersen og Pettersen. Ingen av dei var uvanlege, som Størksen. Sen-namna er no i ein posisjon som gjer at mange ikkje ønsker å nytte dei. Dei er vanlege og skil seg dermed ikkje ut. Fordi det er mange berarar, står dei ikkje i fare for å døy ut, sjølv om talet på personar med sen-namn er synkande. Det finst også røyster for å halde på sen-namna. Eit eksempel er *P4 Radiofrokost*, som i eit Facebook-innlegg i 2011, skrev «Alle med etternavn som slutter på SEN: (Olsen, Hansen, Kristiansen) trykk "liker" og vis at du støtter opp om et utdøende namn. (SSB mener navnet er på vei ut pga snobberi)». Sidan 17 av vanlegaste etternamna i Noreg er sen-namn, er det lita fare for at dei forsvinn heilt (SSB utan dato). Her blir snobberi kopla til bruken av gardsnamn og namn som ikkje er sen-namn. Men det har ikkje alltid vore slik at

gardsnamna vart oppfatta som betre eller meir staselege. Til dømes var sen-namna populære tidleg på 1900-talet i byane fordi gardsnamna avslørte at beraren kom frå meir rurale strøk. Det fungerte altså som ein sosial markør, men med motsett forteikn frå i dag, fordi det var viktig *ikkje* å skilje seg ut (Nedrelid 1998:39).

Forfengelegheit var ei mogleg fortolkingsramme i samfunnet som kunne påverke menn sine moglegheiter til endring av etternamn. Ei anna fortolkingsramme var at mennene som endra etternamn var svake og hierarkisk underordna kona, og at ho hadde hatt ein rådande finger med i namneendringa. Endringa kunne slik vere umannleg ved at det handla om ikkje å vere overhovud i eigen heim (jf. t.d. Liliequist 2015:233). Ei slik underordning høvde inn for kvinner som endra namn, og braut dermed ikkje med gjering av kvinnelegheit (Pilcher 2017; Robnett 2017). Underordning for kvinner i kjernefamilien og parforholdet braut ikkje med eit forventa skript, til skilnad frå når menn gjorde det same. Menn kunne altså handle umannleg ved å oppføre seg på måtar assosiert med kvinner.

Mennene kunne også handle på altfor mannlege måtar, ved å nytte namneendringa til å mogleggjere kriminelle handlingar. Kriminalitet kan gjerne koplast til visse former for mannlegheit. I uformelle samtalar har det blitt foreslått at nokre menn endra for å kvitte seg med belasta etternamn etter at dei hadde brote lova, eller med intensjon om å halde fram med lovbro. Slike motivasjonar har eg ikkje funne i materialet i det heile tatt, verken blant menn som heldt på eller menn som endra namnet. Det er kanskje ikkje så rart at namneendringar med dette som bakgrunn, ikkje vart inkludert i forteljingane. Deltakinga var basert på sjølvseleksjon, og mennene avgjorde sjølve kva dei ville fortelje om. Viktigare er det nok likevel at det sannsynlegvis gjeld få individ, totalt sett.

Både der mennene skildra manglande høve til å endre *vekk frå* oppvekstnamnet, og manglande høve til å endre *til* eit anna etternamn, skjedde ansvarleggjering ut frå forståingar av mannlegheit og umannlegheit. Sentralt var ei forståing av at forholdet mellom etternamnet og individet, var stabilt. Der det sto sentralt å halde på

oppvekstnamnet, samsvara namnet med kjensla av noko indre. Der det handla om at ein ikkje skulle endre til andre etternamn, samsvara namnet med kjensler av fellesskap og relasjonar mennene inngjekk i. Det var fellesskap ein ikkje kunne velje vekk. Samstundes går forteljingane her i vekselverknad mellom det individuelle og det kollektive. Det er ikkje eit klart skilje mellom dei to. Dei er heller ulike drivkrefter med liknande resultat – ei som knyter ein fast i oppvekstnamnet, og ei som dytta vekk alternative etternamn.

### 8.3 INDIVIDET *BL/R* NAMNET

Ein annan variant av tilhøvet mellom etternamnet og individet, heng saman med skildringane over. Forteljingane er likevel skilt ut fordi fokus over handlar om kjensler av stabilitet, medan forteljingane her handlar om tid og endring. Det å ha hatt eit etternamn lenge, spela inn i forteljingane til fleire av mennene som endra namn. Dei gav uttrykk for eit tidsaspekt der det nye etternamnet etter kvart kjentest som deira også. Det blei del av den dei var. Ein meddelar hadde «brukt Nesje i 10 år, så det begynner å bli innarbeidet» (fødd 1962:35). Meddelaren Høstaker såg ikkje for seg å byte vekk Høstaker-namnet som han tok tidleg på 1980-talet: «Namnet eg har hatt dei siste 30 åra er min identitet» (fødd 1962:33). Meddelaren Sickel fortalte at han hadde hatt etternamnet frå kona «som etternavn nesten like lenge som [oppvekstnamnet] og nesten alle som kjenner meg i dag kjenner meg bare som [...] Sickel» (fødd 1968:33). Sickel hadde over tid fått eigarskap i etternamnet. Fleire gav likevel uttrykk for at det tok litt tid å venne seg til eit nytt namn. I eit intervjou med meddelaren Bauge spurde eg om han kjende seg som ein Andersen, altså oppvekstnamnet:

Nei, i dag føler eg meg meir som ein Bauge. Det var litt sånn rart i byrjinga. Eg hadde nokre episodar då eg skulle skrive underskrifter, då, 'okey, har du ein kopi til?', [ler] Men elles så føler eg at det har vore ein naturleg overgang (fødd 1973:72).

Bauge hadde blitt van med det nye namnet sitt då han fortalte om det, åtte år seinare. Også kvinner som endra etternamn i parforholdet brukte tid på å venne seg til det nye etternamnet. For dei aller fleste, var namnet viktig for sjølvkjensla, men endring over tid var mogleg (Rom og Benjamin 2011:133; Thwaites 2013:429). Ein kunne vekse inn i etternamnet. Ein meddelar som var i ferd med å bli morfar, skildra etternamna som dottera ville gi barnebarnet. Det var dottera sitt oppvekstnamn, altså etternamnet til meddelaren, som mellomnamn og svigersonen sitt oppvekstnamn som etternamn. Om dette hadde meddelaren synspunkt:

Jeg hadde personlig ønsket vårt etternavn sist, men barna kan vel i ettertid selv velge hvilke etternavn de vil benytte i det daglige liv. Jeg mener det derfor er riktig at barna tar begge etternavn slik at de kan venne seg til dette under oppveksten og seinere velge hvilke de vil bruke (NEG43836 fødd 1949).

Som morfar ønskete han sitt eige oppvekstnamn som hovedetternamn, utan at han grunna dette spesielt. Som mellomnamn kunne ungane lettare velje mellom hans, eller det vil seie dottera sitt, oppvekstnamn, og etternamnet frå faren til barna enn om dei ikkje fekk det med i namnerekka. Då vart dei kjend med, og kunne vekse inn i, begge etternamna. Dette sjølv om etternamn på mellomnamnsplassen, ofte sto i fare for å gå ut av bruk. Slik kunne barna forme eigne minne knytt til namna som dei kunne trekke på i situasjoner der namneval var aktuelt. Grunnlaget var såleis lagt for ein «illusjon om heilskap» som kunne gå i ulike retningar, og meddelaren såg for seg at barna seinare kunne velje mellom dei to. I ein tidleg artikkel som skildrar tilhøvet mellom identitet og namn, skriv psykologen Avner Falk følgjande:

[I]n the intricate relationship between identity and names cultural and individual family forces play important roles, although the relative weight of each factor may differ from one individual to another. Identity (or the sense of identity) is itself a complex concept consisting of social, cultural, ethnic, religious, linguistic and other elements, yet it is also, and often strongly, determined by individual identifications, resolutions of early crises of

psychosocial development, early parent-child relationships, and the entire family and life history of the individual (1975:651).

Koplinga mellom namnet og identiteten, vaks fram gjennom prosessane av kjensler og opplevingar knytt til forholdet mellom barn og foreldra, og elles gjennom individuelle erfaringar gjennom livet. Kopling til namnet kunne komme også seinare i livet. Meddelaren Reppen-Gjelseth og kona slo saman oppvekstnamna sine med ein bindestrek. Barna deira var store nok til å ha meininger om etternamn, og meinte dei kom til å bytte vekk eitt av etternamna når dei sjølv gifta seg. Sannsynet for at det var hans dei kom til å velje, var like stor som hennar, og han hadde tenkt på korleis det ville vere for han om barna velte hennar bidrag: «Men det som er litt fint er at selv om de skulle velge bort mitt opprinnelige slektsnavn, føler jeg også tilhørighet til Reppen - som også har vært mitt navn nå i 14 år» (Reppen-Gjelseth fødd 1974:86). I ein situasjon der eitt av etternamna ville forsvinne, var det anten hans eller hennar opphavlege namn som kom til å bli med vidare. Ved å kjenne eigarskap til begge namna, ville etternamnet barna kom til å ta med vidare, uansett vere hans også.

Meddelaren Engevik, endra etternamn på slutten av 1970-talet. Det gjorde sterkt inntrykk, den første gongen han vart tiltala ved det nye etternamnet av nokon som ikkje kjende til etternamnsendringa hans: «Eg kan også huske veldig sterkt den første nye kontakten eg fekk, ein leverandør på jobben som aldri hadde kjent meg som Olsen, og heilt opplagt snakka til meg som 'De Engevik'» (Engevik fødd 1956:6). Med dette, anerkjende kontakten etternamnet hans som ein naturleg del av han. Det var kan hende til skilnad frå andre som var vane med å tenke på han som Olsen. At andre tok for gitt at Engevik var etternamnet hans, gjorde noko med meddelaren og moglegvis kjensler av eigarskap og tilhørsle. Slik vart Engevik også på sett og vis skapa som ein Engevik, i kommunikasjonen med andre over tid. Reaksjonar frå omgjevnadane gjorde noko med opplevinga av forholdet til etternamnet.

Namneendringssituasjonen opnar for høve til å gjere noko nytt, endre noko, starte på ny, og sjå seg sjølv i nye samanhengar (t.d. Lebell 1988:55). For fleire av meddelarane,

og i forskinga på etternamnsval, har endring av etternamn vore med på å føre til eller symbolisere endring. Meddelaren Jørve, reflekterte i forteljinga si rundt kva etternamnsendringa fekk å seie for han sjølv:

Jeg har også blitt overrasket både over hvor mye og hvor lite navneskiftet har betydd for meg personlig. Hvordan på den ene siden Jørve-navnet har vært en energiinnsprøyting, en følelse av å starte på nytt (litt som når man har fått seg en ny mac og tenker at nå, NÅ skal jeg jammen skrive den romanen/bli en god student/whatever), samtidig som jeg naturligvis fortsatt er veldig mye av den jeg var før navneskiftet. Men i sum vil jeg likevel si at navn er mer enn bare bokstaver, og det har hatt betydning for hvordan jeg ser på meg selv, kona mi og det prosjektet vi deler. Og at det å la hennes navn bli det største/siste/viktigste i prosjektet vårt var et ‘offer’ og en gave det var godt å få gi (fødd 1975:114).

For Jørve kan det sjå ut som at etternamnsendringa både var ei stor og ei lita endring av kven han opplevde seg som. Samstundes signaliserte det forplikting overfor parforholdet og familien han skapa saman med kona. Namneendring kan altså vere noko meir enn ein lingvistisk markør på identitetsendring. Det er også med på å føre til identitetsendring, som ei konstant påminning for den enkelte, og for omgjevnadane om at noko har endra seg (Alford 1988:85,87f). Medan slike endringar kan ha opphav i individet sjølv, kan dei også komme utanfrå, som til dømes når kvinner er forventa å skulle ta mannen sitt namn (Finch 2008:712). At kvinner oftare endrar namn i ekteskap, kan implisere at kvinner sin identitet endrar seg meir i ekteskap enn mannen sin identitet, eller at hennar identitet i større grad blir del av mannen sin identitet (Alford 1988:88). Ho kan endre sjølvbilde og andre kan endre oppfatninga av henne (*ibid.*:157). Når menn endrar etternamn til kona sitt oppvekstnamn, kan det implisere at ekteskapet som institusjon har endra seg. Ikkje minst har det, som eg har vore inn på tidlegare, opna seg som ein viktig del av identiteten for menn også.

#### 8.4 INDIVIDET ER IKKJE NAMNET

Forteljingane der individet ikkje er det same som etternamnet, står i motsetnad til dei førre forteljingane. Det er i tråd med psykologen Tim Brennen sitt argument at namnet, fornamnet og etternamnet for svært mange, kanskje dei fleste, handlar om å vere ein merkelapp, og elles har lita tyding. Det fulle namnet spelar ofte ikkje ei viktig rolle for individet, meiner han: «Identity is a fluid and complex constellation, and one's name is one of many elements constituting that identity» (2000:145). I tråd med Brennan si forståing av namn, la fleire av mennene som endra etternamn, vekt på at dei sjølve var den same, at endring av namn ikkje var noko anna enn endring av nokre bokstavar som ikkje hadde med identiteten deira å gjere, og at endringa gjekk lettare enn dei trudde.

Meddelaren Blesvik hadde vene som «lurte på min personlige tilknytning til mitt eget navn, men jeg forbandt veldig lite av min identitet til mitt etternavn, så det føltes ikke kunstig [å bytte etternavn]» (fødd 1980:165). Meddelaren Damminger hadde aldri tenkt at «det er navnet som identifiserer hvem jeg er, det er personlighet og handling. Uansett hva jeg heter er det bare 1 av meg» (fødd 1969:49). Meddelaren Ski anerkjende redsla mange kunne ha for å miste noko ved seg sjølv om dei endra etternamn, men meinte at ein fort blir van med det nye namnet. Det var ikkje så farleg å endre som mange, kanskje hovudsakleg menn, trudde, meinte han (fødd 1969:129). Identiteten var ikkje så knytt til etternamnet som han meinte mange hadde lett for å tenke. Artikuleringa av dette i svara frå mennene viser kjennskap til skriptet om den tette koplinga mellom namn og individ, og ei avvising av at dette skriptet er naudsynt å følgje.

Ein meddelar som hadde budd ein del år i utlandet, opplevde at tilhøvet til etternamnet hadde endra seg. Han hadde erfart at bokstavar som æ, ø og å, som han hadde i oppvekstnamnet, gjerne måtte endrast til ae, oe og aa: «som også har bidratt til at jeg følte et mer abstrakt forhold til mitt forrige etternavn» (fødd 1991:225). Som hos meddelaren Engevik (fødd 1956) over, handla forholdet mellom individet og

namnet ikkje minst om møte med andre menneske, og deira reaksjonar på namnet. Forholdet mellom kven meddelaren var og namnet vart gjennom desse endringane av bokstavar, til ein viss grad frikopla for han, men ikkje for vennane hans. Dei nytta framleis oppvekstnamnet: «Det var kallenavnet mitt, fremfor fornavnet mitt og de knyttet nok en større identitet til meg med mitt etternavn enn det jeg gjorde selv», fortalte han (*ibid.*). Det gamle etternamnet hans levde vidare parallelt med det nye: «Det har vært interessant å leve i en slags dobbelverden hvor nye kolleger ikke kjenner til annet enn [det nye namnet] samtidig som jeg møter mine gamle kamerater på fritiden, ettersom vi nå bor i samme by, som kjenner meg ved [oppvekstnamnet]» (*ibid.*). Han var i daglelivet kjend som brukar av både oppvekstnamnet og det nye etternamnet, men i ulike grupper. Gjennom å bli kalla ved ulike namn, møtte han ulike delar av livet og vart minna på korleis livet var tidlegare, eller kunne ha blitt. Namna hans var nærmest symbol for ulike moglege liv, og kan hende ulike samanhengar identiteten hans inngjekk i.

At forma og uttrykket til etternamnet kunne vere viktig, fortalte også meddelaren Johnsen om, men for han handla det ikkje om endringar av bokstavar. Både han og kona vaks opp med vanlege sen-namn, og han endra til hennar sen-namn. I tillegg tok ho inn hans mellomnamn, eit gardsnamn, som sitt mellomnamn. Dermed hadde dei begge namn frå kvarandre sine familiar. Sjølv opplevde han det som «at Johnsen var såpass nøytralt at jeg følte ikke noen ‘identitetskrise’ i etterkant» (*fødd 1985:211*). «Nøytralt» kan her forståast i samanheng med at det er eit vanleg etternamn. Ved å romme mange personar, kunne det også famne meddelaren utan at han opplevde det som ei endring av den han var: «Altså var det ingen sterke følelser for noen av alternativene, slik man har til sjeldne eller stedsbestemte etternavn» (*ibid.:210*). Hadde etternamnet vore meir spesielt, ville det ha vore meir lada med meinings enn «Johnsen» var, meinte han. For han handla identitet i namnet om kor unikt det var. Mindre unike namn, var meir fleksible og stilte færre krav om å bli holdt ved like. Ulike personar kunne ha same namn, og dermed fylle det med andre eigenskapar enn dei Johnsen sjølv opplevde at han hadde, utan at dette avgrensa han.

Meddelaren Holmen hadde eit meir fleksibelt forhold til etternamna han hadde hatt gjennom livet, enn dei fleste andre meddelarane. Han endra namn som 18-åring til stefaren sitt etternamn. Som godt vaksen bytte han på ny til Conan, «...etter tegneseriehelten» (fødd 1977:137). Det var ikkje lett å få jobb med dette namnet,<sup>96</sup> så han endra tilbake etter få år:

Da jeg giftet meg i fjor hadde min kone et ønske om å ikke skifte etternavn.....og det ville glede henne om jeg tok hennes. Da jeg egentlig gir meg en blanke i hva jeg heter til etternavn var det lett å gjøre denne gesten (ibid.).

Han opplevde ikkje nokon av dei tidlegare etternamns som viktige å halde på, og dermed kunne han gjere enno ei namneendring, nemleg til kona sitt oppvekstnamn, som ein gest eller gavé. At endringa til kona sitt namn kunne vere ei gavé til henne, nemnde fleire av meddelarane. Hos informantar i andre prosjekt, kunne også mannen sitt etternamn i seg sjølv, forståast som ei gavé til kvinnen. At kvinnen fekk bruke namnet til mannen, var ein måte å tilby eit forhold og ekteskap på (Carter og Duncan 2018:116). Både å ta og å gje namnet, kunne dermed vere aktive handlingar og gáver gitt av mennene. Begge deler viser til ei tingleggjering av etternamnet.

Fleire av mennene arbeidde aktivt for å skape eit skilje mellom individet og etternamnet. Meddelaren Vikse endra frå eit stadnamn som oppvekstnamn til eit anna stadnamn som var oppvekstnamnet til kona, eit og eit halvt år før undersøkinga mi tok til. Han skildra ein viss ambivalens til det nye etternamnet sitt. Det hende han fekk post til sitt opphavlege etternamn, og opplevde det enno som litt rart å få post til sitt nye etternamn:

Det er jo det eg er mest vant til, så det er nesten meir underleg å få til [...] Vikse. Altså sjølv om eg snakka om identitet, at dette er... no er dette meg på

---

<sup>96</sup> Jamfør problem individ med utanlands Klingande namn kan oppleve i arbeidsmarknaden.

ein måte, så inst inne så kjenner eg jo litt på [at] ‘det er jo eigentleg ikkje meg’ (Vikse fødd 1974:96).

Det nye namnet var ikkje blitt ein helt tydeleg del av kven han kjende seg som, i alle fall ikkje enno. Det «er jo eigentleg ikkje meg, men det er jo berre ein sånn formalitet, det er berre eit namn, ikkje sant? Eg orkar ikkje å la det stikke så mykje djupare enn det», fortalte han vidare (*ibid.*). For han var det avgjerande for kjernefamilien å kunne samlast om eitt, felles namn. Kjenslene av manglande samsvar mellom namnet og han sjølv, valde han å sjå vekk frå, og ikkje gje plass. Han kjende seg ikkje som ein Vikse, men han kjende seg som del av den nye kjernefamilien Vikse, som han skapa saman med kona. Sjølv fokuserte han på fornamnet som uttrykk for kven han var, medan det nye etternamnet symboliserte tilhørsla til dei andre medlemmane av kjernefamilien. Oppvekstnamnet var framleis ein del av den han opplevde seg som, men ønsket om namnfellesskap i kjernefamilien, var viktigare enn namnet.

Som nokre av mennene, gjorde kvinner som endra etternamn i parforhold ofte eit tilsvarande arbeid med å skilje etternamnet sitt frå seg sjølve som individ, for så å fokusere på kjensler av fellesskap med kjernefamilien. Ved at etternamna kunne skildrast som tilfeldige merkelappar, kunne storleiken på endringa tonast ned (t.d. Carbaugh 1996:95; Grønstad 2015:268; Keels 2011:127). Også mennene kunne skildre etternamnet som merkelapp, som dermed kunne bytast ut når dei endra samanheng frå å høyre til opphavsfamilien til å skape ein ny kjernefamilie. Kor stor tyding etternamnet har, heng saman med sosiale, kulturelle og personlege faktorar, og ikkje minst, kor viktig ein *lar* etternamnet vere.

## 8.5 INDIVIDET ER NAMNEENDRAR

I ein ny vri på tilhøvet mellom individet og etternamnet, tok mennene utgangspunkt i personlege eigenskapar og forståinga av kven dei sjølve var, og nyttja desse som grunngjeving for å velje etternamn. Nokre menn endra namn for å oppnå samsvar mellom individet og namnet. Andre menn endra fordi dei opplevde seg sjølve som

nokon som kunne gjere denne typen handlingar. Slik samsvara endringa heller enn etternamnet, med ein måte å skape samanheng for individet.

#### 8.5.1 NAMNEENDRING FOR Å PASSE TIL MANNEN

Ideen om at etternamnet symboliserer individet, seier noko om ideal for kva som høyrer saman. Hos ein meddelar var ønsket om samsvar mellom namn og person ekstra tydeleg. Han tok mormora sitt oppvekstnamn som etternamn i 2003, dels for å få eit meir uvanleg namn enn oppvekstnamnet Nilsen, og:

at jeg ønsket et etternavn som også kunne brukes som mannlig fornavn. Dette var første steg i min prosess for å endre kjønn. 3 år seinere bytta jeg til et mannlig fornavn da jeg skjønte at jeg trengte fullstendig kjønnsbekreftende behandling og å leve som mann (NEG43975 fødd 1977).

Her ser namna ut til å ha kraft til å føre til endring i ytre og indre identitet. Sidan norske fornamn er sterkt kjønnsdelte, blir endring av namn frå jentenamn til gutenamn, ein måte å få namnet i samsvar med den han sjølv opplevde at han var. For han var bruken av eit etternamn som kunne fungere som mannleg fornamn, ein måte å nærme seg ein mannlag kjønna identitet på, til skilnad frå den kvinneleg kjønna identiteten han vaks opp med. Det var ein måte han kunne prøve ut ein mannlag identitet på, utan å ta skrittet heilt ut og endre fornamn. Fornamnsendring kunne opplevast som eit meir dramatisk steg enn endring av etternamn.

Ein del av dette handlar om at opplevelinga av kjønn er ein viktig del av korleis vi ser oss sjølve og andre, og står sentralt i den vestlege kulturkrisen. Ved å endre namn, kunne han gjere kjønn annleis enn før, i søken etter samsvar med kjønnskategorien han kjende seg som del av. Endring til eit etternamn som kunne fungere som fornamn for ein mann, var også ei endring på vegen til å «leve som mann», som manleggjering. Slik meddelaren formulerte seg, gir namneendringa inntrykk av å gjelde både endring av sin eigen identitet, sidan han «skjønte» at han «trengte fullstendig kjønnsbekreftende behandling», som inkluderte endring av det fysiske

kjønnsuttrykket, den delen av individet som var synleg for andre. Fornamn og etternamn blir viktige, fordi dei skil beraren av namna ut som eit unikt menneske, både overfor omverda, som ein sjølv og for ein sjølv (Hagström 2012:81). Namneendringa var eit signal til verda om at meddelaren høyarde til kategorien mann. Ansvarleggjering som mann hang saman med kva slags namn han hadde, og namnet kunne gjere noko med forventingane til han som mannleg individ. Namn og individ samsvara i større grad for han etterpå, og det å endre namn, var del av prosessen der han nådde eit slikt samsvar.

Søken etter samsvar mellom den dei sjølve forsto seg som og etternamnet, gjaldt fleire meddelarar. For meddelaren Fægri, var endringa til kona sitt oppvekstnamn prega av ønske om felles etternamn i familien. Kona hans vurderte å ta etternamnet hans, men opplevde det som feil for henne. Kan hende handla det om at tilknytinga til oppvekstnamnet vart tydeleg for henne då ho bytte det vekk (jf. Bauman 1999:xxix). Dermed tok Fægri etternamnet hennar i staden, med både oppvekstnamnet og det opphavlege mellomnamnet som nye mellomnamn:

For meg var det også noe godt i å velge å bytte navn. Når du blir født får du tildelt et navn av dine foreldre, du har ingenting du skulle ha sagt om saken. Når jeg byttet var det en veldig bevisst handling, noe jeg kunne velge å gjøre helt selv uten innblanding fra andre. [...] Dette var et veldig personlig valg (Fægri fødd 1975:116).

Difor involverte ikkje Fægri og kona andre i namneavgjersla, men dei hadde på førehand diskutert mykje seg i mellom kva dei skulle heite. Etter ei tid gjorde han ei ny endring som fekk namna hans til å stå enno meir i tråd med identiteten hans:

En stund etter vi giftet oss la jeg merke til at jeg bare brukte Anders Fægri. [...] Det ble for langt å benytte tre etternavn da jeg bl.a. ikke fikk plass til hele navnet på bankkort og det er ikke praktisk å bruke alle navnene til daglig. Da jeg satt med skjema for navnebytte [...] tenkte jeg hvor kult det hadde vært å ta mitt wrestling-navn som mellomnavn. Jeg hadde drevet med wrestling i 10

år, og Grizzly var en stor del av hvem jeg var. Så da byttet jeg navn til Anders Fægri (ibid.).

Slike eksempel på at namneendringar kan vere positive og passe inn i eit personleg identitetsarbeid, var det fleire av hos meddelarane. Fægri sitt val av Grizzly, kan seiast å høve inn som mannleg, både i eigenskap av å framheve wrestlingidenteten hans, og ved at det viser til eit stort og potensielt farleg dyr.

### Når Anders går på wrestling-scenen forvandles han til «Grizzly».

– Grizzly er Anders, alle de positive, gode og solide eigenskapene ved Anders skrudd på fullt volum. Han kan jeg hente fram når jeg trenger litt ekstra styrke, eller jeg trenger å ta meg sammen, forteller Anders.



BILDE 4: FAKSIMILE FRÅ WWW.NRK.NO (HOLVIK 2019).

I ein artikkel på www.nrk.no, viser Fægri korleis Grizzly kan fungere som namngjeving av ei rekke personlegheitstrekk og historie som han kunne trekke på ved behov. Her braut Fægri på eit vis med 'illusjonen om heilskap', samstundes som inkludering av Grizzly i namnerekka kan sjåast som ein måte å kombinere dei ulike rekkene med eigenskapar i same individ. Fægri kan stå som eksempel på endring av namn som del

av ei kreativ skaping av forteljinga om seg sjølv, noko også Finch skriv om knytt til namneendring (2008:712). Kor viktig namna er for beraren heng saman med høve til sjølv å påverke bruken av dei (Hagström 2006:111). Desse endringane handla om fridom til å gjere endringar slik det passa for individet, ikkje forma av kulturelle eller formelle forventingar. Samstundes kan idealet om fridom og det å skulle bestemme over seg sjølv og eige namn, seiast å gjere det kulturelt forventa å skulle frigjere seg frå kulturelle forventingar. Det høver inn i ein refleksiv mannlegheit (jf. Nordberg 2005).

#### 8.5.2 AUTENTISITET OG INDIVID

Fleire var opptekne av å reflektere rundt tradisjonane og forholdet til individuelle val. Som til dømes ved å ta inn wrestlingnamnet Grizzly, kan autentisitet i namnet skapast i tråd med forståinga av eit indre liv hos individet. For nokre av meddelarane, ser det ut til at kravet om å følgje tradisjonen, har blitt erstattat av krav om å gjere eigne val. Ein meddelar reflekterte over kven han sjølv opplevde seg som i relasjon til valet av kona sitt oppvekstnamn i familien. Han ønskte ikkje å halde fram med å bruke eige oppvekstnamn, fordi han ikkje hadde eit godt forhold til namnet eller opphavsfamilien der namnet kom frå:

Jeg tenker likevel at dette ikke kan være grunn nok til at jeg skulle bytte etternavn; at det liksom bare er et logisk argument. Jeg kunne likesågodt ikke brydd meg og tenkt at etternavn er bare et etternavn som sjeldan blir brukt muntlig, men stort sett i formelle skriftlige sammenhenger. Likevel ønsker jeg å bytte til min forlovedes etternavn, uten at jeg krever eller forventer at hun skal endre noe i sitt navn. Jeg tror at dette henger sammen med personlighet. Jeg opplever meg selv som en nytenker, en som liker å utfordre etablerte normer og tradisjoner, især når jeg ser logiske brister. Jeg er en person som søker bevissthet omkring valg jeg tar i livet og stiller ofte spørsmålet 'hvorfor'. Dermed ble dette noe jeg tok stilling til da [vi] forlovet oss; hvorfor skal hun ta mitt etternavn, eller hvorfor skulle vi 'bytte' etternavn? Denne 'granskende'

egenskapen og søker etter et bevisst valg, kombinert med min relasjon til min farsside med mitt nåværende etternavn, er nok grunnen til at jeg velger å bytte etternavn. [...] Det kunne jo vært enklest å ikke mene noe om dette og heller følge strømmen (gjør som alle andre gjør), men jeg oppfatter meg selv som en selvstendig og reflektert person som ikke er redd for å gå nye veier eller stille spørsmål ved gjeldende og aksepterte normer. Jeg søker i størst mulig grad et bevisst forhold til de valgene jeg tar i livet (fødd 1983:196).

Meddelaren hadde mange grunnar til å tenke over etternamnet som han gjorde, og fleire av tankane og kjenslene kunne kjennast att i andre meddelalar sine forteljingar om forholdet til medlemmer av opphavsslekta. Likevel tok han det eit steg vidare, og grunna endringa med at han sjølv opplevde seg som ein «selvstendig og reflektert person». Han var ikkje «redd for å gå nye veier eller stille spørsmål ved gjeldende og aksepterte normer». Som person opplevde han seg som ein som gjorde avgjersler på rasjonelt grunnlag, som ikkje berre følgde «strømmen». Å byte til kona sitt etternamn, vart dermed eit val som for han var med på å bekrefte samanhengen mellom individet og handlingsmønstra han deltok i. Skildringa av valet hans, høver med refleksiv mannlegheit der nett refleksjon og kritisk distanse til normer var viktig (Nordberg 2005:330). Eit likestillingsorientert mannlegheitsideal opna for posisjonering som kunnskapsrik og fri for fordommar, som nokon som har «genomskådat de reglerande normerna» (ibid.:244). Endring av namnet endra ikkje på kven han opplevde seg som. Snarare var han eit individ med vilje og evne til å handle på tvers av majoriteten, dersom majoriteten braut med visse verdiar.

Det er ikkje berre det vi heiter, men korleis vi namngjer oss, som heng saman med korleis vi ser oss sjølve. Etternamnsvalet er ein samanheng med høve til å tenke på eigne haldningar og handlingar. Meddelaren Nesje var oppteken av tilhøvet mellom personlege eigenskapar og namneval, framfor tilhøvet mellom identitet og namn:

Jeg er veldig kreativ og nysgjerrig. Har et veldig stort interessefelt og liker å grave i ting for å forstå og se sammenhenger. [...] Jeg er ikke spesielt ambisiøs

på egne [vegner], men liker å prestere og å gjøre så godt jeg kan. [...] Jeg karakteriserer meg selv som nokså frittenkende. Jeg innrømmer gjerne feil og kan endre mening dersom jeg forstår at mitt syn kanskje var feil. [...] Jeg har en indre opprører som ønsker å utfordre det etablerte. Uten denne dynamikken vil vi ikke kunne ha utvikling (Nesje fødd 1962:36).

Hos Nesje, som hos meddelaren over, blir etternamnshandlinga gjort ut frå det som samfunnspsykologen Kenneth J. Gergen skildrar som forståingar av identitetsmarkørar, som rasjonalitet, intensjonalitet, kunnskap om sjølv og koherens (1991:140). Det har skjedd ei forskyving av autoritet frå å komme utanfrå, frå tradisjonen, til å komme innanfrå, i individet. Eit sentralt skript i forteljingane handlar om å vere tru mot ein sjølv. Dette inngår i det filosofen Charles Taylor kallar *autentisitet*, og kravet om å vere autentisk (1998:29). Taylor skildrar det som ein del av ei subjektiv vending i den moderne kulturen:

Det er en spesiell måte å være menneske på som er *min* måte. Jeg er kallet til å leve mitt liv på denne måten, ikke som en etterlikning av andres. Dette gir en ny betydning til det å være tro mot meg selv. Dersom jeg ikke er det, mister jeg poenget med mitt liv, det som det vil si å være menneske for meg går tapt (ibid.:43).

Spørsmålet om kven ein er, altså «the question of identity» (1989:27), får ikkje nødvendigvis eit godt nok svar ved hjelp av fornamn og etternavn, eller «given name and genealogy» (ibid.):

What does answer this question for us is an understanding of what is of crucial importance to us. To know who I am is a species of knowing where I stand. My identity is defined by the commitments and identifications which provide the frame or horizon within which I can try to determine from case to case what is good, or valuable, or what ought to be done, or what I endorse or oppose. In other words, it is the horizon within which I am capable of taking a stand (ibid.).

Namna, både fornamna og etternamna, kan fungere som måtar å plassere individua som aktørar og deltarar i eit samfunn av deltarar, i tillegg til i sosiale nettverk som til dømes visse slektsskapsforhold (ibid.:29). For Taylor handlar ikkje autentisitet om å følgje eigne behov, men om å gjere vurderingar av kva slags ønsker som høver, der nokre ønsker er betre enn andre. Ein slik indre autentisitet som høver som ideal, må ta stilling til noko utanfor ein sjølv, eit samfunnsideal, ikkje berre ei indre førestilling om kva slags individ ein sjølv er som skal realiserast. Gullestad peikar på at arbeid med forståing av kven individet er, heng tett saman med verdiar i samfunnet, fordi ein gjerne vil vere noko som har verdi og som står i forhold til ein eller annan form for moral (1996:27). Dette kunne sjåast også tidlegare, der haldninga familie, fortid og framtid, og likestilling spela inn i grunngjevingane.

Autentisitet kan seiast å handle om ansvarleggjering ut frå ulike skript. Denne autentisiteten kan ikkje berre finnast i vårt indre. Den kan også finnast i dialog med andre. Forståingar av tradisjonar og likestilling, viser korleis ein slik dialog kan inkludere verdiar i form av visse normer og skript. Namnevalet mennene gjer, fungerer som symbol for relasjonar til andre menneske og som symbol for korleis mennene forstår seg sjølv.

## 8.6 OPPSUMMERING

Mennene posisjonerte seg sjølv og forståinga av seg sjølv som individ, på ulike vis når det gjaldt etternamnet. Posisjonane i forteljingane, fungerte dels utdjupande i relasjon til kvarandre, og sto dels i kontrast til kvarandre. Det første settet med forteljingar, viste at etternamn og forståinga av individ var svært tett knytt saman. At kjensler av samanheng kan vekse fram over tid, slik som det vart lagt vekt på innanfor det andre settet med forteljingar, kan dels forklare det første settet. Dei to siste forståingane handla derimot om å *skilje* mellom individ og etternamn, der individet blei skildra som heilskap uavhengig av etternamnet. Hos alle mennene ser det ut til at individet blir forstått som noko meir eller mindre stabilt, men i dei to siste setta med forteljingar, hadde ikkje dei konkrete etternamna direkte samanheng med mennene

som individ. Likevel skil dei to seg frå kvarandre gjennom at nokre av mennene la vekt på at etternamnet kunne endrast, fordi det ikkje var ein viktig del av kven dei var, medan andre menn la vekt på at etternamnet kunne endrast fordi ei namneendring samsvara med dei personlege eigenskapane og verdiar deira.

Dei fire ulike formene for kopling mellom etternamn og individ, kom i liten grad fram i same forteljing. Motsetnaden mellom dei to fyrste og dei to siste gruppene med forteljingar er stor. Det var eit tydeleg skilje mellom dei som fortalte om etternamnet som kopla til individet, og dei som skilte mellom oppvekstnamnet og seg sjølv. For nokre meddelarar var det utenkeleg å bytte namn fordi koplinga mellom dei sjølve og etternamnet var svært sterkt. For andre var endringa ikkje noko som rokka ved korleis dei opplevde seg sjølv, og sjølvforståinga var ikkje kopla saman med etternamnet.

Hos nokre av mennene som bytte etternamn, kom autoriteten til å tenke etternamnsvalet innanfrå, som ein form for autentisk identitetshandling. Hos andre, som særleg heldt på oppvekstnamnet, kunne autoriteten seiast å komme utanfrå. Denne autoriteten kunne handle om forståingar av tradisjon og fortid som autoritativ. Samanhengen mellom individet og namna er arbitrær, og hadde ikkje trengd å vere der, men like fullt var den det. Samstundes er individet del av eit sosialt fellesskap, som lar eller ikkje lar, namna henge saman med den ein kjenner seg som i konkrete geografiske, sosiale og kulturelle samanhengar. For mennene kunne ideen om endring av etternamn handle om å miste identitet, men det kunne også handle om å få ein meir fullstendig identitet, til dømes som medlem av ein kjernefamilie dei skapa sjølve.

## 9. Ei avsluttande oppsummering

Medan nokre kulturfelt har endra seg dramatisk i takt med nye kjønnsnormer sidan 1970-talet, viser namnefeltet ein stor grad av kulturell stabilitet og kontinuitet. I avhandlinga har eg undersøkt kva som sementerer og kva som rokkar ved denne stabiliteten, ved å analysere forteljingar om etternamn frå menn som har halde på oppvekstnamnet, og frå menn som har endra etternamn i parforhold.

Namnepraksisar speglar sosiale strukturar og reflekterer oppfatningar i samfunnet om familie, kontinuitet, likestilling og individ. Namneval seier noko om overordning og dermed om underordning, om makt og familiesyn. Såleis seier namnepraksisane noko om underliggende sosiale mønster. Utforskinga av menn sine etternamnsval er dermed med på å utfordre forteljinga om likestilling mellom menn og kvinner i Noreg.

Etternamnshandlingar inngår som ein av mange handlingar som speler inn i korleis kjønn blir gjort. Sjølv om etternamnsval blir gjort ved få høve, er desse til gjengjeld svært symboltunge og peikar på tilhøve i samfunnet utover seg sjølv. Vidare blir namna brukt nærmast dagleg. Det symboltunge ved namna gjer dei eigna til å undersøke forholdet mellom kjønnskategoriane. Ved at dei direkte konsekvensane har blitt oppfatta som få, små og individuelle, har det ikkje vore eit viktig tema i likestillingspolitikken etter at namnelova vart gjort likestilt i 1979. Etternamnsval har i staden høvd inn i ein individ-tankegang der ansvaret har blitt plassert hos den enkelte. Det er ikkje namneendring i parforholdet som fører til lønnsskilnad mellom menn og kvinner, eller at kvinner gjer meir arbeid i heimen enn menn.<sup>97</sup> Likevel gjer skilnaden mellom menn og kvinner sine namneval det mogleg å undersøke den ulike vektinga av det kvinnelege og det mannlege. Som andre har peika på, kan haldning til etternamnsendring i parforhold seie noko om haldning til likestilling (Hamilton, Geist og Powell 2011).

---

<sup>97</sup> Om arbeid i heimen sjå til dømes: <https://www.ssb.no/tidsbruk> (lest 29.05.2020) og om arbeid utanfor heimen sjå: <https://www.ssb.no/befolking/faktaaside/likestilling> (lest 29.05.2020).

I analysekapitla har eg undersøkt fire sentrale tematikkar frå forteljingane til mennene. Det er familie, kontinuitet, likestilling og individet. Eg har sett på måtar tematikkane vart forstått og nytta som motivasjon, og forklaring for haldning og handling. Innanfor kvar tematikk opna det seg ei rekke posisjonar mennene vart ansvarleggjort ut frå. Desse posisjonane kan plasserast langs to kryssande aksar i spørsmålet om etternamnsval. Den eine går mellom individorientering og kjernefamilieorientering. Den andre går mellom patronymiorientering og likestillingsorientering. Tabellen under viser korleis plassering langs aksane typisk kan føre til visse etternamnsval i kjernefamilien. I det følgande vil eg vise korleis forteljingane kan plasserast langs aksane.

	<b>Individorientering</b>	<b>Kjernefamilieorientering</b>
<b>Patronymiorientering</b>	Menn held på oppvekstnamnet	Kvinner endrar etternamn
<b>Likestillingsorientering</b>	Ingen (eller mannen) endrar etternamn	Typisk for mannleg endring

TABELL 29: PATRONYMI VERSUS LIKESTILLING, INDIVID VERSUS KJERNEFAMILIE.

## 9.1 KJERNEFAMILIEORIENTERING OG INDIVIDORIENTERING

Den fyrste aksen går mellom posisjonen der mennene orienterer seg i retning kjernefamilien, og posisjonen der mennene orienterer seg ut frå eit ideal om individet som sjølvstendig heilskap. Hos dei fleste bytarane sto familien i fokus. For desse mennene fungerte etternamna som middel i skapinga av ein ny kjernefamilie saman med ein partnar. Saman med bustaden, styrka etternamnet fellesskapen. Tilhøyrsla mellom medlemmer av kjernefamilien vart synleg for omverda ved at namnet markerte utanforskap, og for medlemmane ved å markere innanforskap. Det markerte også ein overgang frå sambuarskap til ekteskap. Særleg var dette aktuelt for mennene som hadde vore sambuarar, og som gjerne hadde fått barn med kvinna som dei seinare gifta seg med.

At felles etternamn symboliserte vektlegging av fellesskap i parforholdet, kom vidare fram der nokre av bytarane såg for seg å endre tilbake ved ei eventuell skilsmisse.

Forventingar om at den som endra etternamn, skulle endre tilbake ved brot av parforholdet, var også ei haldninga som fanst blant menn som sjølve heldt på oppvekstnamnet. Felles etternamn høyrde til det ubrotne. Ved brot, burde ein byte tilbake til det originale etternamnet, forstått som oppvekstnamnet. Her kom individorienteringa inn. Sjølv der ein hadde hatt partnaren sitt oppvekstnamn i mange år, kunne forventingar baserast på at namnet var lånt og knytt til parforholdet. Dette tilsa eit krav om tilbakeføring til det tidlegare namnet.

Individet som del av ei rekke individ i ei konkret slekt, spela inn i forståinga av ei historie og ein heilskap mennene kunne sjå seg sjølv i. Individet høyrde heime, ikkje berre i den meiningsfulle samanhengen som kjernefamilien gav, men i ei slekt som vart avgrensa ved hjelp av etternamnet. Denne forståinga av individet gjorde at mange menn heldt på oppvekstnamnet. Det var ein del av dei, og var den relevante samanhengen dei såg seg sjølv i. Fortidige praksisar og kontinuitet fungerte som retningslinjer for korleis mennene kunne handle i sine eigne kjernefamiliar. Dei heldt på oppvekstnamnet i tråd med individorienteringa, og nyttta dette som felles etternamn for partner og barn. Det var ikkje ei motsetnad mellom dei to endane av aksen for dei. Samanfalllet mellom dei to endane av aksen hang saman med kjønn. Sidan desse mennene gjerne var eldre, hang det også saman med generasjon.

Fleire, særleg yngre menn, skildra forholdet mellom seg sjølve som individ, og etternamnet som dei hadde. Dette var mindre uttala blant dei eldre. Korleis dei noko yngre mennene forheldt seg til dette, var med på å avgjere kva slags moglegheiter for etternamn og etternamnskombinasjonar dei inngjekk, eller såg for seg å inngå, i kjernefamilien. For nokre av mennene var namnet uløyseleg knytt til dei sjølve, med namnet som nemning på den personlege historia deira, og heilskapen dette danna i kombinasjon med eigenskapane deira. For desse mennene var ikkje namneendring aktuell. Prinsippet om at etternamnet hadde ei sterk kopling til individet, kunne vidare føre til at dei meinte at heller ikkje kvinner burde endre etternamn.

Kjernefamilien trengde ikkje felles namn for desse mennene. Dei var den dei var med namnet dei bar, og eventuelle barn kunne få namnet til ein, eller begge av foreldra.

For nokre av meddelarane spela kjennskap til tidlegare generasjonar og brukarar inn i forståinga av ein sjølv, som styrka kjensla av kopling til oppvekstnamnet.

Autentisiteten fann dei i slektssamanhengen dei var i. For andre meddelarar var det forståinga av seg sjølv som individ, som påverka namnevalet. Desse mennene handla ut frå ein viss form for rasjonalitet der vante handlingsmønster kunne brytast om dei ikkje kunne gjerast greie for på ein tilfredsstillande måte. Autentisitet gjekk for dei ut på å handle i tråd med verdiar dei kunne stå inne for, ikkje å handle for handlinga si eiga skuld, eller å gjere som dei fleste andre.

Sjølv om ideen om tilknytinga mellom individet og namnet var sterkt, var nokre av bytarane opptekne av å vise at tid spela inn slik at tilknyting kunne vekse fram.

Bytarar som endra etternamn for eit eller fleire tiår sidan, skildra framveksten av ei personleg tilknyting til etternamnet. Dei hadde vent seg til å bli omtala og omtala seg sjølv med partnaren sitt oppvekstnamn, og skapa slik også seg sjølv som del av kjernefamilien med dette namnet i prosessen der kjernefamilien vart til. Då var det ikkje slekta som var den relevante, eller einaste samanhengen dei såg seg sjølv og eigen individuelle historie i. Det var det heller ikkje for mennene som endra etternamn, som la vekt på at dei ikkje såg nokon samanheng mellom kven dei sjølve var, og etternamnet dei hadde. Endring av etternamn endra ikkje på kven dei sjølve var. Kjernefamilien var noko dei skapa, og fann sin plass i, medan opphavsfamilien og oppvekstnamnet vart valt for dei. Individorienteringa og kjernefamilieorienteringa såg her ut til å samanfalle. Det gjorde det også blant mennene som endra etternamn på grunn av personlege eigenskapar. Dei opplevde seg sjølve og eigen historie og samanheng, ideal og evner, slik at dei kunne eller burde endre etternamn. Dei gjorde val ut frå visse haldningar om sjølvstende og om ikkje å følgje straumen dersom dette braut med eigne ideal. Dei viste både ein sterk vilje til å dele etternamn med partner og kjernefamilien, og ein sterk vilje til å gjere aktive val.

## 9.2 PATROMYMIORIENTERING OG LIKESTILLINGSORIENTERING

Den andre aksen går mellom ei patronymisk orientering og ei likestillingsorientering. Premissen for patronymi er at medlemmene av kjernefamilien deler etternamn, at dette etternamnet kjem frå mannen i parforholdet, at barna får dette etternamnet, og at namnet svarer til individet. Til skilnad tilseier likestillingsorienteringa at menn og kvinner har like rettigheter. Patronymi seier noko om resultatet, medan likestillingsorienteringa seier noko om måten vala blir gjennomført på. For mennene som hadde ei sterk kjernefamilieorientering, spela plassering langs denne aksen ei rolle for korleis etternamnet kunne gjerast. I parforholdet tilseier patronymi at visse handlingsval er aktuelle for kvinner og visse for menn, medan likestillingsorientering tilseier at handlingane skal baserast på at kvinner og menn kan gjere det same.

I patronymi speler opphavsfamilien ei viktig rolle. Mannen er her forventa å oppretthalde slekta i form av etternamnet som blir gitt vidare til neste generasjon. Menn har høve til å oppnå namnfellesskap mellom opphavsfamilien og kjernefamilien, samstundes som dei oppretheldt namnekontinuiteten gjennom livet. Dette ser ut til å spele ei viktig rolle hos ein del av mennene som sjølve heldt på oppvekstnamnet. Dette var ein rett for mange, men kunne også oppfattast som ei plikt, som når nokre av mennene fortalte om eigne fedrar som reagerte negativt på at dei bytte etternamn. Det braut med forventingar om at søner førte slekta vidare. Ved at mennene blei oppfatta i tråd med mannlege ideal om styrke og handlekraft, kunne brot med slektsnamnet bety noko utover grunngjevingane mennene elles kom med. Desse forventingane gjorde at brot kunne fungere som intenderte, men helst ikkje-intenderte meldingar om avstandstaking og skiljelinjer.

Ved å bryte med forventingane om mannleg namnekontinuitet, vart skiljet mellom kjernefamilien og opphavsfamilien synleg. Men idealet om å bringe familien vidare gjennom bruken av etternamnet, kunne også gjøre at nokre menn tok kona sitt etternamn der dette var sjeldan eller der ein meinte at det sto i fare for å døy ut av mangel på mannlege arvingar. Desse mennene gjekk nærast inn i rolla som mannleg

arving, og bidrog dermed aktivt til styrking av namnet. Dei manøvrerte mellom forventingar basert på framhaldet av oppvekstnamnet, og forventingar basert på likestillingsorientering, som tilsa at kvenna si slekt i like stor grad hadde rett til vidareføring. Namngjeving vart gjort med desse forhandlingane som bakgrunn, samstundes som kjernefamilien fungerte som ei ny eining, sjølvstendig frå slektene dei stamma frå. Då kunne likestillingsorientering i større grad fungere som mal for organisering av parforholdet og etternamnet.

Når patronymiske praksisar vart skildra, kunne dei vektleggast som framhald av tidlegare praksisar, gjerne skildra ved hjelp av tradisjonsomgrep. For dei som sjølve heldt på oppvekstnamnet, kunne tradisjonen autorisere visse praksisar gjennom å knytte dei til tidlegare tider. Det var eit argument for og ei forklaring på, å handle patronymisk. Både for menn som sjølve heldt på og menn som endra etternamn, vart tradisjonsomgrepet knytt til patronymi. Medan dette skriptet tok visse fortidige praksisar for gitt som mønster for dagens praksisar og sjølvsagte handlemåtar, opna likestillingsorientering for å søke etter alternative fortidspraksisar, eller å avvise autoriteten som låg i desse tradisjonane. For mennene som endra etternamn fungerte likestillingsorientering som brot med patronymi. Det gjorde at ein del skildra tradisjonen som noko negativt, nett fordi også dei assosierte tradisjonsomgrep med dei patronymiske praksisane. Autoriseringa tradisjonsomgrepet gav, hang dels saman med alder, der det som var eldre kunne forståast som meir opphavleg og betre. Dette gjorde at nokre menn viste til namnepraksisar som var eldre enn dei patronymiske, og i tråd med likestillingsorienteringa.

Nokre av mennene som endra etternamn, meinte at kontinuitet med fortida ikkje hadde verdi. Likestillingsorientering fungerte slik lausrivande på ein viss bruk av fortida der patronymi fungerte festnande. Men kontinuiteten som kunne ligge i tradisjonar utover dei patronymiske hadde verdi, også for menn som såg ut til å forhalde seg mest til likestillingsorientering. Dette kom fram i ein del forteljingar der vekt vart lagt på tradisjonar utover bruken av mannen sitt etternamn, som at

kjernefamilien skulle dele etternamn, og at vidareføring av etternamn hadde verdi, utan at dette trengde å følgje den mannlige linja.

